



**Statsforvalteren i Møre og Romsdal**



**Årsrapport 2025**

# Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Statsforvalterens beretning	4
2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall	6
2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	7
2.4 Andre forhold	7
3 Årets aktiviteter og resultater	8
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	8
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk er kjent og iverksatt	8
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå	10
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte	10
3.1.1 Nasjonal politikk er kjent og iverksatt	12
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	12
3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnsikkerhet og beredskap i kommunene	17
3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene	18
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	19
3.1.1.5 Tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	20
3.1.1.6 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester	23
3.1.1.7 Ingen arter og naturtyper skal utrykkes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres	26
3.1.1.8 Forurensning skal ikke skade helse og miljø	26
3.1.1.9 God økonomiforvaltning i kommunene	28
3.1.1.10 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet	30
3.1.1.11 Bærekraftig landbruk	34
3.1.1.12 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov	36
3.1.1.13 Andre oppdrag	40
3.1.2 Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå	41
3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge	41
3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	42
3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	43
3.1.2.4 Beredskap i en utfordrende sikkerhetspolitisk situasjon	44
3.1.2.5 Andre oppdrag	45
3.1.3 Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte	45
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling	45
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	47
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	51
3.1.3.4 Andre oppdrag	55
3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning	55
3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje	56
3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket	57
3.1.3.8 Økt kunnskap om integreringsloven	65
3.1.3.9 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes	66

arbeid med bosetting og integrering	
3.1.4 Gjennomførte evalueringer	66
3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks	66
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	66
3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet	66
3.2.3 Barne- og familiedepartementet	66
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	67
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	67
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	67
3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet	67
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	68
3.2.9 Landbruksdepartementet	68
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	68
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	104
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	104
3.6 Andre forhold	105
4 Styring og kontroll hos statsforvalteren	106
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging	106
4.1.1 Statsforvalterens risikostyring	106
4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak	106
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren	106
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	107
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	107
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	107
4.3 Fellesføringer 2025	108
5 Vurdering av framtidutsikter	110
5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	110
5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	110
6 Årsregnskap	111
7 Vedlegg	112

# 1 Statsforvalterens beretning

## Vi lever i ei tid med aukande uro

Demografien utfordrar kommunane i Noreg på ulike måtar. Den sikkerheitspolitiske situasjonen krev auka kriseforståing og motstandskraft i heile befolkninga.

Å skape tryggleik og oppretthalde tillit i denne tida krev godt leiarskap, førebygging og handling. Alle utfordringar krev omstilling og stor endringsvilje i kommunane, og vi jobbar tett i lag med dei for å få til ei tiltrengt utvikling.

## Omstilling og samarbeid

Omstillingsbehov, økonomiske utfordringar og mangel på nok og kvalifisert arbeidskraft pregar kvardagen i kommunane våre. Midt i dette ser vi no fleire kommunar som finn nye måtar å løyse oppgåvene på.

Vi har over tid oppmoda kommunane til å ta strukturelle og organisatoriske grep som sikrar ein sterk og velfungerande kommune. No ser vi resultat av dialog, kronikkar og innlegg om temaet:

Det er spennande samarbeid og samtalar på gang mellom mange kommunar. På Søre Sunnmøre vedtok Ørsta og Volda hausten 2025 å greie ut ei mogleg kommunesamanslåing. Det same gjorde kommunane Sande, Herøy og Ulstein. Dette ligg no til behandling i KDD. Rask behandling på slike samarbeid er viktig for dei kommunane det gjeld, og vil vere til inspirasjon for andre kommunar.

## Ein kommuneøkonomi som krev tøffe politikarar

20 av 27 kommunar i Møre og Romsdal gjekk i minus i 2024. Tal frå 2. tertial 2025 gjer grunn til å tru at fleire vil ende opp med eit meirforbruk. Statsforvaltaren meldte kommunane Sande, Herøy og Sunndal på Robek i 2025. Hareid og Tingvoll var allereie Robek-kommunar.

I 2025 tok vi Kommunal- og distriktsdepartementet sin oppfordring om å følge ekstra godt opp dei kommunane som har store økonomiske utfordringar. Vi besøkte alle kommunane våre våren 2025 for å kartlegge situasjonen.

Gjennom besøka kom vi tett på kommunedirektørane, og ser at dei lenge har oppfatta alvoret i situasjonen. Dei er motiverte og ønsker å finne løysingar gjennom konkrete endringar. Men vegen til målet krev stor evne til tøff omstilling. Ein samla kommune må ha same situasjonsbilete og vere tøff nok til å stå saman om nødvendige tiltak.

I ein kronikk peika vi på at kunnskap og felles situasjonsforståing er ein nøkkel for å lykkast. Vi løfta opp kommunikasjon som verkemiddel – og oppfordra kommune-administrasjonen til å dele sin kunnskap med politikarar og innbyggjarar. Kronikken fekk både regional og nasjonal merksemd.

Vår tydelege kommunikasjon til kommunane bidreg til at dei også blir tydelege i sin kommunikasjon. Vi ser gode resultat i fleire kommunar, særleg i «Tett-på» kommunane og kommunane på søre Sunnmøre. Vi er i eit godt spor og fortsett den tette oppfølginga i 2026.

## Vi kjem ekstra «Tett på» fem kommunar

Vi held fram med vår tette oppfølging av dei fem utvalde «Tett på-kommunane» i lag med fylkeskommunen og Distriktsenteret. Formålet er "opplæring i plan for politikarar" slik at dei kan nytte planar som det politisk viktige styringsverktøyet det er.

Vi har rettleiing, tett dialog og jamlege møter med kommuneleiinga, politiske verkstader og felles samlingar med fleire kommunar. Evaluering og erfaring viser at effekten er at kommunane er betre rusta til å styre gjennom plan og til å gjennomføre viktig og nødvendig omstillings- og utviklingsarbeid.

«Tett på» verkar også positivt inn på vår eigen organisasjon, i samordning av planoppgåver og andre oppgåver som går på tvers av organisasjonen.

Arbeidet med Bu trygt heime er og tatt inn i "Tett på". Det set dei ulike samfunnsoppdraga som strategisk kompetanseplanlegging, tenesteutvikling og kommunedialog i samanheng. Effekten av dette inneber kopling av heilskapleg planlegging av helse- og omsorgssektoren til samfunns- og arealplanlegging i kommunane.

## Kommunebilde og kommunebrev

I 2025 gjennomførte vi sju kommunebesøk med utgangspunkt i «Kommunebilde-verktøyet». Vi nyttar samarbeidsgrupper på tvers av organisasjonen til å skrive overordna tekstar om korleis det står til med «bam og unge», «sosial berekraft» og «berekraftig naturbruk» i kommunane.

Vi set av ein halv dag til dialog med kommunane om funna i Kommunebildet. På møta deltek strategisk leiargruppe frå statsforvaltaren og formannskap og kommuneleiinga frå kommunane. Møta blir ofte strømma.

Vi opplever at disse møta gjer en effekt rundt felles forståing, utfordringane løftast og løysingar blir diskutert.

I januar sendte vi ut Kommunebrevet. Dette tek opp dei viktigaste nasjonale forventningane til kommunane. Dette er eit verkemiddel til å forstå samanhengar mellom oppdraga og kan brukast som rettleiar og sjekklister i arbeidet.

### Tryggingsspolitikk og totalberedskap

Vi merkar ei stadig aukande interesse for kunnskap om tryggingsspolitikk og totalberedskap. I 2025 hadde statsforvaltaren sjølv 38 innlegg på fagområdet, i tillegg kjem alle innlegga som andre medarbeidarar på området har. Kommunar, konferansar, organisasjonar, næringsliv og frivillige ønsker foredrag – lokalt og nasjonalt. Mange vil ha informasjon om det populære totalberedskapskurset vårt.

Totalberedskapskurset for toppleiarar arrangerer vi to gonger årleg i lag med politiet og heimevernet. Vi ser at kursa har ringverknadar i fylket. Det bygger det store beredskapslaget og gir auka merksemd og kriseforståing både i næringsliv, dei frivillige, kommunane og hos innbyggjarane.

Deltakarane tar med kompetansen tilbake til eigen arbeidsplass, og bygger opp beredskapen der. Kursa fører til tettare samarbeid om prosjekt og aktivitetar, også på tvers av offentleg og privat sektor. Fleire andre fylke kopierte kursa våre i 2025.

Kommunane er flinke til å informere sine innbyggjarar om eigenberedskap. Vårt gode samarbeid med kommunane, DSB og sivilforsvaret på området var også utgangspunktet for at DSB valde å ha sin kickoff for eigenberedskapsveka i Møre og Romsdal i november 2025.

### Barn og unge

Dei aller fleste barn og unge i fylket vårt har gode oppvekstvilkår. Samtidig verkar utfordringar med psykisk helse, sosial ulikskap, mobbing, rus og digitalt press inn på mange i ulik grad, og fører til utanforskap. Dette er tema som mange av kommunane tar opp i dialogen.

Vi har temaa høgt på agendaen vår, både gjennom kronikkar, dialog, nettverk og arrangement, og ser no at kommunane ser betydninga av tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og systematisk kvalitetsarbeid.

### Plansaker og bruk av motsegn

I 2025 reiste vi motsegn i 40 saker, utan at nokre av dei ende opp i mekling. Meklingsaka om Raudbergvika som vi sendte til KDD i 2024 er framleis ikkje avgjort.

### Interne saker

Vi meldte oss som pilot for e-innsyn i 2025. Dette vil på sikt spare oss for mykje manuelt arbeid.

I 2025 har vi, saman med Statsbygg og Asplan Viak, jobba mykje med prosessen knytt til anskaffelse av nye kontorlokaler. Målet var å konkludere før jul, men for å rekke å kvalitetssikre alle tal og teikningar, vart denne konklusjonen utsett til januar. Saka er no oversendt til DFD for godkjenning og tildeling av myndighet til å signere kontrakt for statsforvaltaren. Slik det ser ut kan vi flytte inn i nye kontorlokaler sommaren 2028.

I 2025 reduserte vi talet på tilsette i helseseksjonen for å tilpasse ressursbruken til tildelingane frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD). Samtidig ser vi ei markant auke i klager på tvangsmedisinering og ein generell vekst i klager og førespurnadar om tilsyn. Dette har ført til aukande restansar både i klagesaker og tilsynssaker. Auken skjer til tross for arbeid med arbeidsflyt og interne rutinar. Helsetilsynet følgjer oss opp, og skal utarbeide konkrete planer for å gjenvinne kontroll over situasjonen. Nye tildelingar og midlar frå HOD gjer at vi kan tilsette fleire saksbehandlarar igjen, noko som vil bidra positivt.

Vi arbeider proaktivt med kommunikasjon i organisasjonen. Alle leiarar er med på å løfte fram viktige tema som vi vil kommunisere ut. Vi ser gode resultat av dette arbeidet, og innhaldet blir vist til i dialog med kommunar og andre tenesteaktørar. Kronikkane som vi sender ut ein gong i månaden syner breidda av samfunnsoppdraga våre og bygger under visjonen vår.

Molde 27. februar 2026



Else-May Botten

## 2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall

### 2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget

Statsforvalteren er Kongen og Regjeringa sin representant i fylket, og vi er tillagt ei rekke oppgåver frå departement, direktorat og tilsyn.

"Trygg framtid for folk og natur" er visjonen for Statsforvalteren i Møre og Romsdal, og vi synes denne gir ei god oppsummering av samfunnsoppdraget i stort. Den har også vore til inspirasjon når vi innførte ny organisasjonsstruktur frå 01.01.2024. No har vi kun to verksemdsområder; eit område for folk (sosial berekraft) og eit område for natur (berekraftig naturbruk).


For å lykkast med det aller største samfunnsoppdraget, FNs berekraftsmål innan 2030, så må vi som statsforvaltarar nytte handlingsrommet i alle våre roller. Det gjeld

- Iverksetting av nasjonal politikk,
- Samordningsrolla vår og den mynde vi har i den
- Rettstryggleik- og sist, men ikkje minst,
- Informasjon, kunnskapsinhenting, initiativ og forslag.

Statsforvalteren i Møre og Romsdal tok i 2023 initiativ til et samarbeid med fylkeskommunen og distriktssenteret om utvikling av et prosjekt vi har kalla "Tett-på". Vi har vald ut 5 kommunar som vi følger tett i heile kommunestyreperioden. Dette gjeld Sande, Vanylven, Stranda, Fjord og Gjemnes. Både KDD og HOD er interessert i prosjektet, og det er etablert følgeforskning. Første undervegsrapport viser at vi her er " på sporet" av noko som gjev betre resultat.

I 2025 vart arbeidet med ressurskartlegging starta frå DFD. Her har alle statsforvaltarane bidratt inn i arbeidet. Prosjektet har i fortsettinga fått navnet "Balaseprosjektet". Sett opp i mot dei større utfordringane i samfunnet med demografi, knappheit på kvalifisert arbeidskraft, ei stor auke i klagesaker til SF når kommunane skal spare inn, så trur vi det er eit potensiale i å samarbeide meir for å finne "beste praksis". Statsforvaltarane må også omstille seg for å møte framtida. KI kan hjelpe mykje, men det løysar ikkje alt.

### 2.2 Organisasjon og ledelse



Organisasjonskart fra 01.01.2024 (Foto: Statsforvalteren i Møre og Romsdal)

Frå 01.01.2024 innførte vi ny organisasjonsstruktur. Vi gjekk frå ein tradisjonell struktur med 5 avdelingar og 3 stabar, til ein organisasjon med to verksemdsområder og ein stab (verksemdsstøtte).

Vi har no to områdedirektørar som leiar kvart sitt verksemdsområde med 5 seksjonar. Godt inspirert av FNs berekraftsmål har vi eit område for "sosial berekraft" og eit område for " berekraftig naturbruk". Det er ass. statsforvaltar som leiar verksemdsstøtte.

I 2025 har vi hatt ekstra fokus på å få samarbeidsgruppene opp å gå, for å lykkast betre med samhandling på tvers av seksjonane og verksemdsområda. Vi lagar og til eit internt forventningsbrev til alle tilsette, som er ein del av vår intern kontroll. Spesielt viktig har dette vore viktig for å få gitt nyttilsette ein god og samla oversikt over " korleis gjer vi det her hos oss".

#### Strategisk leiargruppe består av:

Else-May Botten, statsforvaltar

Rigmor Brøste, ass. statsforvaltar

Frank Madsøy, direktør for verksemdsområde berekraftig naturbruk

Tone Monsen Aarø, direktør for verksemdsområde sosial berekraft, fram til 03.06.2025. Grete Teigland, fung. områdedirektør for sosial berekraft frå 04.06.2025.

Møte i strategisk leiargruppe annakvar måndag kl 9.30 -11.30. Andre leiingar blir invitert inn avhengig av saker. Referat blir skrevet og lagt ut på Innsida. Møte i utvida leiargruppe skjer annakvar månad, kl 9.30 -11.30

Hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er det 149 tilsette. Talet på årsverk er på 122,9. Vi har kontorlokaler i Fylkeshuset i Molde. Nokre av våre medarbeidarar er stasjonert på ytre arbeidsplassar. Til dømes dei tilsette på Herje Genbank.

### 2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Sjå kommentar under tabell

#### Nøkkeltall

Nøkkeltall	2025	2024
Antall ansatte	149.0	140.0
Utførte årsverk	122.9	121.4
Turnover (%)	8.1	9.9
Sykefravær (%)	7.6	5.6
Samlet tildeling alle poster	349 443.0	300 601.0
Driftsutgifter	127 257.0	110 042.0
Budsjettavvik driftsutgifter (%)	5.3	3.5
Lønnsandel av driftsutgifter (%)	82.1	84.9
Lønnsutgifter per årsverk	1 169.0	1 045.0
Husleie	10 185.0	9 326.0
Journalposter (totalt)	82 118.0	78 584.0

Det er ei auke i antal tilsette frå 2024 til 2025 grunna auka tildeling frå våre oppdragsgjevarar. Turnover i prosent er gått litt ned att etter at vi i 2025 var tilbake på same nivå som før korona. Sjukefraværet har auka til 7,6% i 2025. Driftsutgifter er auka. Eit forseinka lønnsoppgjør i 2024 som først blei utbetalt i 2025. Det er ei betydeleg auke i sjukepengerefusjonar. Det har vore ei auke i andre driftsutgifter på om lag 3 millionar ift 2024. Dette er knytt til konsulentteneste, mellom anna innleie av Statsbygg for ny husleigeavtale, og samt prosjektleiing, analysar og målingar i samband med opprydningsprosjektet etter Miljøservice Eide. Antal journalposter fortset å auke. Frå 2024 til 2025 er det ei total auke på 4,4%, men det er ein nedgang i journalposter for vergemål på 2%.

### 2.4 Andre forhold

I 2025 brukte vi mykje tid og ressursar på VG si gravesak «Flytta mot sin vilje», der ein familie i Møre og Romsdal var hovudkjelde for avisa.

Trykket frå VG var høgt i rundt ni månader med godt over 100 e-postar med spørsmål til oss, som måtte bli følgt opp både i og utanom arbeidstida. Saka omhandla fleire fag og seksjonar.

Vi la tidleg ein strategi for å samordne og kommunisere på tvers. Våre underdirektørar stod for dei fleste sitat, medan statsforvaltaren uttala seg når våre overordna hadde konkludert. Vi lærte mykje i denne prosessen, og har evaluert arbeidet vårt. Eit resultat av evalueringa er ei rutine som vi følgjer i krevjande mediesaker.

## 3 Årets aktiviteter og resultater

### 3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

#### Hovedmål 1 - Nasjonal politikk er kjent og iverksatt

##### Tilsette med kompetanse som fremmar utvikling, læring og trivsel tilpassa barn og unges behov, i skular og barnehagar.

Det er ein positiv utvikling i retning av delmålet om tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel i barnehagar og skular. Kartleggingar viser at kommunane har etablert nye samhandlingsstrukturar, felles rutinar og meir systematisk tidleg innsats. Dette tyder på at praksis er i ferd med å bli meir heilskapleg og kunnskapsbasert.

Utviklinga over tid peikar i riktig retning, særleg når det gjeld forplikande samarbeid på tvers av tenester, styrking av profesjonelle læringsfellesskap og tydeligare leiing av utviklingsarbeid. Samstundes er det framleis variasjon mellom einingar og kommunar, og implementeringa er ikkje jamn nok til å sikre varig praksis. Kapasitetsutfordringar og høgt trykk på gjennomføring påverkar framdrifta. Statsforvaltaren har bidrege til utviklinga gjennom rettleiing, samordning og oppfølging av kommunane. Innsatsen har særleg hatt effekt på etablering av felles strukturar og styrking av tverrsektorielt samarbeid. Likevel er det fleire faktorar som ligg utanfor Statsforvaltaren si direkte påverknad, som lokal kapasitet, organisering og prioritering. For å kome nærare delmålet bør vidare innsats retta seg mot å sikre jamn kvalitet i gjennomføring og oppfølging, samt styrke partnerskap med UH-miljøa for å støtte varig kompetanseutvikling.

Den tverrsektorielle samfunnsreforma **Bu trygt heime** er forankra internt i øvste leiarnivå, og har ei tverrfagleg tilnærming. For å sikre heilskapleg tilnærming og oppgåveløysing har vi delt prosjektansvar mellom seksjon helse og samordningsstaben.

Vi har hatt særleg merksemd på levande lokalsamfunn, bustadtilpassing og planlegging då grunnlaget for god helse først og fremst blir lagt utanfor helse- og omsorgssektoren i kommunane. Ein effekt av dette arbeidet er etablering av nettverk for aldersvennlege samfunn, eit resultat av samarbeidet med USHT, Møre og Romsdal fylkeskommune, KS, Husbanken, Fylkeseldrerådet. I tillegg har vi gjennom vår regionale koordinatørrolle hatt tett kontakt med kommunane og gitt opplæring, råd og rettleiing om strategisk kompetanseplanlegging .

Vi har og følgd opp Bu trygt heime i forbindelse med rettleiing av dei fem utvalde kommunane som deltek i vår satsing «Opplæring i plan for politikarar». I «Tett på» prosjektet ser vi dei ulike samfunnsoppdraga som strategisk kompetanseplanlegging, tenesteutvikling og kommunedialog i samanheng. Dette inneber kopling av heilskapleg planlegging av helse- og omsorgssektoren til samfunns- og arealplanlegging i kommunane.

Kommunane sine planverk tek omsyn til **bustadsosiale behov** i middels grad, og kvaliteten varierer frå gode og grundige vurderingar til planar som ikkje omtalar temaet.

Det er behov for meir rettleiing og informasjon til kommunane, og samarbeid med Husbanken og Nav er sentralt for å styrkje dette arbeidet.

Når det gjeld **rekruttering og kompetanseplanlegging** i helse- og omsorgstenestene ser vi ein auke i kommunar som har dette med i samfunnsplanlegginga. Dei har i aukande grad løfta fram kompetanse og framtidfuge kompetansebehov i planane sine.

Framover er det viktig å styrkje forståinga av korleis overordna mål skal følgjast opp i delplanar og i tenestene. Dei etablerte samarbeidsarenaene mellom Statsforvaltaren og kommunane meiner vi skal gi eit godt grunnlag for vidare utvikling og auka måloppnåing.

Det er store variasjonar i tempo og tilnærming i arbeidet med styrka kvalitet og pasienttryggleik i helse- og omsorgstenestene. Det speglar ulike føresetnader og prioriteringar men fleire kommunar viser aukande forståing for samanhengen mellom styringssystem, strategisk kompetanseplanlegging, kvalitet og pasienttryggleik.

Tett dialog mellom Statsforvaltaren og kommunane og felles faglege møteplassar har styrka dette. Fleire kommunar har revidert eller starta arbeidet med nye strategiske kompetanseplanar, og kompetanse og rekruttering er tydelegare forankra i kommunale planverk.

Utviklinga i **Helsefellesskapa** går i rett retning.

Samhandlinga framstår meir føreseieleg, og strukturar og møteplassar fungerer stabilt.

Vi ser ei gradvis styrking av samarbeidet, med betre forståing av roller, ansvar og felles utfordringsbilete.

Når det gjeld samhandling og samanhengande og **tilgjengelege psykiske helsetenester for barn og unge**, ser vi at

kommunane i aukande grad arbeider tverrfagleg mellom skule, barnehage, helsestasjon, psykisk helse og barnevern. Det er tydelegare forståing av behovet for tidleg innsats og koordinert oppfølging. Det er framleis variasjonar i kor systematisk samarbeidet er forankra så det krev vidare oppfølging for å sikre varig forbetring og lik tilgang til tenester i heile fylket.

Kommunane arbeider i aukande grad etter prinsippet om «rett hjelp – på rett stad – til rett tid», og samarbeidet rundt BTI/BTS og BUH har

bidrege til meir heilskaplege forløp.

Dialogbaserte inntaksmøte har vore prøvt ut og er evaluert som nyttige og skal breiast ut til heile fylket.

Arbeidet med **førebygging av overdosedødsfall** peikar tydeleg i positiv retning. Det er brei deltaking frå kommunane i arbeidet og større merksemd på systematisk førebygging. Statsforvaltaren og KORUS har starta ei satsing på å implementere kommunale råd for førebygging av overdoser og overdosedødsfall.

Arbeidet med til dømes **ACT- og FACT modellar** har så langt ikkje resultert i team som fullt ut følgjer modellbeskrivinga. Dette gjer at tenestene framleis er sårbare og varierer mellom regionar.

Dette er særleg fordi samarbeidet med spesialisthelsetenesta ikkje er fullt ut på plass.

Vi ser at fleire kommunar har fått betre forståing av behovet for **langsiktig og heilskapleg planlegging knytt til kapasitet, kompetanse og kvalitet i helse- og omsorgstenestene**. Dette er særleg knytt til bustadkapasitet, institusjonsplassar og heimetenester. Det er framleis kommunar som manglar oppdaterte kompetanseplanar, eller som ikkje har politisk vedtekne planar, noko som gjer arbeidet meir sårbart og kan svekkje kvaliteten i tenestene.

Kommunane har hatt betydeleg behov for råd og bistand, særleg innan strategisk kompetanseplanlegging og vurdering av framtidig kapasitet.

Fleire kommunar i vår region har gått saman om å utarbeide felles tenesteskildringar og kvalitetsstandardar. Dette er ein måte for kommunane å sikre større føreseielegheit, både for kommunane og for tjenstemottakar, og for å bidra til meir likebehandling av innbyggjarane. Statsforvaltaren har følgd prosessen og minna kommunane/KS lokalt om at det, også ved bruk av standardar, framleis er krav om ei individuell vurdering av kva som er naudsynt utmåling ut frå tenestemottakar sitt behov i samband med tildelingsprosessar og eventuell klagehandsaming.

Styring og leiing av **barneverntenesta** går i riktig retning,

Alle barnevernsleiarane deltek i Agenda Kaupang sitt opplæringsprogram i internkontroll og kvalitetsarbeid.

Vi vurderer det som positivt at kompetansesatsinga består av fleire ulike og tilpassa verkemiddel, som gjer at kommunane kan nytte dei tiltaka som best møter behova i eigen teneste og med det få størst mogleg effekt av utviklingsarbeidet.

Vi har hatt ei aktiv rolle som pådrivar og samordnar på fosterheimsområdet. I 2025 har arbeidet i hovudsak omhandla rekruttering i slekt og nettverk. For å få betre oversikt over situasjonen i kommunane har vi, saman med dei andre embeta i region nord, sendt ut eit kartleggingsskjema om fosterheimsarbeidet og kommunane sitt behov for bistand. Dette er kunnskap vi vil ta med vidare inn i oppfølginga med fosterheimsarbeidet.

Landbrukspolitikken vert formidla gjennom webinar for kommunane, der aktuelle tema blir gjennomgått. Vi arrangerer også forvaltningssamlingar for både jordbruk og skogbruk. Det blir sent ut informasjonsbrev til kommunane kvar veke, der aktuelle tema blir presentert. Vi deltek på konteransar med innlegg, og vi er medarrangør av ein stor fagkonferanse for landbruket.

Vi presenterer nasjonal klima- og miljøpolitikk i innspel til plansaker, og vi er med på møter / konferansar der nasjonal politikk blir formidla. I 2025 har vi hatt særskilt fokus på naturrestaurering, vi har hatt informasjonskampanje om naturrestaurering som og omfattar markering av et område som er ferdig restaurert.

Vi vil og framheve kommunemøter der vi går gjennom kommunebilde, det er ein god arena for å formidle klima- og miljøpolitikk.

Plan og bygningsloven er det viktigaste verkemiddelet vi har for å sikre heilskapleg samfunnsutvikling samtidig som vi kan ivareta framtidige generasjonar sitt behov for naturressursar og miljøverdiar. Rettleiing og tidleg samt god dialog med kommunen som planstyresmakt er viktig i plansaker. Det er og svært viktig at kommunen har tilstrekkeleg ressursar til å ta rolla si som planstyresmakt. Regionalt planforum er ein viktig arena for drøfting og informasjonsutveksling. Vi legg vekt på å formidle nasjonale og viktige regionale interesser så tidleg som mogleg i planprosessane.

Beredskap er framleis eit fagområde med høg merksemd. Vi held fokus på den tryggingpolitiske situasjonen, og har starta opp eit større arbeid med FylkesROS der dei sju forventingane til NATO er utgangspunkt for analysen. Fylkesberedskapsrådet er sentralt i dette arbeidet. I forventningsbrevet til kommunane informerer vi om krav og forventningar til kommunal sektor innafør fagområdet samfunnsstryggleik og beredskap. Vi har i samarbeid med heimevernet og politiet arrangert to totalforsvarskurs (TBK) over fem dagar for toppleiarar i privat og offentlig sektor. I tillegg har statsforvaltaren vore på mange arenaer og informert om beredskapsarbeid. Vår kompetanse på dette området er etterspurt.

SFMR ga skjønnsmidlar til eit pilotprosjekt for å etablere eit KS-drivne beredskapsnettverk. Nettverket styrkjer kompetanse og samhandling ved at kommunane deler erfaringar og planverk. SFMR deltok i arbeidet og på samlingane.

Statsforvaltaren og fylkesberedskapssjefen har òg delteke på folkemøte saman med politi, helse, frivillige og kommunale beredskapsaktørar. Målet er å auke innbyggjarane si forståing av beredskap og stimulere til eigenberedskap. Folkemøta har bidrege til betre dialog mellom innbyggjarar og beredskapsaktørar.

## Hovedmål 2 - Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå

Ut frå dei samla resultatata på områda psykisk helse, barnevern, skule -og barnehage, integrering, vurderer Statsforvaltaren at kommunane er nærare delmålet om meir **samanhengande, tilgjengelege og koordinerte tenester for barn og unge**.

Lågterskel psykiske helsetenester er styrkte i dei fleste kommunane, fleire kommunar har etablert tverrfaglege strukturar, og samarbeidet mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenesta er betre enn tidlegare. Implementeringa av rettleiaren for psykiske helsetenester har bidrege til meir førebyggjande arbeid og betre samarbeid på tvers av sektorar.

Kommunane rapporterer om betre forståing av tidleg innsats, meir heilskaplege tenesteforløp og styrkt samarbeid på tvers av sektorar. Samhandlinga mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenesta er betre enn tidlegare, sjølv om kapasiteten i TSB og BUP framleis er ei vesentleg utfordring. At det berre er etablert eitt FACT-ung-team i fylket, påverkar også moglegheitene for samordna oppfølging.

### Tilsynsarbeidet

Statsforvaltaren har omorganisert for å styrkje samhandlinga, men avgrensa ressursar gjer dette krevjande i praksis. I 2025 har vi hatt sterkare fokus på samhandling i enkeltsaker, noko som har gitt betre koordinering der behova er størst. Samstundes aukar talet på saker som krev tett samarbeid mellom fleire fagmiljø. Det forsterkar behovet for meir kapasitet og robuste strukturar.

På systemnivå er samordning framleis utfordrande. Ulike tilnærmingar til tilsyn, særleg mellom Helsetilsynet og Udir, gjer det vanskeleg å etablere ein felles og samordna praksis regionalt. Det er framleis behov for betre statleg samordning for å kome nærare delmålet.

Vår erfaring er at kommunane opplev tilsyn som ressurskrevjande. Dette sjølv om vi samordnar tilsyna våre og nyttar tilsynskalenderen og kommunane si oversikt over politiske møter. Mange gir gode tilbakemeldingar på eigenvurderingstilsyn som ein god og lærande metode.

Statsforvaltaren sin innsats, særleg gjennom dialog med leiing og samordna tilsynsaktivitetar ser ut til å påveke samarbeidsstrukturane mellom fagområda og bidra til meir samanhengande og heilskapleg forvaltning av tenester retta mot barn og unge - sjølv om det gar sakte.

Statsforvaltaren vurderer at tilpassa tilsynsarbeid bidreg til læring og forbetring i kommunane. Kommunane melder at dialogmøte, rettleiing og tilpassa opplæring gir betre forståing av lovkrav og styrkjer arbeidet med robuste arbeidsprosessar. Denne arbeidsforma gir tydeleg betre måloppnåing.

### Plansamordning

Vi samordnar våre innspel og kommentarar til kommuneplanar, reguleringsplanar og i dispensasjonssaker. Vi har hovudsaksbehandlarar for kvar kommune som har ansvar for å få innspel frå dei ulike fagområda i embetet og samordne desse.

I den daglege oppgaveløysinga legg vi vekt på samordning på saksbehandlarnivå.

I plansaker der fleire statlege etatar har motsegn, samordnar vi desse så langt det er mogleg i våre høyringssvar til kommunane.

### Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesberedskapsrådet samlar statlege og andre viktige aktørar som har roller i samfunnstryggleik og beredskap. Fylkesberedskapsrådet er ein god arena for å dele kunnskap og førebu samhandling mellom beredskapsaktørane. Fylkesberedskapsrådet har hatt 4 møter i 2025.

Statsforvaltaren har invitert med HV11, politimeisteren i Møre og Romsdal, sivilforsvaret og helseføretaket til fagsamling vår for kommunale beredskapsmedarbeidarar.

### Landbruk:

Statsforvaltaren har hatt eit møte med mattilsynet i 2025. Dette er nyttige møter og fleire seksjonar deltok på møtet.

Statsforvaltaren deltek i partnerskap for næringsutvikling i landbruket. Statsforvaltaren sin landbrukskompetanse er viktig for arbeidet i partnerskapet.

## Hovedmål 3 - Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte

### Klima og miljø

I 2025 har vi hatt ein vesentleg auke i talet på gjennomførte tilsyn innan forurensingsregelverket. Vi har og fått auka framdrifta i arbeidet med IED-regelverket. Vi oppfatter regelverket som omfattande og derfor er samarbeid med andre embeter og miljødirektoratet nødvendig. Vårt arbeid gjer at næringsaktørane no kjenner regelverket betre, dette er et godt utgangspunkt for god saksbehandling i 2026.

### Juridisk

Vi har lang saksbehandlingstid på klager over kommunane sine vedtak i byggesaker. Embetet har prioritert å styrke dette fagområdet vesentleg, likevel er berre 16 av 146 saker behandla innan 12 veker i 2025. Det store etterslepet vil bli vesentleg mindre i 2026. Når det gjeld klager på reguleringsplanar og klage på vedtak etter offentlegloven har vi ved utgangen av 2025 kontroll på restansane.

### Landbruk

Kommunane er førsteinstans for dei største tilskotsordningane i landbruket. Vi ser at fleire kommunar manglar kapasitet (mellom anna grunna rekrutteringsvanskar) og kompetanse på kontrollområdet. Webinar og læringsbasert forvaltningskontroll har god effekt, men likevel er det mange saksbehandlarar i kommunane som treng mykje rettleiing og oppfølging enkeltvis.

### Helse

Saksbehandlingstida har auka på alle område, tilsyn- og rettighetsklager, med unntak av pasientreiser der vi leide inn ekstraressurs. Den samla belastninga gjer at kapasiteten blir pressa, og at fristar og forventningar blir stadig vanskelegare å innfri.

Utfordringa gjeld også overprøvingar, og stadlege tilsyn etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. Som statsforvaltar ser vi gjennom dispensasjonssakene i vedtak om tvang overfor personar med psykisk utviklingshemming, at fleire kommunar gjennom mange år ikkje har klart å rekruttere fagpersonell som kan oppfylle dei kompetansekrava regelverket set. Dette har ført til ei uheldig utvikling der formell kompetanse i aukande grad blir retta mot brukarar med tvangsvedtak, fordi desse vedtaka utløyser absolutte krav. Konsekvensen er at brukarar med dei same pleie- og omsorgsbehova, men utan tvangsvedtak, i mindre grad får tilgang til saman kompetanse. Samtidig har vi i fleire år ikkje hatt restkapasitet til å innfri krava til tilsyn.

### Sosialområdet

Vi har hatt ei stor auke i talet på klagesaker. I 2024 fekk vi inn 98 saker og behandla 75, medan vi i 2025 fekk inn 177 saker og behandla 155. Dette har ført til lengre saksbehandlingstid og fristbrot, noko som utgjer ein særleg trussel for rettstryggleiken til dei som treng akutt hjelp til livsopphald.

### Barnevern

Vi har gjennomført alle tilsyn med barnevernsinstitusjonane og deltatt i tilsynsarbeidet med eigenkontroll. Klage- og tilsynssakene er ikkje behandla innan fristane, noko som har svekka rettstryggleiken på dette området.

### Vergemål

Seksjonen har fungert godt og levert stabile tenester gjennom året. Dei prioriterte områda har vore saksbehandling, verjeregnskaps-kontroll og internkontroll. Utadretta aktivitet har i hovudsak vore nedprioritert, med unntak av nettverkssamlinga for faste verjer.

Store delar av året har seksjonen vore underbemanna som følge av vakansar og sjukefråvær. Trass i dette har vi arbeidd med dei fleste oppgåvene og nådd dei fleste resultatmåla i tildelingsbrevet. Det einaste området der målkravet ikkje vart oppfylt, er behandling av søknader om verjemål for vaksne.

### Utdanning

Det er rettsikkerheitsoppgåvene med klagesaker og saker i handhevingsordninga som har høgast prioritet. Eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø og individuell tilrettelegging i barnehage og skule har også i år vore prioritert. Vidare følger tilsyn og rettleiing om lov- og regelverk. Med bakgrunn i at vi overtok klagesaksbehandlinga frå fylkeskommunane, var det i 2025 ein stor auke i talet på klagesaker innan eksamen- og vurderingsfeltet.

Det er kontinuerlege risikovurderingar og vurdering av effekt på tiltaka våre som ligg til grunn for val av tilsyn og/eller rettleiing som verkemiddel.

Kompetansen i kommunane når det gjeld forståing og praktisering av regelverket varierer. Vi får gode tilbakemeldingar på webinar, og på rettleiing som vi gjennomfører for kommunane og fylkeskommunen i ulike møte og samlingar.

### Bosetting og integrering

For å sikre at alle delane i embetsoppdraget og gjennomføring av oppgaver skal være godt koordinert internt, er det etablert ei eiga samarbeidsgruppe som jobber med saker knytt til flyktningar og integrering.iinga

Integrering og bosetting har vært fast tema i embetsleiinga sin kommunedialog gjennom året. Kommunane melder om boligmangel i

sentrumsnære strøk, press på helsetenestene generelt og særlig på psykisk helseoppfølging, samt press på skole- og barnehage tilbudet.

Det har vore mange endringar i regelverket på integreringsområdet dei siste åra. Slik vi erfarer det, er det krevjande for fleire av kommunane å vere oppdaterte. Rettleiing om regelverket har hatt høg prioritet hos oss, og det har dette hatt positiv effekt på oppfylging av regelverket.

Vi starta opp to tilsyn etter integreringslova, hausten 2025. Dei to tilsyna vart imidlertid ikkje ferdigstilte innan utgangen av året, og vi har difor ikkje gjennomført/ferdigstilt tilsyn på dette området i 2025.

### 3.1.1 Nasjonal politikk er kjent og iverksatt

#### 3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Strategisk planlegging, oppdaterte, realistiske planer og god kopling mellom samfunns-, areal og økonomiplan er avgjerande for å nå dette delmålet. Vi har i 2025 halde fram med vår satsing Tett-på og prioriteringa om å følgje opp fem utvalde kommunar sitt strategiske planarbeid. Vi følgjer også opp to Bygdevekst-kommunar med rettleiing og dialog knytt til samfunnsutvikling og pågåande planprosessar. Vi ser at det gir god ressursutnytting og samordning at vi koplar erfaringane frå Tett-på til Bygdevekst-arbeidet. Det gir stor innsikt og læring for oss å ha tett og jamnleg dialog med dei utvalde kommunane. Den tette dialogen byggjar også tillitt og gode samarbeidsrelasjonar med kommunane.

Fleire kommunar har søkt om midlar til kartlegging av naturmangfald, planvask med meir. Dette har gitt auka merksemd om at det er viktig å ikkje bygge ned natur, og at det er viktig å sjå på gamle planar med nye og oppdaterte brilleglas.

Tilsvarande auka forståing har det og blitt for jordvernet. Her er det tett samheng med tydelegare nasjonale føringar forsterka av internasjonal uro, og kanskje, erkjenning av at klimaendringane kan øydelegge for landbruksproduksjon hos viktige handelspartnarar.

Vi ser heilt klart at det å vere tettare på kommunane gir tidlegare involvering, betre dialog og meir tilpassa rettleiing. Det tette samarbeidet med Distriktsenteret og Møre og Romsdal fylkeskommune på dette området bidreg til samordning på regionalt nivå, det gjeld til dømes arbeidet med Bu trygt heime, arbeid med folkehelse og bustadplanlegging. Vi samlar erfaringar frå dette samarbeidsprosjektet som vil kome dei andre kommunane til nytte etter kvart, og prosjektet kan og ha overføringsverdi til andre embeter og til andre fagområder internt hos oss.

I 2025 har vi arbeid særskilt med tiltak som skal bidra til betre koplingar mellom plan, økonomi og verksemdstyring i kommunane. Vi ser at dette bidreg til at dei folkevalde får innsikt og forståing for det omstillingsarbeidet som kommunane må gjennom. Det gir også eit godt utgangspunkt for samarbeid mellom administrasjon og dei folkevalde.

Statsforvaltaren vurderer at kommunane sine planverk tek omsyn til **bustadsosiale behov** i middels grad, og at kvaliteten varierer frå gode og grundige vurderingar til planar som ikkje omtalar temaet. Statsforvaltaren har arbeid for å styrkje dette gjennom dialog med Nav-kontor, høyringsuttalar og innspel til planstrategiar. Effekten er vanskeleg å måle, men fleire kommunar tek omsyn til innspela våre.

Det er framleis behov for meir rettleiing og informasjon til kommunane, og samarbeid med Husbanken og Nav er sentralt for å styrkje dette arbeidet. Kravet i bustadsosiallova § 11 vil truleg bidra til at fleire kommunar frå 2026 vurderer bustadsosiale omsyn meir systematisk i planlegginga.

Rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet blir i aukande grad ivaretatt i kommunane si samfunnsplanlegging. Fleire kommunar har løfta temaet inn i strategiske prosessar. Vi ser særleg at dei fem utvalde Tett på-kommunane ser koplinga mellom samfunnsplanlegging og verksemdstyring for helse- og omsorgssektoren. Statsforvaltaren si faglege støtte og dialog i planarbeidet har bidrege til betre forståing av samanhengen mellom folkehelse, førebygging, kvalitetsforskrifta og berekraftsmåla, noko som har styrkt merksemda på helse- og omsorgstenestene.

#### Nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Kommunene har god kunnskap om Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027, fastsatt ved kgl.res. av 20.06.2023, Statlige planretningslinjer for klima og energi, fastsatt ved kgl.res. av 20.12.2024 og Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, fastsatt ved kgl.res. av 24.01.2025.

Vi rettleiar og driv med aktiv formidling av dei nasjonale forventningane til regional- og kommunal planlegging. Til dømes arrangerte vi fagsamling for kommunane med tittelen «Fagsamling kommunal planlegging» i oktober 2025. Hovudtemaet for fagsamlinga var å få klargjort og drøfta dei utfordringane som ligg i skjæringspunktka mellom juss, politikk og fag. I løpet av året har vi arrangert 3 nettverkssamlingar for kommunale planleggarar. Om lag fire gonger per år sender vi ut nyheitsbrev der målgruppa er kommunale planleggarar.

I alt dette informasjonsarbeidet samarbeider og samhandlar vi tett med fylkeskommunen. Vi prioriterar og å stille når fylkeskommunen

arrangerer planforum.

Vi har formidla nasjonale og regionale forventningar i vårt årlege kommunebrev som blei sendt ut til kommunane tidleg i 2025. Vi følgjer også opp dei nasjonale og regionale interessene gjennom vår rolle som høyringsinstans for plan- og dispensasjonssaker, og vi viser konkret til aktuelle føringar gitt i nasjonale forventningar, rundskriv T-2/16 med vidare. Kompetanse og kapasitet på planområdet varierer frå kommune til kommune, og det er dei minste kommunane som er mest sårbare. Vi ser at interkommunalt plannettverk og samarbeid gir fordeler. Det er potensiale for å få til meir interkommunalt plansamarbeid også andre stader i fylket. Rapporten om interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal, utarbeidd av NIVI analyse i 2023, har mellom anna regionale plankontor som eit av sine forslag til løysingar.

Å svare ut konkrete plan- og dispensasjonssaker må naturleg nok prioriterast føre det å følgje opp kommunane med meir generell rettleiing og dialog på planområdet. Det vil seie at den utadretta aktiviteten vil variere med kva ressursar vi har til ei kvar tid. Sidan mykje av den utadretta aktiviteten vår skjer i tett samarbeid med fylkeskommunen, blir vi og påverka av kva kapasitet fylkeskommunen har på planområdet. Fylkeskommunen har hatt mindre kapasitet til arbeidet med plan i 2025, men det er betra no.

Vi har i 2025 prioritert å følgje opp dei fem utvalde Tett på-kommunane med ekstra rettleiing og jamnlege møtepunkt. Tema for rettleiinga og dialogen har i stor grad vore knytt til å formidle og rettleie om nasjonale forventningar til kommunal planlegging. Vi ser at den ekstra tette oppfølginga gir eit svært godt grunnlag for å konkretisere kva som ligg i dei nasjonale forventningane.

#### **Statsforvalteren skal bidra til gode og effektive planprosesser (fra kapittel 3.1.1.1.2 i TB)**

##### **Rapportere på**

Kommunene utnytter ressursar i planlegging på en effektiv måte.

Kommunane har varierende ressursar til planlegging. I samarbeid med fylkeskommunen legg vi vekt på å få ein god start på planprosessar; mellom anna ved å prioritere å få komplekse saker inn i regionalt planforum.

Elles inviterar vi til dialog så langt kapasiteten vår strekk til. Dei sakene der vi kjem i dialog med kommunen før det er tatt endeleg stilling til kor eit planlagt tiltak skal lokaliserast gir rom for dei beste løysingane.

#### **Ivaretakelse og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser (fra kapittel 3.1.1.2.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Nasjonale og viktige regionale interesser er ivaretatt i kommunale og regionale planer.

Ivaretaking av nasjonale og viktige regionale interesser

Det varierer mellom kommunane i kva grad kommunale planar sikrar nasjonale og viktige regionale interesser. Fylkeskommunen arbeider godt med sine planer for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser.

Årsakssamanheng

Vi følgjer opp og gir uttale til alle kommunale planar og dispensasjonssøknader, og vi har ein markert effekt på utfallet i fleire saker. Det er spesielt der vi har tydelege oppdrag og styringssignal, som til dømes tema som er tatt opp i rundskriv T-2/16.

Statsforvaltaren sitt forbettringspotensial

Statsforvaltar saman med fylkeskommunen kan klargjere kva som er viktige premisser ved planlegging for tyngre og meir komplekse etableringar. Det gjeld til dømes batterifabrikkar, datalagringscentre, landbaserte fiskeoppdrettsanlegg og energiproduksjonsanlegg. Statsforvaltaren har størst forbettringspotensiale innafor utadretta aktivitet; spesielt mot kommunane tidleg i planprosessane. Det gjeld både dialog kring konkrete saker og ulike faglege samlingar.

Andre aktørar sin påverknad

Tiltakshavarar i dei ulike prosjekta blir ofte førande i fleire planprosessar, utan at kommunen tek ei aktiv rolle som planmyndigheit.

#### **Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.2.2 i TB)**

##### **Rapportere på**

Statlige innsigelser er samordnet.

Det er Statsforvaltaren som sett fram dei fleste motsegna til plansaker i vårt fylke. Dei fleste motsegna blir løyst gjennom tidleg og tett dialog med kommunane. Dei fleste motsegna blir også løyst utan at vi kjem til eit formelt meklingsmøte. I 2025 reiste vi motsegn i 40 saker utan at nokre av dei ende opp i mekling. Dei fleste motsegnene blir løyst i dialog med kommunane utan at det endar opp i formelle meklingsmøte.

Når det kjem motsegn frå andre statlege etatar oppfordrar vi til tidleg dialog mellom partane. Vi kallar inn og deltek som møteleiar i dialogmøte mellom partane der det er trong til det. Vi har eit mål om å handsame motsegn på ein samordna måte slik at det blir enklast mogleg for kommunen å få framdrift i den aktuelle plansaka.

#### Oppfølging av samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.3.1 i TB)

##### Rapportere på

Samfunnssikkerhet er ivaretatt i alle planer etter plan- og bygningsloven.

Vi har sett gjennom alle planar etter pbl som har kome på høyring. Vi nyttar både høyringssvar og andre arena til å formidle oppdatert kunnskap til kommunane som skal/må nyttast i arbeidet med ROS-analyse for arealplanlegginga. Dette inkluderer mellom anna oppdaterte/nye aktsemdskart/farekart og ny kunnskap om klimaendringar (klimaprofil Møre og Romsdal).

Grunna ressursituasjonen i 2025, fram til vi fekk to nye tilsette sommaren 2025, har samfunnstryggleik i planar etter plan- og bygningslova blitt noko nedprioritert. Vi har både i 2024 og 2025 hatt avgrensa høve til å drive rettleiing i sakshandsaminga i forhold til tidlegare år. Dette betyr mellom anna at vi har fokusert på om ROS-analysen er "god nok" til å gje tilfredsstillande kunnskap om trygg planlegging. Vi har eit forbetringspotensial når det gjeld å auke kvaliteten til ROS-analysane. Her er det variabel kvalitet.

#### Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 3.1.1.1.3.2 i TB)

##### Rapportere på

Hensynssoner med tilhørende bestemmelser rundt storulykkevirksomheter er ivaretatt i kommunale planer ved etablering av nye virksomheter og når planer revideres/rulleres.

Statsforvaltaren sikrar som høyringsinstans at storulukkeverksemder vert vareteke med omsynssoner og tilhøyrande vilkår der dette er relevant når kommunale planar reviderast/rullerast.

#### Boligsosiale hensyn i plan (fra kapittel 3.1.1.1.4.1 i TB)

##### Rapportere på

Boligsosiale hensyn er ivaretatt i kommunale planer.

Statsforvaltaren ser at kvaliteten på kommunane sine planar varierer. Nokre planar omtalar dei bustadsosiale utfordringane godt, medan andre ikkje nemner temaet i det heile. Samla sett tek planane i middels grad omsyn til bustadsosiale behov.

For å styrkje dette omsynet har Statsforvaltaren arbeidd målretta gjennom informasjon og dialog med Nav-kontora i konkrete saker, samt gjennom høyringsuttalar til planar og innspel til kommunale planstrategiar. Det er vanskeleg å måle effekten av dette arbeidet, men vi ser at fleire kommunar tek omsyn til våre innspel.

Vi vurderer at det er behov for å bruke meir ressursar på å spreie informasjon og rettleie kommunane på dette området. Husbanken og Nav-kontora er viktige samarbeidspartnarar som kan bidra til å styrkje arbeidet ytterlegare. Vi forventar at kravet i bustadsosiallova § 11 vil føre til at fleire kommunar omtalar og vurderer bustadsosiale omsyn meir systematisk frå og med 2026.

#### Rekruttering og kompetanseplanlegging innen helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.1.5.1 i TB)

##### Rapportere på

Rekrutterings- og kompetanseplanlegging ivaretas godt i samfunnsplanarbeidet i kommunene.

#### Måloppnåing

Det er ein auke i talet på kommunar som har sett rekruttering og kompetanseplanlegging i helse- og omsorgstenestene på dagsorden i samfunnsplanlegginga. Det viser at fleire kommunar erkjenner behovet for å arbeide meir strategisk med framtidig kompetanse.

**Effekt av Statsforvaltarens innsats**

Gjennom dialog og fagleg støtte i planprosessane har Statsforvalteren bidrege til at kommunane har fått betre forståing av samanhengen mellom folkehelsearbeid, forebygging, kvalitetsforskrifta og berekraftsmåla. Dette har gitt auka merksemd på helse- og omsorg i kommunale planprosessar og styrka forankringa av kompetanseperspektivet i samfunnsplanlegginga.

**Situasjonsbilete**

Kommunane løftar i aukande grad fram kompetanse og framtidige kompetansebehov i planane sine. Vi ser i mindre grad ein tydeleg samanheng frå overordna strategiske mål til den enkelte teneste og medarbeidar.

Politiske og administrative vedtak påverkar kompetansebehovet, men denne samanhengen kjem i mindre grad fram i planverket.

**Vegen vidare**

Vidare måloppnåing krev framleis at kommunane må halde oppe merksemd på rekruttering og kompetanse i samfunnsplanlegginga. Det er særleg viktig å styrkje forståinga av korleis overordna mål skal følgjast opp i delplanar og i tenestene. Dei etablerte samarbeidsarenaene mellom Statsforvalteren og kommunane gir eit godt grunnlag for vidare utvikling og auka måloppnåing.

**Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.6.1 i TB)****Rapportere på**

Planleggingen skjer geografisk differensiert og i tråd med statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging.

I by og tettstadar ivaretek kommunane nasjonale føringar gitt i SPR for arealbruk og mobilitet i middels grad.

Våre viktigaste verkemiddel for å oppnå etterleving av SPR er gjennom kommunikasjon og informasjon. Det mest konkrete skjer gjennom innspel til konkrete plan- og dispensasjonssaker.

Vi kunne vore enda meir i forkant med vår aktivitet og jobbe for å skape forståing for samanhengen mellom etterleving av SPR og framtidig kommuneøkonomi. Truleg lettare å nå gjennom med økonomi enn med den altoverskyggande klimakrisa.

I det store biletet blir lokaliseringa av mange tiltak styrt av initiativ frå private aktørar utan at kommunen tar rolla som planmyndighet. I nokre saker der lokaliseringa av tiltaket er god, kan ønskje om kostnadseffektiv utbygging gi dårlege bumiljø; spesielt i forhold til støy og tilrettelegging for barn og unge.

**Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.6.2 i TB)****Rapportere på**

Massehåndtering avklares i regionale og kommunale planer.

I vårt fylke har vi mange tunnelprosjekt som gir svært store overskot av sprengstein. Vi har ikkje lukkast med å få fram gode prosjekt som sikrar at slike overskot av sprengstein har blitt nytta som ein reell ressurs. Tema blir ofte dumping eller dumping kamuflert som massebehov til prosjekt som oppstår på grunn av tilgang på gratis sprengstein. I seinare tid har nokre av desse massekrevjande prosjekta blitt "innarbeida" i reguleringsplanar utan at det har auka samfunnsnyten av prosjekta. Vi saknar regionale planar som gir høve til å gjenbruke sprengsteinen som oppstår i dei store prosjekta i fylket.

I prosjekt som genererer stort masseoverskot, er ofte transport av massar ein vesentleg kostnad som gjer at massane oftast hamnar i meir eller mindre gjennomtenkte prosjekt nær der massene kjem frå. Prosjektøkonomi hindrar langsiktige vurderingar av kva som er rett disponering av massane.

**Strandsone og vassdragsforvaltning (fra kapittel 3.1.1.1.7.1 i TB)****Rapportere på**

Planlegging i strandsonen langs sjø og vassdrag skjer i tråd med plan- og bygningsloven § 1-8, statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag og regionale planer.

Planlegging i kystnære sjøområder skjer i tråd med nasjonale og regionale føringar.

Planlegging i kystnære sjøområder skjer i tråd med nasjonale og regionale føringar. Kommunane ivaretek nasjonale og regionale føringar i

strand- og vassdragsforvaltninga i middels grad gjennom planprosessar. Det skuldast for ein del at mykje av arealdisponeringa skjer gjennom dispensasjonar, og ikkje etter heilskapelege planprosessar.

Ved behandling av dispensasjonssaker legg kommunane ofte meir vekt på grunneigars og tiltakshavars ønske om tiltak enn dei vektlegg ålmenne interesser. På det viset blir ikkje resultatet så godt som det burde vere. Kommunane oppdaterar sjøområdeplanar i middels grad. Det er ikkje alle kommunane som fullt ut ser nytten av å planlegge sjø på same viset som dei gjer det på land. I tillegg er det vesentleg meir kompleksitet ved at det er andre sektorstyresmakter som har vesentleg myndigheit i dei areala som ikkje er eigd av ein grunneigar.

Vi kan bli betre i å rettleie kommunane og oppmode overordna styresmakter om å framskaffe eit betre kunnskapsgrunnlag for planlegging i sjø. Vi oppmodar difor om at overordna styresmakter satsar på full dekning når det gjeld marine grunnkart og naturtypkart langs kysten.

I tillegg er det trong til ei fagleg nøytral vurdering av potensielle konflikter mellom aktuelle tiltak og dei verdiane kommunane skal forvalte i sjøareala.

Mange vassdrag har redusert økologisk eller morfologisk tilstand som følge av inngrep i vassdrag og nedbørfelt. Vi held fram med rettleiinga om dette til kommunane og stiller strengare krav og vilkår i plansaker. Vi utøver også vår rolle som mynde på forskrift om fysiske tiltak i vassdrag og vassressurslova § 11 i større grad enn før.

#### Bærekraftig forvaltning fjell og utmark (fra kapittel 3.1.1.1.7.2 i TB)

##### Rapportere på

Planlegging i fjell og utmark skjer i tråd med Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, vedtatt ved kgl.res. 20. juni 2023, og regionale planer. Det vises her til Rettleiar om planlegging av fritidsbustader og veilederen Planlegging og konsesjonsbehandling av vindkraftanlegg på land.

Det har vore lite planleggingsaktivitet opp mot fjellområda våre i 2025. Det gjer det vanskeleg å svare ut dette punktet på ein god måte. Vi har nokre eldre planar som ligg inn mot villreinområde, men som ikkje har ført til utbygging ennå. Dersom vi får tydelege verkemiddel knytt til villreinforvaltning, planvask og arealnøytralitet, kan det hende at vi kan oppfylle intensjonane i dette resultatmålet i større grad i tida framover.

#### Ivaretakelse av landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.8.1 i TB)

##### Rapportere på

God ivaretakelse av jordbrukets arealressurser og styrke jordvernet i tråd med nasjonalt jordvernmål, og øvrig nasjonal politikk for forvaltning av jordbrukets arealressurser.

Vi har inntrykk av at kommunane i stor grad ivaretar nasjonale føringar for jordvern. Vi ser at saker som gjeld nedbygging av dyrka jord er blitt færre. Dette gjeld både dispensasjonssaker og planar. Dette tydar på at kommunane i større grad enn før er bevisste på føringane om styrking av jordvernet. Vi har hatt 3 motsegner grunngjeve med jordvernsyn i 2025. Til samanlikning hadde vi 13 i 2019.

Forsterka fokus med svært tydeleg og konkret nasjonal politikk er hovudårsaka til at jordvernet har blitt styrka. Det har blitt lettare å få gjennomslag for jordvernet i plansaker, både gjennom bruk av motsegn, klage og i andre høyringsuttaler. I tillegg meiner vi at politikaropplæring har hatt noko effekt.

Omdisponering av jordbruksareal til vegbygging er den største utfordringa for måloppnåinga.

#### Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
403	254	602	183	167	113	141	195	161	196

#### Tilbakeføring av areal (fra kapittel 3.1.1.1.8.2 i TB)

##### Rapportere på

Areal tilbakeføres i større grad fra utbyggingsformål til LNF-R (Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift).

Vi har formidla dei innstrammingane som har vore i jordvernpolitikken gjennom dialog knytt til plan- og dispensasjonssaker og gjennom generell utadretta informasjon. Planvask har blitt eit kjend og aktuelt tema som kommunane har eit aktivt forhold til; spesielt i forhold til nedbygging av dyrka mark og myr. Vi ventar at dette vil gje konkrete utslag i komande kommunepanrevisjonar.

**Redusert nedbygging av særlig viktige naturarealer, i tråd med rundskriv T-2/16 (fra kapittel 3.1.1.1.10.1 i TB)****Rapportere på**

Redusert nedbygging av særlig viktige naturarealer, i tråd med rundskriv T-2/16

Kommunane ivaretek omsynet til særleg viktig natur i tråd med rundskriv T-2/16 i middels grad. Vi nyttar rundskrivet aktivt i all kommunikasjon om disponering av areal i natur.

Rundskriv T-2/16 fungerer svært godt som plattform for formidling av statleg politikk på dei tema som det dekker. Rundskrivet bør utvikles vidare. Det bør også vere rom for å formidle nasjonal arealpolitikk innfor fleire tema i det same formatet.

**3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnssikkerhet og beredskap i kommunane**

Statsforvaltaren nyttar det vi har av verktøy til å sikre heilskapleg og samordna oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap i kommunane. Det har dei siste åra vore mykje fokus på samfunnstryggleik grunna den tryggingpolitiske situasjonen. Ei utfordring er at veldig mange aktørar set i verk/startar eit arbeid innanfor samfunnstryggleik og beredskap utan at vi heilt har oversikta over alle initiativa, og korleis desse påverkar oss og kommunane.

Eit overordna fokus dei siste åra har derfor vore å sikre heilskapleg og samordna samfunnstryggleik og beredskap i eit øvre krisespekter, og kva dette krev av kommunane.

I januar 2025 vart det etablert ei samarbeidsgruppe for beredskap med deltakarar frå fleire seksjonar. Gruppa vert eit nytt verktøy som mellom anna kan nyttast i arbeidet med å sikre heilskapleg og samordna oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap i kommunane. Vi er framleis i utforskningsfasen for korleis vi kan nytte gruppa best mogleg.

Vi opplever at Statsforvaltaren er ein sentral aktør i å sikre heilskapleg og samordna oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap mot kommunane. Samtidig skjer det veldig mykje på området no frå veldig mange aktørar på alle forvaltingsnivå og frå både offentlege og private aktørar. Noko som gjer denne rolla endå viktigare no og framover.

**Virkemiddelbruk (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)****Rapportere på**

Være pådriver og veileder om kommunenes samlede ansvar og rolle innen sivil beredskap, og gi råd om hvor dette ansvaret kan øves og følges opp i kommunenes beredskapsplanlegging.

Vi har i 2025 nytta fleire arena til å rettleie kommunane om deira oppfølging av kommunal beredskapsplikt:

- Vi har i samarbeid med Politi og HV11 gjennomført to (vår og haust) totalberedskapskurs retta mot toppleiarar frå kommunar, forvaltning, næringsliv og akademisk i Møre og Romsdal. Vi planlegg å fortsette med dette kurset for nye deltakarar i 2026.
- I tilsynmøta, og dialogen vi har med å følge opp tilsyna, legg vi vekt på å rettleie om korleis kommunen kan utvikle og forbetre samfunnstryggleiksarbeidet.
- Vi gjennomførte ei skrivebordsøving for kommunane i fylket som hadde langvarig straumbortfall og straumrasjonering som tema.
- Trusselbiletet og tryggingsslova var blandt tema på vår fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar i 2025
- Vi hadde eit "fagdrypp" om tryggingsslova for kommunane hausten 2025
- Vi har delteke i fleire kommunale beredskapsråd for å snakke om totalforsvaret

**Oppfølging av skogskadeberedskap (fra kapittel 3.1.1.2.3.1 i TB)****Rapportere på**

Kontrollere at kommunene har planer for beredskap hjemlet i §§ 9 og 10 i skogbrukslova og § 16 i brann- og redningsvesenforordningen

Stormen Amy 4. oktober ga store skogskader i delar av fylket. Volumet med vindfall utgjør omlag 300 000 kubikk, som tilsvarer normalt årleg hogstvolum. Statsforvaltaren har hatt jamnleg kontakt med dei mest råka kommunane. Landbruksdirektoratet er oppdatert om hendinga gjennom fleire rapportar. Dette har resultert i at fylket har fått ekstraordinære tilskotsmidlar til uttak av stormskadd furu, og meir tilskotsmidlar til bygging av skogsvegar.

Statsforvaltaren deltek på Landbruksdirektoratet sine innspelsmøte om barkebiller. Det blei ikkje sett ut barkebillefeller i Møre og Romsdal i 2025 grunna svært låge fangsttal føregåande år. Faren for skadeleg oppblomstring etter stormen Amy er også liten ifølgje NIBIO.

Statsforvaltaren minner kommunane om ansvaret for overvaking av skogskadar, og om plikta til å melde skadane inn både til Statsforvaltaren og via portalen Skogskader (skogskader.no/NIBIO).

Statsforvaltaren har arbeidd med ny vernskogforskrift. Ein avventar no eit nytt kartlag over "sikringsskog" før ein kan gå vidare med arbeidet.

Vi har ikkje oppdatert status over kva for kommunar som har med skogbrann og storm i sine ROS-analyser. I heilskaplege ROS-analyser frå 2022 var skogbrann omhandla i 18 kommunar. Ekstremvær var analysert i 23 kommunar.

### 3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene

Vi brukar mykje ressursar for å følgje opp kommunane i vår pådrivarrolle for eit velfungerande plansystem. Dette temaet krev rettleiing, oppfølging og dialog på dette over lengre tid for å ha effekt på kommunane sitt planverk.

Fleire av dei fem utvalde kommunane vi følgjer opp ekstra tett, har i løpet av 2025 sett i gong tiltak og prosessar for å få til betre koplingar i planverket sitt. Her ser vi ein heilt tydeleg samanheng mellom dei ressursane vi legg ned i form av tett dialog og rettleiing tilpassa kommunen sine behov og det planarbeidet som kommunen er i gong med eller skal starte opp. Vi ser at kommunane har særleg stor nytte av rettleiing som kan bidra til å kople kommunane sine planar betre saman, til dømes å vise samanhengen mellom mål og strategiar i samfunnsdelen og andre planar.

Det gir ein effekt at dei fleste kommunane har relativt nye kommuneplanar. Det er mindre ressurskrevjande å sette i gong revidering av ein samfunnsdel av nyare dato i kommunane, og det gjer det lettare å følgje fireårshjulet.

Vi ser at plan og økonomi ikkje er tilstrekkeleg kopla saman i mange kommunar. I 2025 har vi halde fram med å gjere kommunane meir bevisste på koplinga mellom plan og økonomi, samt at tiltaka i samfunnsdelen blir fulgt opp innanfor kommunen sine økonomiske rammer.

#### Dialog med kommunene om (fasene i) plansystemet (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Alle kommuner har oppdaterte overordnede planer.

Vi rettleiar og informerar om viktigheita av at kommunane har oppdaterte overordna planar. Dette gjer vi blant anna i vår generelle kommunedialog, kommunebilete, på samlingar og konferansar og i møter med kvar ein skilde kommune. Samla sett vurderer vi at kommunane jobbar godt med å få på plass eit oppdatert planverk. 27 av våre kommunar har sendt planstrategi for kommunestyreperioden 2023-2027, og dei fleste kommunane vedtok denne innanfor eittårs-fristen. Våre 27 kommunar har oppdatert sin samfunnsdel, enten i løpet av kommunestyreperioden 2019-2023 eller 2023-2027. Det er og fleire kommunar som har sin samfunnsdel under revidering.

I vår rettleiing loftar vi fram betydninga av god kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen, til dømes gjennom bruk av arealstrategiar. Nokre av våre kommunar har utarbeidd arealstrategiar til sine samfunnsdelar. Vi vil halde fram med å rettleie og oppfordre til bruk av arealstrategiar.

Når det gjeld kommuneplanens arealdel, så har 7 av 27 kommunar ein arealdel som er eldre enn 10 år, mens 10 av 27 kommunar har ein arealdel vedtatt i perioden 2019-2023. Status per no er at 16 av 27 kommunar har meldt oppstart eller er i gong med å revidere arealdelen.

Vi har ei målsetting om å følgje opp dei kommunane som har eldre arealdelar, og vi gjer jamnelege vurderingar av korleis vi best kan vere ein pådrivar og støttespelar for kommunane som vil/skal revidere arealdelen.

#### Klager over reguleringsplan (fra kapittel 3.1.1.3.2.1 i TB)

##### Rapportere på

God og rask klagesaksbehandling.

I 2025 gjorde vi vedtak i 26 klagesaker på reguleringsplanar, medan det kom inn 21 nye plansaker. Tal vedtak er som normalt, medan tal nye saker ligg noko lågt.

Hovudfokuset for året var å kome i posisjon til å oppnå saksbehandlingsfristen i innsynsklagesaker (1 måned) og plansaker (12 veker). Dette oppnådde vi, og framover forventar vi at dei fleste av desse sakstypene blir behandla innan fristane. Årsresultatet for 2025 var at vi behandla 30 % av plansakene innan fristen.

Utfallet av klagesaksbehandlinga var at vi gav medhald i éi klagesak. Dei lokale planmynda har i hovudsak førebudd klagesakene – og hatt tilstrekkeleg kvalitet – i planarbeidet.

For å betre intern kompetanse i plansakene kjem vi i 2026 til å kople på fleire medarbeidarar ved behandling av klager på planvedtak.

#### Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.1 i TB)

##### Rapportere på

Kommunale planer har juridisk holdbare bestemmelser og plankart.

Vi gjer ein overordna kontroll av den juridiske gyldigheita av føresegna til alle arealdeler og utvalde reguleringsplanar. Vi har ikkje ressursar til å gå gjennom føresegna til alle reguleringsplanar. Vi ser at det er behov for meir rettleiing om korleis ein utformar juridiske føresegn til arealdel og reguleringsplanar, og vi tilbyr rettleiing om dette temaet når vi ser at kommunane har behov for det.

Kommunane sine kommunale planar har i middels grad god juridisk kvalitet på føresegna og plankartet. Store og openbare feil blir luka ut, men vi ser at føresegna ofte kan vere uklare, for generell, til å misforstå, skjønnsmessig utforma eller med mykje sitering av anna regelverk og saksbehandlingsreglar.

#### Juridisk veiledning og kvalitetsikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.2 i TB)

##### Rapportere på

Konsekvensutredningsforskriften er fulgt opp.

KU-forskrifta sine utgreiingskrav blir fulgt opp i betydelig grad i store og komplekse regulerings saker der aktuelle tiltak er tydeleg definerte og der det gjerne er erfarne aktørar som driv reguleringsprosessen.

I kommuneplanar der arealdisponeringa gjerne ikkje er særleg konkretisert, fører det til større uvisse om korleis konsekvensane skal vurderast. Vi ser difor trong til betre rettleiing om KU for overordna plan.

Vi får god effekt av dialog med kommunane, men i nokre tilfelle må vi nytte motsegn som verktøy for å sikre at kommunen følgjer KU-regelverket slik at saksbehandling blir gyldig.

#### Oppdaterte digitale planregistre (fra kapittel 3.1.1.3.4.1 i TB)

##### Rapportere på

Alle kommuner holder digitalt planregister løpende oppdatert.

Kommunane fører i betydeleg grad digitalt planregister for nye planar i tråd med gjeldande retningslinjer. Eldre planar er i stor grad tilgjengeleg på nett, men ikkje som sektoriserede planar. Særleg bykommunane våre har mange eldre planar der hadde vore ønskeleg å få digitalisert. Kommunane oppgir manglande økonomi/kapasitet/prioritering som årsak til at eldre planar ikkje blir digitalisert.

Saman med fylkeskommunen og Kartverket oppmodar vi kommunane til å prioritere dette arbeidet.

#### 3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven

Å styrkje kunnskapen om sosialtjenestelova er ein kontinuerleg prosess. Lova, forskriftene og praksistolkinga er i utvikling, og Nav-kontora får jamleg nye tilsette som treng opplæring.

Gjennom året har vi derfor tilbydd kurs og rettleiing som gir grunnleggande forståing av lovverket og korleis det skal praktiserast. I opplæringa har vi tatt opp aktuelle problemstillingar som har kome fram gjennom klage- og tilsynssaker, samt i den løpande dialogen med Nav-kontora.

Tilbakemeldingane frå kommunane på aktivitetane våre er gode, og vi vurderer at innsatsen vår har gitt god måloppnåing. Kompetansehevinga har styrkt rettstryggleiken for brukarane og bidrege til meir einsarta praksis i Nav-kontora.

#### Alle Nav-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1.1 i TB)

**Rapportere på**

Alle Nav-kontor har god kunnskap om sosialtjenesteloven med tilhørende forskrifter.

Vår overordna vurdering er at Nav-kontora generelt har god kunnskap om regelverket og korleis det skal praktiserast. Samstundes ser vi variasjonar i klage- og tilsynssaker, samt i landsomfattande tilsyn. På desse områda gir vi tilbakemeldingar, og dei blir og følgd opp gjennom aktiviteter og tilbod som rettar seg mot alle kontor.

Vi ser framleis at kartlegging – også av barn – og konkrete, individuelle vurderingar i vedtak ofte er mangelfulle. Barneperspektivet er heller ikkje fullt ut integrert i praksis.

Alle Nav-kontor har tilgang til våre opplæringsfilmar og kan delta på opplæring i Kvalifiseringsprogrammet (Gullrekka). I tillegg kan dei nytte Sosialtjenestedialogen, ein Teams-kanal som er open 24/7 for spørsmål, svar og oppdateringar frå oss. Vi arrangerer også nettmøte 3–4 gonger i året.

**Opplæringstiltak for NAV**

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall Nav-kontor som har deltatt på tilbudt opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	18	18

**3.1.1.5 Tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene****Måloppnåing 2025**

Ut frå dei samla resultatata i 2025 vurderer vi at kommunane har kome nærare delmålet om styrkt kvalitet og pasienttryggleik i helse- og omsorgstenestene. Det er likevel store variasjonar i både tempo og tilnærming, noko som speglar ulike føresetnader og prioriteringar.

**Effekt av Statsforvaltarens innsats**

Vår innsats i 2025 har hatt klar betydning for utviklinga. Tett dialog med kommunane og felles faglege møteplassar har styrkt forståinga for krav til planlegging, risikovurdering og systematisk oppfølging. Dette har bidratt til at fleire kommunar har revidert eller starta arbeidet med nye strategiske kompetanseplanar, og at kompetanse og rekruttering er tydelegare forankra i kommunale planverk.

**Situasjonsbilete**

Kapasiteten i omsorgsbustader, sjukeheimar og heimetenester er pressa. Dette viser seg gjennom fleire utskrivingsklare pasientar, fleire klager og reduksjon i tenestetilbodet. I nokre kommunar blir det framleis gitt avslag basert på lokale tenesteomtalar utan individuelle vurderingar, noko som kan svekkje pasienttryggleiken.

Fleire kommunar har utfordringar med låg leiartettleik, høgt driftspress og mangelfull kompetanse i systematisk forbetningsarbeid. Dette påverkar evna til å arbeide målretta og å etterleve forskrifta om leing og kvalitetsforbetring.

Mange kommunar manglar framleis oppdaterte risikovurderingar etter forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten § 6, og saksbehandlinga av helse- og omsorgstenester har ofte manglar som utgjer risiko for kvalitet, pasienttryggleik og brukarmedverknad.

**Utviklingstrekk**

Utviklinga over tid er likevel positiv. Fleire kommunar viser aukande forståing for samanhengen mellom styringssystem, strategisk kompetanseplanlegging, kvalitet og pasienttryggleik. Arbeidet er ofte i ein tidleg fase og sårbart for personavhengig drift.

Arbeidet med heiltidskultur går framover, men sakte. Ein høg del deltidsstillingar gir mange ulike tilsette rundt den enkelte pasient og utfordrar pasienttryggleiken. Heiltidskultur vil vere eit prioritert tema i vidare samarbeid med KS.

**Vegen vidare**

Vidare måloppnåing krev langsiktig og systematisk innsats for å styrke leiarkompetanse, systemforståing og praktisk implementering av forskrifta. Dei etablerte samarbeidsarenaene gir eit godt grunnlag for vidare positiv utvikling i kommunane.

**Helsefellesskap**

Ut frå dei samla resultatata i 2025 vurderer vi at arbeidet i helsefellesskapet har ført kommunar og helseføretak noko nærare delmålet om meir samordna og berekraftige tenester. Samhandlinga framstår meir føreseieleg, og struktur og møteplassar fungerer stabilt. Utviklinga går i riktig retning. I eit fleirårsperspektiv ser vi ei gradvis styrking av samarbeidet, med betre forståing av roller, ansvar og felles utfordringsbilete.

Statsforvaltarens rolle har vore støttande og avklarande. Gjennom tilstadeverelse i sentrale samarbeidsfora på alle tre nivåer og ved å løfte fram nasjonale føringar har vi bidrege til å halde merksemda på felles mål og prinsipp for samanhengande tenester. Vår innsats har ikkje vore avgjerande for utviklinga, men har hatt ein tydeleg medverkande effekt ved å styrkje dialog, forankring og retning i samarbeidet.

## Opprettelse av LIS 1 - stillingar

Statsforvaltaren hentar inn behov for nye LIS1-stillingar gjennom dialog med helseføretaket, kommunane og Helsedirektoratet. Nye stillingar blir berre oppretta ved reelt behov, til dømes ved meldt kandidattilfang, permisjonar eller dersom ein kandidat trekkjer seg. Tilfanget av kandidatar har variert, og vi opprettar derfor midlertidige stillingar ved behov, ikkje faste.

Det er 49 faste LIS1-stillingar i fylket. Første halvår 2025 vart talet auka til 53 gjennom fire midlertidige stillingar. Hausten 2025 var det igjen 49 LIS1 i kommunane. Ei stilling vart sett på pause grunna kapasitetsutfordringar, og ei ekstra midlertidig stilling vart oppretta.

Vi har stimulert helseføllesskapet til å lage interne samarbeidsrutinar for kopla LIS1-stillingar, eit arbeid som kom i gang seint i 2025.

## Opptrappingsplan psykisk helse -Samhandling og samanhengande tenester

### Overordna vurdering av måloppnåinga

Ut frå dei samla resultatata vurderer Statsforvaltaren at kommunane er nærare delmålet om meir samanhengande og tilgjengelege psykiske helsetenester for barn og unge. I eit fleirårsperspektiv ser vi at kommunane i aukande grad arbeider tverrfagleg mellom skule, barnehage, helsestasjon, psykisk helse og barnevern. Det er tydelegare forståing av behovet for tidleg innsats og koordinert oppfølging. Framgangen er ikkje jamt fordelt, og det er framleis variasjonar i kor systematisk samarbeidet er forankra, men utviklinga går i riktig retning. Det krev langsiktig oppfølging for å sikre varig forbetring og lik tilgang til tenester i heile fylket. Utviklinga er framleis sårbar, særleg i små kommunar med avgrensa kapasitet og utfordringar med å bygge robuste fagmiljø fremfor bidrag frå enkelte tilsette. Vi ser òg eit tydeleg behov for vidare kompetansebygging, særleg knytt til psykisk helsearbeid i skule og barnehage, tidleg identifisering av psykiske plager og bruk av kunnskapsbaserte metodar. Statsforvaltaren sin innsats har bidrege til denne utviklinga, særleg gjennom rettleiing, kompetanseheving og samordning av regionale aktørar. Vår rolle har vore medverkande, men ikkje avgjerande; lokale prioriteringar, leiing og ressursar har stor betydning for kor raskt kommunane utviklar tenestene. Samla sett vurderer vi at utviklinga går i riktig retning, og at Statsforvaltaren har hatt ein tydeleg, men delt, effekt på måloppnåinga.

### **Betre samhandling**

Statsforvaltaren ser positive resultat i arbeidet med å sikre samanhengande tenester mellom kommunane og spesialisthelsetenesta for barn og unge med psykiske lidningar.

Kommunane arbeider i aukande grad etter prinsippet om «rett hjelp – på rett stad – til rett tid», og samarbeidet rundt BTI/BTS og BUH har bidrege til meir heilskaplege forløp.

Dialogbaserte inntaksmøte er evaluert som nyttige og skal breiast ut til heile fylket. Kommunane har òg hatt behov for styrkt juridisk kompetanse i etablering av tverrfaglege tilbod, noko Statsforvaltaren har følgd opp i samarbeid med kompetansesentra.

Samhandlinga mellom kommunane og spesialisthelsetenesta er styrkt, og fleire kommunar arbeider meir systematisk for å sikre at tidleg innsats og koordinert oppfølging. Utviklinga er likevel ikkje jamt fordelt, og det er framleis variasjonar i kor godt samarbeidet er forankra i styringssystema.

I eit fleirårsperspektiv går utviklinga i riktig retning. Kommunane har fått betre forståing av behovet for tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats og samordna tenesteforløp. Det er òg ein tydeleg trend mot meir kunnskapsbasert praksis og større merksemd på juridisk tryggleik og ansvar.

Statsforvaltaren sin innsats har vore ein medverkande faktor i denne utviklinga, særleg gjennom rettleiing, kompetanseheving og samordning av regionale aktørar. Samla sett vurderer vi at utviklinga går i rett retning

### Vaksne.

Ut frå dei samla resultatata vurderer Statsforvaltaren at kommunane er noko nærare delmålet om betre og meir samanhengande tenester for vaksne med psykiske lidningar og/eller rusmiddelproblem. Det er særleg innan førebygging av overdosedødsfall at utviklinga peikar tydeleg i positiv retning, med brei deltaking frå kommunane og større merksemd på systematisk førebygging. Statsforvaltaren og KORUS har starta ei satsing på å implementere kommunale råd for førebygging av overdoser og overdosedødsfall. Arbeidet starta hausten 2025, og målet er færre overdosedødsfall over tid.

I eit fleirårsperspektiv går utviklinga i riktig retning, men framgangen er ujamn. Kommunane har fått auka forståing for betydninga av fysisk helse, aktivitet og helsefremmande tiltak for vaksne med alvorlege psykiske lidningar og rusmiddelproblem. Samstundes er etablering av integrerte tenester for vaksne med samansette behov framleis eit område med avgrensa utvikling, særleg fordi samarbeidet med spesialisthelsetenesta ikkje er fullt ut på plass. Arbeidet med til dømes ACT- og FACT modellar har så langt ikkje resultert i team som fullt ut følgjer modellbeskrivinga. Dette gjer at tenestene framleis er sårbare og varierer mellom regionar. Kommunane i ein av tre regionar har no utarbeidd ein prosjektplan som dokumenterer både pasientgrunnlag og behov for slike team, noko som gir eit godt utgangspunkt for vidare dialog og utvikling.

Statsforvaltaren sin innsats har bidrege til utviklinga, særleg gjennom rettleiing, kompetanseheving og samordning av aktørar på rus- og psykisk helsefeltet. Samla sett vurderer vi at utviklinga går i riktig retning, men at det framleis er behov for langsiktig og målretta innsats for å sikre varig

forbetring og meir likeverdige tenester i heile fylket.

#### Bistand til kommunene for å møte demografiutfordringene innen helse- og omsorgso (fra kapittel 3.1.3.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Kommunene gjennomfører en langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tjenestene.

Dette må ses i sammenheng med helsefelleskapenes arbeid med bedre felles planlegging og utvikling av tjenestene for de prioriterte pasientgruppene.

Behov for personell med ulike språk- og kulturkompetanse (samisk, minoritetsspråklig mv) skal søkes ivare tatt i planleggingen.

For meir informasjon, sjå punkt 3.1.1.5 og 3.1.3.1.2.1 .

#### Styrka bistand til kommunane knytt til planarbeid

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har brukt dei øyremerkte midlane frå juni 2025 til å prioritere sjukepleiarressursar inn i arbeidet med å leggje til rette for gode planprosessar i kommunane. Oppdraget vart samordna med embetet si tverrfaglege gruppe for planarbeid, der fleire seksjonar bidreg.

I dette samarbeidet deltek seniorrådgivarar med lang erfaring frå kommunal helse- og omsorgsplanlegging i Tett-på-satsinga av 5 distriktskommuner. Det skal sikre at planlegging av den kommunale helse- og omsorgssektoren er godt forankra hos politisk og administrativ leiing og heng saman med øvrige kommunale planverk. Planopdraget blir og sett i samanheng med andre pågåande oppdrag, særleg Bu trygt heime, strategisk kompetanseplanlegging og kommunedialogen. Samarbeidet med Husbanken, fylkeskommunen og KS bidreg til at planarbeidet blir del av ein breiare samfunns- og tenestesamanheng.

Ei hospitering i Kommunal- og distriktsdepartementet har gitt viktig innsikt i nasjonale føringar og planprosessar. Første førebelse rapport frå Oxford Research (januar 2026) understrekar at kommunane opplever klare fordelar når statlege aktørar er samordna. Dette er teke inn i planlegginga av vidare arbeid med oppdraget.

#### Status

Kommunane har vidare behov for støtte til strategisk kompetanseplanlegging og tenesteutvikling, då fleire av kompetanseplanane er av eldre dato og av ulike kvalitet. Ikkje oppdaterte kompetanseplanar kan gi auka risiko for redusert kvalitet i helse- og omsorgstenestene. Fleire kommunar har planar som ikkje er politisk behandla, som kan føre til at planlagde tiltak ikkje blir gjennomførte. Kommunar som manglar formalkompetanse har i mange tilfelle ikkje sikra opplæring for dei utan slik kompetanse. Når kompetansekrav ikkje blir oppfylt, ser vi at kommunane treng fleire tilsette for å kompensere for manglande lovpålagt kompetanse. Dette kan bli ei kostbar løysing for kommunen, der eit interkommunalt samarbeid kunne gitt ei betre og billigare løysing.

#### Vurdering

Utviklinga går i riktig retning. Vi ser at samfunnsplanar og ulike delplanar meir omhandlar kapasiteten på bustad, institusjon og kapasiteten i heimetenesa. Tilstrekkeleg samla kapasitet er viktig, til dømes for å ta imot utskrivingsklare pasientar som ofte høyrer til dei prioriterte gruppene som helsefelleskap skal ta ansvar for. Det er framleis vanskeleg å seie om talet på utskrivingsklare pasientar kjem av mangelfull planlegging eller andre faktorar som påverkar utviklinga.

#### Demografiutfordringar og berekraft

er tema i alt vårt utadretta arbeid. Vi rettleiar kommunane i arbeidet med at eldre kan Bu trygt heime, og at behovet for helse- og omsorgstenester blir utsett gjennom betre planlegging, førebygging og meir målretta tenester. Den **tverrsektorielle samfunnsreforma Bu trygt heime** er forankra internt i øvste leiarnivå, og vi har ei tverrfagleg tilnærming. For å sikre heilskapleg tilnærming og oppgåveløysing har vi delt prosjektansvar mellom seksjon helse og samordningsstaben.

Grunnlaget for god helse blir først og fremst lagt utanfor helse- og omsorgssektoren, difor har vi hatt særleg merksemd på Levande lokalsamfunn og bustadtilpassing og planlegging. Ein effekt av dette arbeidet er etablering av nettverk for aldersvennlege samfunn, eit resultat av samarbeid med USHT, Møre og Romsdal fylkeskommune, KS, Husbanken, Fylkeseldrerådet. I tillegg har vi gjennom vår regionale koordinatorrolle hatt tett kontakt med kommunane og gitt opplæring, råd og rettleiing om strategisk kompetanseplanlegging.

I 2025 har vi fulgt opp Bu trygt heime i forbindelse med rettleiing av dei fem utvalde kommunane som deltek i vår satsing «Opplæring i plan for politikarar». I dette «Tett på» prosjektet ser vi dei ulike samfunnsoppdraga som strategisk kompetanseplanlegging, tenesteutvikling og kommunedialog i samanheng. Dette inneber kopling av heilskapleg planlegging av helse- og omsorgssektoren til samfunns- og arealplanlegging

i kommunane. Dette arbeidet vil bli vidareført i 2026.

Kommunane har gitt tilbakemelding om behov for bistand med aldersvenlege samfunn, møteplassar, innbyggardialog og aldersvenleg transport. I tillegg vil arbeidet med strategisk kompetanseplanlegging i samarbeid med KS Og USHT bli vidareført.

#### **Helsefelleskapene bidrar til likeverdig partnerskap og til mer sammenhengende og bærekraftige helse- og omsorgstjeneste (fra kapittel 3.1.3.1.2.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Statsforvalterens bidrag fører til at helsefelleskapene utvikler seg som mer likeverdige partnerskap, og dermed til mer sammenhengende og bærekraftige helse- og omsorgstjenester.

Sjå 3.1.1.5 Tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene

#### **Kommunene gjennomfører et langsiktig arbeid med å sikre kvalitet i tjenestene. (fra kapittel 3.1.3.1.3.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Kommunene gjennomfører et langsiktig arbeid med å sikre kvalitet i tjenestene.

#### **Kommunane sitt arbeid med å sikre kvalitet i tenestene**

Statsforvaltaren vurderer at kommunane arbeider målretta for å sikre kvalitet i helse- og omsorgstenestene, men at utviklinga går sakte og er prega av store variasjonar. Dei fleste kommunane har merksemd på meldekultur og avvik, men mange har enno ikkje implementert forskrift om leiing og kvalitetsforbetring på ein systematisk måte i heile organisasjonen. Dette gjer at kvalitetsarbeidet ofte blir fragmentert og sårbart, og at risikoen for svikt framleis er til stades.

I eit fleirårsperspektiv ser vi ein svak, men positiv utvikling. Dette er delvis grunna vårt arbeid med nettverk, systematisk oppfølging av kommunar etter lovbrøt, opplæring og rettleiing i forskrifta og rammeverket i 2025.

#### **Implementering - forskrift om ledelse og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenestene, samt nasjonalt faglig rammeverk for bedre pasient- og brukersikkerhet**

Kommunane har i større grad forstått behovet for styringssystem, risikovurderingar og systematisk kvalitetsforbetring, men manglande kapasitet, kompetanse og politisk forankring gjer at implementeringa ikkje er fullført i mange kommunar. Det er særleg utfordringar knytt til oppdaterte kompetanseplanar, strategisk planlegging og bruk av avvik som grunnlag for læring og forbetring.

#### **Vår vurdering**

Statsforvaltaren sin innsats har hatt ein tydeleg medverkande effekt på utviklinga. Rettleiing, opplæring, nettverk og systematisk oppfølging etter tilsyns- og klagesaker som avdekkjer lovbrøt, har bidrege til auka merksemd om forskrifta og det nasjonale rammeverket for pasient- og brukarsikkerheit. Samstundes er lokal leiing, kapasitet og prioriteringar avgjerande for kor raskt kommunane kjem vidare. Samla sett vurderer vi at utviklinga går i riktig retning, men at det framleis er behov for tett oppfølging og langsiktig støtte for å sikre robuste styringssystem og varig kvalitetsforbetring.

Vi viser elles til rapport under punkt 3.1.1.5 om tilgjengelegheit, kapasitet og pasienttryggleik. Kvalitet og pasienttryggleik heng saman, og forankrast i forskrift om ledelse og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenestene.

Kompetanse- og rekrutteringssituasjon blir omtalt i rapport punkt 7.3.3.2.

#### **3.1.1.6 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester**

##### **Fjell - alpine område**

Klimaendringane og temperaturauken vi ser i dag er den klart største utfordringa for dei alpine og subalpine områda. Endringane påverkar økosystema og artane som lever her, og dei mest klimautsette artane er dei som er best tilpassa dei alpine leveområda. Hyppigare vêrskifte gir store temperaturvariasjonar og skapar ustabile forhold for desse artane. Når tregrensa stig, minkar dei alpine areala, og dei subalpine områda flyttar seg oppover. Dette fører til at artar og økosystem som høyrer heime i det subalpine, pressar seg inn i dei alpine sonene.

Ser vi bort frå klimaendringane, er arealforvaltning den menneskelege aktiviteten som påverkar dei alpine og subalpine områda mest i Møre og Romsdal. Fjellområda i fylket omfattar delar av to villreinområde: Snøhetta og Reinheimen–Breheimen. For Snøhetta er det no utarbeidd ein

tiltaksplan som skisserer tiltak for å betre tilstanden for villreinen. Når planen no er vedteken, skal Statsforvaltaren følgje opp dei tiltaka der vi har ei rolle.

Villrein er ein god indikatorart for påverknad frå menneskeleg aktivitet. Direkte arealinngrep som hyttebygging, næringsutvikling og annan utbygging i fjellet fører til at villreinen blir pressa inn på mindre og mindre attraktive areal. For å ta vare på dei alpine områda og kvalitetane deira, er det difor viktig å sjå på utviklinga i dei subalpine områda som grensar til det alpine. Auka arealutnytting, særleg gjennom hyttebygging, legg indirekte til rette for meir ferdsel og aktivitet inn i dei alpine områda. Møre og Romsdal har så langt ikkje hatt dei største utbyggingsprosjekta når det gjeld store hyttefelt i fjellet.

Behovet framover er eit tydelegare rammeverk – både lovverk og retningslinjer – for korleis kommunane skal forvalte dei alpine og subalpine områda. Dette vil vere eit viktig verktoy når kommunane skal utarbeide arealdelen i kommuneplanen. I tillegg til klare rammer for både kommunar og stat, vil Statsforvaltaren spele inn arealvern som eit av dei mest effektive verkemidla mot vidare nedbygging av alpine område. Vern sikrar at områda ikkje kan nyttast til andre formål.

### **Skog - lauvskog, barskog**

Lauvskogen i Møre og Romsdal er lite påverka av intensiv drift og i hovudsak i god økologisk tilstand. Statsforvaltaren har fått utarbeidd ei samla oversikt over lauvskogressursane i fylket. Kartlegginga viser at det står over 16 millionar kubikkmeter lauvskog i Møre og Romsdal. Svært lite av lauvskogen blir nytta kommersielt i dag.

Det er knytt store naturverdiar til dei rikare og varmekjære lauvskogane inne i fjordane. Slike vert forsøkt teke vare på ved vern, men truga artar som ask og alm er utsett for sjukdom og hardt beite av hjortevilt.

Naturleg furuskog i Møre og Romsdal er meir påverka av historisk og moderne skogbruk, og mindre av den står som urørt naturskog. Økologisk tilstand er difor generelt lågare enn for lauvskog.

Dei sjeldnaste barskogane i fylket veks på kalk- eller olivingrunn. Fylket er eit nasjonalt kjerneområde for olivinskog. Mot kysten finn ein regnskogar med både lauv og furu. Slike førekomstar er gjerne små areal, og er utsette for hogst eller utbygging. Statsforvaltaren arbeider med å få til frivillig skogvern i slike område.

### **Våtmark - myrer, sumpar og våtmarksområde**

Tilstanden til våtmarkene i fylket er middels god, men utviklinga er negativ. Dette kjem mellom anna av nedbygging, oppdyrking, drenering og elveutretting. Arealbruksendringar er difor ein stor påverknadsfaktor, og våtmarkene er blant dei mest pressa naturtypene vi har. Utviklinga blir delvis bremsa gjennom innspel i plansaker, men presset er framleis stort. Den varsla lovendringa mot nedbygging kan gi betre beskytting av våtmarkene framover. Våtmarker inngår òg i arbeidet med supplerande vern, noko som vil kunne sikre fleire område mot inngrep. Det blir gjennomført restaurering av våtmark, og dette har dokumentert positiv effekt.

Likevel er det få verkemiddel utanfor verneområda, noko som gjer at arbeidet går sakte og at ein ikkje alltid får prioritert dei områda som ville gitt størst effekt. Restaurering av myr bidreg til at myra igjen kan binde karbon, medan restaurering av elver og ferskvatn styrkjer det biologiske mangfaldet.

### **Ope lågland - kulturlandskap, beitemark og slåttemark**

Kulturbetinga naturtypar er under press, særleg som følgje av gjengroing og arealbruksendringar, noko som svekkjer økologisk tilstand og evna til å levere økosystemtenester. Sjølv om fleire areal blir halde i hevd gjennom skjøtsel vurderer vi at dette ikkje er tilstrekkeleg for å stoppe den negative utviklinga.

### **Ferskvatn - elvar, bekkar og innsjøar**

Av 1 873 innsjøar og elvar i Møre og Romsdal vassregion er 1 477 i god eller svært god økologisk tilstand (78,9 %). Av 252 sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) oppnår 163 god økologisk potensial (64,7 %). Mange vassførekomstar i fjell- og bratt terreng ligg naturleg i god tilstand og bidreg til den høge måloppnåinga.

Tiltaksretta overvaking viser likevel at mange bekkar er påverka av avrenning av sediment og næringsstoff, hydromorfologiske inngrep, dårleg kantvegetasjon og arealendringar i nedbørsfeltet. Påverknaden er størst i utbygde område og i større landbruksområde.

Auka merksemd på søknadsplikt og bruk av vilkår i løyve bidreg til å bremse utviklinga noko, men avgrensa ressursar gjer oppfølging av ulovlege tiltak krevjande. Restaureringstiltak og auka tilskotsmidlar gir betring i enkelte vassdrag, men situasjonen for laks og sjøaure er framleis negativ. Vitenskapelig råd for lakseforvaltning peikar særleg på lakselus som ei viktig årsak, samstundes som produksjonen i akvakulturnæringa aukar. Auka behov for vasskraft kan òg forsterke presset i fleire vassdrag.

Reetableringa av fiskebestandar i Drivaregionen etter gyrobekjemping er eit positivt utviklingstrekk. For elvemusling er situasjonen krevjande: 14 av 51 undersøkte vassførekomstar manglar rekruttering. Det blir arbeidd med å styrkje kunnskapsgrunnlaget, men i vassdrag utan rekruttering vil

det truleg vere behov for omfattande og heilskaplege restaureringstiltak.

### Kystvatn - fjordar, pollar og gruntvassområde

Av 232 kystvassførekomstar er 159 i god eller svært god økologisk tilstand (68,5 %). Det er førebels ikkje peikt ut nokon sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) for kystvatn, men fleire vassførekomstar vil truleg ikkje nå miljømålet. Mange av kystvassførekomstane er store, og tilstanden er ikkje alltid representativ for heile arealet.

Vassførekomstar i moderat eller dårleg tilstand ligg ofte nær byar eller i område med noverande eller tidlegare industriaktivitet, som verft, ferjekaier og småbåthamner. Her er tilstanden særleg påverka av vassregionspesifikke stoff som PAH-ar og TBT. Utfyllingar i kystsona, særleg rundt byane, bidreg òg til negativ påverknad. Det finst få tiltak som kan betre tilstanden i forureina sjøbotn, men strengare regulering av industrien har redusert ny forureining.

Kunnskapen om tilførsel av nærings salt og organisk materiale kjem i hovudsak frå MOM-C-undersøkingar ved akvakulturlokalitetar, der yttersona som regel har god tilstand. Det er likevel behov for overvaking i utvalde fjordsystem for å få betre oversikt over samla påverknad. Voldsfjorden er ein aktuell kandidat, med høg produksjon per arealeining.

Store landbaserte akvakulturlokalitetar kan bli ein meir framtrødande påverknadsfaktor framover, særleg dersom effektane blir forsterka av varmare kystvatn og auka nitrogentilførsel. Dette kan verke negativt for økosystema. Pollar og gruntvassområde er særleg sårbare, og her er det behov for eit styrkt kunnskapsgrunnlag.

### Bedre tilstand i naturen gjennom vern, restaurering og andre relevante tiltak (fra kapittel 3.1.4.1.1.1 i TB)

#### Rapportere på

Bedre tilstand i naturen gjennom vern, restaurering og andre relevante tiltak

### Status og effekt i arbeidet med nytt vern

For marint vern Griphølen/Remman er 2025 brukt til å utarbeide KU. Høyring og tilråding i 2026.

Skogvern - det vart verna 10 nye område som naturreservat i 2025, noko som er ny rekord. Det meste er edellauskogar og gamle furuskogar. Vi har tilrådd utvida vern av eitt naturreservat. Statsforvaltaren sin innsats medfører at 17.000 daa skognatur er sikra mot inngrep.

Supplerande vern - det vart arbeidd med fire nye verneområde som vil kome på høyring i 2026, som er mindre enn forventa. Dette kan føre til inngrep og tap av verneverdiar i desse områda før endeleg sikring er på plass.

### Status og effekt i arbeidet med forvaltning av eksisterande verneområde

Det er gjennomført skjøtselstiltak som beiting, hogst, fjerning av framande artar, restaurering, lyngbrenning og slått i verneområda for å betre eller oppretthalde tilstanden. Dette gir positiv effekt for verneverdiane. Informasjon ut til folk er viktig i arbeidet med vern, og det auka fokuset på natur i media gjer at folk blir meir engasjerte, noko som styrker vernearbeidet.

Det er gjennomført restaureringshogstar av bergfuru, gran og sitkagran i 20 verneområde. Dette gjer at opphavleg flora og fauna kan komme tilbake.

Det er initiert beitetiltak i 11 verneområde og slått myr i Måslia naturreservat. Vi har dokumentert tilstanden i ca. 30 område vha. dronefotografering. Dette er ei særleg satsing i Møre og Romsdal som viser behov for og effekt av skjøtsel, og vi kan arbeide meir målretta og utnytte budsjettmidlane betre.

### Status og effekt i arbeidet med restaurering av natur

I 2025 vart to ferskvatn restaurerte, noko som raskt gav positiv effekt for biologisk mangfald – mellom anna kom fugl tilbake kort tid etter gjennomførte tiltak. Det er òg gjort tiltak i fleire vassdrag, med gode resultat for artar knytt til desse habitata. Nokre prosjekt måtte utsetjast til 2026 på grunn av ugunstige feltforhold.

Vi har gjennomført ein informasjonskampanje om restaurering av våtmark, som har skapt større merksemd og interesse for naturrestaurering. Arbeidet utanfor verneområde er krevjande, sidan det i stor grad er avhengig av frivillig medverknad frå grunneigarar og få verkemiddel er tilgjengelege. Dette gjer at prosessane ofte tek lengre tid.

### Status og effekt i arbeidet med trua artar og naturtypar

Interessa for skjøtsel og restaurering av trua naturtypar aukar, noko som kjem til uttrykk gjennom mange tilskotsøknadar, fleire førespurnader om skjøtelsplanar og stor deltaking på webinarserien om kystlynghei i november. Tilskotsordninga er ein viktig motivasjonsfaktor.

Tiltak i skjøtselsbetinga naturtypar gir ofte god effekt for trua artar og pollinerande insekt – ein klar vinn-vinn-situasjon. Vi har òg fått betre kunnskap om utbreiinga av safransnyltepute i fylket, men det er utfordrande å setje i verk tiltak for arten

### Status og effekt i vassforvaltningsarbeidet

Presset på mange vassførekomstar er stort, særleg frå vasskraft, akvakultur, fysiske inngrep og avrenning frå jordbruk og avløp.

Vi har vidareført overvakingsprosjekt i fleire nye vassførekomstar, heimla i Regional vassforvaltningsplan. Prosjekta har gitt mykje ny kunnskap som blir brukt i vidare tiltaksarbeid.

Kunnskapsgrunnlaget blir kontinuerleg oppdatert gjennom import av overvakingsdata frå Vann-miljø til Vann-Nett.

Vi behandlar ei rekkje saker innanfor vassforvaltning og stiller krav gjennom relevant lovverk. Auka fokus på vassforvaltning i plansaker bidreg òg til å hindre forringing og betre tilstanden i vassførekomstane.

Samarbeidet med vassregionmyndigheita fungerer godt gjennom faste møte og dialog i enkeltsaker, men i mindre grad når det gjeld akvakultur og anadrom fisk, der andre instansar og har ansvar.

For fleire ferskvassførekomstar er det lite realistisk å nå miljømåla utan større innsats, til dømes for akvakultur knytt til lakselus.

### Status og effekt i arbeidet med å bekjempe framande organismar

Arbeidet mot rynkerose, kjempebjørnekjeks og kjempespringfrø har halde fram i registrerte førekomstar i dei fleste kommunane i fylket. Det er brukt over eitt månadsverk til å kartlegge nye førekomstar. Resultatet er at ein kan fjerne desse førekomstane på eit tidlegare tidspunkt, unngå uheldig nedgroing av verdfulle naturtypar som strandenger og unngå meir omfattande tiltak seinare år.

#### 3.1.1.7 Ingen artar og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede artar og naturtyper skal forbedres

For mange artar i skog, til dømes alm og dei trua artane som er knytte til almeskog, er beitepress og beiteskadar frå hjort ei stor utfordring. Den viktigaste utfordringa er å sikre rekruttering av nye almetre. Mange av dei anbefalte tiltaka inneber reduksjon av hjortebestanden, noko som er forvaltningsmessig krevjande og der vi manglar tilstrekkelege verkemiddel.

Naturtypen kystlynghei er prega av gjengroing, opphøyr av tradisjonell skjøtsel og påverknad frå framande treslag. Nokre lokalitetar er framleis i aktiv restaurering. Vi ser dei siste åra auka interesse for skjøtsel og kunnskapsoppbygging, og fleire lokalitetar er no inne i ein restaureringsfase. Den samla innsatsen er likevel ikkje tilstrekkeleg til å snu den overordna negative utviklinga.

Vi vil særleg peike på den alvorlege utviklinga for hubro i Møre og Romsdal. I kartleggingsåret 2025 vart det berre registrert éi vellukka hekking i fylket. Vi ser at stadig færre individ går til hekking, og fleire stader sit det att einslege hannar utan at det kjem inn nye fuglar. Det blir gjennomført årleg kartlegging gjennom tilskotsordningar for å ivareta arten, men vi er svært uroleg for utviklinga til hubro i fylket.

Utviklinga for villaks i fylket har òg vore svært negativ dei siste åra. Data frå merkeprosjekt på laksesmolt viser ein kraftig nedgang i sjøoverleving, og stadig fleire vassdrag blir stengde, trass i stans i sjølaksefiske. Det er stor bekymring for reetablering av laks i elver i Raumaregionen, der både gytebestandsmål og haustbart overskot sviktar. Det blir ikkje teke tilstrekkeleg omsyn til villaks og sjøaure i handsaminga av akvakultursaker, og våre oppmodingar om å bruke vassforskrifta og naturmangfaldlova blir i liten grad følgde.

#### Forvaltning av villrein (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)

##### Rapportere på

De nasjonale villreinområdene er på vei til å nå målene satt i St. Meld. 18. Ein forbetra tilstand for villrein

Snøhetta villreinområde fekk i 2025 utarbeidd ein tiltaksplan som skisserer ulike tiltak for å betre tilstanden for villrein. Ved utgangen av 2025 er det enno ikkje sett i verk konkrete tiltak, utover kunnskapsinnhenting. No når planen er ferdig og vedteken, skal Statsforvaltaren følgje opp dei tiltaka der vi har ei rolle.

For Reinheimen–Breheimen er det førebels ikkje utarbeidd tiltaksplan, men Møre og Romsdal fylkeskommune, verneområdestyret og villreinnemnda har sett i gang ein lokal forankringsprosess for å få på plass ein slik plan også der.

Det er for tidleg å sjå effekten av tiltaksplanarbeidet.

#### 3.1.1.8 Forurensning skal ikke skade helse og miljø

I Møre og Romsdal er miljøet og innbyggjarane si helse sjeldan skadelidande av forureining. Det er likevel klart at industrien og akvakulturverksemdene påverkar resipientane som tek imot utslappa. I 2025 har vi hatt nokre hendingar der vilkåra i gjeldande løyve etter forureiningslova ikkje har vore tilstrekkelege for å hindre forureining som kan ha ført til skade. Særleg vil vi trekkje fram eit større akuttutslipp frå eit biogassanlegg som forureina eit vassdrag nedstraums. Vi har òg hatt ei sak der vi hadde gitt løyve til utfylling i sjø i gyteperioden med vilkår om bruk av siltgardin. Siltgardina fungerte ikkje som planlagt, og arbeidet måtte avsluttast.

Behandling av søknader om utfylling i sjø har vore ei svært stor oppgåve for oss i 2025, og vi har hatt rekordmange saker. Fleire av desse skuldast truleg overskot av massar frå samferdselsprosjekt. Nærliggjande gytefelt og høge naturverdiar gjer vurderingane krevjande.

Sakshandsaming innanfor akvakultur bind opp store delar av seksjonen sine ressursar sjølv om vi har fått nye forskrifter. Tilsyn med akvakultur har vi ikkje hatt høve til å prioritere, men dette ønskjer vi å endre i åra framover.

Opprydding i forureina sjøbotn er ei stor oppgåve vi arbeider vidare med. I 2025 har alle dei prioriterte verfta i fylket sendt inn reviderte tiltaksplanar. Vi har brukt året på å vurdere desse, men har ikkje rokke å konkludere i nokon av sakene. «Renere Fjord» i Ålesund er eit prosjekt vi følgjer tett.

Erfaringa vår er at Kommunebildet – der embetsleiinga reiser rundt til kommunane – er eit godt verkemiddel for å sette fokus på avløp i kapittel 13-kommunane og på bruken av databasen Grunnforurensning, både for politikarar og tilsette i administrasjonen. Fleire kommunar har dei siste åra blitt betre på å arbeide med forsøplingssaker og handtering av reint overskotsmateriale. Det finst rettleiing på området, men rettleiing knytt til dei tyngre sakene kunne med fordel ha vore betre utvikla.

Vi har òg mange oppgåver knytt til oppfølginga av eit avfallsanlegg som gjekk konkurs i 2020. Saka er svært omfattande og gjeld alvorleg miljøkriminalitet. Både tingretten og lagmannsretten har avsagt dommar med ubetinga fengselsstraff i tillegg til erstatning og inndraging av store beløp. Vi har ansvar for eit omfattande oppryddingsprosjekt på anlegget og for sikring mot spreiding av forureining. Tilstanden i grunn, grunnvatn og nærliggjande vassdrag er undersøkt, og viser betydelege forureiningar i grunnen og moderat utlekkasje til vassdrag. Arbeidet med å hindre vidare spreiding av forureining frå området har gått føre seg i fleire år og er planlagt avslutta i 2026, finansiert gjennom midlar frå revidert nasjonalbudsjett.

Tilsyn med industrien i fylket auka i 2025, og vi gjennomførte i overkant av 50 tilsyn i løpet av året. Hovudtyngda av tilsynsaktiviteten var retta mot fiskeforedling, galvanisering og skipsverft. Vi deltok òg i den nasjonale tilsynsaksjonen som gjekk på utsortering av avfall. Tilsyn er noko av det viktigaste vi gjer, og vi vil halde fram med å gjennomføre så mange tilsyn som mogleg kvart år.

#### **Forurensningskilder fra overgjødning (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Forurensningskilder som skaper eutrofiering er godt regulert.

I landbruket i fylket blir nesten alt jordbruksareal brukt til å dyrke gras. For dei fleste gardane er det nok areal til å spreie husdyrgjødsel i forhold til talet på dyr. Totalt sett er det derfor ikkje eit problem at det blir tilført for mykje fosfor og nitrogen. Likevel kan det enkelte stader vere risiko for overgjødning. For nokre vassdrag kan det vere nødvendig å vurdere ekstra tiltak, for eksempel å ha ei sone utan gjødning langs elver og bekkar. Dette bør kartleggjast før neste rullering av det fireårige miljøprogrammet (RMP).

Det kan òg skje punktutslipp eller akutte hendingar frå landbruket, men dette skjer sjeldan. Når det skjer, må det handterast av rette myndigheit i kvart enkelt tilfelle.

I Møre og Romsdal har vi fem kommunar som er omfatta av avløpsregelverket i kapittel 14. Ålesund og Sula samarbeider om eit nytt reinseanlegg som skal stå ferdig i 2028. Anlegget vil ta imot alt avlaupsvatn frå Sula og store delar av Ålesund. Framdrifta i prosjektet er god. I 2025 har vi varsla endring av løyvet til Ålesund, slik at reinseanlegga som ikkje skal føre avlaupsvatn til Kvasneset òg må oppfylle krava til sekundærreinsing.

Stranda kommune er omfatta av kapittel 14 og er i gang med planlegging av sekundærreinsanlegg. Det er venta at anlegget kjem i drift i 2029. Kristiansund og Molde oppfyller i dag primærreinskravet og er ikkje i prosess med nye løyve.

Som i andre fylke ser vi at kapittel 12 og 13 i liten grad blir prioriterte i kommunane, og vi manglar kapasitet til å følgje opp desse områda.

Oppfølging av verksemdar som er omfatta av industriutslippsdirektivet, er noko vi prioriterer høgt – både i sakshandsaming og tilsyn. Arbeidet vil på sikt redusere risikoen for utslipp som kan medføre eutrofiering.

Akvakultur er truleg den største påverknaden i Møre og Romsdal. Mykje av kapasiteten vår går til handsaming av løyvesaker, og vi har i liten grad gjennomført tilsyn eller følgt opp undersøkingar frå anlegga. Punktutslipp frå dei store landbaserte anlegga er utfordrande i mindre eigna resipientar, og erfaringa vår er at det kan vere vanskeleg for anlegga å reinske vatnet tilstrekkeleg. Forbetringar i reinseanlegga er tidkrevjande

og kostbare å gjennomføre.

### Vannforvaltningsplaner

Tema	Hvor mange vannforekomster vil nå miljømålene, innen gitte frister	Hvor mange vannforekomster vil ikke nå miljømålene, innen gitte frister	I hvor mange vannforekomster er det fastsatt regionale forskrifter for å nå målene	I hvor mange vannforekomster har SF vurdert å innføre regionale forskrifter
Antall	2 011	138	0	0

#### 3.1.1.9 God økonomiforvaltning i kommunene

Gjennomgangen av budsjett- og økonomiplanene viste at mange av kommunane i Møre og Romsdal planla perioden 2025-2028 med svake netto driftsresultat, auka lånegjeld og fleire av kommunane hadde tomme disposisjonsfond. Mange av kommunane våre har svært høg lånegjeld og den auka renta slår inn for fullt i budsjetta til kommunane. Dette har vi varsla om i fleire år, men no ser vi konsekvensane av dette. I økonomiplanene er det pårekna noko betre resultat utover i planperioden, noko som har samanheng med at effektivisering/innsparingstiltak skal setjast i verk i økonomiplanperioden og at innsparingstiltaka får større effekt over tid.

Vi registrerer at mange kommunar er i omstillingsprosessar, men at desse i for stor grad blir verande på papiret. Når dei mest krevjande og inngripande avgjerdene skal fattast, ser vi at det ofte manglar politisk vilje og mot til å gjennomføre tiltaka, trass i grundige utgreingar og tydelege omstillingsplanar. Det er krevjande for kommunane å omstille seg raskt nok til endra befolknings-sammansetning og nye behov, og samstundes gjennomføre nødvendige strukturendringar. Ufordringar knytt til kompetanse og kapasitet forsterkar dei økonomiske utfordringane. Trykket på omstilling og god økonomistyring må difor haldast oppe over tid. Når det er sagt så ser vi også at nokre av kommunane er kjappe med å sette i verk tiltak for å snu økonomien. Det er gjerne i dei kommunane der kristeforståelsen er godt forankra i hele organsisasjonen og at dei drar i same retning.

Gjennom året har vi hatt møte med enkeltkommunar i samband med økonomistyring og planlegging, etter ønske frå kommunane eller at vi sjølve har hatt ønske om møte. Generelt får vi positive tilbakemeldingar frå kommunane på samhandling og aktivitetar.

Vi bruker kommunebildet på kommuneøkonomi for å oppdatere indikatorane og for å finne ut kva kommunar som skal prioriterast. Dette gir oss god og oppdatert informasjon om økonomien til kommunane. Vi nyttar også hendingsloggen for å loggføre kontakten gjennom året. Informasjonen kan nyttast (tverrfagleg) av heile embetet.

Årleg arrangerer vi økonomisjefsamling og får positive tilbakemeldingar om at dette er ein god arena til å diskutere ned på detaljar og det er eit nyttig nettverk for økonomisjefane, KS, NKK og Statsforvaltaren. Tema på årets samling var kommuneøkonomi, pensjon, sjølvkost og forskrift, omstillingsbehov i kommunane, makroøkonomi og innlegg frå kommunar.

Embetsleiinga er tett påkobra arbeidet med kommuneøkonomi og omstilling i kommunane. Dialogen med kommunane har hatt høg prioritet. Embetsleiinga deltek ofte på samlingar der ordførarar og kommunedirektørar treffast. Også der er kommuneøkonomi tema frå Statsforvaltaren.

Eit anna punkt er interkommunalt samarbeid. For å auke det økonomiske handlingsrommet, samt møte utfordringane med kapasitet og kompetanse og ei meir aldrande befolkning, vil dette krevje større grad av samarbeid mellom dagens kommunar. Vi ser òg at det rører seg når det gjeld utgreiing av kommunesamanslåing. Kommunane ser sjølve at dei ikkje greier å løyse oppgåvene sine åleine.

Vi har og skrive fleire kronikkar i media gjennom året der tema har vore kommuneøkonomi og omstilling i kommunane. Vi er opptekne av at kommunane informerer innbyggjarane sine i ei omstillingsfase og et det blir enklare å få igjennom tiltak og endringar av struktur når informasjonen til innbyggjarane er god.

#### God oppfølging av kommuner som er i, eller står i en situasjon der de kan komme i, ROBEK. (fra kapittel 3.1.5.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

God oppfølging av kommuner som er i, eller står i en situasjon der de kan komme i, ROBEK.

I starten av 2025 hadde vi to kommunar i ROBEK, Hareid og Tingvoll. I løpet av året vart også Sande og Herøy meldt inn på grunn av storleiken av meirforbruket sitt.

Seint i 2024 skreiv vi høyringssvar til 16 av kommunane og formannskapet sin innstilling til budsjett- og økonomiplan for 2025-2028. Det same gjorde vi for budsjettet for 2026. Tilbakemeldinga er at dette er til god hjelp for kommunedirektøren og staben hans i å dra i riktig retning der det må strammast inn på driftsutgiftene, samt ta ned lånebehovet til framtidige investeringar.

I tillegg besøkte assisterande statsforvaltar kommunedirektørane i alle 27 kommunar tidleg på året for å ha ein tett dialog. Ut frå desse besøka skreiv vi også to kronikkar om omstilling og kommuneøkonomi som var trykt i mange lokalaviser og Kommunal Rapport.

Vi er tett på ROBEK-kommunane våre gjennom året, med innlegg i kommunestyra og månadleg oppfølging via teams med toppleiinga. Fleire av

kommunane har tatt grep og fått betre kontroll på driftssituasjonen, men det er utfordrande i dei kommunane der kriseforståinga ikkje er heilt på plass og nødvendige grep ikkje blir iverksett.

Vi har også vært rundt i kommunestyret og hatt innlegg om kommuneøkonomi. Dette fekk vi stort sett gode tilbakemeldingar på både administrasjon og politikarar. Lovverket i kommunelova og ROBEK var også eit tema.

Nokre av dei kommunane med utfordrande økonomi var plukka ut til kommunebesøk med kommunebildet. Vi hadde dialog på tvers med alle sektorane.

Vi har bidratt med skjønnsmidlar for at kommunar med ein utfordrande økonomi kan delta i KS sitt nettverk for ein berekraftig kommuneøkonomi. Her har vi hatt med Hareid og Tingvoll i nettverk 1. I nettverk 3 er kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ørsta, Averøy, Hustadvika og Sunndal. Tilbakemeldingane er at nettverket er bra og at det er nyttig å knytte nettverk mellom kommunane på tvers av fylka.

I løpet av året nytta vi også moglegheiten til å bruke skjønnsmidlar for å gi ROBEK-kommunar og andre kommunar i økonomisk ubalanse insentiver til å gjennomføre utgiftsreducerande tiltak i ein omstillingsfase.

Embetsleiinga er også tett påkobra dialogen med kommunane, der mellom anna desse omstillingsprosjekta, nettverket til KS, kommunestruktur og interkommunalt samarbeid er nokre av temaa.

I tillegg er kommuneøkonomi eit av tema på tett-på-programmet i Møre og Romsdal, der kommunane Gjemnes, Stranda, Vanylven, Sande og Fjord blir følgt tett opp i heile valperioden.

Vi håpar utifrå desse satsingane at kommunane si evne til berekraftig omstilling, fornying og innovasjon blir styrka, ved at dei også i større grad får til koplinga og samanhengen mellom planstrategien og kommuneplanen sin samfunnsdel, og handlings- og økonomiplanen.

Statsforvaltaren ser at ei særskild oppfølgingsordning for kommunar med store og vedvarande økonomiske utfordringar, jf. tilrådingane frå Generalistkommuneutvalet, kan vere føremålstenleg i tilfelle der dialog, rettleiing, tilsyn og anna bistand ikkje gir tilstrekkeleg effekt. Ei slik ordning kan bidra til å sikre rettstryggleiken for innbyggjarane i kommunen og ivaretakinga av grunnleggjande tenester.

Vidare erfarer vi at innmeldingskriteriet i kommunelova § 28-1 bokstav d, som gjeld kommunar med akkumulert meirforbruk utover tre prosent av brutto driftsinntekter, bidreg til at kommunar med alvorlege økonomiske utfordringar blir fanga opp tidlegare. Denne lovheimelen fungerer etter vår vurdering godt, ved at kommunane raskare blir registrerte i ROBEK og dermed underlagde dei særskilde reglane som følgjer av ei slik registrering.

#### **Redusert merforbruk i kommunene som har størst merforbruk. (fra kapittel 3.1.5.1.1.2 i TB)**

##### **Rapportere på**

Redusert merforbruk i kommunene som har størst merforbruk.

2024 var et svært krevjande år økonomisk for kommunane. For nokre av kommunane ser det betre ut i 2025, men det er framleis fleire som går med store meirforbruk. Samtidig ser vi det er vanskeleg for kommunar med svak økonomi å redusere utgifter tilstrekkeleg for å betre det økonomiske handlingsrommet.

Kommunane er veldig ulike og har ulike utfordringar og behov. Vi har tett kontakt og dialog med kommunar på ROBEK og dei som nærmar seg. Det at enkeltkommunar fortel om kva situasjon dei står i, og kva langsiktige strategiar dei vil setje i gang for å betre situasjonen, gjer at vi kjem tett på. Takten er ulik i kommunane, nokre tek grep snarleg og får effekt frå dei, medan hos andre går det langsamare med for å snu utviklinga.

To av ROBEK-kommunane, Sande og Herøy, har vedteke utgreiing om kommunesamanslåing, saman med Ulstein. Dei følgjer vi tett og det er god framdrift.

Hareid går med nytt meirforbruk i 2025, så da blir det tre år på rad med underskot. Dei må framleis kutte i driftsutgiftene sine, men det har vore liten vilje til å sjå på struktur. Dei har fleire sentrale nye tilsette i kommuneleiinga og det har tatt litt tid å få på plass eit økonomisystem som fungerer som eit godt styringsverktøy. Det er mykje tid som går til rettleiing og oppfølging av kommunen.

Sande får meirforbruk tredje året på rad, sjølv om det har blitt kraftig redusert frå året før.

Herøy har gjort store grep og både redusert lånegjelda si mykje for å få ned renteutgifter og avdrag, innført eigedomsskatt og skolestruktur. Her har dei jobba godt saman, politikarane og administrasjonen. Vi har tru på at Herøy blir meldt ut av ROBEK i 2027, dersom dei held styringsfarta oppe.

Vanylven hadde meirforbruk i 2024 og har tatt betydelege grep for å få ned driftskostnadane. Det ligg an til eit lite meirforbruk for 2025.

Ørsta hadde meirforbruk i 2024 og går med nytt meirforbruk i 2025. Det er godt mogleg Ørsta blir meldt inn i ROBEK pga 3% i løpet av året.

Sumadal fekk i desember 2025 melding frå oss om at dei ville bli meldt inn i ROBEK på bakgrunn av vedtatt budsjett (inndekking av meirforbruk frå 2024 over meir enn to år). På kommunebesøk våren 2025 fekk kommunens økonomiske situasjon vesentleg plass, på bakgrunn av vår bekymring for utviklinga.

Averøy kommune har eit udekket meirforbruk frå 2024. Budsjettet for 2026 viser at dei planlegg for å dekke inn dette i løpet av året. Vi har hatt fleire møter med kommuneleiinga i løpet av året for å følgje økonomisk situasjon tett. Urevidert tal frå rekneskapen for 2025 viser eit mindreforbruk på ca 4 mill. kroner, så da har dei iverksette tiltaka for å få kontroll på driftsutgiftene gitt resultat.

Tingvoll vart meldt inn i ROBEK hausten 2024 grunna meirforbruk. Det er tett dialog med kommunen. Dei ligg an til ytterlegare meirforbruk i 2025. Kommunen verkar no sjå at det er nødvendig med endringar, også strukturelle. Dei har utarbeidd og oppdatert tiltaksliste, men det tar tid å få effekt av denne.

Hareid og Tingvoll er med i Nettverk 1 til KS om en berekraftig kommuneøkonomi. I tillegg blir dei tett fulgt opp gjennom faste teamsmøter og fysiske møte med Statsforvaltaren.

Vanylven, Sande, Herøy, Ørsta, Averøy, Hustadvika og Sumadal er med i nettverk 3 til KS om en berekraftig kommuneøkonomi. Vi håper at deltaking i desse nettverka vil gi effekt på litt sikt.

Statsforvaltaren har bidratt med skjønnsmidlar for at kommunane kan delta i nettverka. I tillegg har vi brukt skjønnsmidlar i ei omstillingsfase til nokre av kommunane til utgiftsreducerande tiltak som vi trur kan gje effekt.

### **Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)**

#### **Rapportere på**

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene.

Vi meiner framleis at Kostra-rapporteringa og kvaliteten på rapporteringa er vorte betre for kvart år. Vi held fram med vår oppfølging ved at vi legg ut all informasjon om Kostra-rapportering kvart år på våre heimesider, med lenkjer til aktuelle andre sider. Vi bruker Kostra-tal i alle våre innlegg for kommunane og Kostra er også tema på økonomisjefsamlingane våre.

Vi legg vekt på å bruke dei nasjonale måltala (Kostra-tala) i vår dialog med kommunane, og samanliknar kommunane med fylkes- og landssnitt. Kommunane brukar aktivt desse måltala i sine budsjett- og økonomiplandokument. Vi gir tilbakemeldingar på Kostra-data i møte med kommunane, på nettsidene våre, og elles i brev og annan kommunikasjon.

Det er særleg netto driftsresultat, langsiktig gjeld og disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter vi har mest merksemd på. Den lovfesta bruken av finansielle måltal i styringa av kommunane, gjer at administrasjonane og dei folkevalde får eit meir aktivt forhold til korleis måltala (Kostra-tala) bør vere for den komande økonomiplanperioden, ut frå den økonomiske situasjonen.

Vi lager årleg ei utgåve av «Utviklinga i kommuneøkonomien», der vi bruker Kostra tal for alle kommunane, snittet til Møre og Romsdal og landssnittet. Dette heftet blir brukt flittig i kommunane. I tillegg lagar vi ei statistikk pakke kommunane kan hente tabellar frå. Dette bidreg, i tillegg til anna Kostra-oppfølging, til at bruk av nøkkeltal og Kostra-data blir innarbeidd som kommunane sin måte å gjennomføre økonomiplanlegging og styring på.

Dei fleste kommunane brukar Framsikt som verktøy. Dette lettar også vår gjennomgang av budsjett- og økonomiplaner og rekneskap for kommunane.

KOSTRA-tal har også vore eit gjennomgåande tema på KS sitt nettverk for en berekraftig kommuneøkonomi. Her har dei gått nøyte inn i tala på sektornivå og samanliknar seg med snittet og andre kommunar. Vi oppfattar at kommunane har hatt stor interesse for og nytte av dette i sin omstillingsfase.

### **3.1.1.10 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet**

Mjølkeproduksjonen står for to tredjedelar av verdiskapinga frå jordbruket. Det er ei utfordring at berre 56 % av dei 544 mjølkebruka har lausdrift (tal frå TINE), sjølv om andelen er svalt veksande og 79 % av mjølkeleveransane kjem frå lausdriftsfjøs. Andelen storfekjøttprodusentar med bås fjøs er ikkje kjent. Partnerskapet har for 2026 (som dei tre siste åra) prioritert at minst 70 % av midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlane) skal gå til mjølk- og kjøttproduksjon på storfje, samt mjølkeproduksjon på geit. Det skal leggast særleg vekt på omlegging til lausdrift i mjølk- og storfekjøttproduksjon, og ombygging for å tilfredsstille nye krav til dyrevelferd.

Innovasjon Norge Møre og Romsdal vart i 2025 tildelt totalt 94,9 mill kr i fylkesvise IBU-midlar, inkludert omfordelte midlar frå 2024 og ekstralyving etter Stortinget si behandling av revidert nasjonalbudsjett i juni. Desse løyvingane omfattar både tradisjonelt landbruk og

tilleggsnæringar. I tillegg fekk 4 prosjekt finansiering frå den nasjonale ramma for bås til lausdrift, i sum 19,6 mill kr. Ved årsskifte 2025/2026 låg 42 søknader på vent med omsøkt tilskot på omlag 98 mill kr. Det er fortsatt god pågang av søknader om investeringstilskot ved generasjonsskifte og forstudie/ ressursavklaring for investeringar. Forstudie er ei svært nyttig ordning, mellom anna for å undersøke og avklare om eksisterande bygningsmasse kan nyttast vidare.

Pågangen av søknader syner at det er satsingsvilje, og ikkje alle søknader gjeld overgang frå bås til lausdrift. For mjølk- og grovførfylket Møre og Romsdal er det svært viktig at det er tilstrekkeleg tilgang på investeringsmidlar for overgang til lausdrift hos dei det ligg til rette for.

Den kommunale landbruksforvaltninga leverer viktige tenester til landbruket. Kommunane er førsteinstans sakshandsamar for fleire tilskotsordningar som skal bidra til matproduksjon, landbruk i heile landet og eit levande kulturlandskap. Det er difor nødvendig at kommunane prioriterer å ha ei robust landbruksforvaltning. Statsforvaltaren kartlegg årleg antal årsverk pr 31.12, og utviklinga syner ein reduksjon. Enkelte kommunar slit med rekruttering og nokre kommunar vel å nytte tilsette på andre område i kommunen til å forvalte landbruksoppdraget. Ei robust landbruksforvaltning har fokus i vår dialog med kommunane, og vi framhevar mogelegheitene med interkommunalt samarbeid.

Innan økologisk landbruk er Statsforvaltaren initiativtakar til Økograppa, som består av representantar frå Økologisk M&R, faglag, NORSØK, NLR og fylkeskommunen. Økograppa har no avslutta prosjektet «Utvikling av økologisk landbruk i Møre og Romsdal», og har fått innvilga tilskot til eit nytt. Det nye prosjektet «Meir økologisk og miljøvennleg landbruk i Møre og Romsdal» har som overordna mål å fremje økologiske driftsmetodar som er relevante for heile landbrukssektoren. Prosjektet skal bidra til å etablere faglege møteplassar for bønder og andre aktørar med interesse for landbruk, samstundes som det styrker kunnskapsgrunnlaget, innovasjonsevna og utviklingsarbeidet i næringa. Vidare skal prosjektet leggje til rette for erfaringsutveksling og systematisk formidling av kunnskap. Prosjektperioden er tre år, og Statsforvaltaren deltek i fleire av delprosjekta. NORSØK er prosjekteigar.

Det er inngått ein samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og Statsforvaltaren, med bakgrunn i fylkeskommunen sitt oppdrag å sikre god forankring og oppfølging av Matnasjonen Norge regionalt. Føremålet med avtalen er å sikre god og samordna oppfølging av Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023-2026 når det gjeld næringsutvikling innan lokalmat. Statsforvaltaren skal arbeide for å mobilisere og koordinere satsinga på lokalmat, samt følgje opp nettverksarbeid i tett samarbeid med fylkeskommunen. Avtalen gjeld for 2023 – 2026.

I januar 2025 deltok region Fjord-Norge på IGW i Berlin. Frå Møre og Romsdal deltok 5 bedrifter i tillegg til hovudansvarleg kokk, og måla for deltakinga vart nådd. Framover vert det truleg lagt opp til alternative arbeidsformer for å bygge Matnasjonen Norge, og Møre og Romsdal stiller seg positive til å bidra til dette arbeidet. Det etablerte samarbeidet i Fjord-Norge regionen har også gode føresetnader for å kunne bidra i utviklinga av nye lokalmat- og reiselivssatsingar.

Statsforvaltaren sitt samarbeid med Kompetansenettverk Lokalmat Midt sikrar god gjennomføring av MRmat, ei årleg samling for lokalmatprodusentar. I 2025 var samlinga på Åndalsnes med over 70 deltakarar som fekk lære om ulike handverk innan matforedling. Etter vårt initiativ var samlinga eit samarbeid mellom Lokalmatprosjektet (omtalt nedanfor), SF og Kompetansenettverk Lokalmat. Effekten var gode deltakartal, betre kvalitet på heile samlinga og enklare å nå ut til aktørane.

Saman med Kompetansenettverk Lokalmat og Matvalget er vi i gang med å sjå på korleis vår region kan nytte erfaringane frå Trøndelag sitt prosjekt med tema offentlege innkjøp. Effektane av dette samarbeidet vil ikkje kome før tidlegast i 2026.

Statsforvaltaren deltek ellers i styringsgruppa for kompetansenettverket og bidreg med å synleggjere aktørar og behov i fylket.

Basert på arbeidet i Inn på tunet-løftet 2020-2022 har Inn på tunet Norge SA med bidrag frå Statsforvaltaren jobba fram prosjektet "Innovasjon for auka bruk av Inn på Tunet i Møre og Romsdal og Trøndelag." Inn på tunet Norge SA er prosjekteigar og Statsforvaltaren deltek i prosjektgruppa. Formålet er å gjere velferdstenester frå landbruket, som Inn på tunet, til ei føretrekt teneste med høg kvalitet og rett kompetanse. I 2025 vart det i regi av prosjektet arrangert ein workshop for Inn på tunet-aktørar i fylket.

Statsforvaltaren samarbeider med Matfestivalen i Ålesund, Innovasjonsfestivalen, Hanen Møre og Romsdal og Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK). Vi er involvert i to prosjekt der NORSØK er innvilga 3-årige tilskot frå Fylkeskommunen: Eit skulehageprosjekt, samt eit lokalmatprosjekt med mål å skape betre nettverk for lokalmatprodusentar i fylket.

Skulehageprosjektet har gjennomført fleire samlingar for lærarar, med mål om at fleire skular skal setje dyrking av mat på undervisningsplanen.

Lokalmatprosjektet hadde oppstart i 2024 og er eit samarbeid med Matarena som frå før driftar nettverka «Smak av kysten» og «Smak frå Vest». Nettverket har no over 100 medlemar, hovudsakleg lokalmatprodusentar og restaurantar/kokkar. Statsforvaltaren bidratt i gjennomføring av inspirasjonssamling og to kokk-bonde verkstader i regi av prosjektet. God deltaking og gode tilbakemeldingar. I tillegg får aktørane gratis tilgang til alle Matarena sine digitale kurs. Det er kjærkome med eit aktivt nettverk for lokalmatprodusentar i fylket.

Statsforvaltaren bidreg i partnerskapet hoppid.no, saman med kommunane, Fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Hoppid.no legg til rette for nyetableringar ved å vere ei dør inn til verkemiddelapparatet. I 2025 har hoppidnettverket saman søkt om midlar til ei vidareføring av «Garden som ressurs». Prosjektet skal mobilisere og utvikle nye mogelegheiter for bønder og andre som ønskjer å bruke garden som grunnlag for nye næringar. «Garden som ressurs 2.0» har som mål å koble gardsrundarar saman i lokale nettverk der dei kan spele kvarandre gode. Nettverka får oppfølging frå lokale hoppid-kontaktar. Prosjektet fekk innvilga støtte seint i 2025 og starta opp i januar 2026.

Statsforvaltaren legg til rette for tett samarbeid med FoU-miljøa og landbruksaktørane, m.a. med det årlege Landbruksmøtet der vi samlar tilsette og tillitsvalde i organisasjonane i landbruket.

Prosjektet Tredrivaren i Møre og Romsdal 2022–2025 har bidrege til auka bruk av tre og tømmer i bygg gjennom målretta kompetanseheving, nettverksbygging og mobilisering i verdikjeda. Kommunar som byggherrar har fått styrkt kunnskap om marknadssdialog, sirkulære løysingar og klimavenlege materialval, noko som har senka terskelen for å velje tre i offentlege byggeprosjekt.

Prosjektet har samla og formidla dokumenterte erfaringar frå trebaserte bygg i fylket, og synleggjort klimaeffektar, karbonlagring, økonomi og drift ved bruk av trekonstruksjonar. Dette har gitt betre beslutningsgrunnlag for vidare bruk av tre i nye prosjekt.

For trebaserte næringer er grøn konkurransekraft styrkt gjennom kurs i berekraftsrapportering og arbeid med nye marknader for norsk tre. Samarbeid mellom sagbruk og trevareindustri er vidareutvikla, og det er lagt eit viktig fundament for auka bruk av lokalt tømmer gjennom utvikling av ein digital marknadsplass, som fortsatt pågår.

Samla sett har Tredrivarprosjektet styrkt etterspurnaden etter tre, betre samhandlinga i verdikjeda og bidrege til meir kunnskapsbasert og berekraftig bruk av tre og tømmer i regionen. Dette er dokumentert i kartlegginga «Tre innovative trekonstruksjonar i Møre og Romsdal», som er publisert på nettsida vår: [Kartlegging av tre innovative trebygg i Møre og Romsdal – erfaringar og læring | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal](#)

Statsforvaltaren leier eit nordisk nettverk som har løfta fram samanhengar mellom materialbruk, innemiljø og folkehelse. Dette har bidrege til breiare forståing av tre som materiale, og til nye bruksområde for tre i skular, helsebygg og idrettsbygg.

For å sikre tilstrekkelig måloppnåing er Statsforvaltaren avhengig av at bonden har gode og trygge rammer rundt drifta si, og at kommunane har tilstrekkelig med ressursar og kompetanse på aktuelle fagområde.

#### **Verdiskaping (fra kapittel 3.1.6.1.1.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

God ivaretagelse av nasjonale mål og regionale strategiske føringer

Statsforvaltaren deltek aktivt i det regionale partnerskapet for landbruket. Fylkestinget har vedtatt Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023 – 2026. Partnerskapet var tett på utarbeidinga og no fylkesstrategien sin handlingsplan. Fleire av tiltaka i handlingsplanen inngår i Statsforvaltaren sitt arbeid med næringsutvikling.

Dialogen med organisasjonane i partnerskapet; fylkeskommunen, Innovasjon Norge og faglaga er god. Statsforvaltaren tek initiativ, mobiliserer og bidreg med vår kompetanse, samt samordnar og målrettar innsatsområda inn mot dei ulike verkemidla. Vi er ofte involvert i tidleg fase av prosjekt som ynskjer støtte frå dei regionale tilretteleggingsmidla, både som sparringspartner og ved å koble saman aktuelle personar/aktørar. Statsforvaltaren har tatt initiativ til jamnelege møter med Innovasjon Norge og fylkeskommunen på saksbehandlarnivå, for erfaringsdeling og effektiv samhandling.

Vi bidreg aktivt i oppfølginga av Melding om kystskogbruket gjennom deltaking i trepartssamarbeidet mellom fylkeskommunen, skog- og trenæringa og Statsforvaltaren. I tråd med mål og satsingsområde i kystskogmeldinga, samarbeider Statsforvaltaren tett med fylkeskommunen om å samle regionale aktørar i skognæringa. Samlingane blir nytta til å drøfte sentrale utfordringar for verdiskaping, klima og ressursutnytting i skogbruket i fylket. Sentrale tema i dialogen er behov for kraftigare innsats innan planting, forynging og ungskogpleie, for å sikre både framtidig tømmerkvalitet, høgare verdiskaping og auka karbonbinding. I samsvar med intensjonane i kystskogmeldinga blir det også retta merksemd mot konsekvensane av tidleg hogst, særleg hogst av gran i hogstklasse IV. Slike inngrep reduserer både den langsiktige verdiskapinga i skogen og skogen sitt potensial som karbonlager, og utfordrar målsettinga om å utnytte kystskogressursane betre som bidrag til det grønne skiftet. Statsforvaltaren bidreg med fagkunnskap, statistikk og bevisstgjerjing, og støttar opp under kystskogbruket sitt mål om auka verdiskaping, betre klimabidrag og eit meir berekraftig skogbruk i kystskogfylka. Eit viktig operativt bidrag, som også støttar mål i "Kystskogmeldinga", er engasjementet i Tredrivarprosjektet, som strategisk jobbar for trebasert verdiskaping og utvikling av lokale og regionale verdikjeder.

Statsforvaltaren strebar etter å jobbe i tråd med dei nasjonale og regionale strategiane for landbruk. Det er i 2025 sett i gang fleire tiltak som alle er utarbeidd med bakgrunn i gjeldande strategiar, mellom anna Fylkesstrategi for landbruk.

Gjennom ulike prosjekt og samarbeid som nemnt i punkt 3.1.1.10 "Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet" er Statsforvaltaren med på å legge til rette for auka verdiskaping både i primærlandbruket og i tilleggsnæringane.

Utfordringane er dei same som i punkt 3.1.1.10.

#### **Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunenes arbeid med tilfredsstillende foryngelse innen tre år etter hogst er fulgt opp

Arleg forynga areal er aukande, men det er framleis ikkje alt areal som vert planta til. Foryngingsplikt har stort fokus ved alle kontaktflater med kommunane, noko som har ført til at plikta er meir kjent i "nye" skogkommunar.

Statsforvaltaren hadde i 2025 ei klagesak knytt til kommunalt pålegg om planting. Saksgangen blei gjennomgått som eksempel i eit webinar for alle kommunane.

Tømmerkjøparane er også meir opptekne av foryngingsplikta, noko som dels kjem av krava i PEFC. Likevel ser vi utfordringar knytt til manglande samhandling/dialog mellom planteaktørar og kommune. Betre dialog ville klargjort ansvar og roller for vidare oppfølging. Dette er diskutert i møter mellom skognæringa og forvaltninga. Vi ser også at oppfølginga av planting frå tømmerkjøparane varierer geografisk i fylket.

Kommunane vert jamt gjennom året minna på oppgåvene resultatkartlegging og foryngingskontroll. På slutten av året vert skogbruksansvarleg kontakta personleg. Alle foryngingskontrollar er gjennomført i 2025, men ni utplukka felt til resultatkartlegging manglar registreringar.

I Kommunebilde vert utvalde kommunar skildra med nøkkeltal og fakta av Statsforvaltaren. Gjennomføring og oppfølging av foryngingskontrollen er ein av indikatorane på landbruksområdet. Vi vonar det gir auka merksemd til dette arbeidet.

Vi ventar framleis tre år med å plante grunna store skader av gransnutebille. Mange ulike plantetyper er prøva ut. Store planter med ulik beskyttelse gir mindre avgang, men avgangen er framleis for stor. Ventetida med planting gjer at mange bestand ikkje er forynga ved tidspunkt for foryngingskontroll.

**Foryngelse etter hogst (gjennomføring)**

Betegnelse på rapporteringskrav	Uttrekt antall felt/kontrollfelt	Antall sluttført pr. 30.11	Antall med tilfredsstillende foryngelse pr. 30.11
Resultatkartlegging	50	41	29
Foryngelseskontroll	108	100	68

*Fleire bestand er ikkje planta på kontrolltidspunkt sidan vi ventar tre år med planing etter hogst grunna gransnutebille.*

**Foryngelse etter hogst (opplæring/oppfølging)**

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall fellesmøter med kommunene	Antall møter/befaring med enkeltkommuner
Gjennomførte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2025	3	6
Effekt av gjennomførte tiltak (høy/middels/lav)	Middels	Høy
Planlagte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2026	3	6

**Tilskuddsordningene i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)****Rapportere på**

Kommunene forvalter de økonomiske virkemidlene i skogbruket effektivt

Vi vurderer kommunane si forvaltning av dei økonomiske verkemidla i skogbruket som tilfredsstillande. Gjennomførte forvaltningskontrollar viser få og små avvik. Ein ser likevel ulik aktivitet og satsing mellom kommunar. Tradisjonelle skogkommunar har meir skogkulturaktivitet enn skogreisingskommunar.

Tilskotsnivå varierer noko mellom kommunar, men det er også distriktvis samarbeid. Stor variasjon i retningslinjer og tilskotsnivå mellom kommunar er uheldig.

Tilskotsnivå til planting bør variere meir ut frå kva skog som vert avverka. Ved hogst av kulturskog, med store volum og høge tømmerprisar, bør ikkje tilskot til planting vere naudsynt.

Statsforvaltaren har god og jamnleg kontakt med kommunane og dermed ei løpande rettleiing. Vi hadde i 2025 fleire kompetansebyggande samlingar både fysisk og digitalt med ulike skogtema.

Fleire kommunar har etablert ordningar med "skogpådrivar". Ein ser at dette er viktig, spesielt med tanke på å auke skogkulturaktiviteten. Det er naudsynt å bruke noko midlar frå Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) til dette. Personleg frammøte og synfaring med rådgjeving er avgjerande. Ein auka "pott" med rentemidlar vil kunne gje større handlingsrom for innleige av pådrivarar. Samarbeid med og tilgang på entreprenørar til å utføre arbeidet er også viktig.

Statsforvaltaren inviterer alltid nyttilsette i kommunane for opplæring og aktuell informasjon. Vi ser også at entreprenørane sin innsats for å få gjennomført skogkulturarbeid er avgjerande for aktiviteten.

Som tidligere nemnt er det innan veg og vegtilskot lite endring i situasjonen. Dei få kommunane som har fleire vegprosjekt pr år kan handtere ØKS, men dei aller fleste tek kontakt på tlf eller mail for rettleiing undervegs. Kurs er ikkje ei god løysing, så vi hjelper heller til med 1 til 1 rådgjeving.

#### Økonomiske virkemidler i skogbruket (forvaltning, resultatoppnåelse)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kommuner i fylket	Tilfredsstillende (antall kommuner)	Med mulighet for forbedringer (antall kommuner)
Infrastruktur (skogsveier mm)	15	13	2
Skogkultur	20	18	2
Miljøtiltak	1	1	5

*Miljøtiltak: Mange skogbruksplanprosjekt dei siste åra burde ført til større interesse for desse midlane.*

#### Økonomiske virkemidler i skogbruket (opplæring/oppfølging)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Tiltak økonomiske virkemidler skogkultur	Oppfølging av foryngingsplikta og planting har hatt størst fokus dei siste åra. Eksempel på pålegg og klagesaker er gjennomgått i webinar for kommunane. Det er stort behov for ungskogpleie i fylket, og det å få auka denne aktiviteten vil ha prioritet framover. Tilskot og bruk av skogfond er avgjerande for å få dette til. Kommunane vert oppmoda til bruk av "skogpådrivar" for å få hjelp til dette arbeidet. Rentemidlar av skogfond vil dels kunne finansiere slik pådrivarfunksjon.
Tiltak økonomiske virkemidler infrastruktur	Kring infrastruktur er kjennskapet god. Men frekvensen i bruk av sakshandsamingsystema er nok lav, og fleire kommunar slit med å komme seg igjennom ØKS på eige hand. SF hjelper nesten til på kvar einaste løyving, da fleire kommunar ikkje nyttar systemet årlig. Veldig vanskeleg med web-kurs, vi har vurdert å finn mykje betre effekt i 1 til 1 hjelp når kommunane er i gang med løyving.
Tiltak økonomiske virkemidler miljøtiltak	Dette er ei ordning som er lite kjent og nytta av skogeigarar og kommunar. Vi informerer årlig om ordninga i tildelingsbrev. Framover vil vi ha auka fokus på å informere om ordninga ved slutføring av skogbruksplanprosjekt

#### 3.1.1.11 Bærekraftig landbruk

Regionale miljøtilskot (RMP) er eit sentralt verkemiddel for å fremje eit meir bærekraftig landbruk. Mange av tiltaka i miljøprogrammet støttar ei driftsform som tek vare på både miljøet og det biologiske mangfaldet. I fylket har det òg vore ein auke i tal gjennomførte klimarådgjevingar. Dette gjer det lettare for bønder å ta val som både styrker økonomien på garden og reduserer klimaavtrykket.

I Klima- og miljøprogrammet (KMP) vil SF vidare leggje fokus på vassforvaltning og saman med KMP leggje til rette for lærings-institusjonane si samla satsing på drenering og redrenering. Ei auka ramme på KMP-ordninga gjer KMP meir synleg og med det dekning for betre prosjekt, mellom anna med kurs og film, for å nå ei så stor brukargruppe som mogeleg.

NIBIO jobbar med jordsmonnkartlegging, men hittil er berre fire kommunar ferdig kartlagt, samt mindre deler i eit par andre kommunar. Dette er nyttig for areal- og klimaplanlegging, og for å redusere avrenning.

#### Regionale miljøutfordringar (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Virkemidler på miljøområdet bidrar til å opprettholde kulturlandskapet og redusere miljøbelastningen fra jordbruksdriften

Jordbruket i Møre og Romsdal er prega av grasproduksjon og husdyrhald. Gode miljøtiltak handlar i stor grad om å bruke husdyrgjødsel riktig slik at næringsstoff ikkje går tapt til luft og vatn. Det viktigaste tiltaket i dei regionale miljøtilskota (RMP) er støtte til spreining av husdyrgjødsel om våren og i vekstsesongen. Då tek plantene opp meir næring, og forureininga blir mindre. Bruken av slangespreiing og utstyr som legg gjødsel ned i jorda aukar, noko som gir betre miljøeffekt og mindre jordpakking.

Det nest største tiltaket i RMP er tilskot til slått i bratt terreng. Fylket har mykje bratt areal som er synleg i landskapet, og tilskotet er viktig for å halde områda i drift og ta vare på kulturlandskapet.

Det blir òg gitt tilskot til drift av verdifulle jordbrukslandskap, beitelag, slåttemark, beiting av kysttynghei, tilrettelegging for hekkande fugl, setring, stell av freda kulturminne og ulike vassdragstiltak som seinare jordarbeiding, kantsoner og vedlikehald av fangdammar.

Drenering er eit anna viktig miljøtiltak. Mange areal i fylket har dårleg drenering, og sjølv om kostnadene er høge på grunn av terreng og jordforhold, ser vi at fleire set i gang dreneringsarbeid. Omfanget av leigejord påverkar òg kor mykje som blir drenert.

Det er ulike miljøutfordringar og prioriteringar i kommunane. Det blir tilstreba at kommunane i sine strategiar for bruk av midlar frå ordninga Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) dreg i same retning som det regionale miljøprogrammet (RMP).

Utmarksbeite er ein sentral fôrressurs, men presset på arealbruken aukar. Møre og Romsdal har landets høgaste lammetap, og rovvilt står for ein stor del av tapa. Utfordringane er aukande.

Under ordninga Tilskot til tiltak i beiteområde melder kommunane om stort behov for midlar. Det er lite midlar i den fylkesvise ramma for

ordninga, og dette gjer det krevjande å fordele tilskotsmidlane mellom kommunane. Statsforvaltaren ønskjer at midlane skal gå til dei tradisjonelle samarbeidstiltaka som skal lette beitebruket i utmark, som sanke- og skiljesystem, bruer og radiobjøller.

Vi ser at mange kommunar gir mykje midlar til digitale gjerdesystem for enkeltsøklarar, noko som ikkje gir den beste bruken av midlane for fylket samla. Vi har gjennomført ein forvaltningskontroll av ordninga, der kommunane har ein treårsperiode til å utarbeide nye lokale retningslinjer for prioritering og tildeling av midlar. Siste år i kontrollen er 2026. Prioriteringane i kommunane varierer mykje, og dette gjer det vanskeleg å sikre optimal effekt av midlane for fylket som heilskap.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vurderer å lage regionale retningslinjer for å sikre at midlane blir brukte på dei områda der utfordringane for fylket samla er størst: tap av beitedyr og bruk av areala i utmark.

Innanfor Klima- og miljøprogrammet (KMP) har satsinga i 2025 i stor grad vore prosjekt som er retta mot auka kompetanse og aktivitet innan drenering og vassmiljø.

#### Virkemidler på miljøområdet (andel)

Miljøtema	Andel av de regionale miljøtilskuddene
Friluftsliv	0 %
Kulturlandskap	32 %
Biologisk mangfold	2 %
Kulturminner og kulturmiljøer	9 %
Avrenning til vann	10 %
Utslipp til luft	46 %
Jord og jordhelse	0 %
Plantevern	0 %
Miljøavtale og klimarådgiving	1 %
Sum	100 %

#### Miljøvirkemidlene (fra kapittel 3.1.6.2.1.2 i TB)

##### Rapportere på

Innholdet i miljøvirkemidlene er godt kjent for aktuelle søkere, landbrukets organisasjoner og kommuner.

Vi er i siste halvdel av den 4-årige programperioden for det regionale miljøprogrammet (RMP). Det er derfor lite nytt frå åra før, men vi har jamnleg fagleg oppdatering av den kommunale landbruksforvaltninga. Det omfatter både fysiske samlingar og digitale møte. Vi sender dessutan ut eit nyheitsbrev kvar veke til kommunane med aktuell informasjon.

Informasjon om RMP er gjort kjent på heimesida, og blir sendt som eige dokument til kommunane med oppmoding om direkte informasjon til bøndene (e-post, SMS, Facebook) samt at kommunane informerer på eigne heimesider.

For ordningane spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), tiltak i beiteområde og drenering held Statsforvaltaren digitalt møte med kommunane i starten på året, der ein går gjennom tildelte rammer og oppfordrar til å gjere ordningane kjent gjennom kommunane sine kanaler, jf. RMP.

Vi opplever at ordningane er godt kjent for aktuelle søklarar, landbruksorganisasjonar og kommunane. Det er relativt stabil søknadsmasse.

Midlane frå Klima- og miljøprogrammet (KMP) blir lyst ut kvart år, og aktuelle søklarar blir informert om utlysinga.

#### Innholdet i miljøvirkemidlene (andel)

Betegnelse på rapporteringskrav	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Hvor stor en andel (%) av PT søkere søkte RMP	44	44	46	43	41	45	48

**Innholdet i miljøvirkemidlene (vurdering)**

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom RMP har vært stabilt, stigende eller synkende de siste fem år.	Søknadsmassen for regionale miljøtilskot har vore nokså jamn over tid. I enkeltår kan det vere litt mindre omfang på enkelttiltak som t.d. tidlegspreing (særleg i ekstra nedbørrike år), men jamnt over held omfanget seg på omtrent same nivå trass i at det blir færre bruk totalt.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom SMIL har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Det har vore nokså stabilt med gjennomførte tiltak
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom KMP har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Det har dei siste åra vore ei dobling av ramma til KMP her i fylket, noko som vil seie eit aukande omfang av ordninga
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom øvrige miljøvirkemidler har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Talet på søknader under ordninga Tilskot til tiltak i beiteområde er stabilt, men varierer noko mellom kommunane frå år til år. Nokre kommunar meiner at ordninga ikkje lenger er like relevant i deres område, medan ho i andre kommunar er viktig for å oppretthalde utmarksbeitinga og blir mykje nytta av beitelaga.
Gi en kort omtale av hvordan og i hvilken grad Statsforvalteren har bidratt til å gjøre ordningene kjent.	Kommunane blir informert gjennom kommunesamlingar/møte (fysiske og digitale) og gjennom eit ukentlig nyheitsbrev for kommunal landbruksforvaltning. Vi lager informasjon om RMP som kommunane distribuerer ut til kvar enkelt søkjar om produksjonstilskot. Kommunane har sine egne e-postlister eller SMS-lister som blir brukt. I tillegg ligg informasjon tilgjengeleg på heimesider. For UKL og Verdsarv har vi kontakt med både kommune og grunneigarar/driver gjennom deltaking i ulike utval og arbeid med planar m.v.

**Veiledning av ny gjødselsbrukforskrift (fra kapittel 3.1.6.2.1.3 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal tilby kommunene veiledning om ny gjødselbrukforskrift og bistå Landbruksdirektoratet i å videreutvikle veiledningsmateriell og støttesystemer for gjødselbrukere og kommuner.

Det er gjennomført to digitale møte med kommunal landbruksforvaltning der ny gjødselbrukforskrift var tema, samt at dette var tema på ei fysisk fagsamling. Norsk Landbruksrådgivning deltok både i dei digitale møta og på samlinga. Forskrifta var også tema på Landbruksmøtet som Statsforvaltaren arrangerer for tillitsvalde og tilsette i organisasjonane i landbruket.

Vi har deltatt på dialogmøta som Landbruksdirektoratet arrangerer.

Statsforvaltaren har engasjert AgriAnalyse til å kartlegge kor mange føretak som vil få utfordringar med å tilpasse seg nytt regelverk, samt kor store og kva for utfordringar desse vil få. Rapporten vert levert i februar 2026.

Informasjon om nytt gjødselregelverk er lagt ut på heimesida vår. I tillegg vart det sendt ut informasjon i forkant av spørjeskjemaet frå AgriAnalyse. Det betyr at alle bønder i fylket skal ha fått ein e-post med den viktigaste informasjonen om kva det nye regelverket inneber.

**3.1.1.12 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov**

Kartleggingar i kommunane peika mellom anna på behov for styrka kompetanse innan språk, inkluderande læringsmiljø, utviklingsleiing og tverrfagleg samarbeid rundt barn og unge. Arbeidet har gitt nye samhandlingsstrukturar, felles rutinar og tidlegare innsats, men det er framleis behov for å sikre jamn og varig praksis i alle einingar.

Tiltak er gjennomførte i samarbeid med universitet og høgskule. Kommunane har etablert tydeligare struktur for å arbeide med utgangspunkt i lokale behov. Det er òg eit meir samordna arbeid på tvers av tenester for å fremje innforskning for barn og unge.

**Effektar så langt**

- Fleire elevar blir fanga opp tidlegare, og dei får tilgang på samordna oppfølging i kommunane.
- Barnehagane bidreg til tidleg innsats, særleg innan språk, relasjonar og ein inkluderande praksis.
- Kommunane har etablert fleira samhandlingsarenaer, felles rutiner og trinnvise tiltaksplanar for å fange opp elevar med risiko for fråfall
- Kommunane rapporterer om betre identifisering av risiko og raskare iverksetjing av tiltak.

Samstundes treng vi å styrkje implementeringa for å sikre at gode planar og system blir omsett til praksis.

Kommunane har arbeidd på både eining- og systemnivå i samarbeid med universitet- og høgskulemiljøet. Leiarane peikar på at det tek tid å bygge system, avklare roller og utarbeide/omsetje mandat til praksis. Arbeidet er prioritert høgt og blir følgt opp i dei regionale leiarmøta, profesjonsfelleskapa og i samarbeid med støttetjenester. Fleire av kommunane arbeider aktivt for å trekke fleire instansar med inn i samarbeidet.

Det er etablert fleire samhandlingsarenaer, felles rutinar og trinnvise tiltaksplanar for å fange opp elevar med risiko for fråfall. Betre identifisering av risiko fører og til raskare iverksetjing av tiltak og meir tverrfagleg oppfølging av elevar og familiar.

I 2025 deltok tre kommunar i Møre og Romsdal i kvar si pulje i **læringsmiljøprosjektet**. Prosjektet ser ut til å gi god kompetanseheving i deltakarkommunane, og vi ser teikn til meir systematisk arbeid med barnehage- og skolemiljø. Kommunane melder at prosjektet gir nyttig og målretta rettleiing. Utifrå tilbakemeldingane og deltakinga vår i styringsgruppene vurderer vi at prosjektet bidrar til heilskapleg kompetanseheving knytt til trygge og gode leike- og læringsmiljø. Vi ser òg ein tendens til færre meldingar om skulemiljø frå kommunar som deltar, og frå kommunar som nyleg har deltatt. Det er sannsynleg at dette heng saman med kompetansehevinga prosjektet gir.

### Samla vurdering

Det er ei positiv utvikling med

- meir forpliktande samarbeid på tvers
- sterkare profesjonelle læringsfellesskap
- tydelegare leiing av utviklingsarbeid.

Samstundes er det høgt press på kapasitet og gjennomføring, og implementeringa må styrkjast for å sikre varig praksis i alle kommunar. Vidare arbeid bør rette seg mot jamn kvalitet i gjennomføring og oppfølging og tette partnerskap med UH-miljøa.

### Kompetansetiltak i partnerskap med UH (fra kapittel 3.1.7.1.1.1 i TB)

#### Rapportere på

Kommuner og fylkeskommuner utvikler og gjennomfører kompetansetiltak i partnerskap med UH.

**Målet for 2025** har vore å førebu og gjennomføre overgangen til ei ny ordning for kompetanseutvikling i barnehage og skole. Statsforvaltaren har brukt møta i samarbeidsforum aktivt til å drøfte innhaldet i gjeldande forskrift og til å skape ei felles forståing av kva det vil seie å arbeide i partnerskap basert på lokale behov.

### Styrka dialog og samhandling

Statsforvaltaren sin innsats for å styrkje dialog og samhandling i og mellom regionane har gitt gode resultat.

Vi har prioritert ein tett dialog med leiarane i dei kommunale eigarnettverka. Dette har styrkt førebuingane i regionane, som no melder inn fleire saker og deltek meir aktivt i diskusjonane.

Møta i samarbeidsforum har vorte meir innanhaldsrike, med tydeleg auka deltaking og meir fagleg dialog. Høgskulen har òg kome tidlegare inn i planlegginga av fleire partnerskap enn før, noko som styrkjer kvaliteten i dei faglege prosessane.

### Kompetansebehov

Dei kommunale eigarnettverka har kartlagt lokale kompetansebehov og sit no med eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Dette legg grunnlaget for målretta prioriteringar for det vidare arbeidet.

### Effektar av arbeidet

Arbeidet i 2025 har gitt fleire positive resultat:

- sterkare og meir systematisk dialog mellom kommunar, fylkeskommunen og UH-miljøa
- tidlegare involvering av høgskulen i planlegginga av fleire partarskap
- meir aktive og velfungerande eigarnettverk
- betre grunnlag for å utvikle kompetansetiltak som er forankra i lokale behov

**Samla sett vurderer vi** at kommunar og fylkeskommunar i aukande grad utviklar og gjennomfører kompetansetiltak i reelle partnerskap med UH-sektoren. Arbeidet er godt forankra, og regionane står betre rusta til å ta i bruk den nye ordninga for kompetanseutvikling.

### Tiltakene i Kompetanseløftet sees i et tverrsektorielt perspektiv (fra kapittel 3.1.7.1.1.2 i TB)

#### Rapportere på

Tiltakene i Kompetanseløftet sees i et tverrsektorielt perspektiv hvor PP-tjenesten og andre relevante støttejenester er inkludert

Arbeidet med å sjå kompetansetiltaka i eit **tverrsektorielt perspektiv** har ført til at skular, barnehagar, PP-tenesta og andre støttejenester samarbeider tettare enn før. Kommunane melder om betre felles forståing av utfordringar og om meir samordna innsats rundt barn og elevar

med samansette behov. Viktige tema som inkluderande læringsmiljø, ASK og tilrettelegging for mangfaldet av elevar og barn har vore gjennomgåande i fylket.

### Stryka samhandling

Involvering av fleire tenester i kompetansetiltaka har gjort det lettare å setje inn riktige tiltak raskare. Fleire av kommunane har starta arbeidet med faste samhandlingsstrukturar på tvers av PP-tenesta, skolehelsetenesta, kommunehelsetenesta og barnevern/barn- og familie-kontor. Dei rapporterer at at dette gir

- meir heilskapleg vurdering
- tettare oppfølging av familiar
- betre koordinering av tiltak

Dette styrkjer både tidleg innsats og kvaliteten på oppfølginga.

### Samla vurdering

Det er framleis eit stort potensiale for betre tverrsektorielt samarbeid inkludert i tiltaka, men utviklinga går i riktig retning. Kompetansetiltaka støttar no i større grad tidleg innsats, inkluderande praksis og koordinert hjelp til barn og unge.

### Statsforvalter skal støtte og veilede kommunene i oppfølgingsordningen (fra kapittel 3.1.7.1.2.1 i TB)

#### Rapportere på

Alle kommuner i oppfølgingsordningen jobber med målrettede tiltak basert på analyser av utfordringer og behov for å bedre læringsmiljøet og læringsutbyttet for barn og unge.

Begge kommunane som deltok i uttrekket i 2022, avslutta deltakinga i oppfølgingsordninga sommaren 2025.

### Statsforvaltaren si støtte i forfase og gjennomføringsfasen

I forfasen har Statsforvaltaren saman med eksterne rettleiarar vore tett på kommunane for å støtte arbeidet med å identifisere, analysere og få ei felles forståing av utfordringsbilete.

I gjennomføringsfasen har kommunane samarbeidd med universitet- og høgskulesektoren (UH) for å gjennomføre dei planlagde tiltaka. Statsforvaltaren har i denne fasen hatt ei meir overordna rolle, med jamleg kontakt med kommunane og UH-miljøa for å støtte opp under arbeidet. Hovudansvaret for gjennomføring av tiltaka har vore hos kommunane og dei utvalde UH-miljøa.

For å sikre samheng mellom analyser og tiltak har Statsforvaltaren behandla søknader om utbetaling av midlar i ordninga. I denne prosessen har tiltaka vorte kvalitetssikra opp mot formålet og intensjonane i oppfølgingsordninga.

### Kommunane sitt arbeid og resultat

Dei to kommunane har valt ulike innretningar på tiltaka i ordninga. I **Hustadvika kommune** har Statsforvaltaren og rettleiarar støtta det kommunale utviklingsarbeidet gjennom etablering og oppfølging av profesjonsfaglege nettverk. Kommunen hadde organisatoriske endringar tidleg i gjennomføringsfasen, mellom anna knytt til fråvær av kommunalsjef. I denne perioden har Statsforvaltaren hatt redusert involvering fram til ny kommunalsjef var på plass.

Tiltaka i gjennomføringsfasen byggjer på analysar som peikar på behov for

- styrka samarbeid, meir koordinert fagutvikling og eit meir likeverdig opplæringstilbod.

På denne bakgrunn har kommunen etablert faglege nettverk for lærarar innan lesing, skriving og rekning, og arbeid målretta for å styrkje det tverrfaglege samarbeidet. Arbeidet er gjennomført i samarbeid med UH-sektoren.

### Vurdering av effekt

Kommunen rapporterer at det per i dag er utfordrande å dokumentere målbare effektar på elevane sitt læringsutbytte. Samstundes vert det peika på positive teikn, som

- styrka profesjonsfellesskap
- betre samarbeid på tvers av skular
- auka deling av kompetanse.

Kommunen vurderer samla sett at tiltaka har styrka føresetnadene for eit betre og meir likeverdig læringsmiljø og betre læringsutbytte over tid.

I **Vestnes kommune** har Statsforvaltaren og rettleiarar gjennom rettleiing og strukturert analysearbeid støtta kommunen til å identifisere sentrale utfordringar og prioritere utviklingsområde. Kommunen rapporterer at Statsforvaltaren og rettleiarane har bidratt til å sikre samanheng mellom analysar og val av tiltak ved å forsterke fokuset på heilskapleg skuleutvikling og støtte kommunen i implementerings- og endringsarbeidet.

Tiltaka som er sette i verk er i hovudsak knytt til

- kompetanseutvikling på skuleeigarnivå, skuleleiararnivå og tilsette.
- styrka samhandling på tvers av heile oppvekstsektoren.

I gjennomføringsfasen har kommunen, i samarbeid med UH, utvikla ein felles språkplan for aldersgruppa 0–16 år. Dette er eit sentralt tiltak som direkte byggjer på identifiserte behov i analysefasen.

### Vurdering av effekt

Kommunen rapporterer om tidlege positive teikn mellom anna:

- styrka fagleg fokus
- teikn til betring i læringsmiljø og læringsutbytte
- blant anna gjennom betre samanheng i opplæringsløpet.

Samstundes vert det peika på at fleire tiltak framleis er i ein tidleg fase og at det er for tidleg å dokumentere målbare effektar. Samla vurderer kommunen at tiltaka har styrka føresetnadene for betre kvalitet i læringsmiljøet og lagt eit godt grunnlag for vidare utvikling av læringsutbytte over tid.

### Statsforvaltaren si samla vurdering

I vårt statistikkgrunnlag kjem det ikkje fram tydelege forbetringar i resultatata for læringsmiljø og læringsutbytte som kan knyttast direkte til deltakinga i oppfølgingsordninga. Ein av kommunane har eit meir samansett utfordringsbilete når det gjeld arbeidet med å betre læringsmiljø og læringsutbytte. Ein av grunnane til det kan vere at dei avslutta gjennomføringsfasen eit halvt år tidlegare enn planlagt på grunn av manglande kapasitet.

Likevel vurderer vi at

- begge kommunane har oppnådd utvikling på fleire område
- tiltaka som er sette i gang gir eit godt utgangspunkt for vidare utviklingsarbeid

For kommunane i uttrekket for 2025 vert det vist til punkt 7.3.8.4.

### Prioritering av skole- og barnehagemiljø og individuell tilrettelegging/spesialpedagogisk hjelp (fra kapittel 3.1.7.1.3.1 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalterne skal prioritere barnehage- og skolemiljø og individuell tilrettelegging (opplæringsloven §11-4 flg.) og spesialpedagogisk hjelp i sitt arbeid. Disse prioriteringene skal være førende for statsforvalters arbeid innenfor kompetanseutvikling. Statsforvalterne skal gjøre risikovurderinger av barnehageeiers og lokal skolemyndighets forutsetninger for å løse sine oppgaver og arbeide målrettet for å styrke barnehageeiers og lokal skolemyndighets kompetanse ved behov.

Statsforvaltaren har prioritert arbeidet med trygt og godt barnehage- og skulemiljø og individuell tilrettelegging, og dette har gitt tydelege verknader både internt i embetet og i kommunane.

Samarbeidet med fleire embete om ein digital ressurspakke for psykososialt barnehagemiljø, i samarbeid med Læringsmiljøsentret ved UiS, har ført til ein meir samordna innsats på tvers av fylka. Materialet svarer direkte på kompetansebehov som kjem fram i våre egne risikovurderingar (ROS). Samarbeidet har også gitt eit internt kunnskapsløft, slik at saksbehandlarane står sterkare i rettleiinga til eigarar og tenester.

Arbeidet med å utvikle eit digitalt møteopplegg for barnehage- og skuleeigarar har gitt særskilt god effekt. Den tverrfaglege arbeidsgruppa i embetet har utforma ei løysing som kombinerer juridisk rettleiing og faglege perspektiv på korleis trygge miljø kan skapast i praksis. Kommunane sender inn spørsmål på førehand, og innhaldet blir tilpassa lokale behov. Dette har ført til betre dialog, meir presise avklaringar om plikter og roller og ei felles forståing av kva som skal til for å styrke barnehage- og skulemiljøa. Samtidig gir møta oss verdifull innsikt i kva kommunane arbeider med, kva dei lukkast med, og kvar det er behov for vidare støtte.

Ei viktig prioritering har vore å styrke kompetansen hos PP-tenesta i arbeidet med individuelt tilrettelagt opplæring og spesialpedagogisk hjelp. Endringane i opplæringslova, med tredelinga av tilrettelegginga, har stilt nye krav til saksyndigheitsarbeidet. Ved å løfte dette området har vi bidrege til større medvit om korleis saksyndige vurderingar kan spegle dei nye krava. I kommunedialogen har vi prioritert å legge vekt på kva

som skil tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne frå spesialpedagogisk hjelp, det har ført til at fleire barn får riktig form for oppfølging.

### 3.1.1.13 Andre oppdrag

#### Voldsfeltet

I 2025 har vi samarbeidd tett med Statsforvaltaren i Trøndelag og RVTS Midt, og har gjennom året styrka kompetansen i kommunane om førebygging av vald og overgrep mot barn, unge og vaksne. Dette er gjort gjennom fagdagar og webinar, noko som har bidratt til kompetanseheving ved alle krisesentera i fylket. Vi arrangerte òg ein større årskonferanse i Molde om negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting, med brei deltaking frå kommunane.

Kommunane har særleg etterspurt kompetanse om juridiske plikter, og mange tilsette opplever vurderingar av teieplikt og opplysningsplikt som krevjande. Dette har vore sentrale tema både i ulike arrangementa og i rettleiing til enkeltkommunar og vi ser at dette har ført til større kunnskap om regelverket.

Samla vurdering:

Utviklinga går i riktig retning. Kommunane viser auka merksemd på førebygging og handtering av vald, og kompetansenivået er styrka. Statsforvaltaren sin innsats har vore ein viktig medverkande faktor, særleg gjennom kompetanseheving og tett dialog med kommunane.

#### Styring og leiing av barnevernstenesta

Det er etablert to leiarnettverk – nettverk Nord og nettverk Sør – som møtest jamleg. Alle barnevernsleiarane deltek i eitt av nettverka. I tillegg møtest dei 15 barnevernsleiarane på tvers av nettverka for å drøfte felles satsingar i løpet av året. Leiarane opplever nettverka som svært viktige, både som fagleg støtte og som støtte i utøvinga av leiarrolla.

Alle barnevernsleiarane deltek òg i Agenda Kaupang sitt opplæringsprogram i internkontroll og kvalitetsarbeid. Vi kjenner ikkje den konkrete effekt av programmet, då vi ikkje er tilstrekkeleg involverte i kva opplæringsprogrammet inneber for kvar barnevernsteneste.

Gjennom fleire møtepunkt med barnevernsleiarane får vi nyttig innsikt i utfordringane dei står i. Vårt inntrykk er at leiarnettverka no har ein struktur som fungerer godt, og at dei er viktige arenaer for støtte, utvikling og leiarskap.

Samla vurdering:

Utviklinga går i riktig retning. Nettverka er godt etablerte, blir brukt aktivt og gir leiarane støtte i eit krevjande fagfelt. Statsforvaltaren vurderer at dette styrkar leiing, kvalitet og samhandling i barnevernstenestene, sjølv om effekten av eksterne opplæringsprogram er mindre kjent for oss.

#### Forvalte stimuleringsmidlar, læringsnettverk, dialogmøte og øvrige kompetansetiltak

Læringsnettverka blir drivne av dei to leiarnettverka. Dei har gjennom året arbeidd med både felles prosjekt på tvers av nettverka og eigne prosjekt internt i kvart læringsnettverk.

Tre tenester har delteke i tenestestøtteprogrammet, og ei teneste har starta opp med rettleiingsteam denne hausten. Vi har delteke på relevante samlingar og oppstartsmøte, noko som gir oss innsikt i korleis tenestene arbeider med kvalitetsutvikling.

Tenestene gir tilbakemelding om at dei ulike tiltaka i kompetansesatsinga opplevast som nyttige i deira arbeid med kvalitetsutvikling. Dei bidreg til å styrke både praksis, struktur og leiing i tenestene. Vi vurderer det som positivt at kompetansesatsinga består av fleire ulike og tilpassa verkemiddel, som gjer at kommunane kan nytte dei tiltaka som best møter behova i eigen teneste og dermed få størst mogleg effekt av utviklingsarbeidet.

I løpet av året har vi gjennomført eit oppfølgjande dialogmøte og eit ordinært dialogmøte. Kommunane blir valde ut på bakgrunn av ei risikovurdering. Vårt inntrykk er at desse møta er viktige både for kommunen og for oss. Kommunen får rettleiing og oppfølging innan tema som er særleg relevante for dei, og både politisk og administrativ leiing er tett på. For oss gir dialogmøta verdifull innsikt i korleis barnevernstenesta er organisert og fungerer, og korleis kommunen sine tenester samarbeider rundt utsette barn og familiar.

#### Rekruttere fosterheim i familie og nettverk

Vi har hatt ei aktiv rolle som pådrivar og samordnar på fosterheimsområdet. I 2025 har arbeidet i hovudsak omhandla rekruttering i slekt og nettverk.

Vi initierer og deltar på fire faste møte med Bufetat og dei kommunale tenestene om fosterheimsarbeidet. I tillegg har vi deltatt på ei fosterheimskonferanse for tenestene i barnevernleiarnettverka, der vi òg heldt innlegg.

For å få betre oversikt over situasjonen i kommunane har vi, saman med dei andre embeta i region nord, sendt ut eit kartleggings skjema om

fosterheimsarbeidet og kommunane sitt behov for bistand. Dette er kunnskap vi vil ta med vidare inn i oppfølginga med fosterheimsarbeidet.

Mange av barnevernstenestene er i gang med å implementere «omsorgspakka» som ein meir systematisk modell for oppfølging av barnet, foreldra og fosterheimen. Målet er å styrkje kvaliteten i oppfølginga, sikre meir lik praksis mellom kommunane og redusere risikoen for utilsikta flyttingar. Vi støttar dette arbeidet, og vurderer at det framleis er behov for å ytterlegare systematisere innsatsen for å oppnå ønska effekt.

### 3.1.2 Statlig virksamhet er godt samordnet på regionalt nivå

#### 3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge

##### Kort, overordna vurdering av måloppnåinga

Ut frå dei samla resultatata på områda psykisk helse, barnevern, skule -og barnehage, integrering, vurderer Statsforvaltaren at kommunane er nærare delmålet om meir samanhengande, tilgjengelege og koordinerte tenester for barn og unge. Lågterskel psykiske helsetenester er styrkte i dei fleste kommunane, fleire kommunar har etablert tverrfaglege strukturar, og samarbeidet mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenesta er betre enn tidlegare. Implementeringa av rettleiaren for psykiske helsetenester har bidrege til meir førebyggjande arbeid og betre samarbeid på tvers av sektorar. Dialogbaserte inntaksmøte er evaluerte positivt og gir raskare rett hjelp, og kommunane uttrykkjer at dette er viktig. Utviklinga går i riktig retning, men framgangen er ujamn og prega av store skilnader i kapasitet, organisering og kompetanse.

I eit fleirårsperspektiv ser vi ei tydeleg positiv utvikling. Kommunane har fått betre forståing av behovet for tidleg innsats, heilskaplege tenesteforløp og systematisk samarbeid på tvers av sektorar. Samstundes er samordning framleis krevjande, særleg i konkrete saker der ressursmangel og fragmenterte fagmiljø gjer samarbeidet sårbart. Føresette opplever framleis svikt i samhandlinga på fleire fagområde, og både barnevern, skule-og barnehagemiljø og integreringsfeltet viser behov for meir koordinert innsats.

Statsforvaltaren sin innsats på ulike fagområde har vore ein viktig medverkande faktor til framdrifta. Rettleiing, nettverksarbeid, kompetanseheving og tett dialog med kommunane har bidrege til betre forståing av regelverk, styrkt tverrfagleg samarbeid og meir målretta utviklingsarbeid. Samstundes er lokal leiing, økonomi og rekruttering avgjerande for kor raskt kommunane kjem vidare. Samla sett vurderer vi at utviklinga går i riktig retning, og at Statsforvaltaren har hatt ein tydeleg, men delt, effekt på måloppnåinga.

##### Godt og samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge og deres familier (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)

###### Rapportere på

Kvalitetssikret, kunnskapsbasert og samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge og deres familier

##### Sjå punkt 3.1.2.1 over.

Når det gjeld **psykisk helse barn og unge** vil vi legge til at det i Møre og Romsdal berre er etablert eit FACT - ung team. Den største utfordringa i dette arbeidet er manglande kapasitet i spesialisthelsetenesta, særleg innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og barne- og ungdomspsykiatrien (BUP).

Dialogbaserte inntaksmøte for brukarar der det har vore uvisse om kva som er rett teneste, er no tekne i bruk. Dette har vore prøvt ut i delar fylket og skal implementerast i alle kommunane i fylket.

**På integreringsfeltet** vurderer Statsforvaltaren at kommunane jamt over prøver å vareta barns behov når det vert tilbydd integreringsprogram. Kommunane oppmodar til at barna skal gå i barnehage og SFO slik at dei kan integrerast med andre barn og lære seg språket. Flyktningsstenestene oppmodar også foreldrene til å snakke mest mogleg norsk heime. I introduksjonsprogrammet er det eit lovfesta krav om at alle familiar med barn under 18 år skal ha foreldrerettleiing og vi opplever at dette blir følgd opp i kommunane.

Statsforvaltaren vurderer at kommunane jamt over ønsker meir tverrfagleg samarbeid med andre tenester, særleg knytt barn med samansette behov. Oppfølginga av barn på integreringsfeltet kan bli endå betre frå kommunane si side.

##### Tilsynsarbeid i sammenheng

Statsforvaltaren har vore gjennom ei omorganisering mellom anna for å sikre betre samhandling. Med grunnlag i manglande ressursar er det krevjande å få til i praksis, men vi har i 2025 hatt stort fokus på samhandling når det gjeld enkeltsaker. Det blir meir og meir saker som krev samhandling på tvers. Når det gjeld tilsyn på systemnivå er det ulik tilnærming til tilsyn frå mellom anna Helsetilsynet og Udir som gjer dette meir krevjande.

### 3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Det har blitt arrangert to møter i tilsynsforum i fylket der eksterne tilsynsetatar og kommunen sin eigenkontroll deltar. I tillegg har vi arrangert eit separat møte med eigenkontrollen i kommunen - kommunerevisjonen og kontrollutvalssekretærene. Dette har den effekten at dei ulike kontroll- og tilsynsmiljøa får kjennskap til kvarandre si verksemd og kan ta omsyn til dette når dei planlegg tilsyn med kommunane. Internt på embetet er det jamnleg møte i tilsynsgruppa der ein sikrar at statsforvaltaren sine tilsyn er godt samordna, mellom anna med planlegging av fellestilsyn.

#### Samfunnstryggleik og beredskap:

Våre tilsyn har fokus på å bidra til læring og forbedring. Vi har rettleiing som ein sentral del av tilsynet. Vi ser i samband med tilsyn at arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap får auka fokus i kommunen. Vi har ikkje berre fokus på å avdekke avvik, men òg på å løfte frem det som er bra, og der det er forbedringspotensiale. Tilsyn er jamleg tematikk på våre fagsamlingar med kommunane, der vi legg tilrette for erfaringsdeling på tvers.

Erfaringsdeling er et godt verkty for forbedring og læring, og det bygger nettverk mellom fagressursane i kommunane.

#### Tilsyn barn og unge

Statsforvaltaren sitt tilsyn følgjer i stor grad den sektorvise inndelinga av offentlege tenester, med eigne tilsyn for helse, utdanning og barnevern. Dei siste året har vi arbeidd for at tilsyn med velferds- og utdanningstenester i større grad blir gjennomførte i lag og i tett samspel med dei relevante fagområda. Det har òg vore saker der alvorlege hendingar og komplekse, samansette klager har blitt handsama tverrfagleg. I tillegg arbeider vi koordinert og samordna overfor kommunane med sikte på å styrkje det samla tilbodet til utsette barn og unge.

Sett i eit fleirårsperspektiv vurderer vi at utviklinga vil vise tendens til å gå i riktig retning. Vi forventar at kommunane kjem til å vise større samarbeid internt og med andre når tilsynspraksisen i aukande grad blir prega av tverrfaglege vurderingar. Samstundes er det framleis eit klart behov for kontinuerleg merksemd på både samhandling og individuell vurdering i saker som gjeld rettstryggleiken til sårbare grupper.

Statsforvaltaren sin innsats, særleg gjennom dialog med leiing og samordna tilsynsaktivitetar ser ut til å påveke samarbeidsstrukturane mellom fagområda og bidra til meir samanhengande og heilskapleg forvaltning av tenester retta mot barn og unge - sjøl om det gar sakte.

#### Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor. (fra kapittel 3.2.1.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor.

Vi samordnar tilsyna våre og nyttar tilsynskalenderen, samt kommunane si oversikt over politiske møter. Vi har fleire møte i tilsynsforum der vi samordnar tilsyna med andre statlege tilsyn og kommunane sin eigenkontroll. Dette gjer at den samla belastninga med tilsyn for den enkelte kommune ikkje blir for stor. Tilsyna våre er lærande og dialogbasert og gjev kommunane nyttig kompetanse på dei ulike områda.

For barnevern har eigenvurderingstilsyn vore det aktuelle tilsynsformatet i 2025. Deltaking er frivillig og vi har vore i dialog med enkelte av tenestene om det er riktig for dei å delta i dette tilsynet no.

Det har vore få oppsøkande tilsyn som gjeld helse- og omsorgstenester. Dette har medført at belastninga for den enkelte kommunen har vore liten.

#### Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen. (fra kapittel 3.2.1.2.2 i TB)

##### Rapportere på

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen.

Ved tilsyn med **kommunal beredskapsplikt** har vi fokus på å ha ei rettleiande rolle overfor kommunen både før, under og etter tilsynet. Målet vår er at vi gjennom tilsynet kan bidra til å auke kompetansen og beredskapen i kommunen, samt å auke fokus på kva tiltak som kan vere med på å redusere risiko ved uønskte hendingar. Vi får gode tilbakemeldingar frå kommunane på denne tilnærminga, og ser at ho har god effekt på den vidare dialogen.

Vi ser òg at kommunane vi fører tilsyn med har gode gjennomgangar av eige planverk, og at dei ofte rettar opp manglar og oppdaterer planar som førebuing til tilsynet.

Vi ser òg ved fleire høve at der det er litt lengre sidan førre tilsyn (fleire år), ser vi at arbeidet har stått litt stille. Vi tolkar dette som at det i ein utfordrande ressursituasjon i kommunane, er vanskeleg å prioritere revisjon av analyse og planverk opp mot andre oppgåver. Slik vi vurderer det har jamlege tilsyn difor ein eigenverdi for å bidra til oppdatert analyse og planverk.

### Tilsyn med kommunale velferdstenester og kommunens internkontroll

Statsforvaltaren vurderer at tilpassa tilsynsarbeid bidreg til læring og forbetring i kommunane. Kommunane gir tydelege tilbakemeldingar om at dialogmøte, rettleiing og tilpassa opplæring gir betre forståing av lovkrav og støttar utviklinga av meir robuste arbeidsprosessar. Vi ser at denne arbeidsforma gir betre måloppnåing enn tradisjonell oppfølging, og at kommunane i større grad klarer å rette lovbrøt og styrkje kvaliteten i tenestene.

Eigenvurderingstilsyn vert opplevd meir positivt enn systemrevisjonar og engasjerer fleire. Tilbakemeldingane viser at formatet opplevast som lærerikt og nyttig. Kommunane uttrykkjer òg ønskje om å bruke eigenkontroll på fleire område, noko som tyder på at tilsynsforma fremjar læring og eigarskap til forbetningsarbeidet.

Samla sett vurderer vi at utviklinga går i riktig retning. Kommunane arbeider meir systematisk med læring og forbetring, og Statsforvaltaren si tilnærming med dialog, rettleiing og tilpassa oppfølging har ei positiv effekt på måloppnåinga.

#### 3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

##### Vernskog

Eksisterande vernskoggrenser i fylket blei fastsett i fylkeslandbruksstyret med eit vedtak for kvar kommune på 1990-talet. Vernskogen frå desse vedtaka famnar skog mot kyst og fjell, samt område med naturfare (sikringsskog). Vedtaka famnar alle desse områda.

Statsforvalteren har dei siste åra arbeidd med å fastsette vernskogforskrifter for heile fylket. Dette har vist seg å vere vanskeleg. Vi ventar på eit kart som synleggjer naturfare (sikringsskog). Dette vil vere den vernskogen som er mest krevjande å forvalte. Siste året er det arbeidd med eit forslag til forskrift om vernskog mot kyst. Dette stoppa opp sidan eksisterande vernskogvedtak inkluderer både fjell, kyst og naturfare. Det fører til at ein ikkje kan oppheve eksisterande vedtak, og fastsette eiga forskrift for delar av dette arealet. Statsforvalteren har hatt god dialog med Landbruksdirektoratet og jobba med mål om ferdigstilling av arbeidet i 2025, men avventar no svar frå direktoratet om visning av grenser og beste løysing på situasjonen som nemnt over.

Statsforvaltaren opplever auka merksemd kring skogsdrift i naturfareareal registrert i gjeldande vernskog. Det har i fleire høve ført til krav om utgreiing frå geolog. Generelt er det lite kompetanse kring dette, og kommunane fryktar ansvar og konsekvensar. Statsforvalteren er difor usikker på effekt av arbeidet. I Sunndal er det sett i gang eit større prosjekt etter stormen Amy. Det er eit samarbeid mellom kommunen, SF, skogeigar og skred- og flaumkompetanse, som kan gi fleire kommunar praktiske eksempel på konkrete utfordringar. Statsforvaltaren meiner konkrete eksempel og gjennomførte løysingar, med tilhøyrande vurderingar og tiltak, kan bidra til betre innsikt.

##### Klimaplanar i kommunane

Forventningane i SPR blir i hovudsak formidla i høyring av planstrategiane, og 2025 var eit mellomår i så måte. For enkeltkommunar er rullering av samfunnsplanar ein viktig arena for oss. I 2025 har deltaking i Møre og Romsdal fylkeskommune sitt prosjekt med klima i arealplanlegging vore høgt prioritert, der vi tilbyr kommunane kart over karbonrike areal og klimagasskalkulator. Møre og Romsdal er først med fylkesdekkande kart over karbonrike areal. Deltakinga frå kommunane har vore god, og tilbodet vil på sikt gi eit vesentleg betre grunnlag for å klarlegge klimaeffekt av arealbruk.

Få eller ingen kommuner klarer å følge opp mål og tiltak knytt til utsleppsreduksjonar som planlagt i klima- og energiplanar. Dette kan skyldast for høge ambisjonar, uklar ansvarfordeling og at det ikkje blir etterspurt av politikarane. Ein del kommuner er i gong med å få betre system for å følge opp mål og tiltak i planer, og klimabudsjett med mål og tiltak er del av samfunnsplanlegginga.

Ressursmangel har gitt SFMR redusert kapasitet til klimaarbeid og særleg nettverksoppgåver i 2025, og dette vil halde fram i 2026.

##### Klimatilpassing i kommunane

Omsynet til klimatilpassing i kommunane vert i hovudsak følgd opp gjennom vår sakshandsaming og i høyringssvara våre til kommunale planar etter plan- og bygningslova (PBL).

I tillegg delar vi relevant faginformatjon med kommunane, mellom anna oppdateringar knytte til klimaprofilen for Møre og Romsdal og liknande. Behovet for tilpassing til eit klima i endring er eit tema i tilsynet vårt med kommunane si oppfølging av den kommunale beredskapsplikta.

##### Nedbygging av natur

Det er auka forståing for at det er negativt å bygge ned natur, og i nokon grad påverkar det arealpolitikken i kommunane. Reelle diskusjonar kring planvask understrekar at temaet er på dagsorden.

Det er likevel slik at ønskje om vekst (eller redusert nedgang), spesielt i distriktskommunane, ofte fører til nedbygging av natur.

##### Kommunale klima- og energiplanar klimatilpassing og klimagassreduksjon (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)

**Rapportere på**

Kommunene er i gang med klimaomstilling, har redusert utslippene, og ivaretar klimatilpassning i planleggingen etter plan- og bygningsloven

Vi informerer om statlege forventingar til klimatilpassingsarbeidet i planar etter plan- og bygningslova. Frå planstrategiarbeidet til detaljreguleringar. Effekter av klimaendringar skal inkluderas i ROS-analysar etter pbl. ROSanalysen skal sikre kommunen eit godt kunnskapsgrunnlag for å gjere gode vurderingar knytt til arealbruken. Vi informerer aktivt i plansaker om Klimaprofil Møre og Romsdal som eit kunnskapsgrunnlag til arbeidet med ROS-analysar.

Tilsvarande informerer vi om Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, og rettleiar Miljødirektoratet har laga for denne. I år har vi hatt eit ekstra fokus på DSB sin oppdaterte rettleiar "Havnivåstiging og høge vasstandar". I dialog med kommunane legg vi vekt på at det å ta vare på natur også er eit førebyggjande element i klimatilpassingsarbeidet.

**3.1.2.4 Beredskap i en utfordrende sikkerhetspolitisk situasjon**

Den endra tryggingpolitiske situasjonen har gjort at Statsforvalteren har auka fokuset på totalforsvaret, og har tett samarbeid med Forsvaret og politiet. Statsforvaltar, sjef HV11 og Politimeister i Møre og Romsdal møtast jamleg, der den tryggingpolitiske situasjonen er tema.

Den tryggingpolitiske situasjonen og aktuelle tiltak regionalt og lokalt har i tillegg vore tema på sivil-militært kontaktmøte, på fleire møte i fylkesberedskapsrådet, samt på ulike møte med kommunane om samfunnstryggleik og beredskap.

Den tryggingpolitiske situasjonen er utgangspunktet for oppdatering av gradert fylkesROS med bakgrunn i dei sju forventingane til NATO. Den var òg bakgrunnen for øvinga av kommunal kriseleing der temaet i år var sabotasje av kritisk infrastruktur som førte til langvarig utfall av straum og straumrasjonering i fylket.

I 2025 har statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i samarbeid med HV-11 og politiet, gjennomført to lokale totalberedskapskurs over fem dagar. Det er avsett 30 plassar til toppleiarar i offentlig og privat sektor. Dette som eit heilt konkret tiltak for å få løfte beredskap høgare på dagsorden pga den endra tryggingpolitiske situasjonen. Vi planlegg å fortsette med dette kurset i 2026.

**Revisjon av underliggende planer (fra kapittel 3.2.1.4.1.1 i TB)****Rapportere på**

Forberedt på revisjon av underliggende planer til Nasjonalt beredskapssystem (NBS)

Vi deltek i samarbeid på tvers av alle embeta med revisjon av underliggende planverk til SBS (sivilt beredskapssystem).

Analysane frå FylkesROS og funn frå desse ligg til grunn for arbeidet med beredskap og nyttast i arbeidet med revisjon av underliggende planverk til SBS.

**Beredskapsplanlegging (fra kapittel 3.2.1.4.1.2 i TB)****Rapportere på**

Beredskapsplaner er øvet og oppdatert

Statsforvaltaren sitt planverk for eigen beredskap og samordningsansvar er oppdatert og vert lagt til grunn for det sivil-militære samarbeidet.

Totalforsvaret er jamleg, helt eller delvis, tematikk i møte med FBR. Det kjem til å fortsatt vere viktig tema hos FBR framover.

Vi har øvd kommunane på hendingar/utfordringar som kan oppstå i eit øvre krisespekter. Mange av kommunane har gjort funn i samband med evalueringa som dei planlegg å følge opp. Betre og meir robuste planar hos kommunane i fylket vil betre totalforsvaret regionalt.

**Sivil-militært samarbeid regionalt (fra kapittel 3.2.1.4.1.3 i TB)****Rapportere på**

Styrket sivil-militært samarbeid regionalt

Statsforvaltaren har tett samarbeid med HV11 og Politimesteren i Møre og Romsdal.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal laga eit regionalt vertslandsstøttekonsept saman med Statsforvaltaren i Trøndelag. Arbeidet vart gjort i tett samvirke med regionale aktørar i totalforsvaret (ferdigstilt i 2019).

Representantar frå HV11, Politiet, Sivilforsvaret og Helseføretaket vert invitert i vår fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar. Samlinga legg til rette for informasjonsdeling, kjennskap til kvarandre, kunnskapsauke og nettverksbygging.

Vi oppmodar til at representantar frå HV11 og Sivilforsvaret vert inkludert i kommunale beredskapsråd.

### Oversikt over sårbarheter i tilknytning til ressurs- og forsyningssituasjonenn. (fra kapittel 3.2.1.4.1.4 i TB)

#### Rapportere på

Tilrettelegge for regionalt samarbeid for å ha oversikt over sårbarheter i tilknytning til ressurs- og forsyningssituasjonen.

Vi har hatt auka fokus på ressurs- og forsyningssituasjonen saman med medlemne i Fylkesberedskapsrådet.

Vi har i 2025, saman med landbruksseksjonen, ferdigstilt eit arbeid med å kartlegge matforsyningstryggleiken i fylket som ein del av kunnskapsgrunnlaget i FylkesROS.

Matforsyning og drivstofforsyning i fylket er tema i gradert FylkesROS med utgangspunkt i dei sju forventingane til NATO.

Verdikjeder innan legemiddelforsyning var tema i fagsamlinga for kommunale beredskapsmedarbeidarar.

Eit element i øvinga for kommunale kriseleiing var tilgang til drivstoff til aggregat ved langvarig straumbortfall/-rasjonerings.

### 3.1.2.5 Andre oppdrag

3.2.1.5.1: SFMR har i 2025 delteke med fleire representantar inn i Helse- og omsorgsdepartementet sine utvalg for sivil-militært helsesamarbeid, mellom anna i utvalg for digital sikkerhet og beredskap (representert frå beredskap og med fylkeslege).

3.2.1.5.4: Vi har tett dialog med KDS i fylket og delteke i KBO-møtet hausten 2025 der vi òg haldd innlegg om erfaringar etter øvinga med kommunane der tema var langvarig straumbortfall/rasjonerings. Vi starta arbeidet med å kvalitetssikre rasjoneringslistene til nettselskapa, men framgangsmåten viste seg å vere lite føremålstenleg. Vi må derfor sjå på dette på nytt i år

### 3.1.3 Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte

#### 3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling

**Forureining:** I 2025 fikk vi til ein vesentlig økning i antall gjennomførte tilsyn. Seksjonen har nå to tilsette som har som hovedoppgave å gjennomføre tilsyn, men det er også fleire i seksjonen som gjennomfører tilsyn og har lang erfaring og god kompetanse. Vi prioriterer å gjennomføre fleire tilsyn innanfor samme bransje og kaller dette lokale aksjoner. Det gjer at vi får god erfaring med utfordringer i bransjene som auker vår kompetanse. I hovudsak blir det gjennomført uvarsla tilsyn som vi meiner er riktig framgangsmåte. Vi ser også at dette gir ein auka effekt med at tilsyn blir kjent i bransjen blant annet gjennom oppslag i media. Opplæring og veiledning frå Miljødirektoratet er høgt prioritert.

**Landbruk:** Vi tok ut 9 kommunar til forvaltningskontroll i 2025 (33%). Grunna betydelege avvik i forvaltningskontrollen i 2024 hos 3 kommunar vart dei tekne ut igjen i 2025. Desse kommunane fekk betre resultat på forvaltningskontrollen i 2025, slik ser vi at kontrollane gir ein positiv effekt.

Det er varierende med fag- og kontrollkompetanse i kommunane. Vi ser at fagleg oppfølging, webinar og ein læringsbasert forvaltningskontroll har effekt. Likevel treng mange sakshandsamarar mykje rettleiing enkeltvis og vi brukar mykje tid på tett oppfølging via samtalar og eigne opplærings tiltak for nyttilsette. Ein del kommunar manglar kapasitet og kompetanse i landbruksforvaltninga.

Statsforvaltaren vurderer at utviklinga går i riktig retning når det gjeld høg kvalitet i rettleiing, kontroll, tilsyn og saksbehandling både det gjeld **helse, omsorg, sosial og utdanning**. Kommunane tek i større grad i bruk rettleiing, dialogmøte og eigen vurdering som grunnlag for forbetring, og dette gir betre forståing av lovkrav og meir systematisk arbeid med kvalitet. Vi ser òg at tverrfagleg handsaming av komplekse saker har styrkt tenestene, særleg i saker som gjeld barn og unge.

Sjølvm framgangen varierer mellom kommunane, er ein totalt sett nærare delmålet enn tidlegare. I eit fleirårsperspektiv er trenden positiv, men utviklinga er sårbar i kommunar med avgrensa kapasitet og mangelfulle styringssystem. Jamlege tilsyn og rettleiing bidreg til at planar, analysar og praksis blir haldne oppdatert.

Statsforvaltaren si innsats har hatt ein medverkande effekt, særleg gjennom dialogbasert oppfølging, opplæring og systematisk rettleiing etter lovbrøt. Samstundes er lokal leiing og prioritering avgjerande for kva framdrift kommunane klarer å oppnå. Samla sett vurderer vi at utviklinga peikar i riktig retning og at Statsforvaltaren har bidrege vesentleg til dette.

**Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Vi har ikkje greidd målet om at alle klagesaker blir behandla innan 12 veker. Tvert imot er 89 % av sakene ikkje behandla innan fristen.

Vi har over fleire år rapportert om manglande bemanning som har resultert i lange restanselister og eit stort etterslep i byggesaksbehandlinga.

I 2025 blei seksjonen som behandlar klagesakene fulltalig frå og med midten av august. I tillegg har vi rekruttert nye medarbeidarar. Dette resulterte i at vi i 2025 ferdigstilte flest byggesaksklagesaker sidan 2020.

Ved inngangen av 2026 er restanselista framleis lang og vi kjem ikkje til å klare å behandle mange byggesaksklagesaker innan fristen. Som følgje av den betra situasjonen med tal medarbeidarar, interne arbeidskrav og interne arbeidsprosedyrar, forventar vi å klart redusere restanselista.

**Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 89 %	11 %	146	16

**Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Grunna lange restanselister er oppgåva ikkje prioritert.

**Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	- 100 %	0 %	5	0

**Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

**Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	1	1

**Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Fristbrøt i éi av to saker.

**Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	-50 %	50 %	2	1

**Virksomhetenes tillatelser i tråd med IED (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)****Rapportere på**

Tillatelser til virksomheter omfattet av EUs industriutslippsdirektiv er oppdatert i tråd med skjerpede bransjekrav

I 2025 fekk vi betre kapasitet og framdrift i arbeidet med IED-regelverket. Verksemdene kjenner no krava betre, og fleire saker er i sluttfasen. Arbeidet med IED har tidlegare vore krevjande på grunn av manglande kapasitet og lite kontinuitet. Regelverket er fagleg omfattande og krev tett samhandling med Miljødirektoratet og andre fylke. I 2025 styrkte vi kompetansen gjennom rekruttering av ein medarbeidar som har hovudansvar for IED. Dette har gitt meir stabilitet og betre koordinering.

Effekten av arbeidet kjem særleg til syne for verksemdar omfatta av BREF FDM (Food, Drink, Milk) og SA (Slaughterhouse and Animal By-products). Desse verksemdene kjenner no regelverket betre og forstår at dei er omfatta. Vi har fått ei god oversikt over FDM-verksemdene, gjennomført dei fleste samrådsvurderingane med Miljødirektoratet og kome langt i fleire saker.

Med framdrifta i 2025 vurderer vi det som realistisk å fullføre FDM-sakene i løpet av 2026.

**3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning**

Landbruksseksjonen har arbeidd systematisk med internkontroll gjennom utvikling av rutinar, retningslinjer og delegeringsreglement. Vi har innarbeidd ei læringsbasert tilnærming i forvaltningskontrollane og lagt vekt på å byggje opp variert kompetanse i seksjonen vår.

Vi ser at brei og variert kompetanse bidreg til å løyse komplekse kontrolloppgåver, både generelt og i enkeltstående saker. Systematisk arbeid med internkontroll og rutinar styrker verksemdsstyringa, fremjar betre ressursbruk og sikrar at krav knytt til ordningar og oppgåver blir oppfylte. Gjennom god dialog med kommunane og ein læringsorientert forvaltningskontroll legg vi til rette for betre forvaltning lokalt.

Vi meiner utviklinga i seksjonen går i rett retning, og at dette er eit resultat av den systematiske tilnærminga vi har valt i arbeidet med oppdraget.

**Effektiv internkontroll knyttet til tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)****Rapportere på**

Effektiv internkontroll med tilskuddsforvaltningen på landbruks- og reindriftsområdet

Vi ferdigstilte i 2025 arbeidet med å revidere rutinar, retningslinjer og delegeringsreglement. Det gjenstår framleis arbeid med rutinar for oppfølging av internkontroll og avvikshandtering.

For meir utfyllande kommentarar til dei enkelte ordningane, sjå tabell 311 «Internkontroll for tilskottsforvaltninga».

**Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon**

Betegnelsen på rapporteringskrav	Svar
Er kontroll av foretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldirs rundskriv?	Ja
Antall foretak der det er innhentet opplysninger utover det som er tilgjengelig i egne systemer	2
Antall foretak som er fulgt opp etter kontroller i tidligere år	3
Antall foretak hvor det er gjennomført stedlig kontroll	0
Antall foretak som er kontrollert pga. mistanke om driftsfelleskap	0
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning på grunn av overproduksjon	2
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning pga. driftsfelleskap	0
Antall foretak som er kontrollert, og hvor vedtak om standardisert erstatning er under arbeid	0
Beløp standardisert erstatning sendt til Ldir for innkreving	381 650

*Vi jobbar med rutinar og risikovurdering for mengdekontroll av eggproduksjon. Vi har tett oppfølging av 2 føretak som har hatt overproduksjon på svin over fleire år. Vi ser at den tette oppfølginga med møter kan ha effekt. Begge føretak følges vidare i 2026. Vi jobbar for en tett og god kommunikasjon med og oppfølging av næringen.*

**Kontroll av foretak - tidligpensjonsordningen**

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Kontrollert som følge av mistanke om avvik	0
Saker funnet i orden	0
Saker med feil	0
Beskrivelse av feilene	

Ingen foretak kontrollert for mistanke om avvik.

**Internkontroll for tilskuddsforvaltningen**

Ordning	Etablert internkontroll	Risikobasert kontroll	Resultat av kontroll tiltak
Tilskudd til tidligpensjon	Ja	Ja	Kontrollert skatteopplysninger i saker som er teken ut til risikobasert kontroll. I 2025 var det ikkje funne feil.
Tilskudd til landbruksvikarvirksomhet	Ja	Ja	Det er ikkje bede om meir dokumentasjon enn det som kommunane oppgjer i rapporten til statsforvalteren.
Tilskudd til veterinærreiser	Ja	Ja	Risikovurdering etter rapporter på Ldir sine nettsider samt infrastruktur i fylket. Vi har vurdert betalingsfrie ferjer, vegstrekingar med bomavgift, søknadsbeløp og utgangs – og endepunkt som høg risiko. Gjennomførte risikobaserte kontroller i 2025, basert på vår risikovurdering, visar ikkje funn som resulterte i avslag på søknad om tilskot. Vi fatta avslag på bakgrunn av maskinelle kontrollar, som overskriden søknadstid.
Stimuleringsstilskudd til veterinærdekning	Ja	Ja	Det er ikkje bede om meir dokumentasjon enn det som kommunane oppgjer i rapporten til statsforvalteren.
Tilskudd til fylkesvise prosjekter innen klima- og miljøprogrammet	Ja	Ja	Innvilga 3 søknader i 2025. Som kontrollpunkt har vi vurdert budsjetterte kostnader mot omfang av utførte kurs, samt om nytta tid og tid til førebuing av planlagde kurs stemmer.
Erstatning etter offentlige pålegg	Ja	Ja	2 saker i 2025 som gjaldt nedslakting av geit. Kontroll av avrekning mot slakteri, kadaverhenting og vedtak frå Mattilsynet.
Tilskudd ved produksjonssvikt	Ja	Ja	Utfordringar med dei skjønsmessige vurderingane knytt til søknader som gjeld grovfor med husdyr. Ein søknad som fekk avslag i 2025 grunna manglande dokumentasjon. Fleire søknader som gjaldt salsproduksjonar som fekk medhald grunna tilstrekkeleg dokumentasjon.
Kompensasjon for riving og opprydding av pelsdyrhus	Ja	Ja	Søknader der søkjar nyttar entreprenør har betre dokumentasjon. Der dokumentasjonen gjeld eige arbeid kontrollerast totalsum. Sakshandsamar tel opp timane og sjekkar om dei stemmar med totalsum. Vi har korrigert totalsum der sakshandsamar har funne feil.
Fylkesvise rentemidler fra skogfond	Ja	Ja	Alle søknadar som ikkje kvalifisera til bruk av rentemidler i samsvar med regelverket vert avvist.
NMSK, kommuneskog	Ja	Ja	3 saker i 2025. Kommunen legger tilrette for sakshandsaming og statsforvalteren kontrollerer og ferdigstiller. Kontroll ihht. rutine.
Tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer	Ja	Ja	Ei rammetildeling i 2025. Kontrolltiltak ihht. etablert rutine.
Tilskudd til siidaandeler og reinlag	Ikke aktuell	Nei	
Tilskudd til reinbeitedistrikter og reinlag	Ikke aktuell	Nei	
Andre ordninger			

**Internkontroll som ivaretar kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)****Rapportere på**

Effektiv internkontroll som ivaretar kontroll med at kommunenes tilskuddsforvaltning på landbruksområdet utføres på en forsvarlig måte og i henhold til etablert internkontroll. Forvaltningskontroll skal gjennomføres i minst 20 prosent av kommunene.

Vi nyttar ei læringsbasert tilnærming med tett oppfølging og dialog med sakshandsamarane i kommunane som vi tek ut i forvaltningskontroll. Tilbakemelding frå kommunane er at dei synest denne forma for forvaltningskontroll er god, dei lærer mykje og dei få auka kompetanse til å utføre oppdraga sine. Dersom vi finn betydelege avvik i forvaltninga hos ein kommune, vel vi å følgje opp sakshandsamarane tett i etterkant av kontrollen og eventuelt ta kommunen ut i ny forvaltningskontroll påfølgjande år.

Vi tok ut 9 kommunar til forvaltningskontroll i 2025 (33%). Grunna betydelege avvik i forvaltningskontrollen i 2024 hos 3 kommunar vart dei tekne ut igjen i 2025. Desse kommunane fekk betre resultat på forvaltningskontrollen i 2025.

Det er varierende med fag- og kontrollkompetanse i kommunane. Vi ser at fagleg oppfølging, webinar og ein læringsbasert forvaltningskontroll har effekt. Likevel treng mange sakshandsamarar mykje rettleiing enkeltvis og vi brukar mykje tid på tett oppfølging via samtalar og eigne opplæringstiltak for nyttilsette.

Enkelte kommunar slit med rekruttering og nokre kommunar vel å nytte tilsette på andre område i kommunen til å forvalte landbruksoppdraget.

Vi bidreg til kommunane sitt arbeid med internkontroll, men ser at arbeidet med internkontroll i kommunane er krevjande. Trass i dette ser vi gjennom forvaltningskontrollen i 2025 at fleire kommunar har laga rutinar for enkelte ordningar og ser nytten av det.

I forvaltningskontrollen for 2025 hadde ingen kommunar utarbeidd rutinar for ordninga med produksjons- og avløysartilskot.

**Kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning**

Kommune	Omfang	Resultat	Oppfølging kontrollene
Hustadvika (Averøy og Aukra)	Produksjonstilskot, Regionalt miljøtilskot i jordbruket, Tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel mm. og Nærings- og miljøtilskot i skogbruket	Kommunen har veldig god forvaltning av ordninga produksjonstilskot (PT). Kommunen har satt seg godt inn i regelverket, har gode grunngevingar i vedtak der det er gjennomført avkorting og der kommunen har valt å ikkje avkorte. Det er gode registreringar i fagsystemet og varsel om stadleg kontroll. Kommunen gjennomfører risikobaserte kontroll heilt i tråd med forvaltningslova og tilskotsregelverket. Kommunen har god forvaltning av ordninga regionalt miljøtilskot i jordbruket. Kommunen har mange saker i ordninga sjukdomsavløsning. Kommunen har god kjennskap til ordninga, sakshandsamar i tråd med regelverket og har laga gode rutinar. Kommunen har og god forvaltning av ordninga nærings- og miljøtilskot i skogbruket.	Ingen oppfølging. Kommunen sine varsel og vedtak vert nytta som eksempel til andre kommunar. Sakshandsamarane i kommunen stiller opp og deltek i samlingar som statsforvaltaren arrangerer og delar av sine erfaringar og sin kompetanse til andre kommunar.
Averøy	Nærings- og miljøtilskot i skogbruket	Averøy kommune har eigen forvaltning av ordninga nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK). Kommunen har god forvaltning av ordninga og gjennomfører risikobasert kontroll i tråd med tilskotsregelverket. Kommunen jobbar godt med kravet som er sett til kommunane om å følgje opp foryngingsplikta.	Ingen oppfølging. Sakshandsamarane i kommunen stiller opp og deltek i samlingar som statsforvaltaren arrangerer og delar av sine erfaringar og sin kompetanse til andre kommunar om arbeidet med å følgje opp foryngingsplikta.
Aure	Produksjonstilskot, Regionalt miljøtilskot i jordbruket, Tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel mm. og Nærings- og miljøtilskot i skogbruket	Kommunen hadde ikkje teke ut tilstrekkeleg med føretak til risikobasert kontroll for ordninga produksjonstilskot (PT) og regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP). Elles god gjennomføring av risikobasert kontroll for ordningane. Kommunen har behov for meir rettleiing i ordninga avløsning ved sjukdom. Sakshandsamar i kommunen uttrykte gjennom kontrollen at han hadde fått betre kjennskap til ordninga gjennom forvaltningskontrollen. Det gjennomførast gjennom tett dialog med sakshandsamar for ordninga hos statsforvaltaren. God forvaltning av ordninga nærings- og miljøtilskot i skogbruket, men det er svakheiter i kontrollrutinar og registrering/dokumentasjon i fagsystemet ØKS.	Oppfølging gjennom fortløpande dialog og rettleiing der statsforvaltaren fant svakheiter i forvaltninga.
Stranda	Produksjonstilskot, Regionalt miljøtilskot i jordbruket og Tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel mm.	Kommunen hadde ikkje teke ut tilstrekkeleg med føretak til risikobasert kontroll for ordninga produksjonstilskot (PT). Kommunen har god forvaltning av ordninga men må forbetre rutineane for risikobasert kontroll. Kommunen må betre rutineane for risikobasert kontroll også for ordninga regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP) og registrere føretak som er tatt ut til kontroll i fagsystemet. Kommunen har god forvaltning av ordninga sjukdomsavløsning og har laga gode rutinar.	Oppfølging gjennom fortløpande dialog og rettleiing der statsforvaltaren fant svakheiter i forvaltninga.
Vestnes	Produksjonstilskot, Regionalt miljøtilskot i jordbruket, Tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel mm. og Nærings- og miljøtilskot i skogbruket	Kommunen har god forvaltning av ordninga produksjonstilskot (PT) og regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP). men må oppdatere kontrollplanen og nytte den som eit verktøy gjennom kontrollen. Kommunen har få saker i ordninga sjukdomsavløsning og må betre rutineane for vurdering av inntekter til frådrag. Kommunen har god forvaltning av ordninga nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK), men må utarbeide årleg kontrollplan og samsvare utplukk med risikovurderingane.	Oppfølging gjennom fortløpande dialog og rettleiing der statsforvaltaren fant svakheiter i forvaltninga.
Fjord	Produksjonstilskot, Regionalt miljøtilskot i jordbruket og Tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel mm.	Kommunen jobbar godt med forvaltning av ordninga produksjonstilskot (PT). Kommunen må betre rutineane for risikobasert kontroll og dokumentere betre føretak utplukka til kontroll i ordninga regionalt miljøtilskot i jordbruket. Kommunen jobbar med forvaltning av ordninga sjukdomsavløsning og må betre rutineane for innhenting av dokumentasjon frå NAV og kontroll av dokumentasjon i sakane.	Forvaltningskontroll i 2025 er ein oppfølging av funn av avvik då kommunen var teken ut i forvaltningskontroll i 2024. Statsforvaltaren hadde oppfølging av sakshandsamar hausten 2024 (gjennomgang av regelverk, fagsystem og rutinar) og kommunen vart teken ut til ny forvaltningskontroll i 2025. Oppfølging gjennom fortløpande dialog og rettleiing der statsforvaltaren fant svakheiter i forvaltninga.
Gjemnes (Kristiansund)	Produksjonstilskot, Regionalt miljøtilskot i jordbruket, Tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel mm. og Nærings- og miljøtilskot i skogbruket	Kommunen har veldig god forvaltning av ordninga produksjonstilskot (PT). Kommunen har satt seg godt inn i regelverket, har gode grunngevingar i vedtak der det er gjennomført avkorting og der kommunen har valt å ikkje avkorte. Det er gode registreringar i fagsystemet og varsel om stadleg kontroll. Kommunen gjennomfører risikobaserte kontroll heilt i tråd med forvaltningslova og tilskotsregelverket. Kommunen har god forvaltning av ordninga regionalt miljøtilskot i jordbruket. Kommunen har mange saker i ordninga sjukdomsavløsning og sakshandsamar som har hatt ansvar for ordninga over tid. Kommunen har god kjennskap til ordninga, sakshandsamar i tråd med regelverket og har laga gode rutinar. Kommunen har og god forvaltning av ordninga nærings- og miljøtilskot i skogbruket.	Forvaltningskontroll i 2025 er ein oppfølging av funn av avvik då kommunen var teken ut i forvaltningskontroll i 2024. Gjemnes fekk ny sakshandsamar sommaren 2024. Statsforvaltaren hadde oppfølging av sakshandsamar hausten 2024 (gjennomgang av regelverk, fagsystem og rutinar) og kommunen vart teken ut til ny forvaltningskontroll i 2025. Ingen oppfølging naudsynt etter forvaltningskontroll i 2025. Avvik frå forvaltningskontroll i 2024 vart retta gjennom tett dialog mellom statsforvaltaren og kommunen i 2024 og 2025. Kommunen sine varsel og vedtak vert nytta som eksempel til andre kommunar. Sakshandsamarane i kommunen stiller opp og deltek i samlingar som statsforvaltaren arrangerer og delar av sine erfaringar og sin kompetanse til andre kommunar.

Statsforvaltaren har merka seg at kommunane syns ordninga sjukdomsavløsning er vanskeleg. Dette grunna vanskeleg regelverk og at nokre kommunar har svært få saker som resulterer i sporadisk sakshandsaming. Vi har i 2025 har særleg fokus på ordninga og ser at kommunane har behov for særleg tett oppfølging frå sakshandsamar hos statsforvaltaren og gode webinar med gjennomgang av regelverk og rutinar. Vi jobbar tett med kommunane om rutinar og interkontroll. I 2025 var det overraskande mange kommunar som hadde jobba med rutinar for ordninga sjukdomsavløsning. Vi tenkje at det har samanheng med at kommunane både finn ordninga vanskeleg og at gode rutinar gjer det enklare for kommunar som har få og sporadisk sakshandsaming. Framleis ser vi har kommunane treng rettleiing frå oss i arbeidet med interkontroll.

**Forvaltningskontroller av kommunene, 20%**

Resultatmål	Differanse (resultatmål - resultat)	Resultat	Antall gjennomførte forvaltningskontroller	Antall kommuner i embetets ansvarsområde
20 %	13	33 %	9	27

**Internkontroll; informasjonssikkerheten i fagsystemene (fra kapittel 3.3.1.2.1.3 i TB)**

**Rapportere på**

Effektiv internkontroll som sikrer at kun brukere med tjenstlige behov hos kommunene og statsforvalteren har nødvendige tilganger til fagsystemene som Landbruksdirektoratet stiller til rådighet.

Det er to medarbeidarar hos oss som har tilgang til brukaradministrasjon. Tilgang til fagsystema (ny brukar) blir gitt etter at vi har fått e-post frå ein person tilknytta landbruksforvaltninga i kommunen. Ny tilgang til eksisterande brukar kan bli gitt basert på telefon. Vi får ei kort orientering om kva oppgåver vedkomande har/skal ha og dermed kva tilganger som trengst. For godkjennarrolle krevst det budsjettdisponeringsfullmakt, dvs. i praksis ei stadfesting frå overordna eller eit delegeringsreglement der det går fram.

I tråd med vår skriftlege rutine gjennomfører vi systematisk kontroll med alle tilganger kvart år. Det blir gjort i januar, i samband med årsrapporteringa. Vi går då gjennom alle brukarar. I år vart tre brukarar fjerna i samband med kontrollen. Det viser både at det er hensiktsmessig med slik kontroll, men òg at det aller meste blir tatt fortløpande gjennom året. Det er ikkje alltid vi får beskjed når ein person har slutta.

Det blir ført logg fortløpande over endringane som blir gjort.

**Kontroll med tilgangene til Ldirs fagsystemer**

Betegnelse på rapporteringskrav	Kortfattet beskrivelse
Hvordan gjennomføres periodisk kontroll/revisjon og hvilke risikovurderinger ligger bak?	Gjennomgang og vurdering av kvar enkelt brukartilgang. Vi har god kjennskap til dei som er tilknytta kommunal landbruksforvaltning og dei som arbeider hos statsforvaltar. Nokre få, særleg godkjennarar, tek vi ein ekstra sjekk på.
Hvor ofte gjennomføres kontrollen?	Arleg gjennomgang, blir utført i midten av januar.
Hvilke avvik er eventuelt avdekket?	Ingen direkte avvik, men i år vart det sletta 3 brukartilganger. Dette gjeld personar som relativt nyleg har slutta.

**Kontroll av "vanlig jordbruksproduksjon" (fra kapittel 3.3.1.2.1.4 i TB)****Rapportere på**

Kommunene har rutiner som sørger for at grunnvilkåret om "vanlig jordbruksproduksjon" er oppfylt når vedtak om produksjons- og avløsertilskudd fattes.

Vanleg jordbruksproduksjon er eit av grunnvilkåra for å kunne motta produksjonstilskot, og er det eine grunnvilkåret som krev eit fagleg skjønn. Derfor blir det litt ulik praktisering. Nokon kommunar er strengare enn andre på vurderinga av dette vilkåret.

Vi har temaet oppe i vår kontakt med kommunane minst eit par gonger kvart år. Det er då lagt vekt på å fylla på med kunnskap om kva vanleg jordbruksproduksjon faktisk inneber, og kva hjelpemiddel (rapportar og andre oppslag) som finst for å gjere kommunane i stand til å fatte riktige vedtak.

Vår erfaring er at manglande oppfylting av vilkåret om vanleg jordbruksproduksjon er mest vanleg i sauehald, der det er stor variasjon både i tal lam per søye og i slaktevekter. Svært ofte heng desse saman. Det har dei siste åra også blitt fleire og fleire føretak som søker om tilskot for ammegeiter. I stor grad er det ingen produksjon av kjøtt, men vi erfarer at kommunane innvilger desse søknadane. Det kan ha samband med at det i regelverket ikkje er konkretisert kva som er kravet for å kunne vere ammegeit.

**Vanlig jordbruksproduksjon**

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Hvilke tiltak har Statsforvalteren iverksatt for å sikre at grunnvilkåret kontrolleres og at rapporter for å risikovurdere grunnvilkåret brukes i kommunene?	Vi har temaet oppe minst eit par gonger i året. Det er fast innslag på våre fysiske fagsamlingar, men vi har også eigne digitale møter om temaet. Formålet er kunnskapsdeling. Det er lagt vekt på å få kommunane til å delta aktivt i denne kunnskapsdelinga. På siste fysiske samling var det gruppearbeid om temaet.
Hvilken effekt har tiltakene overfor kommunene hatt?	Inntrykket er at talet på jordbruksføretak som får tilskot, der vilkåret om vanleg jordbruksproduksjon ikkje er oppfylt, har gått ned ein del over tid. Reduksjonen anslår vi til ca. ein tredel. Det gjeld i all hovudsak føretak med utgangarsau, der problemet med vilkåret har vore størst.

**Oppfølging av saker om dyrevelferd og produksjons- og avløsertilskudd (fra kapittel 3.3.1.2.6.1 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren bidrar til at kommunen har god kompetanse på, og oppfølging av, dyrevelferdssakene som oversendes fra Mattilsynet i tråd med rutinen for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen.

I tråd med avtalen om informasjonsutveksling mellom Mattilsynet og landbruksforvaltninga, sender Mattilsynet kopi av sine vedtak som er av slik alvorgrad, til både kommune og statsforvaltar. Det har vanlegvis vore nokså få slike (4-5) i løpet av eit år, men i 2025 var det dobbelt så mange. Desse har vore under oppfølging ei stund, så det kan sjå ut til at det i større grad er valt å ikkje gi ny sjanse i år etter år.

Temaet dyrehelse er kvart år oppe på den årlege fysiske fagsamlinga. Der er også Mattilsynet til stades. I tillegg har statsforvaltaren eit årleg møte med Mattilsynet, der temaet informasjonsutveksling og produksjonstilskot blir tatt opp.

Kommunane blir i enkeltsaker fulgt opp enten ved å sjå etter i fagsystemet eStil PT om vedtaket frå Mattilsynet er tatt omsyn til, eller ved telefonisk kontakt. I nokre av tilfella i 2025 var dyrehaldet allereie blitt avslutta.

### 3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Møre og Romsdal har ein periode hatt uforholdsmessig lang saksbehandlingstid på klager, spesielt etter plan og bygningsloven. Dette er ikkje tilfredsstillande for dei som ventar på avgjerd i ei klagesak eller for embetet som forvaltningsorgan. Embetet har derfor prioritert å styrke dette saksområdet vesentleg. Vi ser no effektar ved at vi har god produksjon og at saksbehandlingstida går ned.

Rettstryggleiken og innbyggjarane si tillit til helse- og velferdstenestene – og til Statsforvaltaren – har vore utfordra som følgje av lange saksbehandlingstider og budsjettmessige innstrammingar på alle nivå. Arbeidet med alvorlege tilsynssaker og rettsklagesaker, der vi mistenkjer at mangelfulle tenester kan føre til tap av helse eller funksjonsevne, er framleis høgt prioritert.

Embetet har i år arbeidd på grensa av kva som er mogleg å levere innanfor dei gjeldande rammene. Ei auke i ressursar frå HOD for 2026 kjem godt med. Vi treng og meir digitalisering, og ei vurdering av om lov- og forskriftsverk kan forenklast – saman med ein reduksjon i innsynskrav. ( E-innsyn vil på sikt hjelpe)

Etter fleire år med munnlege påstandar og kritikk mot Statsforvaltaren om at våre vedtak er med å gjere helse og omsorgstenestene i Møre og Romsdal dyrare enn i andre kommunar, bad vi om å få dette skriftlig frå KS i 2025. Den 12. mai arrangerte vi eit fysisk møte mellom Helsetilsynet, KS og Statsforvaltaren. Her fekk KS presentere bakgrunn for sin påstand om at Statsforvaltaren bidreg til høge kostnader i kommunane. Dei viste til statistikk frå Helsetilsynet sitt nettbaserte system for tilsyn og rettar (NESTOR) tilbake til 2015. Statens Helsetilsyn hadde innlegg om korleis dei jobba for å bidra til harmonisering av praksis blant alle Statsforvaltarane.

Vi hos statsforvaltaren har fulgt opp oppmodinga om å arrangere sakshandsamarkurs for å betre kvaliteten på vedtaka ute i kommunane. Statistikken for 2025 viser at SFMR, på lik linje med 2024, ligg omtrent midt i statistikken som viser talet på vedtak som er påklaga, oppheva og endra. På eit nytt møte tidleg i januar 2026, oppsummerte Helsetilsynet at dei ikkje ser nokon grunn til å følge opp SFMR særskilt ut i frå framlagte dokumentasjon. KS er usikre på om dei er ferdig med saka, då kommunane i Møre og Romsdal fortsatt har høgare utgifter til pleie og omsorg enn dei har elles i Norge. Statsforvaltaren er opptatt av at vi må legge ferske tal til grunn, og ikkje 10 år gamle tal, og at det ved analyser av antatte årsakssammenheng brukes parameter som faktisk reflekterer det det skal måle.

#### Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn (fra kapittel 3.3.1.3.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn med tilbud om tilsynssamtale og skal gjennomføre samtale med alle barn som ønsker det.

I 2025 fekk 94 prosent av barna som budde på institusjonane vi fører tilsyn med, tilbud om samtale. Vi gjennomfører tilsyn på tidspunkt der barna skal vere til stades. Vi opplever at leiarane og dei tilsette på institusjonane informerer barna om tilsynet og gjer det dei kan for å motiverer dei til å snakke med oss. Likevel var det berre 17 av 67 barn som ønskte samtale. Det er ein nedgang frå i fjor, utan at vi har gjort endringar i måten vi arbeider på.

Det at vi har snakka med så få barn i 2025, gjer at vi har mindre oversikt over korleis barna faktisk har det på institusjonane. Dette står i kontrast til behandlinga av klagesaker på tvang, der dei fleste barna ønsker å snakke med oss, og vi såleis får god informasjon om dei konkrete tvangsepisodane. Desse samtalane gir oss noko kunnskap om korleis dei har det på institusjonen og det er informasjon vi bruker i tilsynsarbeidet.

#### Saksbehandlingstid for tilsynssaker HOD (fra kapittel 3.3.1.3.3.1 i TB)

**Rapportere på**

Saksbehandling av tilsynssaker:

- Behandlingsmåte 1 (avslutning med veiledning) og 2 (oversendelse til virksomheten/helsepersonellet): 80 % av sakene skal behandles innen 4 uker
- Behandlingsmåte 3 (virksomheten følge opp og rapporterer) og 4 (møte med virksomhet og pasient): 80 % av sakene skal behandles innen 3 måneder
- Behandlingsmåte 5 (statsforvalteren utreder og avgjør): 80 % av sakene skal behandles innen 6 måneder

Av sakene innen sosial og barnevern i 2025 blei 80 prosent behandla innan tre månader. Trass i at vi har styrka ressursane på dette området, har det ikkje vore tilstrekkeleg til å handtere meir enn ei dobling av saksmengda. Vi har som mål å nå krava til saksbehandlingstid i 2026, så framt saksmengda ikkje held fram med å auke

Innan Helse og omsorgstenester klarer vi ikkje å halde den fastsette saksbehandlingstida for tilsynssaker for nokon av behandlingmetodane. For metode 4 er saksmengda framleis så låg at enkeltsaker gir store utslag i statistikken.

Den manglande måloppnåinga – særleg for behandlingmetode 3 og 5 – kjem av at vi hadde endå færre ressursar til saksbehandling enn i 2024. Samstundes har både talet på rettsklagesaker, som blir behandla av dei same saksbehandlarane, og talet på hendingbaserte tilsynssaker halde fram med å auke år for år (frå 399 i 2024 til 438 i 2025). Dette fører til eit stadig større ressursbehov utan at kapasiteten har auka tilsvarande.

Sjølv om vi har klart å auke det gjennomsnittlege talet på ferdigbehandla saker per tilsett, har dette ikkje vore nok til å hindre vidare vekst i restansane.

Grunna knape ressurser har vi knapt ført tilsyn med etterleving av saksbehandling etter pasient- og brukerrettighetsloven kap 4A.

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingmåte 1**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingmåte 1: Minst 80 prosent innen 4 uker.	80 %	-15 %	65 %

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingmåte 2**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingmåte 2: Minst 80 prosent innen 4 uker.	80 %	-44 %	36 %

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingmåte 3**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingmåte 3: Minst 80 prosent innen 3 måneder.	80 %	-27 %	53 %

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingmåte 4**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingmåte 4: Minst 80 prosent innen 3 måneder.	80 %		

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingmåte 5**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingmåte 5: Minst 80 prosent innen 6 måneder.	80 %	-36 %	44 %

**Saksbehandlingstid for tilsynssaker AID (fra kapittel 3.3.1.3.3.2 i TB)**

**Rapportere på**

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker innen sosiale tjenester behandlet etter behandlingmåte 5 (statsforvalteren utreder og avgjør): 5 måneder eller mindre

Vi har ikkje nytta behandlingmåte 5 i 2025

**Saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre (Sosial)**

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Sosial	50 %		

**Avsluttede klagesaker (fra kapittel 3.3.1.3.3.3 i TB)**

**Rapportere på**

Avsluttede klagesaker unntatt dekning av utgifter til pasientreiser (pasient- og brukerrettighetsloven § 2-6): Minst 90 prosent innen 3 måneder.

I 2025 behandla vi 155 klagesaker etter sosialtenestelova. Dette er ei dobling samanlikna med året før, då vi behandla 75 saker. Av sakene i 2025 blei 80 prosent behandla innan tre månader. Trass i at vi har styrka ressursane på dette området, har det ikkje vore tilstrekkeleg til å handtere ei meir enn dobling av saksmengda. Vi har som mål å nå krava til saksbehandlingstid i 2026, så framt saksmengda ikkje held fram med å auke.

I 2025 har reduksjonen i talet på saksbehandlarar som følgje av budsjetttilpassing, særleg råka helse- og omsorgsområdet. Det har bidratt til at presset på saksbehandlinga vart ekstra stort. Vi ser uendra mange klager knytt til BPA, avlasting og psykisk helsevern i spesialisthelsetenesta. Sakene er òg blitt meir komplekse, og det blir oftare enn før nytta advokat eller annan profesjonell bistand for å utdjupe anførsler. Sjølv om vi i 2025 har fått noko færre rettsklagesaker på helse- og omsorgstenestene, har vi framleis restansar som er førte vidare frå 2024. I tillegg har vi opplevd ein auke i talet på klager på tvangsmedisinering – frå 59 i det føregåande året til 75 i 2025 – ein auke på 27 %. Alle klagene er vurderte ut frå konsekvensane for pasient eller brukar og prioriterte deretter. Vi har vidareført forenkla saksbehandling men har likevel ikkje kunna kompensere for den omfattande saksmengda.

**Saksbehandlingstid - avsluttede klagesaker unntatt dekning av utgifter til pasientreiser (pbrl. § 2-6): minst 90% innen 3 måneder**

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Sosial	90 %	- 10 %	80 %
Helse/omsorg	90 %	- 65 %	25 %

**Overprøvde vedtak om bruk av tvang og makt (fra kapittel 3.3.1.3.3.4 i TB)**

**Rapportere på**

Overprøvde vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Overprøving av vedtak om bruk av tvang og makt er eit prioritert område, men vi har dessverre ikkje nådd målet i 2025. Dette skuldast i hovudsak redusert kapasitet som følgje av permisjonar, uventa fråvær og utskiftingar både på saksbehandlar- og leiarivå.

I tillegg har omfattande rettleiingsoppgåver knytt til ny opplæringslov og endringar i helse- og omsorgstenestelova, samt ressurskrevjande saker i Barnevern- og helsenemnda, påverka gjennomføringsevna vår.

Sjølv om målet ikkje er nådd, vurderer vi at utviklinga går i riktig retning. Talet på stadlege tilsyn er dobla samanlikna med året før, og gjennomgangen av journalpostar med a-meldingar har auka betydeleg. Dette viser at kapasiteten blir brukt målretta.

Innsats vi har gjort i 2025 har vore avgjerande for å halde oppe framdrift i ein periode med redusert bemanning. Samstundes er det klart at stabil og tilstrekkeleg kapasitet er ein føresetnad for å nå måla framover. Tilsettinga av ein ny vernepleiar frå februar 2026 vil styrkje fagmiljøet og gi betre føresetnader for å nå målet i komande år.

**Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt: minst 90% innen 3 måneder**

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
90 %	- 14 %	76 %

Overprøvde vedtak innan 90 dagar: 76%

**Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barneverninstitusjoner (fra kapittel 3.3.1.3.3.5 i TB)**

**Rapportere på**

Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: Minst 90 prosent innen 1 måned.

I 2025 behandla vi 12 klager på tvang i barnevernsinstitusjonar. Vi nådde ikkje målet for saksbehandlingstid. Resultatet er svakare enn i fjor,

då behandla vi 76 prosent av klagen innan fristen. Endringane vi gjorde frå 2024 til 2025 for å betre resultatet, har såleis ikkje hatt ønska effekt.

I tre av sakene har barnet fått heilt eller delvis medhald. To av desse sakene blei behandla innan klagefristen.

Behandlinga av klagesaker gir institusjonane viktig tilbakemelding på om tvangsvedtaka dei fattar er korrekte. Dette styrker rettstryggleiken og bidrar til tillit til det offentlege. Effekten blir likevel svekka når klagen ikkje blir behandla raskt nok, særleg fordi det er barn som har klaga.

Ved årsskiftet har vi ingen restansar, og vi har som målsetning å nå kravet i 2026.

**Saksbehandlingstid - klager på tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: minst 90% innen 1 måned**

Resultatmål	Differanse	Avsluttet innen 1 måned
90 %	-26 %	64 %

**Resultatmål - stedlig tilsyn tvang og makt (fra kapittel 3.3.1.3.4.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal ha oversikt over alle brukere med vedtak om tvang, og skal utarbeide en plan for gjennomføring av de lovpålagte stedlige tilsynene for den enkelte bruker. Med utgangspunkt i denne planen skal stedlig tilsyn etter overprøvde og godkjente vedtak om bruk av tvang og makt prioriteres ut fra tvangsbrukens omfang og mulige konsekvenser for den enkelte bruker.

I Møre og Romsdal er det ca. 130 personar med gyldige tvangsvedtak per 2024. Målsetninga er å gjennomføre stadleg tilsyn i desse sakene over ein periode på 10 år, noko som vil seie at vi må gjennomføre 12-13 tilsyn kvart år fram til 2035. Vi har utarbeidd ei liste med risikofaktorar, og vurderer kvar einskild sak på eit av tre risikonivå. Dette vil gje oss ein indikasjon på kva saker vi skal prioritere. Saker med omfattande og inngripande tvangsbruk, tvangsbruk mot barn og saker med sterk motstand vil bli prioritert.

Vi nådde ikkje målet om å gjennomføre 12-13 stadlege tilsyn, i 2025. Grunna ressursituasjon og prioritering av overprøvingar, vart det berre gjennomført seks stadlege tilsyn i 2025.

**Resultatmål SFMR (fra kapittel 3.3.1.3.5.7 i TB)**

**Rapportere på**

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 190 poeng

Statsforvaltaren vurderer at arbeidet med tilsyn med kommunale helse- og omsorgstenster er gjennomført i tråd med prioriteringskriteria, men at måloppnåinga i 2025 er påverka av stramme rammer og avgrensa kapasitet. Lite ressursar, samt auken i rettsklagesaker, med nokre svært omfattande rettighetsklagar, har gjort at enkeltsaker måtte prioriterast framfor planlagde tilsyn. Dette er i tråd med føringane frå Statens helsetilsyn, men har ført til at samla tilsynsaktivitet berre utgjorde 42 poeng.

**Aktivitetsvolum av tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester**

Resultatmål	Differanse	Resultat
190	-148	42

**Resultatmål SFAG og SFMR (fra kapittel 3.3.1.3.6.4 i TB)**

**Rapportere på**

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 45 poeng

Statsforvaltaren vurderer at arbeidet med tilsyn av spesialisthelsetenesta er gjennomført i tråd med prioriteringskriteria, men at måloppnåinga i 2025 er påverka av stramme rammer og avgrensa kapasitet. Lite ressursar, ekstraordinært omfattande tilsynssaker og samla auken i rettsklagesaker har gjort at enkeltsaker måtte prioriterast framfor planlagde tilsyn. Dette er i tråd med føringane frå Statens helsetilsyn, men har ført til at samla tilsynsaktivitet berre utgjorde 26 poeng.

**Aktivitetsvolum av tilsyn med spesialisthelsetjenesten**

Resultatmål	Differanse	Resultat
45	-19	26

**Resultatmål SFMR (fra kapittel 3.3.1.3.7.7 i TB)**

**Rapportere på**

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 65 poeng

Vi har ikkje nådd poengkravet for tilsyn på sosialområdet.

Det er fleire årsaker til dette. Vi hatt ei markant auke i klagesaker, noko som har gjort at enkelte oppgåver måtte nedprioriterast. På bakgrunn av ei risikovurdering planla og gjennomførte vi difor berre to landsomfattande tilsyn med dei sosiale tenestene.

I tillegg har ein vesentleg del av arbeidet vårt i 2025 vore knytt til oppfølging av lovbrøt avdekt i tilsyna frå 2024.

**Aktivetsvolum av tilsyn med sosiale tjenester**

Resultatmål	Differanse	Resultat
65	-29	36

**3.1.3.4 Andre oppdrag****CRPD**

Arbeidet med å gjere CRPD kjend i kommunane har gitt auka medvit, betre forankring i planarbeidet og meir målretta rettleiing. Målet har vore å auke kunnskapen om CRPD og sikre at konvensjonen blir integrert i kommunal planlegging og praksis. Dette har gitt meir systematikk i dialogen, betre rettleiing i samfunnsplanlegging og tettare samarbeid med andre aktørar.

SFMR har over fleire år styrkt kjennskapen til CRPD gjennom møte med både politisk og administrativ leiing i kommunane. Bodskapen har vore kva CRPD inneber, og korleis planlegginga kan ta utgangspunkt i innbyggjarane sine behov.

I 2025 har det vore færre spørsmål frå kommunane og færre kommunale planar å uttale seg til. Vi vurderer at dette heng saman med at kommunane er ferdige med arbeidet med kommunal planstrategi. Ei utfordring framover blir difor å halde oppe merksemda om CRPD når planarbeidet er avslutta.

Gjennom vår deltaking i CRPD-nettverk, ser vi at erfaringsdelinga gir effekt. Våren 2025 fekk embetet eit tilleggsoppdrag frå Bufdir om å lage praktiske døme til nasjonale konferansar om menneskerettar. Materialet vart levert, men ikkje brukt. NIM og KUN har vore sparringspartnarar.

Internt er kompetansen på CRPD blitt løfta gjennom foredrag, intranettsak og ei tverrfagleg samarbeidsgruppe.

**3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning****Overordna vurdering av måloppnåelse**

2025 har vore prega av innkøying av nye rutinar etter omorganiseringa i 2024. Seksjonen har i stor grad fungert godt og levert stabile tenester gjennom året. Prioriterte område har vore saksbehandling, verjeregnskapskontroll og internkontroll, medan utadretta aktivitet i hovudsak har vore nedprioritert, med unntak av nettverkssamlinga for faste verjer.

Seksjonen har vore underbemanna store delar av året som følge av vakansar og sjukefråvær. Trass i dette har vi arbeidd med dei fleste oppgåvene og nådd dei fleste resultatmåla i tildelingsbrevet. Det einaste området der målkravet ikkje vart oppfylt, er behandling av søknader om verjemål for vaksne.

Gjennom året har vi gjennomført fleire tiltak for å styrke måloppnåelsen. Dette omfattar betre organisering av oppgåvene for å sikre oversikt over restansar og ein meir effektiv saksflyt, samt utarbeiding av kontinuitetsplanar for å redusere sårbarheit ved fråvær. Tiltaka har hatt god effekt. Saksbehandlingstida for søknader om verjemål for vaksne gjekk ned gjennom året, og måloppnåinga auka frå 50 prosent i 1. tertial til 94 prosent ved utgangen av 3. kvartal.

SFMR merker seg at vi ligg lågt i statistikken for gjennomførte samtalar med personar det er søkt om verjemål for. Dette trekkjer noko ned i den samla vurderinga og vil vere eit prioritert område for oppfølging i 2026.

Samla sett vurderer vi måloppnåelsen i 2025 som god, særleg med tanke på ressursutfordringane gjennom året. Tiltaka som er gjennomført, har bidrege til betydeleg betring på sentrale resultatmål, og seksjonen står no betre rusta for vidare arbeid i 2026.

**Opprett verjemål for vaksne (fra kapittel 3.3.2.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Opprett vergemål for voksne – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 90 dager.

Resultatet for 2025 vart ei måloppnåing på 77 prosent. At vi ikkje nådde målet på 80 prosent, skuldast i hovudsak etterslep frå hausten 2024 og ein høg saksmengde fram mot sommaren 2025.

Gjennom året har vi gjennomført fleire tiltak, mellom anna endringar i rutinar, betre arbeidsflyt og nye malar tilpassa informasjonsskrivet til verjer. Desse tiltaka har bidrege til at restansane systematisk er blitt arbeidd ned. Måloppnåinga auka frå 50 prosent i 1. tertial, til 80 prosent i 2. tertial og vidare til 94 prosent i 3. tertial. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i 2025 var 59 dagar.

Vi ser samstundes at seksjonen, med dagens ressursar, er særleg sårbar ved vakansar, sjukefråvær og store svingingar i sakstilfanget.

**Saksbehandlingstid - Opprett vergemål for voksne - 80% av vedtakene skal være fattet innen 90 dager**

Resultat	Resultatmål	Differanse
77 %	80 %	-3 %

**Vergeregnskapskontroll (fra kapittel 3.3.2.1.2.1 i TB)****Rapportere på**

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen.

Vi nådde målet om å kontrollere alle verjeregnskap i det sentrale uttrekket innan fristen. Arbeidet er gjennomført i tråd med etablerte rutinar, og kontrollen vart godkjend av revisor, med nokre mindre merknader som blir følgde opp.

**Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen**

Resultat	Resultatmål	Differanse
100 %	100 %	0 %

**3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje**

Sjølvråderett og respekt for vergehavar sin behov og vilje er sentralt i all saksbehandling og kommunikasjon med verjene. Introduksjonskurset for nye verjer ser ut til å styrke rolleforståinga, og vi opplever at verjene i større grad er merksame på plikta til å innhente og vektleggje vergehavar sin vilje. Behovet for informasjon og rettleiing er likevel stort, både hos verjer og hos offentlege og private aktørar som samarbeider med dei. Ressurssituasjonen har gjort at vi ikkje har hatt kapasitet til å prioritere utadretta informasjonsarbeid utover saksbehandling og møte med faste verjer.

SFMR ligg lågt på statistikken for gjennomførte samtalar med personar det er søkt om verjemål for (52,7 prosent, mot landssnittet på 65,2 prosent). Dette påverkar i nokon grad moglegheita til å sikre at behov og vilje blir godt kartlagt. Geografiske forhold og avgrensa ressursar gjer at samtalan i hovudsak må gjennomførast på telefon. Vi vil følgje opp dette i 2026 ved å ta ein gjennomgang av rutineane våre.

I 2025 har vi arbeidd med å styrke saksflyt og kontinuitet gjennom ny mappestruktur, nye malar og oppdaterte rutinar. Dette har gitt betre oversikt og kontroll, også i saker som gjeld avslutting av verjemål, og bidreg til at saksbehandlinga blir meir føreseieleg og at vergehavar sine interesser blir betre ivaretekne.

Samla sett vurderer vi at vergemål i hovudsak blir utøvd med respekt for vergehavar sin behov og vilje, men at låg samtaleprosent er eit område som trekkjer noko ned og som vil vere eit prioritert utviklingspunkt framover.

**Vergers kompetanse (fra kapittel 3.3.2.2.1.1 i TB)****Rapportere på**

Vergene har god rolleforståelse og utøver rollen med respekt for vergehavers selvbestemmelsesrett. Alle verger har fått tilbud om god opplæring og det har vært en økning i antall verger har gjennomført e-læringskurs.

Rolleforståing og respekt for vergehavar sin sjølvråderett er tema i samtalar med dei som søker om å bli faste verjer, og når alminnelege eller nærstående verjer vert oppnemnde. Verjerolla og plikta til å ivareta vergehavar sin vilje er òg omtala i informasjonsskrivet som følgjer ved utsending av vedtak om oppnemning.

I dei årlege nettverksmøta med faste verjer tek vi opp tema der det er behov for meir kunnskap. I 2025 samarbeidde vi mellom anna med NAV og Namsfogden om verjerolla ved tvungen/frivillig forvaltning og gjeldsordning, noko som styrkar verjene si forståing av rolla og sjølvråderetten.

Alle nye verjer får tilbod om introduksjonskurs før godkjenning, og vi oppmodar dei til å ta dei øvrige kursa i kursportalen. Oversikta frå PowerBI viser ein nedgang i registrerte e-læringskurs frå 2024 til 2025. Nedgangen ser ut til å vere knytt til tekniske utfordringar ved overgangen til ny kursportal, der fleire har meldt om problem med registrering av fullførte kurs. Vi vurderer difor at nedgangen ikkje reflekterer redusert opplæringsaktivitet.

Samla sett vurderer vi at verjene har god rolleforståing og i hovudsak utøver rolla med respekt for vergehavar sin sjølvråderett. Opplæringstilbodet er godt, men vi vil følgje med på registreringa av e-læringskurs framover for å sikre at statistikken gir eit korrekt bilete av faktisk kursaktivitet.

#### Avslutning av vergemål (fra kapittel 3.3.2.2.1.2 i TB)

##### Rapportere på

Vergemål hvor personen ikke lenger ønsket verge er avsluttet raskt.

Sjølvråderetten og frivilligheita står sterkt i vår praksis. Vi får henvendingar om å avslutte verjemål frå både personen med verje, pårørande, verje og offentlege instansar. Når personen sjølv ønskjer å avslutte verjemålet, blir dette prioritert. Uavhengig av kven som tek kontakt, prøver vi alltid å snakke med verjehavaren for å avklare behov og ønskje. I desse samtalanene får vi som regel avklart årsaka til førespurnaden og om det framleis er behov for verjemål, og rettleiing eller byte av verje kan vere ei løysing. Dersom personen held fast på ønsket om avslutting, blir verjemålet avslutta etter gjeldande rutinar. I 2025 var gjennomsnittleg saksbehandlingstid 20 dagar.

Samla sett vurderer vi at verjemål der personen ikkje lenger ønskjer verje, blir avslutta raskt og i tråd med prinsippet om sjølvråderett.

#### 3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket

##### Arbeidet for å styrke kommunane si regelverksetterleving

Gjennom ulike verkemiddel og tiltak arbeider vi for å sikre at kommunane formidlar, forstår og etterlever regelverket. Dette gjeld både i klagesaksbehandling, tilsyn og rettleiing. Kommunane varierer i kor mykje kunnskap og kompetanse dei har om regelverket, og vi er medvitne om kva vi løfter fram overfor både barnehagemyndigheita og barnehage- og skoleeigarane.

Vi registrerer kontinuerleg utviklinga gjennom klagesaksbehandling og i kontakten vår med kommunane. Dette gir oss eit oppdatert bilete av kvar behova er størst. Ut frå dette vel vi tiltak og verkemiddel som vi meiner vil ha størst effekt for forståing og etterleving av regelverket.

Vi rettleiar kommunane, løfter fram aktuelle tema i samlingar og lagar webinar om utvalde delar av lov- og regelverket. I tillegg gjennomfører vi tilsyn og følgjer opp desse slik at tilsynsaktiviteten ikkje berre avdekkjer lovbrøt, men også bidreg til betre forståing og praktisering av regelverket.

Dette arbeidet er ein del av vårt løpande ROS-arbeid. Vi har etablert ei eiga ROS-gruppe med særskilt ansvar for å følge med på utviklinga og sikre at vi prioriterer rett.

Vi viser elles til rapporteringa på resultatmåla som følger.

#### Statsforvalteren skal bruke virkemidlene, tilsyn og veiledning, målrettet, for å bidra til regeletterlevelse hos barneha (fra kapittel 3.3.3.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal bruke virkemidlene tilsyn og veiledning målrettet, for å bidra til regeletterlevelse hos barnehagemyndigheter, barnehageeier og lokal skolemyndighet.

##### Vurdering av verkemiddel

Statsforvaltaren bruker både rettleiing og tilsyn for å sikre god regeletterleving i barnehage og skole. I 2025 ser vi at kombinasjonen av verkemiddel har gitt endringar i kommunane sin praksis, men vi har framleis potensial for å dele funn og erfaringar tydelegare med fleire kommunar.

##### Kunnskapsgrunnlag og val av verkemiddel

Statsforvaltaren vurderer fortløpande kva verkemiddel som er mest tenlege og kva som vil ha størst tilsikta effekt. Vi bruker kunnskap frå tilsyn, klagesaker, dialog med kommunane og statistikk som grunnlag for vurderingane og val av verkemiddel.

Når vi erfarer at rettleiing ikkje gir tilstrekkeleg effekt, eller at kommunar tolkar rettleiing ulikt, kan tilsyn vere det rette verkemiddelet for å sikre etterleving av regelverket. Tilsyn er ofte meir omfattande og kan ende i pålegg, medan rettleiing normalt er mindre ressurskrevjande. Det er vår vurdering av kva som vil ha størst effekt, som er avgjerande for kva verkemiddel vi vel å nytte.

### Bruk av rettleiing og tilsyn i 2025

I 2025 har vi både rettleia og ført tilsyn på fleire område innan barnehage og skole. Rettleiinga som vi har gitt erfarer vi har ført til endra praksis i fleire kommunar. Vi ser betring i kommunen sine rutinar for saksbehandling, dokumentasjon og bruk av internkontroll. Rettleiing har òg bidratt til at kommunar avklarar eigne tolkingar av regelverket og etablerer meir like praksisar i tråd med lovkrava. Tilsyna vi har gjennomført, har ført til endringar i praksis, til dømes betre oppfølging av internkontrollen. Dette styrker rettane til barn og unge og sikrar at dei får det dei har krav på etter regelverket.

Vi ser samstundes at vi kan bli betre til å dele funna våre med andre kommunar i fylket, slik at fleire kan lære av praksisen til kommunar som har vore gjennom tilsyn.

### Tilsynsliknande aktivitet

I 2025 har vi i større grad enn tidlegare brukt tilsynsliknande aktivitet ved å påleggje kommunar å sende inn utgreiingar og dokumentasjon. Etter dette vurderer vi om det er grunnlag for å opne tilsyn. Ofte ser vi at kommunane gjennom dette arbeidet sjølve oppdagar og rettar brot på regelverket. I slike tilfelle treng vi ikkje å fatte vedtak om pålegg.

Møte som tilsynsliknande aktivitet (tilsynsmøte) med kommuneleiing, knytt til ulike hendingar, har og vore verkemiddel vi har nytta. Dette erfarer vi har hatt effekt og har gitt eit godt grunnlag for oppfølging vidare, anten gjennom å opne tilsyn eller gjennom rettleiing.

### Valg av tilsynsaktiviteter (fra kapittel 3.3.3.1.2.1 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal velge de tilsynsaktivitetene som er best egnet til å gjenopprette etterlevelse av regelverket på en rask og effektiv måte. Statsforvalteren kan gi veiledning istedenfor å føre tilsyn, der det vurderes som best egnet virkemiddel.

### Risikobilde og prioriteringar i 2025

**Risikobildet ved starten av 2025 synte særleg risiko knytt til spesialpedagogisk hjelp, spesialundervisning og barnehage- og skolemiljø. Gjennom året avdekte vi fleire regelverksbrot, men også område der kommunane sjølve retta opp praksis etter dialog og rettleiing.**

#### Utgangspunktet for risikovurderingane

Risikobildet ved starten av året var basert på statistikk frå BASIL, GSI og andre kjelder. Dette vart supplert med restrisiko frå 2024 og signal frå Hovudinstruksen og Tildelingsbrevet. Samla sett vurderte vi at «spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning» og barnehage- og skolemiljø var område der vi måtte følge særleg godt med.

#### Tilsyn med barnehagemyndigheita

Vi opna tilsyn med barnehagemyndigheita i ein kommune. Grunnlaget var ei risikovurdering basert på tal frå BASIL og erfaringar frå tidlegare rettleiing. Tilsynet omhandla vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Vi fann at nær halvparten av barna som fekk spesialpedagogisk hjelp, ikkje hadde vedtak. Dermed hadde dei heller ikkje høve til å klage.

#### Tilsyn med saksbehandlingstid i PPT

Vi gjennomførte også tilsyn med saksbehandlingstid i samband med utarbeiding av sakkunnig vurdering og vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring. Her risikovurderte vi to kommunar som hadde få tilsette i PPT sett i forhold til elevtalet. Tilsynet viste at kommunen ikkje utarbeider sakkunnig vurdering og gjer vedtak utan ugrunna opphald, slik regelverket krev.

#### Tilsyn med skolemiljø ved vidaregåande skole

Eitt av tilsynsarbeida våre i 2025 gjaldt det førebyggjande arbeidet med skolemiljø ved ein av dei største vidaregåande skolane i fylket. Hausten 2024 var skolen prega av både uro og eit dårleg skolemiljø, noko som fekk fleire oppslag i media. Skolen hadde tidlegare høge mobbetal, men resultatane var betre i 2025. Dette er ein stor yrkesfagleg skole med mange avdelingar.

Tilsynet viste at skolen gjer mykje godt arbeid, men vi avdekte nokre manglar som må rettast, særleg knytt til gjentakande informasjon om retten

til eit trygt og godt skolemiljø og retten til å melde sak til Statsforvaltaren.

### Dialogmøte på barnehageområdet

I 2025 har vi også hatt fleire dialogmøte med barnehagemyndigheita i kommunane. I møta har vi lagt stor vekt på rettleiing om regelverket, noko vi vurderer at det er stort behov for. Den låge mengda henvendelsar frå sektoren har understøtta behovet for meir systematisk rettleiing.

### Endringar i risikobildet gjennom året

Risikobildet endrar seg gjennom året. Vi vurderer at nokre risikoar blir mindre eller forsvinn, men dei kan likevel oppstå i andre kommunar seinare. Den krevjande kommuneøkonomien påverkar også vurderingar og vedtak, og dette gir risiko for at regelverket ikkje alltid blir følgt.

Vi arbeider løpande med ROS-analysar gjennom året og må stadig prioritere og omprioritere innanfor dei ressursane vi har. Restrisiko som blir avdekkja ved årsslutt, tek vi med oss inn i risikobildet og planlegginga for neste år.

### Kompetanse på trygt og godt skolemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.1 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at skolene har kompetanse på hva som gir et trygt og godt skolemiljø.

### Tiltak med vurderingar

Statsforvaltaren har gjennom året sett i verk fleire tiltak for å styrke kompetansen om trygt og godt skolemiljø hos lokale skolemyndigheiter og skoleleiarar. Tiltaka omfattar både kompetansedeling, rettleiing og dialog med sektor.

Vi har lansert webinaret *Nulltoleranse mot krenkingar – festtale eller realitet?*, som er gjort tilgjengeleg for alle kommunar og fylkeskommunen. Tilbakemeldingane viser at fleire har tatt det i bruk i utviklingsarbeidet, og at innhaldet blir opplevd som nyttig.

I desember starta vi opp ein runde med dialogmøte vi skal ha med alle kommunane om psykososialt barnehage- og skolemiljø. Målet er både å heve kompetansen og å kartlegge kva område kommunane treng meir støtte på framover. Sidan møta nyleg er starta opp, er det for tidleg å vurdere effekt, men vi forventar at direkte dialog og lokal behovskartlegging vil gjere tiltaka våre meir treffsikre.

Vi oppmodar framleis sektor til å bruke Udir sine ressursar aktivt, særleg kompetansepakane *Trygt og godt skolemiljø* og *Trygt og godt miljø i SFO*. Mange vi har vore i kontakt med, har ikkje kjent til desse før vi informerte om dei, og vi vurderer det som sannsynleg at auka kjennskap vil gi effekt dersom pakkane blir tatt i bruk.

I tillegg har vi hatt møte med Møre og Romsdal fylkeskommune om internkontroll etter opplæringslova kapittel 12 og om overgangar for særleg sårbare elevar. Desse møta har gitt gode høve til dialog og rettleiing, og vi vurderer at dei truleg har bidratt til betre rutinar, styrkt førebyggjande arbeid og betre etterleving av aktivitetssplikta i vidaregåande opplæring.

### Psykososialt barnehagemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.2 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at barnehageeier og de som arbeider i barnehagen har kompetanse på hva som gir et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

### Tiltak som er iverksett

Statsforvaltaren har gjennom året sett inn tiltak for å styrke kompetansen hos barnehageeigarar og dei som arbeider i barnehagen om kva som gir eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Tiltaka omfattar kunnskapsdeling, rettleiing og dialog med sektor.

Vi har publisert eit webinar i tre delar om trygt og godt barnehagemiljø, utarbeidd av Statsforvaltaren i Rogaland. Webinaret er sendt til barnehagesektoren og gjort tilgjengeleg på nettsidene våre.

Før jul starta vi ein runde med dialogmøte med alle kommunane om psykososialt barnehage- og skolemiljø. Målet er både å heve kompetansen og å kartlegge kva for område sektor treng meir støtte på framover.

I brev til kommunane har vi oppmoda om aktiv bruk av kompetansapakken *Trygt og godt barnehagemiljø*.

Statsforvaltaren var medarrangør for Barnehagekonferansen 2025, der tema som psykisk helse, livsmeistring, relasjonar og foreldresamarbeid var nokre av dei sentrale tema.

### Vurdering av korleis tiltaka har fungert

Samla vurderer vi at tiltaka våre truleg har bidrege noko til å styrke kompetansen i sektoren. Samtidig ser vi behov for meir heilskaplege og systematiske tiltak frå vår side, samt tettare dialog for å sikre større og meir varig effekt. Dialogmøta er nyleg starta opp, og det er derfor for tidleg å vurdere effekten. Vi forventar likevel at tettare dialog og betre kartlegging av behov vil gjere tiltaka våre meir treffsikre framover.

### Rask behandling i saker etter § 9 A-6 (fra kapittel 3.3.3.1.3.3 i TB)

#### Rapportere på

Alle saker er ferdigbehandlet så raskt som mulig

Saker knytt til handhevingsordninga har alltid høgaste prioritet hos oss. Vi har éin hovudansvarleg og éin medansvarleg for ordninga, noko som sikrar framdrift også ved frávær. Målet vårt er å ringe meldar same dag som saka kjem inn. Vi gjennomfører gjerne samtale med eleven medan vi ventar på dokumentasjon frå skolen eller kommunen, og dei fleste samtalanene blir gjennomførte på Teams.

Saksbehandlingstid er fast tema i Skolemiljøforum, som møtest kvar 14. dag. Alle som arbeider i handhevingsordninga er kjent med status for mediantid og gjennomsnittleg saksbehandlingstid. Vi har eit uttalt mål om at gjennomsnittleg saksbehandlingstid skal vere innanfor 30 dagar. Det er alltid to saksbehandlarar på kvar sak, og leiar for forumet følger ved behov opp framdrifta direkte med saksbehandlarane.

Vi vurderer at dei interne rutinane våre fungerer godt for å sikre effektiv saksbehandling. Dette ser vi mellom anna igjen i at gjennomsnittleg saksbehandlingstid samsvarer med målsetjinga.

### Rettsanvendelse og forståelse av saksbehandlingsreglene i vedtak (fra kapittel 3.3.3.1.4.1 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å bidra til at antall vedtak med feil fra lokal skolemyndighet reduseres

Statsforvaltaren vurderer at vi i 2025 har arbeidd systematisk og målretta for å redusere talet på feil i skuleeigar sine vedtak. Dette særleg gjennom målretta rettleiing, bruk av ROS-analysar og tett dialog med skuleeigarar og skular. Vi ser positive tendensar og synlege resultat, men også utfordringar knytte til at rettleiing ikkje alltid blir følgd opp av skuleeigar i vidare saksbehandling.

Vi nyttar ROS-analysar systematisk for å skaffe oss oversikt over kva feil og manglar som gjentek seg i skuleeigar sine vedtak innfor opplæringslova og forvaltningslova sine saksbehandlingsreglar, og deretter også for å prioritere kva feil og manglar vi så må sette inn tiltak på. Analysane blir også brukte for å vurdere kva tiltak som vil vere mest treffsikre for å rette opp i kompetansemanglar og feil, og om vi skal gå breitt ut eller rette innsatsen berre mot enkelte skuleeigarar. I klagebehandlinga gir vi rettleiing om saksbehandlingsreglar og rettsanvendelse der det er behov.

Direkte rettleiing til skuleeigar og skule har vist seg å gi resultat. Etter rettleiingsmøte ser vi ofte betring i dei påfølgjande vedtaka. Det er sannsynleg at rettleiinga vår har bidrege til dette, sjølv om vi ikkje kan slå det fast med sikkerheit. I 2025 har vi også jamleg rettleia skuleeigarar og skular som tek kontakt for spørsmål om opplæringslova og forvaltningslova, ofte gjennom digitale møte. Vi har i tillegg teke direkte kontakt der ROS-analysar, klagesaker eller bekymringsmeldingar har vist behov for det. Skuleeigarar og skular gir uttrykk for at desse møta er nyttige, og vi ser at dei oftare tek kontakt for avklaringar. Dette bidreg samla til færre feil i vedtaka.

Vi vurderer at vi når fleire med rettleiinga vår ved å bruke digitale møte, og vi meiner at desse møtepunkt har hatt god effekt. Vi erfarer også at innspelte webinar om tema der vi ser gjentakande feil, er eit godt verkemiddel for å bidra til å minske feil i skuleeigar sine vedtak.

I 2025 gjennomførte vi eit digitalt møte om regelverket knytt til fysisk inngripen i skulen. Sjølv om dette møtet ikkje direkte retta seg mot kommunane eller fylkeskommunen, ser vi at rettleiinga frå dette møtet har nådd ut til kommunane og at det no er ei større forståing for korleis desse reglane skal bli forstått. Det digitale møtet vil bli spelt inn om kort tid og publisert på vår nettside. Vi vurderer da at det vil nå ut til enda fleire skuleeigarar og skular.

I all rettleiing, både skriftleg og digital, legg vi stor vekt på at skuleeigar må grunnkje vedtaka sine og gjere gode vurderingar av barnets beste. God kompetanse om saksbehandlingsreglane er avgjerande for å sikre barns rettar på opplæringsområdet.

Vi vurderer at vi samla sett i 2025 har arbeidd systematisk og målretta for å redusere talet på feil i skuleeigar sine vedtak, og at innsatsen har hatt positiv effekt.

### Vedtak fra barnehagemyndighet med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.4.2 i TB)

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å bidra til at antall vedtak med feil fra barnehagemyndigheten reduseres

Denne rapporteringa heng saman med det som er rapportert i punktet over, 3.3.3.1.4.1.

For å bidra til å redusere vedtak med feil frå barnemyndigheita, rettleiar vi i klagesaker kor vi ser det naudsynt. Vi brukar også ROS systematisk for å velje rett tiltak, objekt og tema.

I 2025 har vi ført skriftleg tilsyn med temaet spesialpedagogisk hjelp og internkontroll. Vi har halde digitalt rettleiingsmøte med barnehagemyndigheitene. Møtetemaet vart valt som følgje av gjentakande feil vi har sett i påklaga vedtak over tid.

Dei langt fleste barnehagemyndigheitene deltok på det digitale møtet. Kommunane har gitt tilbakemeldingar om at desse møta er nyttige.

**Vår vurdering av effekt**

Vi vurderer at tiltaka har bidrege til ein betre dialog med kommunane, og at vi når fleire med rettleiinga vår ved å bruke korte, digitale møte med tydeleg tematisk fokus. Vidare ser vi effekt av tiltaka gjennom færre saksbehandlingsfeil i vedtak frå barnehagemyndigheita i kommunane, sjølv om vi ikkje med sikkerheit kan fastslå kor stor årsakssamanhengen er.

**Statsforvalteren skal bidra til at elever får den individuelle tilretteleggingen de har krav på (fra kapittel 3.3.3.1.5.1 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at elever i grunnskolen får den individuelle tilretteleggingen de har krav på etter opplæringsloven §11-4 flg.

Statsforvaltaren vurderer at vi i 2025 har arbeidd målretta for å bidra til at elevar i grunnskolen får den individuelle tilrettelegginga dei har krav på etter opplæringslova § 11-4 flg. Arbeidet har vore retta inn mot tiltak vi har erfart gir størst effekt, og vi nyttar ROS-analysar systematisk for å identifisere utfordringar og prioritere innsatsen.

Statsforvaltaren bidreg først og fremst til at barn får den individuelle tilrettelegginga dei har krav på gjennom klagesaksbehandlinga vår. Vi erfarer at lang samla saksbehandlingstid kan svekke elevane sin rett til individuell tilrettelegging, og vi har derfor arbeidd aktivt for å korte ned vår eigen saksbehandlingstid ytterlegare. I tillegg har vi gjennomført skriftleg tilsyn med fleire kommunar om saksbehandlingstid i PPT for sakkunnig vurdering og saksbehandlingstid for vedtak – altså den totale saksbehandlingstida. Kortare saksbehandlingstid i kommunen er avgjerande for å sikre elevar rett hjelp til rett tid.

Vi nyttar òg ulike former for direkte rettleiing til skuleeigar og skule, ofte gjennom digitale møte, for å sikre at elevar får den individuelle tilrettelegginga dei har krav på. Vi ser effekt av dette arbeidet gjennom tilbakemeldingar frå skuleeigarar og skular, og til ein viss grad gjennom seinare klagesaker. Samstundes ser vi at vi ikkje alltid lukkast i alle enkeltsaker.

Også i 2025 har vi delteke på felles nettverksmøte for PP-tenesta i regionen. Der bidreg vi med rettleiing og legg til rette for refleksjon og faglege diskusjonar. Vi har fått tilbakemelding om at dette har stor nytteverdi for PP-tenesta sitt arbeid. Vi legg til grunn at betre sakkunnige vurderingar har stor betydning for å sikre elevar sin rett til individuell tilrettelegging.

Vi gir òg rettleiing i klagevedtaka våre, både i klager på vedtak og klager på gjennomføring. Vi er særleg merksame på å rettleie om krava til innhald i vedtak, og at vedtaka må vere tydelege og tilstrekkeleg grunngjevne til å sikre at den individuelle tilrettelegginga faktisk blir gjennomført i tråd med eleven sine behov.

**Samla vurdering**

Vi vurderer at vi i 2025 har kome endå eit steg vidare i arbeidet med å sikre at elevane sine rettar blir oppfylte. Tiltaka våre har bidrege til betre saksbehandling, betre forståing av regelverket og meir målretta tilrettelegging for elevar. Vi vil halde fram med å prioritere dette arbeidet i 2026.

**Spesialpedagogisk hjelp etter barnehageloven (fra kapittel 3.3.3.1.5.2 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at barn får den spesialpedagogiske hjelpen de har krav på etter barnehageloven.

Denne rapporteringa heng saman med det som er rapportert i punktet over, 3.3.3.1.5.1

For å bidra til at barn får den spesialpedagogiske hjelpa dei har krav på, prioriterer vi å behandle klagar på vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Vi gir skriftleg rettleiing både i klagar på vedtak og klagar på gjennomføring av hjelpa.

I 2025 har vi ført skriftleg tilsyn med temaet spesialpedagogisk hjelp og internkontroll. Vi har halde eit rettleiingsmøte med barnehagesektor, PPT og barnehagemyndigheit om temaet. Tilbakemeldingane frå rettleiingsmøtet var gode.

Vi har også rettleia barnehagemyndigheitene, foreldre, leiarar, eigarar, PPT og andre ved førespurnader og i situasjonar der vi har sett behov for det.

### Samla vurdering

Vår vurdering er at vi gjennom arbeidet i 2025 har kome eit steg lengre i arbeidet med å sikre at barn får den spesialpedagogiske hjelpa dei har krav på. Tilsyn, rettleiing og klagesaksbehandling har samla sett bidrege til betre forståing av regelverket. Vi vil halde fram med å prioritere dette arbeidet i 2026.

### Individuelt tilrettelagt opplæring i vidaregåande opplæring (fra kapittel 3.3.3.1.5.3 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at elevar i vidaregåande opplæring får individuell tilrettelegging i tråd med opplæringsloven §11-4 flg.

Denne rapporteringa heng saman med det som er rapportert i punktet over, 3.3.3.1.5.1

Vi vurderer at vi i 2025 har bidratt til å sikre at elevar i vidaregåande opplæring får den individuelle tilrettelegginga dei har krav på.

I dette arbeidet har vi nytta rettleiing og dialog i fysiske møte med fylkeskommunen. Erfaringa vår er at slike møte, der det er rom for dialog og målretta rettleiing etter behov, gir ei betre forståing av regelverket.

I rettleiinga vår har vi særleg hatt fokus på overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring, for å bidra til at elevar får nødvendig individuell tilrettelegging frå første skuledag i vidaregåande opplæring. Vi har òg hatt fokus på internkontrollen, og særleg at skuleeigar må sikre at sårbare elevar får oppfylt rettane sine, mellom anna retten til individuell tilrettelegging.

### Innføring av nye læreplaner (fra kapittel 3.3.3.1.6.1 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at lokal skolemyndighet, skoler og lærebedrifter forstår og etterlever Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20/LK20-S), inkludert læreplaner for modulstrukturert opplæring.

### Tilstand i sektor og vurdering av effekt av Statsforvaltaren sitt arbeid

Statsforvaltaren får den mest sentrale informasjonen om etterlevinga av LK20 gjennom løpande kontakt med lokal skolemyndigheit. Dette skjer gjennom faste møter, informasjonsskriv ut, rettleiing, arbeid i DEKOM, tolkingsspørsmål og brukarstøtte.

LK20, læreplanar og vurderingsordningar er faste tema i dialogen vår med sektor. I tillegg har mellom anna LK20 i praksis, vurderingspraksis og leiing av skolebasert kompetanseutvikling vore gjennomgåande tema i alle dei fem regionale DEKOM-nettverka.

Vi opplever god oppslutning om LK20, men ser framleis variasjon mellom kommunar og internt i kommunar når det gjeld kor langt implementeringsarbeidet har kome. Det er særleg eit gap mellom skoleeigarnivå og praksis i klasseromma. Skoleleiinga er difor heilt sentral for å sikre etterleving av læreplanverket og drive det pedagogiske arbeidet ute på skolane.

Indikasjonar frå klager på standpunktarakterar viser at det er ulik praksis mellom skolar og frå fag til fag innad på skolar, når det gjeld vurdering i tråd med LK20. Talet på standpunktklager i grunnskolen i fylket er lågt (36), medan vidaregåande opplæring hadde 96 klager i 2025. Vi ser at lærarar i grunnskolen i større grad enn lærarar i vidaregåande gjer greie for grunnlaget for standpunktvurderinga. Dette kan skuldast at vidaregåande skolar tidlegare har hatt lågare krav til å grunngje karakteren, frå klageinstansen. Vi vurderer at arbeidet vårt knytt til LK20 og vurdering har hatt god effekt i grunnskolen, og at skoleeigar og vidaregåande skolar bør få særleg merksemd i 2026.

### Dialog med lokal skolemyndigheit om innføring av LK20/LK20-S og modulstrukturerte læreplanar

I 2025 har vi hatt fleire eigne møte om dei nye modulstrukturerte læreplanane, både med arbeidsutvalet for vaksenopplæringa og med leiarar i vaksenopplæringa. Det har vore mange spørsmål knytt til både overgangsordninga til nye modulstrukturerte læreplanar og eksamen, dei einskilde læreplanane, samt spørsmål knytt til ansvaret for desse eksamenane. Møta har hatt god effekt, og vi vil halde fram med særleg støtte i arbeidet med dei nye modulstrukturerte læreplanane til sektoren i 2026.

### Rettleiing om regelverket

Vi gir løpende rettleiing om LK20, vurdering og eksamen gjennom møte, informasjonsskriv, tolkingsspørsmål og brukarstøtte. Vi har òg gjennomført to webinar for faglærarar i grunnskolen for å støtte skolane sitt arbeid med LK20:

- Læreplan og vurdering i mat og helse
- Læreplan og vurdering i matematikk

Bakgrunnen for at desse to faga vart valde ut, er at vi ser at faget mat og helse har vore sterkt representert i vår klagebehandling av standpunktarakterar, samt at det har vore høg grad av medhald på klagene. I matematikk viser evalueringa av fagformyinga at læreplan i matematikk opplevast vanskeleg å arbeide med for lærarar, samt at den har ei anna oppbygging enn andre læreplaner. Her hadde vi inne Matematikksenteret og leiar i fagnemnda i matematikk.

Statistikken over klager på standpunktarakterar i grunnskolen 2025 viser ein klar nedgang i talet klager på mat og helse til berre to klagar, der ein karakter vart oppheva. Sjølv om det er tidleg å vurdere effekt, kan nedgangen tyde på god effekt av webinaret. I matematikk har vi også tidlegare hatt få klager, så der er det vanskeleg å seie noko klart om effekten, men vi fekk gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

### **Oppfølging av lokal skolemyndigheit for trygg gjennomføring av eksamen 2025**

I februar 2025 gjennomførte vi vårt faste, årlege møte om eksamen og vurdering. Målgruppa er eksamensansvarlege i kommunane og skoleleiarar i offentlege og private skolar. Oppmøtet var svært godt, og alle kommunar og skolar som skulle gjennomføre eksamen var representerte. Dette viser at møtet er noko sektoren prioriterer å delta på og er ein årleg kick-off for eksamen. I tillegg hadde vi eit eige eksamens- og vurderingsmøte med leiarane i vaksenopplæringssentra. Grunnen til dette var stort behov for informasjon om dei nye modulstrukturerte læreplanane, eksamen og regelverk. Vi hadde ingen alvorlege hendingar i eksamensperioden, noko som kan tyde på at sektoren har god effekt av desse møta.

Vi har også hatt løpende dialog med fylkeskommunen før, under og etter både eksamen og klageperioden for standpunktarakterar. Vi har også deltatt på møter med rektorane. Vi ser behov for vidare dialog.

### **Risikovurdering og oppfølging**

Analyse av tal, kvalitative data og statistikk er sentral i vår risikovurderinga av tilstanden i sektor både på kommune- og skolenivå. I 2025 analyserte vi Udir si kartlegging av risiko i forkant av eksamen, saman med vår interne oversikt over hendingar under eksamen og sensur. Dette førte til fem pålegg om utgreiing til kommunar knytt til eksamen. Kommunane har i sine svar gjort greie for tiltak for å unngå liknande feil i framtida.

Eitt pålegg vart gitt i forkant av eksamensgjennomføringa grunna uklare svar på kartlegginga våren 2025, dei fire andre var knytt til at det gjennom sensuren vart avdekt at enkeltskolar til dømes hadde fleire tilfelle av påmelding av kandidatar med feil målform i norsk og/eller fleire tilfelle av feil ved levering av eksamenssvar. Vi ser det som sentralt at lokal skolemyndigheit i desse kommunane tek ein gjennomgang av eigne rutinar med sine skolar, og sikrar framtidige eksamenar. I svara på pålegga om utgreiing frå kommunane ser vi at dei har tatt grep for å unngå liknande tilfelle i framtida. Elles gjekk eksamens-gjennomføringa våren 2025 godt.

### **Sensorarbeid og kompetanseheving**

Vi får også informasjon om tilstanden i sektor gjennom kontakt med lærarar, gjennom sensurarbeidet. Fysiske sensorskoleringar har god effekt. Sensorane gir tilbakemelding om at dei har stort utbytte av å drøfte læreplan og vurdering med kollegaer frå andre kommunar/skolar, og at kompetansen dei har fått som sensorar gjer dei tryggare i arbeidrt både med læreplan og vurdering.

Som tidlegare, var sensortilgangen i fylket til sentralt gitt eksamen 2025 noko ulik avhengig av fag. I norsk hadde vi nok fagpersonar, men meir marginalt enn i engelsk og matematikk. Vi ser at det er mange som melder seg år etter år. Vi legg også vekt på å rekruttere nye sensorar og særleg frå kommunar som ikkje har hatt sensorar.

Ingen kommunar meldte frå om sensormangel til lokalt gitt eksamen.

### **Samla vurdering**

Statsforvaltaren vurderer at vi i 2025 har arbeidd systematisk og målretta for å bidra til at LK20/LK20-S blir forstått og etterlevd. Arbeidet vårt har gitt god effekt i grunnskolen, særleg knytt til vurdering. Vi ser behov for styrkt innsats mot vidaregåande opplæring og vaksenopplæring i 2026, særleg knytt til modulstrukturerte læreplanar og vurderingspraksis. Eksamen 2025 vart gjennomført utan alvorlege hendingar, noko som tyder på at rettleiinga vår har hatt god effekt.

### **Rammeplan for SFO (fra kapittel 3.3.3.1.7.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at lokal skolemyndighet og skoler forstår og etterlever rammeplanen for SFO.

**Tilstand i sektor og vurdering av effekt av Statsforvalteren sitt arbeid**

Statsforvalteren erfarer at kommunar endrar omfang og pris på SFO-tilbod. Dette kan ha fleire årsaker, mellom anna stram kommuneøkonomi som påverkar prioriteringa. Dette fortel noko om tilstanden i sektoren. Vi erfarer også at vi får førespurnader om SFO-tilbodet knytt opp mot ordninga med kollektiv kompetanseutvikling. Det kan sjå ut som at fleire kommunar ønsker å inkludere SFO-tilsette i ordninga. Vi vurderer dette i retning av auka forståing og medvit om kva rammeplanen for SFO legg til grunn.

Vi har hatt førespurnader knytt til SFO for elevar i individuelt tilrettelagt opplæring og personleg assistanse, både i private og offentlege skular. Desse har vi følgd opp med rettleiing.

Statsforvalteren sitt bidrag har i 2025 hatt ein avgrensa, men relevant effekt for kommunar og skolar som har tatt kontakt. Gjennom rettleiing av kommunar og ved å vise til og gjere kjent nasjonale ressursar frå Udir, har desse aktørane fått betre forståing og auka bruk av rammeplanen for SFO, samt støtte for det vidare arbeidet. Effekten har i hovudsak vore knytt til enkeltståande kontaktar og har i 2025 ikkje hatt ein brei eller systematisk karakter.

**Prioritering av skole- og barnehagemiljø og individuell tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp (fra kapittel 3.3.3.1.8.1 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalterne skal prioritere barnehage- og skolemiljø og individuell tilrettelegging (oppl §11-4 flg.)spesialpedagogisk hjelp i sitt arbeid. Disse prioriteringene skal være førende for arbeidet innenfor rettssikkerhet. Statsforvalterne skal gjøre risikovurderinger av lokal barnehagemyndighets og skolemyndighets forutsetninger for å løse sine oppgaver og arbeide målrettet for å styrke deres kompetanse ved behov.

**Prioritering av barnehage- og skolemiljø og individuell tilrettelegging/spesialpedagogisk hjelp**

Når det gjeld prioritering av skolemiljø i arbeidet med rettstryggleik, viser vi til rapportering under resultatmål 3.3.3.1.3.3. Vi viser også til rapportering knytt til punkt 3.3.3.1.3.1 og 3.3.3.1.3.2 i tildelingsbrevet. Tiltaka som er skildra der vurderer vi vil styrke kompetansen om rettstryggleik innanfor barnehage- og skolemiljø i sektor. Dei nyoppstarta dialogmøta om barnehage- og skolemiljø gir òg Statsforvalteren eit breiare og meir oppdatert kunnskapsgrunnlag for våre risikovurderingar på desse områda.

På bakgrunn av identifisert risiko knytt til kommunane si forståing og praktisering av regelverket, har vi retta innsatsen mot rettleiing innan individuell tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp i barnehage. Målet har vore å styrkje rettssikkerheita for barna gjennom meir korrekt og heilskapleg saksbehandling.

Rettleiinga om skiljet mellom barnehagelova §§ 31 og 37, retta mot lokal barnehagemyndigheit og barnehageeigarar, har bidratt til auka forståing av dei juridiske krava og betre omsetjing av regelverket til praksis. Særleg har arbeidet med barnets beste-vurderingar etter barnehagelova § 3 og Grunnlova § 104 ført til meir reelle og synlege vurderingar i kommunane si saksbehandling. Dette kjem til uttrykk både gjennom innhald i mottatte klager og i dialogen med kommunane i etterkant av rettleiinga.

Vidare har rettleiing om forvaltningslova sine krav til grunngjeving av vedtak, med utgangspunkt i vedtak om tilrettelagt barnehagemiljø for barn med nedsett funksjonsevne, hatt positiv effekt på kvaliteten i kommunane si vedtaksutforming. I etterkant av tiltaka ser vi meir utfyllande grunngjevingar, der vurderingane som ligg til grunn for konklusjonane i større grad går fram av vedtaka. Dette styrker både etterprøvarheit og føresetnadene for forsvarleg klagebehandling.

**Samla vurdering**

Vi vurderer at tiltaka i 2025 har hatt god effekt for rettssikkerheita til barna innan dei prioriterte risikoområda. Arbeidet har bidrege til betre forståing av regelverket, meir presis saksbehandling og meir synlege vurderingar av barnets beste. Dialogmøta og risikovurderingane gir oss eit stadig betre grunnlag for målretta innsats framover.

**Støtte arbeidet med realkompetansevurdering av voksne (fra kapittel 3.3.3.1.9.1 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal støtte lokal skolemyndighet i arbeidet med realkompetansevurdering av voksne.

Statsforvaltaren får jamleg spørsmål frå kommunane om korleis dei skal forstå og praktisere regelverket for realkompetansevurdering etter opplæringslova § 18-8 og opplæringsforskrifta. Desse førespurnadene gir oss innsikt i korleis kommunane arbeider, og kvar det er behov for rettleiing. Når kommunane tek kontakt, gir vi konkret rettleiing om regelverket og om korleis vurderingane skal gjennomførast i tråd med lov og forskrift.

Realkompetansevurdering har òg vore tema i webinar vi har gjennomført

Vi held fram med å støtte kommunane i dette arbeidet gjennom rettleiing og skal og ha fleire webinar i 2026. Realkompetansevurdering vil også vere eit tema når vi skal rettleie om fullføringsretten etter opplæringslova kapittel 5.

#### Oppfølging av fullføringsretten (fra kapittel 3.3.3.1.10.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal støtte fylkeskommunen i å følge opp retten til oppnådd studie- eller yrkeskompetanse for elever og voksne

I 2024 hadde vi regelverkssamling om ny opplæringslov der vi hadde eit innlegg om retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova kapittel 5. Dette vart følgt opp i 2025 med webinar om reglane knytt til førebunde opplæring for vaksne (FOV) og vidaregåande opplæring for vaksne (VOV). Vi har og gitt rettleiing på feltet og behandla ei klagesak om meiroplæring i 2025.

Haugsten 2025 deltok vi på ei dialogsamling om fullføringsretten med Utdanningsdirektoratet i Bodø.

I oktober gjennomførte vi eit webinar om endringane i integreringslova som trer i kraft 1. januar 2026. Frå 1. juli 2025 vart læreplanen i norsk for språklege minoritetar i FOV likestilt med læreplanen i norsk for vaksne innvandrarar etter integreringslova. Fullføringsretten var difor eit sentralt tema i webinarret. Vi fekk gode tilbakemeldingar, og kommunane har i etterkant jamleg bede om rettleiing og etterspurnaden er aukande,

#### Samla vurdering

Vi vurderer at arbeidet vårt i 2025 har bidrege til å styrkje fylkeskommunen og kommunane si forståing av regelverket knytt til retten til oppnådd studie- eller yrkeskompetanse for elevar og vaksne. Rettleiing, webinar og deltaking i nasjonale dialogarenaer har gitt god effekt, og den aukande etterspurnaden etter rettleiing viser at sektoren ser oss som ein relevant og tilgjengeleg støttespelar.

#### 3.1.3.8 Økt kunnskap om integreringsloven

Gjennom året tilbyr vi opplæring som vi vurderer gir grunnleggande forståing av lovverket og korleis det skal praktiserast. Vi har hatt fleire webinar med opplæring om integreringsregelverket i 2025. Kommunane har også fått opplæring i dei mange lovendringane i integreringslova i kraft frå 1. januar 2026. I forkant av webinarane har kommunane fått moglegheit til å kome med skriftlege spørsmål som vi kan ta opp i webinarane. Vi tar også opp problemstillingar som vi fangar opp gjennom klage- og tilsynssaker.

Vi har jamleg samarbeid med IMDI, Nav og fylkeskommunen om opplæring til kommunane. Fleire kommunar har tatt kontakt med oss i 2025 samanlikna med 2024. Dei uttrykker ønske om meir rettleiing og fleire webinar. Vi har fått gode tilbakemeldingar på aktivitetane våre, og vurderer effekten som god.

#### Kommuner og fylkeskommuner har god kunnskap om integreringsloven med tilhørende forskrifter (fra kapittel 3.3.4.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Alle kommuner og fylkeskommuner som er involvert i arbeidet med bosetting og integrering av flyktninger har god kunnskap om integreringsloven med tilhørende forskrifter.

#### Sjå rapportering på "kommunenes arbeid etter integreringsloven og SF oppfølging. (fra kapittel 7.3.1.7.1 i TB)" - Rigmor; Kanskje vi kan ta bort alt under her for det står også der vi henviser til!

Vi har hatt fleire webinar om integreringsregelverket i 2025. Vi har hatt oppfølging med kommunar som har særlege utfordringar knytt til forståing av reglane om busetting. Vi får mange spørsmål frå kommunane knytt til dette. Oppfølginga består av rettleiing og meir kontakt. Vi er synlege for kommunane og dei veit kven dei kan kontakte ved spørsmål. Vi vurderer at kommunane er svært mottakelege for rettleiing frå oss.

Vi samarbeider med IMDI, Nav og fylkeskommunen om å auke kunnskapen om regelverket. Vi har fleire webinar i året om ulike tema som busetting, regelverksendringar, regelverksforståing og om norsk- og samfunnskunnskapsopplæring. Vi har også hatt webinar om vaksenopplæring etter opplæringslova, slik at det skal bli meir overkommeleg å forstå kva for reglar som gjeld og når. Vi opplever god effekt av dette arbeidet.

Dei største utfordringane for kommunane og fylkeskommunen er å forstå og praktisere integreringslova kapittel 6A (mellombelse reglar for

personar med opphaldsløyve etter utlendingslova § 34). Kommunane har også behov for å forstå overgangsreglar knytt til endringar, og endringar i regelverket generelt.

Alle dei 27 kommunane i Møre og Romsdal busette flyktningar i 2025. 100% av kommunane har fått tilbod om opplæring. Ikkje alle kommunane har deltatt kvar gong, men vi opplever godt oppmøte generelt.

### 3.1.3.9 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering

Nasjonale myndigheter, fylkeskommunen og kommunane sitt arbeid med bosetting og integrering, vert følgd opp gjennom tett samarbeid med IMDi, og gjennom rettleiing og opplæring. Døme på samarbeid er gjennomføring av webinar for kommunane, saman med NAV-fylke, IMDi, fylkeskommunen og statsforvaltaren. Dette er det gode tilbakemeldingar på frå kommunane. Vi vurderer at samarbeidet vårt på tvers, har ein vesentleg effekt på heilskapleg forståing av integreringsområdet.

#### Samarbeid mellom stat, fylkeskommuner og kommuner bosetting av nyankomne flyktninger (fra kapittel 3.3.4.2.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Godt samarbeid mellom stat- og kommunesektor om bosetting av nyankomne flyktninger.

Statsforvalteren har tilgang til Nasjonalt introduksjonsregister (NIR), der alle flyktningar blir registrerte med mellom anna ankomstdato, status, bustad og busettingsdato. Gjennom løpande oppfølging i NIR følgjer vi med på om kommunane buset i tråd med anmodningane, og om bosetting skjer innan rimeleg tid. Vi kontrollerer òg om kommunane set i verk introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap for dei som har rett på det.

I tillegg har vi jamleg kontakt med kommunane gjennom rettleiing, opplæring og tilsyn.

### 3.1.4 Gjennomførte evalueringer

Vi har ikkje i 2025 hatt større hendingar som utløyste behov for skriftlege evalueringar. Vi evaluerar munnleg i etterkant av mindre hendingar der vi har hatt ei rolle i krisehandteringa. Til dømes evaluerte vi munnleg handteringa av "Amy", og har gjort nokre justeringar i planverket som følgje av evalueringa.

- Samleevaluering etter øvinga for kommunal kriseleiing hausten 2025 er gjennomført og delt med alle involverte kommunar og i KBO-møte.

- Evalueringa etter øving for landbrukskontora er utarbeidd av landbruksseksjonen, med fagleg støtte frå beredskapsseksjonen. På bakgrunn av funna i evalueringa har vi sendt oppfølgingsbrev til kommunal leiing.

## 3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks

### 3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver

Statsforvaltaren har ikkje gjennomført tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i 2025. Dette skuldast ressursknappheit. Det blir vist til prioriteringsrekkefølge for oppgåver frå Helsetilsynet under punkt 5.3.8.17 i hovudinstruksen. Det er planlagt 3 fellestilsyn i 2026 i savie mellom beredskap og helse.

### 3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Ikkje måloppnåing: Tilsyn etter integreringslova.

### 3.2.3 Barne- og familiedepartementet

Vi har fleire avvik på saksbehandlingsfristar på barnevernsområdet i 2025. Som i 2024 har utskiftingar i barnevernsgruppa og redusert bemanning ført til at enkelte oppdrag og eigeninitierte tilsyn er nedprioriterte, og vi har ikkje klart å overhalde fristane på dei fleste områda.

Vi behandla 47 prosent av klagen på barnevernstenesta sine enkeltvedtak innan tre månadar, mot kravet på 90 prosent. Ved inngangen av året hadde vi fleire gamle restansar, men desse er arbeidd ned gjennom året, og ved årsskiftet 2025/2026 hadde vi ikkje restansar på klagesakene.

Når det gjeld tilsynssaker behandla vi 55 prosent av tilsyn etter metode 1 innanfor 28 dagar, 56 prosent av tilsyn etter metode 2 innanfor 28 dagar og 67 prosent av tilsyn etter metode 5 innanfor seks månadar. Vi har hatt avvik på desse punkta over fleire år. Saksbehandlingstida har likevel vore i betring sidan 2022. Vi har framleis eldre restansar ved årsskiftet, noko som truleg vil påverke resultatet også i 2026.

Vi gjennomførte ikkje tilsyn ved senter for foreldre og barn i 2025, noko som inneber avvik frå forskrifta sitt krav om tilsyn anna kvart år. Dette er eit avvik som har vore over tid, då førre tilsyn var i 2023, 2019 og 2016. Tilsyn er planlagt i 2026.

Vi har heller ikkje bidrege til at krisesenter og barnevern er inkludert i kommunane sine beredskapsplanar for krisehandtering. Dette oppdraget vart heller ikkje prioritert i 2024. Vi har teke opp temaet i dialogmøte med ei barnevernsteneste og planlegg vidare oppfølging i 2026.

Vi har kontrollert fristskjema frå barnevernstenestene og gitt tilbakemeldingar på fristbrot som ikkje var tilstrekkeleg grunngitt, men vi har ikkje følgd opp med tilsynsaktivitet. Rapporteringa har ikkje vore prioritert dei siste åra. Frå 2026 vil vi auke rapporteringsfrekvensen frå to til fire gonger i året for å få betre oversikt og styrke risikovurderingane. Kapasiteten vil framleis vere avgrensa når det gjeld oppfølging med tilsyn.

Samla sett svekker avvika på BFD sine oppdrag rettstryggleiken på området. Lang saksbehandlingstid kan føre til redusert tillit frå barn, vaksne og kommunane.

### 3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

Vi har avvik knytt til hovudinstruksen punkt 5.3.8.3, 5.3.8.6 og 5.3.8.12.

I 2025 har vi vidareført den systematiske samanstillinga av informasjon frå ulike klagesaker og andre kjelder som del av områdeovervakinga vår. Kapasiteten har berre strekt til for eitt eigeninitiert, risikobasert tilsyn – eit tilsyn med oversending av klager på vedtak om tvangsmedisinerer. Dette inneber at den førebyggjande effekten tilsyn kan ha, heller ikkje i år vart utnytta fullt ut.

Vi gjennomførte i 2025 både informasjonsinnhenting og eit felles informasjonsmøte knytt til det landsomfattande tilsynet i regi av Statens helsetilsyn om ivaretaking av grunnleggjande behov hos eldre som bur heime. Slik bidrog vi med informasjon frå vårt fylke til eit meir komplett nasjonalt kunnskapsgrunnlag for styresmaktene og andre instansar.

Vi ser i klagesakene på helse- og omsorgstenester ein tydeleg tendens til stadig høgare forventningar og mindre forståing for at ikkje alt som er mogleg, rimeleg eller fagleg forsvarleg, kan leverast innan den tida eller rekkevidda pasientar og brukarar ønskjer. Mange klager kunne med fordel ha vore sende direkte til verksemdene, slik reforma av pasient- og brukarrettslova i 2021 la opp til.

Samtidig må vi erkjenne at grundig behandling av kvalitetsklager både tek betydelege ressursar frå klinisk og pleiefagleg arbeid, og krev ei særskild kompetanse som helse- og omsorgstenesta ikkje alltid har utvikla eller løfta godt nok fram.

I same retning verkar den aukande mengda KI-formulerte klager, som ofte bidreg til både meir omfattande framstillingar og urealistiske forventningar til tenestene.

Vi nådde ikkje resultatmålet på overprøving av vedtak om bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemning - 76% innan 3 månader.

Statsforvaltaren har auka talet på stadlege tilsyn frå 3 i 2024 til 6 i 2025. Vi har prioritert saksbehandling av overprøvingar, noko som har ført til at vi ikkje har hatt tilstrekkelege ressursar til å gjennomføre fleire tilsynsbesøk. Talet på vedtak har vore relativt stabilt i perioden 2023–2025 (163–167 vedtak). A-meldingane har variert noko meir, men låg litt lågare i 2025 samanlikna med dei andre åra. Sjå også redegjørelse under punkt (avsluttede klagesaker (fra kapittel 3.3.1.3.3.3 i TB))

### 3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

Verjemål: Ingen avvik

Beredskap: Ingen avvik

Rettshjelp: Ingen avvik

### 3.2.6 Klima- og miljødepartementet

Vi har i 2025 ikkje meldt oppstart på og levert tilrådning for aktuelle områder for bevaring av verdifull natur, når det gjeld oppdrag innafor supplerende vern.

Vi har ikkje greid å følge opp arbeidet med tiltaksplan for olivinskog i tråd med supplerande tildelingsbrev.

Forureining har ikkje vesentlege avvik

### 3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet

Det er vesentleg avvik når det gjelder saksbehandlingsfrister på klagesaksbehandling etter plan- og bygningsloven. Med eit stort etterslep i talet på klagesaker, tek det tid å kome innafor kravet om 12 vekers saksbehandlingstid.

SFMR har derfor omprioritert ressursar for å auke kapasiteten innan klagesaksbehandling etter Plan- og bygningslova. Frå august 2025 var vi

fulltallig med juristar på denne seksjonen, samt ei ekstra stilling.

### 3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik.

### 3.2.9 Landbruksdepartementet

Ingen avvik

## 3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

### Kvalifiseringsprogrammet (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en vurdering av

- i hvilken grad opplæringen statsforvalteren har gjort med hensyn til Kompetansekassen for kvalifiseringsprogrammet, har bidratt til å styrke kompetansen i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet i Nav-kontorene og på hvilken måte.
- resultatet av statsforvalterens oppfølging av Nav-kontor som har særlige utfordringer i arbeidet med kvalifiseringsprogram.

### Opplæringa i Kompetansekassa

Då Kompetansekassa vart ferdigstilt i 2023, gjennomførte vi ei heildagssamling med dette som hovudtema. I 2024 og 2025 følgde vi opp med fleire nettmøte både for rettleiarar og leiarar, og vi veit at fleire Nav-kontor har gjennomført intern opplæring i eigen regi.

Opplæringa ser ut til å ha bidrege til å styrkje kompetansen i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet ved Nav-kontora, men i varierende grad. Nokre kontor nyttar Kompetansekassa aktivt, medan andre i større grad baserer seg på lowverket direkte eller kollegaretteing. Fleire kontor har uttrykt ønske om å ta Kompetansekassa meir systematisk i bruk i 2026, noko som tyder på at opplæringa har hatt ein positiv, men ikkje fullt ut realisert effekt.

Vi vurderer at verktøyet kunne vore nytta meir systematisk dersom vi hadde lagt endå større vekt på opplæring og hatt tettare oppfølging av kontora i bruken av Kompetansekassa.

### Oppfølging av Nav-kontor med særskilde utfordringar

I 2025 har vi ikkje hatt tilstrekkeleg kapasitet til å følgje opp Nav-kontor med særskilde utfordringar i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet. Dette inneber at vi ikkje kan vise til konkrete resultat av slik oppfølging i 2025.

### Aktivitetsplikt (fra kapittel 7.3.1.2 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal på bakgrunn av egen innsikt og opplæringstiltak

- gi en overordnet vurdering av hvordan statsforvalteren oppfatter at kontorene jobber for å se aktivitetsplikten for unge under 30 år i sammenheng med alle Navs virkemidler og satsinger for ungdom.
- gi en kort beskrivelse av hvilken målgruppe statsforvalteren erfarer at Nav-kontorene ikke får gitt et hensiktsmessig aktivitetstilbud.

Korleis kontora arbeider for å sjå aktivitetsplikta i samanheng med NAV sine verkemiddel

Vi har få klagesaker etter § 20a og har derfor kartlagt korleis Nav-kontora arbeider med aktivitetsplikta for unge under 30 år. Vår vurdering er at kontora i hovudsak jobbar godt med å sjå aktivitetsplikta i samanheng med dei ulike virkemidla og satsingane for ungdom. Dei fleste kontor har stort fokus på å sikre at ungdom med sosialhjelp har aktivitet som kan styrkje moglegheitene for arbeid eller utdanning. Mange nyttar individuelle aktivitetsplanar, statlege arbeidsretta tiltak, lågterskeltilbod som Jobbstart og tett oppfølging gjennom Ungdomsgarantien. Kontora samarbeider med næringsliv, frivillige organisasjonar, arbeidsmarknadsbedrifter og kommunen, og fleire har egne ungdomsteam og økonomiteam som fattar vedtak etter § 14a og § 20a.

Samtidig melder fleire kontor at det kan vere utfordrande å finne eigna lokale aktivitetar, særleg i distriktskommunar. Likevel opplever vi at kontora har eit sterkt fokus på rask overgang til arbeid eller utdanning og aktiv bruk av NAV-verktøykassa.

**Nav-kontora opplever at det er krevjande å gi hensiktsmessige aktivitetstilbod til fleire målgrupper:**

- Flyktingar med lågt språknivå, særleg ukrainske og overføringsflyktingar, som ofte fell utanfor arbeidsretta tiltak.
- Ungdom utan førarkort i distriktskommunar, der dårleg kollektivtilbod avgrensar deltaking.
- Personar i aktiv rus eller med alvorlege psykiske helseutfordringar, som treng fleire lågterskeltilbod med struktur og meistring.
- Kvinner med minoritetsbakgrunn, ofte med låg utdanning, lite digital kompetanse og svak språkutvikling.

**Samla vurdering**

Samla sett vurderer vi at Nav-kontora jobbar godt med aktivitetsplikta, men at fleire målgrupper framleis ikkje får eit tilstrekkeleg tilpassa aktivitetstilbod. Det er særleg behov for fleksible lågterskeltilbod, tiltak som kombinerer språkopplæring og praktisk arbeid, og tettare samarbeid med frivillig sektor for å skape inkluderande møteplassar.

**Økonomisk rådgiving (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en overordnet vurdering av hvilke behov kommunen har for kurs og opplæring innenfor økonomisk rådgiving. Statsforvalteren må identifisere hvilke fagfelt i Nav og øvrige tjenester i kommunen som deltar på kursene de gjennomfører.

**Statsforvalteren si vurdering av kompetansebehov og deltaking i kurs**

Vi kjøper ressurser frå tre Nav-kontor - eitt frå kvart tenesteområde i fylket - for å støtte arbeidet vårt innan økonomisk rådgjeving. Desse fagmiljøa har tett kontakt med brukarane, god kompetanse og god innsikt i utfordringane Nav-kontora står i. Vi samarbeider jamnleg med dei om utvikling av tenesta.

I tillegg har vi har spurt Nav-kontora direkte om deira behov for kurs og opplæring på dette fagområdet.

Ut frå vår kjennskap er det eit tydeleg behov for både grunnleggjande og vidaregåande opplæring i økonomisk rådgjeving i Nav-kontora. Erfaringane våre viser at både statlege og kommunale tilsette ønskjer oppdatert kunnskap, praktisk rettleiing og fleire fysiske møteplassar for å styrkje kompetanse og samhandling.

Det er særleg behov for meir opplæring innan:

- Digital utvikling og svindel: kunnskap om nye betalingsløysingar, auka kredittmoglegheiter og tilhøyrande risiko.
- Kulturförståing: særleg knytt til flyktingar og økonomiske praksisar som skil seg frå norske tilhøve.
- Talking av regelverk: for å sikre meir lik praksis mellom kommunar og fylke.

**Deltaking på våre kurs**

Vi tilbyr e-kurs i basiskunnskap om økonomisk rådgjeving. Deltakarane har i hovudsak vore rettleiarar i Nav og tilsette i flyktingtenesta. Vi har òg gjennomført eit digitalt grunnkurs som gir ei overordna forståing av fagområdet. Her har tilsette frå Nav-kontor, psykisk helse og rustenesta, bustadkontor, førebyggjande helsearbeid for eldre, helsestasjon og flyktingtenesta deltatt.

Nav-tilsette har vidare deltatt på både vidaregåande kurs og ekspertkurs.

Vi har òg halde kurs i privatøkonomi for tilsette i flyktingtenesta.

På nettverkssamlingar, kurs og fagdagar har vi invitert tilsette frå Namsmannen for å styrkje samarbeid og felles forståing av fagområdet

**Kompetansehevende tiltak utsatt ungdom (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalterne skal gjøre rede for kompetansehevende tiltak som de har iverksatt for oppfølging av utsatt ungdom i Nav-kontoret. Det bes også om en vurdering av om statsforvalterens tilrettelegging for erfaringsutveksling om oppfølging av utsatt ungdom i Nav i samarbeid med Nav Fylke, har effekt.

**Statsforvaltaren sine kompetansehevende tiltak og vurdering av erfaringsutveksling**

Statsforvaltaren har gitt tilskot til fleire Nav-kontor for å styrkje oppfølginga av utsett ungdom. Gjennom desse tiltaka har kontora utvikla metodar og arbeidsformer som dei har delt med andre Nav-kontor i fylket, noko som har bidrege til kompetanseheving og meir lik praksis. Oppfølging av barn og unge har òg vore ein fast del av dialogen mellom Statsforvaltaren og Nav-kontora.

Når det gjeld tilrettelegging for erfaringsutveksling i samarbeid med Nav fylke, har vi i 2025 hatt avgrensa kapasitet til å gjennomføre meir systematisk samarbeid. Dette har påverka moglegheita til å vurdere effekten av slik erfaringsutveksling. Vi arbeider no med å etablere ein betre struktur for dette i 2026, slik at samarbeidet kan få større omfang og meir føreseieleg effekt.

#### Tilgjengelighet til sosiale tjenester (fra kapittel 7.3.1.5 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal vurdere hvordan Nav-kontorene sørger for tilgjengelighet til sosiale tjenester for brukere som har ulike behov og forutsetninger. I tillegg skal statsforvalteren gjøre rede for hvordan digitalisering gjennom DIGISOS påvirker tilgjengelighet til de sosiale tjenestene.

#### Statsforvaltaren si vurdering av tilgjengelegheit til sosiale tenester og effekten av DIGISOS

Statsforvaltaren har kartlagt korleis Nav-kontora sikrar tilgjengelegheit til sosiale tenester for brukarar med ulike behov og føresetnader. Kontora nyttar fleire tiltak for å sikre at tenestene er tilgjengelege:

- Det er mogleg å søkje digitalt om økonomisk sosialhjelp via nav.no og DIGISOS. For brukarar som ikkje er digitale, tilbyr kontora papirskjema eller hjelp frå saksbehandlar til å skrive ned søknaden.
- Dei fleste kontor har drop-in tre dagar i veka, vanlegvis 1–2 timar per dag, med noko variasjon mellom kommunane.
- Kontora har vakttelefon som ofte er bemanna kvar dag, typisk mellom kl. 09–15. Nokre kontor har ringeklokke for kontakt utanom drop-in.
- Dei mest sårbare brukarane kan ved enkelte kontor få direkte kontakt med saksbehandlar, og fleire kontor opplyser at samarbeidspartnarar har tilgang til telefonlister.
- Tolketeneste blir brukt ved behov.
- Fleire kontor arbeider aktivt for å fange opp behov gjennom samarbeid med flyktingteneste, psykisk helse, lege og andre kommunale tenester. Nokre deltek òg i tiltak mot barnefattigdom og informasjonsarbeid i skule og flyktingteneste.

Statsforvaltaren vurderer at det er betydelig variasjon mellom Nav-kontora når det gjeld tilgjengelegheit. Vi får henvendingar frå brukarar som opplever kontoret som lite tilgjengeleg, noko som tyder på at praksis ikkje er likt innretta i heile fylket.

#### DIGISOS og digital tilgjengelegheit

DIGISOS har gjort det enklare for mange brukarar å søkje om økonomisk sosialhjelp og følgje saka si digitalt. Samstundes peikar fleire kontor på at mange brukarar tek kontakt via Modia, sjølv om temaet gjeld kommunale tenester. Kontora uttrykkjer eit stort behov for ein chat-kanal for kommunale sosiale tenester. Regelverket opnar ikkje for slik dialog i dag, noko kontora opplever som ei utfordring. Statsforvaltaren støttar denne vurderinga.

DIGISOS har dermed styrkt tilgjengelegheita for dei som er digitale, men har ikkje løyst behovet for lågterskel dialog for dei som treng rask avklaring eller ikkje nyttar digitale løysingar.

#### Samla vurdering

Statsforvaltaren vurderer at Nav-kontora i hovudsak er tilgjengelege gjennom fleire kanalar, men at det er variasjonar og nokre enkeltstående unntak. Digitaliseringa har gitt betre tilgjengelegheit for mange, men det er framleis eit gap i kommunikasjonen om kommunale tenester som gjer at ikkje alle brukarar får eit like godt tilbod.

#### Tilskudd til utvikling av de sosiale tjenestene i Nav-kontoret (fra kapittel 7.3.1.6 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en kort, overordnet vurdering av sin egen måloppnåelse i arbeidet med tilskudd til utvikling av de sosiale tjenestene i Nav-kontoret.

Seks kommunar i Møre og Romsdal mottok i 2025 midlar til utvikling av sosiale tenester i Nav. Tre av prosjekta fekk oppfølgingsmøte. Desse møta gir oversikt over framdrift, måloppnåing og behov for eventuelle justeringar.

Alle prosjekt får sosialfaglege tilbakemeldingar på søknader og rapportering gjennom tilsegnsbrev. Der det er relevant viser vi også til regelverket for samarbeid i velferdslovgivinga.

#### Rettleiing og kompetanseheving

Prosjekta får tilbod om innføring i prosjektleiing, i samarbeid med dei andre statsforvaltarane. I 2025 vart det gjennomført fire digitale samlingar, både grunnopplæring og fordjuping.

Vi inviterer også prosjekt til å dele erfaringar på Nav-leiarsamlingar og i Sosialtenestedialogen. Slik erfaringsdeling fører til inspirasjon og kontakt mellom kontor, og kan bidra til at nye prosjekt blir sett i gang.

Nav-kontora som får prosjektmidlar tek ofte kontakt med Statsforvaltaren for spørsmål og rettleiing. Dette gir tett dialog og gjer at utfordringar kan følgjast opp fortløpande.

### Samla vurdering av måloppnåing

Statsforvaltaren vurderer at vi i 2025 i stor grad har nådd måla våre for tilskotsordninga. Vi har gitt tett fagleg oppfølging, bidrege til kompetanseheving og lagt til rette for erfaringsdeling mellom Nav-kontora. Prosjekta har ført til utvikling av nye arbeidsmetodar, og mange av tiltaka blir vidareført i ordinær drift, noko som gir varige forbetringar i dei sosiale tenestene. Tilskotsordninga har òg styrkt samarbeid internt i kommunane og med eksterne aktørar, og har auka merksemda rundt dei sosiale oppgåvene i Nav.

### Rapportering på kommunenes arbeid etter integreringsloven og statsforvalternes oppfølging (fra kapittel 7.3.1.7.1 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalterne skal

- gjøre rede for resultatet av statsforvalterens oppfølging av kommuner som har særlege utfordringar i arbeidet med introduksjonsprogrammet og opplæring i norsk og samfunnskunnskap
- gi en overordnet vurdering av kommunenes og fylkeskommunenes kunnskap om integreringsloven med forskrifter
- gjøre rede for hva som er de største utfordringene for kommunene og fylkeskommunene i forståelsen av regelverket
- oppgi andelen kommuner som har fått tilbud om opplæring fra statsforvalterne i prosent av totalt antall kommuner som bosetter

### Resultat av Statsforvaltaren si oppfølging av kommunar med særlege utfordringar

Vi har prioritert rettleiing og tett oppfølging av kommunar som har særlege utfordringar knytt til introduksjonsprogrammet og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Vi har hatt skriftleg rettleiing og fysiske møter med vaksenopplæringa (VO) og flykntingtenesta.

VO-miljøet har fått midlar til å gjennomføre to årlege nettverksmøte, som i 2025 vart haldne på Vestnes og i Geiranger. Vi har delteke med faglege innlegg, og tilbakemeldingane frå kommunane har vore svært gode. Vi har òg gjennomført fleire webinar om integreringsregelverket og følgd opp kommunar med særlege utfordringar knytt til forståing av reglane og busetting gjennom tett dialog og rettleiing. Kommunane tek ofte kontakt med spørsmål om regelverksforståing, og vi vurderer at dei er mottakelege for rettleiing og nyttar oss aktivt som støtte.

### Overordna vurdering av kommunane og fylkeskommunane si kunnskap om integreringslova

Vår overordna vurdering er at kommunane generelt har god kunnskap om integreringslova og forskriftene, og at dei i hovudsak praktiserer regelverket korrekt. Samstundes ser vi variasjonar i klage- og tilsynssaker, noko som viser at det framleis er behov for rettleiing og kompetanseheving. Dette følgjer vi opp gjennom opplæringsstilbod og målretta rettleiing.

### Dei største utfordringane i forståinga av regelverket

Dei mest krevjande områda for kommunane og fylkeskommunen er:

- Integreringslova kapittel 6A – mellombelse reglar for personar med opphald etter utlendingslova § 34
- Overgangsreglar knytt til regelverksendringar
- Endringar i integreringslova generelt

Samanhengen mellom integreringslova og opplæringslova, særleg knytt til fullføringsretten etter opplæringslova kapittel 5, vil vere prioriterte i vår rettleiing i 2026.

### Tilsynsoppdraget

Statsforvaltaren fekk i oppdrag frå IMDi å gjennomføre seks tilsyn i 2025 med temaet differensiering av introduksjonsprogram og opplæring i norsk. Av ressursomsyn var det ikkje mogleg å gjennomføre alle seks. Vi starta to tilsyn i oktober 2025, og desse er framleis under arbeid.

### Samarbeid med andre aktørar

Vi samarbeider med IMDi, Nav og fylkeskommunen for å styrkje kunnskapen om regelverket. Vi har gjennomført fleire webinar om busetting, regelverksendringar, norsk- og samfunnskunnskapsopplæring, vaksenopplæring og fullføringsretten etter opplæringslova. Vi opplever god effekt av dette samarbeidet, og kommunane gir uttrykk for at det gjer regelverket meir forståeleg og handterbart.

**Andel kommunar som har fått tilbod om opplæring**

Alle dei 27 kommunane i Møre og Romsdal busette flyktningar i 2025. 100 % av kommunane har fått tilbod om opplæring frå Statsforvaltaren. Oppmøtet varierer frå gong til gong, men er gjennomgåande godt.

**Rapportering på klagesaker om introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap (fra kapittel 7.3.1.7.2 i TB)****Rapportere på**

Når det gjelder ordningene introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap (begge hjemlet i integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen. Statsforvalteren bes om å skille klager etter introduksjonsloven og integreringsloven, samt etter midlertidig kapittel 6A i integreringsloven.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal behandla totalt 11 klagar etter integreringslova i 2025.

**Forlenging av program:**

- 6 saker
- 4 saker etter integreringslova kap. 6
- 2 saker etter integreringslova elles
- I alle sakene vart det ikkje gitt medhald

**Introduksjonsstønad**

- 1 sak etter integreringslova kap. 6
- Ikkje medhald

**Stans av program**

- 1 sak etter integreringslova kap. 6
- Ikkje medhald

**Annet**

- 3 klager etter integreringslova kap. 6
- Avvist

**Rapportering på statsborgerseremonier (fra kapittel 7.3.1.7.3 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på statsborgerseremonier.

Antall avholdte seremonier: 1

Antall utsendte invitasjoner: 665

Antall deltakende nye statsborgere / antall utdelte statsborgerbøker: 100 (15,40 %)

**Rapportering på opplæring i norsk og samfunnskunnskap (fra kapittel 7.3.1.7.4 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall deltakere i opplæring norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (også personer som ikke er omfattet av integreringsloven/introduksjonsloven). I tillegg skal statsforvalteren rapportere på antall årsverk i kommunene som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap iht. integreringsloven/introduksjonsloven, også etter midlertidig kapittel 6A i integreringsloven.

I Møre og Romsdal var det første halvår 2427 deltakarar som fekk opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Totalt brukte kommunane

151,44 årsverk på dette.

I andre halvår var det 1898 deltakere som fikk opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Kommunene brukte totalt 130,56 årsverk på dette.

#### Samarbeid mellom stat, fylkeskommuner og kommuner bosetting av nyankomne flyktninger (fra kapittel 7.3.1.7.5 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalterne skal redegjøre for hvordan de bidrar til samarbeid mellom stat- og kommunesektor om bosetting av nyankomne flyktninger.

Vi følger oppmødingene fra IMDi gjennom forventningsbrev og planarbeid. Vi har gjennomført 4 frukostmøte saman med IMDi og vertskommunane, og hatt egne møter med kommunane. Vi har eit tett samarbeid med både fylkeskommunen, NAV og IMDi. I 2025 gjennomførte vi 4 møter i tillegg til frukostmøta. Vi planlagde og la til rette for webinar. Mellom anna hadde vi innlegg om busetting, gjeldande og framtidige reglar i integreringslovgivinga og arbeidsmarknadstiltak. Vi har fått svært gode tilbakemeldingar på dette arbeidet. Kommunane ønsker meir av dette og vi planlegg nye webinar i 2026. Måla for dette arbeidet vurderer vi som nådd for 2025.

#### Kommunenes oppfølging av krisesenterloven (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven, gi en vurdering av tilgjengelighet og kvalitet på tilbudet til kvinner, menn og barn.

#### Rapportering på tilsyn, tilgjengelegheit og kvalitet

Statsforvaltaren har ikkje gjennomført tilsyn med kommunane si oppfølging av krisesenterlova i 2025 på grunn av ressursmessige omsyn. For å sikre oversikt og kunnskap om situasjonen har vi besøkt to av tre krisesenter i 2025, medan det tredje vart besøkt i 2024.

Tilbakemeldingar frå krisesentera viser at det i fleire tilfelle har vore nødvendig å avvike frå lovverket for å gi eit forsvarleg og tilpassa tilbud, særleg til menn. Enkelte senter har òg hatt periodar med sprengt kapasitet. Det er framleis variasjonar mellom krisesentera når det gjeld både tilgjengelegheit og kvalitet på tilbudet til kvinner, menn og barn. I dialogen vår har vi presisert at også tilbudet til menn og barn skal oppfylle lovkrava til ei kvar tid.

To av krisesentera planlegg endringar i lokala sine. Dette er viktig for å kunne tilby eit likeverdig og forsvarleg tilbud, men kommunane opplever det som krevjande å realisere bygg som fullt ut oppfyller lovkrava, gitt den økonomiske situasjonen.

Alle kommunane har handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Dette er noko vi over fleire år har lagt vekt på og stimulert til samarbeid om. Etter vår vurdering har dette bidrege til auka merksemd og kompetanse på fagfeltet.

#### Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	27
Antall krisesentertilbud i fylket	3
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2023	1
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2023	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2024	1
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2024	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2025	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2025	0

#### Ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på saker statsforvalteren håndterer etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova.

Digitale søknader utgjør 85% av alle søknader som kjem inn til Statsforvalteren i Møre og Romsdal.

### Ekteskapsaker

Lov	Sakstype	Sum	Innvigelser	Avslag	Avvisninger	Andel mottatt digitalt
Ektskapsloven	Separasjon, jf. § 20	404	390	0	14	85 %
Ektskapsloven	Skilsmisse, jf. § 21	399	396	1	2	84 %
Ektskapsloven	Skilsmisse, jf. § 22	8	7	1	0	45 %
Ektskapsloven	Tillatelse til å inngå ekteskap selv om vergen har nektet, jf. § 2	0				
Ektskapsloven	Samtykke til ekteskap mellom nære slektninger, jf. § 3 første ledd	0				
Ektskapsloven	Samtykke til ekteskap mellom adoptivbarn og tidligere adoptivfamilie medlem, jf. § 3 andre ledd	0				
Ektskapsloven	Fritak fra krav om forlovere, jf. § 7j	0				
Ektskapsloven	Fritak for dokumentasjon av skifte, jf. § 8 siste ledd	5	4	1	0	50 %
Ektskapsloven	Klage på at prøvingsattest ikke er utstedt, jf. § 10 andre ledd	0				
Ektskapsloven	Klage på at vigsel er nektet, jf. § 14 tredje ledd	0				
Ektskapsloven	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 16 andre ledd	0				
Ektskapsloven	Reise sak om et ekteskap består eller ikke, jf. § 16a	0				
Ektskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18 b første ledd bokstav a	0				
Ektskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18 b første ledd bokstav b	0				
Ektskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18 b første ledd bokstav c	0				
Ektskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18 b første ledd bokstav d	0				
Ektskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18 c	0				
Ektskapsloven	Reise sak for å oppløse ekteskap som er inngått i strid med § 3 eller § 4, jf. § 24 andre ledd	0				
Anerkjennelsesloven	Anerkjennelse av utenlandske skilsmisser eller separasjoner, jf. § 4 første ledd	47	46	0	1	6 %
Brudvigingslova	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 11 tredje ledd	0				

### Vedtak etter barneloven (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten. Statsforvalteren bes om å spesifisere sakstype etter hjemlene i barneloven.

Statsforvaltaren har ikkje gjort vedtak etter barnelova i 2025. Dette gjeld alle sakstypar.

### Saker etter barneloven

Lov	Sakstype	Antall vedtak
Barneloven	Klage på avslag på krav om opplysninger, jf. § 47 andre ledd	0
Barneloven	Tap av opplysningsrett, jf. § 47 tredje ledd	0
Barneloven	Vedtak om tvangskraft for avtaler, jf. § 55	0

### Veiledning og informasjon på familierettens område (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en kort omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område.

### Statsforvaltaren sitt arbeid med rettleiing og informasjon på familierettsområdet

Statsforvaltaren gir rettleiing i alle spørsmål vi får på familierettsområdet. Dei fleste henvendingane kjem frå foreldre som tek kontakt på telefon, men vi får òg skriftlege spørsmål. Spørsmåla handlar i hovudsak om foreldreansvar, samvær og praktiske problemstillingar knytt til gjennomføring av avtaler. Vi får òg spørsmål frå foreldre og andre om rett til informasjon frå skule og barnehage, og om korleis regelverket skal forståast i konkrete situasjonar.

Gjennom denne rettleiinga bidreg vi til at foreldre får betre kjennskap til regelverket, og til å avklare rettar og plikter i saker som ofte er prega av konflikt eller usikkerheit.

### Tilsyn med familievernkontorene (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall tilsyn med familievernkontorene.

### Tilsyn med familievernkontor

Statsforvaltaren har ikkje prioritert tilsyn med familievernkontora i 2025. Dette er grunna ein krevjande ressursituasjon i seksjonen, vurderingar av risiko og vår eigen kjennskap til situasjonen ved familievernkontora i fylket.

#### Tilsyn med familievernkontorene

Totalt antall familievernkontor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2025	Antall gjennomførte tilsyn i 2024	Antall gjennomførte tilsyn i 2023
3	0	0	0

#### Akuttberedskap i kommunene (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for statsforvalternes vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket.

#### Statsforvaltaren si vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket

I 2025 er det 15 barnevernstenester i fylket. Statsforvaltaren gjennomfører årlege risikovurderingar basert på fleire kjelder: kommunane si halvårsrapportering, SSB-tal, tilstandsrapportar, resultat frå tilsyn og klagebehandling, samt annan informasjon vi får gjennom dialog med tenestene. Vi har hatt fleire møtepunkt med barnevernsleiarane gjennom året, noko som gir viktig innsikt i både styrkar og utfordringar og styrkjer risikovurderingane våre.

#### Dialog og oppfølging

På bakgrunn av årets risikovurdering har vi gjennomført eitt oppfølgjande dialogmøte og eitt ordinært dialogmøte. Desse møta gir eit godt innblikk i korleis tenestene arbeider, og kor tett kommunal leiing er kopla på. Vi vurderer at fleire dialogmøte ville gitt eit endå betre kunnskapsgrunnlag.

#### Akuttberedskap og bistandsplikt

Alle kommunane har etablert akuttberedskap gjennom interkommunalt barnevernsvaktsamarbeid, som sikrar oppfølging utanom ordinær arbeidstid. Vi har behandla få saker om brot på bistandsplikta. Samstundes får vi framleis meldingar om barn som må flytte langt frå familie og nettverk på grunn av manglande lokale tiltak.

#### Variasjon i hjelpetiltak og tidleg innsats

Vi ser store variasjonar mellom kommunane når det gjeld tilgjengelege hjelpetiltak. Ulik kommuneøkonomi, kompetanse og kapasitet påverkar både kvalitet og tilgjengelegheit på differensierte tiltak. Tidleg innsats og godt tverrfagleg samarbeid er avgjerande for at barn og familiar får rett hjelp til rett tid, men dette fungerer ikkje like godt i alle kommunar.

#### Samarbeid og koordinering

Vi får fleire meldingar om utfordringar knytt til samarbeid og koordinering mellom tenester, både internt i kommunane og i samhandlinga med spesialisthelsetenesta. Desse utfordringane kan føre til brot i kontinuitet, forseinkingar og mangelfull oppfølging. Vi ser at enkelte barn og familiar ikkje får den hjelpa dei burde hatt, anten fordi nødvendige tiltak ikkje finst, eller fordi samhandlinga ikkje fungerer godt nok.

#### Kompetanse, kapasitet og stabilitet

Fleire tenester melder om utfordringar med å rekruttere og behalde nødvendig fagkompetanse. Det er ofte få søkarar med relevant utdanning og erfaring, noko som krev omfattande opplæring av nyttilsette. Høg turnover og periodar med stort sjukefråvær skaper ustabilitet og påverkar kontinuiteten i oppfølginga av barn og familiar.

Fleire tenester opplyser òg at dei må bruke private konsulentar for å løse kjerneoppgåver. Vi er uroa for at denne praksisen aukar. Bruk av eksterne konsulentar kan svekke kvalitet, kontinuitet og fagleg samanheng i sakshandsaminga.

#### Nytt fagsystem og datakvalitet

Alle kommunane tok i bruk nytt fagsystem med direkte rapportering til Bufdir i 2025. Implementeringa har vore krevjande, og vi opplever framleis usikkerheit knytt til validiteten i tala. Det er ikkje alltid samsvar mellom kommunane si rapportering og Bufdir sine tal. Dette gjer at vi må vere varsame i tolkinga av nøkkeltal og utviklingstrekk.

#### Forvaltningskompetanse og konfliktsaker

Gjennom enkeltsaker ser vi framleis døme på manglande kunnskap om generell forvaltningsrett. Vi har òg inntrykk av at tenestene brukar mykje tid og ressursar på konfliktsaker der foreldre ikkje bur saman, noko som kan gå ut over kapasiteten til andre oppgåver.

## Fosterheimar

Vi får fleire meldingar frå fosterforeldre som uttrykker misnøye med oppfølginga frå barnevernstenesta. Vi ser òg at fosterforeldre i aukande grad nyttar klageadgangen dei har fått på fosterheimsavtalen.

### Samla vurdering

Statsforvaltaren vurderer at kvaliteten i barnevernet i fylket varierer betydeleg mellom kommunane. Det er fleire strukturelle og kompetansemessige utfordringar som påverkar risikoen for svikt i tenestene. Særleg peikar vi på:

- store variasjonar i hjelpetiltak og tidleg innsats
- utfordringar med samarbeid og koordinering
- rekrutterings- og kompetanseutfordringar
- aukande bruk av private konsulentar
- usikker datakvalitet i nytt fagsystem
- manglande forvaltningskompetanse i enkelte tenester

Samstundes ser vi at kommunane arbeider for å styrkje akuttbereidskap, leiingsforankring og tverrfagleg samarbeid. Dette er viktige faktorar for å redusere risiko og betre kvaliteten i barnevernet.

### Gravplassloven (fra kapittel 7.3.2.8 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall saker om askespredning og utfallet i disse sakene. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark skal gi en oversikt over antall saker av hver sakstype nevnt i oppdraget og utfallet i disse sakene.

I 2025 har Statsforvaltaren i Møre og Romsdal motteke totalt 173 søknader om askespreiing.

Av dei 173 søknadene vart 127 innvilga, 27 fekk avslag, og i 19 saker valde dei å ikkje gå vidare.

### Lov om helligdager og helligdagsfred (fra kapittel 7.3.2.9 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall dispensasjonssøknader, avslag og innvilgelser, jf. § 5 i lov om helligdager og helligdagsfred. Statsforvalteren skal rapportere på antall søknader om typisk turiststed, avslag og innvilgelser.

Vi mottok tre søknader om dispensasjon frå reglane om søndagsstengte butikkar. Vi gjorde vedtak i to av sakene, der begge blei innvilga. Sakene gjaldt større hendingar lokalt. I den siste saka gav vi søkaren rettleiing om regelverket.

Vi hadde ingen søknader om forskrift om typisk turiststad.

### Godt og samordnet tjenestetilbud til utsatte barn og unge og deres familier (fra kapittel 7.3.2.10 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalter skal gjøre en kort, overordnet vurdering av i hvilken grad kommunene har et godt og samordnet tjenestetilbud til utsatte barn og unge og deres familier, herunder hvorvidt lovbestemmelsene om samarbeid og samordning i velferdslovgivningen er kjent og implementert. Det skal gå frem av vurderingen om kommunene ivaretar ansvaret med å beslutte hvilken instans i kommunen som skal ha koordineringsansvaret. Statsforvalter skal også gi en kort vurdering av kommunenes kompetanse om utsatte barn og unge og kommunenes behov for kompetanseutvikling for å sikre et mer samordnet tjenestetilbud.

Det skal fremgå hvordan embetet vurderer hovedutfordringene når kommunene ses under ett. Statsforvalter skal videre gi en kort omtale og vurdering av embetets innsats på området.

Sjå punkt 3.1.2.1.

### Rapportering på kompetanse- og rekrutteringssituasjonen (fra kapittel 7.3.3.1 i TB)

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen innen helse- og omsorgstjenestene i kommunene, herunder hvordan den regionale koordinatorfunksjonen som ble etablert i 2023 har understøttet kompetanse- og tjenesteutviklingen. Samlet vurdering skal videre inkludere alle helse- og omsorgstjenestene i kommunene, samt den fylkeskommunale tannhelsetjenesten. Herunder gi en vurdering av tilgangen på utdanningstilbud i fylket, tilgangen på desentraliserte deltidsutdanninger i helse- og sosialfagutdanninger.

**Kompetanse, rekruttering og utdanningstilbud**

Kommunane i Møre og Romsdal har framleis utfordringar med å rekruttere nok og riktig fagkompetanse. Statistikken viser ein svak nedgang i delen med faglærde i omsorgstjenestene. Dette kan sjåast i samanheng med høg del av tilsette som er 55 år og eldre. Nokre kommunar manglar lovpålagt kompetanse som psykolog og ergoterapeut. I dialogmøte har vi fått informasjon om at desse kommunane har heller ikkje valt å gå inn i interkommunalt samarbeid. Vi er også kjent med at fleire av kommunane ikkje nyttar kompetansen på tvers av ulike avdelingar i helse- og omsorgstjenesta.

Samarbeidet mellom kommunane, akademia, fylkeskommunen og Statsforvalteren gir gode moglegheiter til å påverke utdanningane. Dette har mellom anna ført til fleire tilbod innan fagskuleutdanning som demens og psykisk helse blant eldre, akuttgeriatri og barn med særskilte behov og helseteknologi.

Det var 26 av 27 kommunar søkte og fekk tildelt kompetanse- og tenesteutviklingstilskot i 2025. I dialogmøte med kommunane gir alle tilbagemelding om at dette tilskotet har stor betydning for å få auke fagkompetansen i helse- og omsorgstjenesta.

Det var flest søknadar på bachelor og vidareutdanning/masternivå. Vi erfarer at å rekruttere til breiddekompetanse er ei utfordring, særleg i dei minste kommunane.

**Regional koordinatorfunksjon**

For å sikre ein heilskapleg tilnærming i arbeidet med støtte og rettleie kommunane i arbeidet med strategisk kompetanseutvikling er funksjon regional koordinatorrolle delt mellom to tilsette som jobbar mellom anna med Kompetanseløftet, Bu trygt heime, folkehelse, kommunal planlegging og utarbeiding av kommunebilete. Dette bidreg til meir koordinert arbeid ut mot kommunane, saman med aktuelle samarbeidspartar som t.d. USHT, KS, Fylkeskommunen og Husbanken. Bruk av øymerka midlar har vore viktig for å sikre ressursar til dette arbeidet.

**Tannhelseteneste**

Oppfølging av den offentlege tannhelsetenesta var ikkje prioritert i 2025 grunna ressursutfordringa. Dette vil følgast opp i 2026.

Statistikken viser at årsverk tannpleiar, tannlegar og tannlegespesialist er stabile.

**Tilsyn (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal i årsrapporten redegjøre for tilsyn med verger og blant annet beskrive:

- risikovurderinger i forkant av tilsyn
- funn i tilsyn
- oppfølging av verger og tiltak statsforvalteren har iverksatt på bakgrunn av tilsyn

**Tilsyn med verjer – risikovurderingar, funn og oppfølging**

Statsforvalteren i Møre og Romsdal behandla 51 tilsynssaker i 2025. Sakene vart oppretta på bakgrunn av bekymringsmeldingar, meldingar frå personen med verje, eller funn avdekte gjennom regnskapskontroll. Omfang og kompleksitet varierer, og handsaminga blir tilpassa den enkelte saka.

**Risikovurderingar i forkant av tilsyn**

Når det er mistanke om at verjen ikkje utfører oppdraget i tråd med mandat, lov eller forskrift, opnar vi tilsynssak. Risikovurderinga byggjer særleg på;

- mogleg svikt i ivaretaking av personen sin sjølvråderett
- dårleg samarbeid mellom partane
- manglande rolleforståing hos verjen
- uforsvarleg økonomiforvaltning

Alvorsgrad og vurdering av fare for, eller pågåande svikt, er sentrale moment. Som hovudregel blir verjen beden om å uttale seg, og vi innhentar ytterlegare dokumentasjon ved behov.

### Funn i tilsyn

Av dei 51 sakene i 2025:

- 23 vart avslutta etter innleiande undersøkingar
- 9 vart vurderte som grunnlause og førte ikkje til opning av tilsynssak
- 13 tilsynssaker hadde ingen funn av kritikkverdige forhold
- 2 saker hadde observasjonar, men ikkje avvik
- 4 saker hadde avvik knytt til økonomiske forhold – i tre av desse var verjen nærstående/familieverje

### Oppfølging og tiltak

Ved funn eller avvik har vi rettleidd verjen og gitt tettare oppfølging der det har vore nødvendig. I saker der forholda vart vurderte som alvorlege eller vedvarande, har vi endra mandatet eller bytt verje.

Statsforvaltaren har særleg erfart utfordringar knytt til tilsyn med pårørandeverjer. Terskelen for å frata verje som også er nærstående, blir vurdert som høg i klagesaker. Dette avgrensar i praksis tilsynsmyndigheita sine verkemiddel i saker der pårørandeverjer ikkje utfører oppdraget på ein tilfredsstillande måte.

### Vergers kompetanse (fra kapittel 7.3.4.1.2 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten gi en overordnet vurdering av vergers kompetanse og opplæringsbehov. Risikovurderinger, gjennomførte og planlagte tiltak skal beskrives, samt opplevde og forventede effekter.

### Overordna vurdering av verjers kompetanse og opplæringsbehov

Tilbakemeldingar frå dei faste verjene viser at oppdraga blir stadig meir komplekse og krevjande. Dei faste verjene framstår generelt som kompetente og trygge i rolla, men har behov for jamleg fagleg oppdatering og arenaer for drøfting av utfordringar. Statsforvaltaren har årleg to faste møtepunkt med dei faste verjene. På desse samlingane vert aktuelle tema tekne opp, og erfaringar vert delte.

For alminnelege og nærstående verjer når vi ikkje fram på same måte, og vi ser at kompetanse- og opplæringsbehovet er større i denne gruppa. Statsforvaltaren har ikkje kapasitet til systematisk oppfølging utover innleiande samtale ved oppnemning, rettleiing i enkeltsaker og tilvising til ressursar som verjemaal.no. Mange tek kontakt via verjemaalstelefonen for støtte, og vi oppmodar alle verjer til å nytte sikker melding i Altinn for kommunikasjon.

Alle verjer skal gjennomføre digitalt introduksjonskurs ved oppnemning. Dette føreset digital kompetanse, også her ser vi stor variasjon – særleg blant alminnelege og nærstående verjer. Manglande rolle- og oppgåveforståing, samt lav digital tryggleik kjem mellom anna til uttrykk ved innsending av årlege verjerapportar og ved søknader om godkjenning frå Statsforvaltaren.

### Risikovurderingar

Risikoen knytt til verje si kompetanse er særleg knytt til:

- manglande innsikt i sjølvråderett og medverknad
- manglande rolleforståing
- svikt i økonomiforvaltning
- utilstrekkeleg forståing av regelverk

Desse risikomomenta er særleg tydelege hos nærstående verjer, som ofte har liten erfaring og kompetanse i rolla som verje. Dei har òg ei tettare og meir personleg tilknytning til personen dei er verje for.

Person med verje si sjølvråderett står sterkt, også i val av verje. Terskelen er høg for å fråvike ønskja deira, sjølv når Statsforvaltaren vurderer at val av verje kan medføre utfordringar for gjennomføringa av mandatet. Dette inneber ein risiko for at verjer med låg kompetanse og rolleforståing blir ståande med oppdrag dei vil streve med å handtere.

Manglande digital kompetanse hos fleire verjer medfører og risiko for feil i rapportering, forseinkingar i sakshandsaming og redusert kvalitet i oppfølginga av personen med verje.

### Gjennomførte tiltak

Statsforvaltaren har dei siste åra gjennomført følgjande tiltak for å styrke verjene si kompetanse:

- Møte med faste verjer to gonger i året, med faglege tema, drøftingar og erfaringsdeling.
- Rettleiing i enkeltsaker, særleg for alminnelege og nærstående verjer.
- Samtale ved oppnemning av alle nye verjer.
- Tilvising til digitale kurs og verjemal.no for å styrke grunnkompetansen.
- Låg terskel for kontakt via verjemålstelefonen, e-post (for faste verjer) og sikker melding i Altinn.

#### Planlagde tiltak for 2026

For å styrke kompetansen ytterlegare og redusere identifiserte risikoar vil Statsforvaltaren

- Vidareføre møta med faste verjer, og løfte fram aktuelle tema som svarar til verjene sitt behov for kompetanse.
- Oppmode alle verjer om å gjennomføre tilgjengelege kurs i kursportalen, for å sikre grunnleggande og oppdatert kompetanse.
- Bidra til at dokumentet Informasjon fra statsforvalteren til deg som er verge vert gjort kjent for alle verjer.
- Vidareføre obligatoriske samtalar med alle som søker om å bli fast verje, for å sikre god rolleforståing og motivasjon.
- Styrke rettleiinga for nye og uerfarne verjer, særleg der det er identifisert risiko for svikt i oppfølginga av person med verje.

#### Opplevde og forventa effektar

Møta med dei faste verjene og dei tema som vert tekne opp der, bidreg til at dei vert betre rusta til å handtere komplekse oppdrag. For alminnelege og nærstående verjer ser vi at rettleiing ved oppnemning samt lett tilgjengeleg støtte og oppfølging gjennom saksbehandlinga, ofte gir betre forståing, kompetanse og trygghet i verjerolla.

Dei planlagde tiltaka for 2026 er venta å ytterlegare

- styrke kompetansenivået i alle verjegrupper
- redusere risikoen for feil og mangelfull oppfølging
- bidra til betre ivaretaking av person med verje sine rettar og interesser
- sikre betre rolleforståing og meir effektiv sakshandsaming

Samla sett vil dette styrke verjens kompetanse og rolleforståing, og dermed bidra til å auke rettstryggleiken til personar med verje.

#### Fratakelse av rettslig handleevne (fra kapittel 7.3.4.1.3 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten anslå gjennomsnittlig tid fra midlertidig vedtak om fratakelse av rettslig handleevne er fattet, og til saken er oversendt tingretten.

Sjå tabell.

#### Vergemål

Betegnelse på rapporteringskrav	Anslått saksbehandlingstid (i dager)
Saksbehandlingstid - oversendelse av midlertidige vedtak om fratakelse av rettslig handleevne	9

#### Årsrapportering rettshjelp (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader i 2025, fordelt på henholdsvis rettsråd og sakførsel. Statsforvalteren skal i tillegg rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid og antall restanser.

Det skal også gjøres en vurdering av overordnet status på rettshjelpsfeltet. Analysen skal inneholde en vurdering av effekten av innføring av ny modell for økonomisk behovsprøving.

#### Rettsjelp – saksvolum, saksbehandlingstid og overordna vurdering

Tala for innkomne, innvilga og avslåtte søknader, fordelt på fritt rettsråd og fri sakførsel, samt gjennomsnittleg saksbehandlingstid og restansar, går fram av tabellane under. Saksbehandlingstida i 2025 har vore stabil.

#### Utvikling i søknadsmengde

Etter lovendringa 15.10.2025 ser vi ein tydeleg auke i talet på søknader om både fritt rettsråd og fri sakførsel. Auken er i tråd med forventningane og kjem av at fleire privatpersonar no oppfyller dei økonomiske vilkåra og dermed søker om fri rettshjelp. Vi forventar at søknadsmengda vil kunne bli nærare dobla i 2026.

### Effekt av ny modell for økonomisk behovsprøving

Innføringa av ny modell for økonomisk behovsprøving har ikkje skapt særlege faglege utfordringar, men har ført til meirarbeid i saksbehandlinga. Dette gjeld særleg:

- rettleiing av søkjarar
- innhenting og kontroll av dokumentasjon om økonomiske forhold
- vurdering av endringar i økonomi
- utarbeiding av eigne vedtak om eigenandel i behovsprøvde saker

Det nye søknadsskjemaet og portalen Saksflyt rettsråd har hatt manglar og feil som tek tid å rette, noko som òg påverkar arbeidsmengda.

### Overordna vurdering av status på rettshjelpsfeltet

Statsforvaltaren vurderer at rettshjelpsfeltet er inne i ein overgangperiode prega av:

- auka etterspurnad som følge av lovendringa
- større rettleiingsbehov hos søkjarane
- auka administrativ belastning knytt til dokumentasjonskrav og eigenandelsvedtak
- tekniske utfordringar i søknadsskjema og digital portal

Sjølv om saksbehandlingstida så langt har vore stabil, er det ein klar risiko for press på kapasiteten i 2026 dersom søknadsmengda aukar så mykje som venta. Dette kan påverke både saksbehandlingstid og behovet for ytterlegare ressursar eller forenklingar i arbeidsprosessane.

### Rettshjelp

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkomne søknader	232	217	15
Innvilgede søknader	212	207	5
Avslåtte søknader	25	20	5

### Rettshjelp 1.2 - Saksbehandlingstid og antall restanser

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (uker)	3
Antall restanser	4

### Samfunnssikkerhet i plan (fra kapittel 7.3.4.3 i TB)

#### Rapportere på

#### Samfunnssikkerhet i plan

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hvilke forventninger til samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven er formidlet til kommunene?
- Hvordan vurderer Statsforvalteren at deres bistand er ivaretatt i kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet etter plan- og bygningsloven?
- Hvordan vurderer Statsforvalteren at deres bistand er ivaretatt i integrering av funn fra helhetlig ROS i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel?

I våre fråsegner ved planoppstart viser vi til DSB si rettleiar "Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging" og tilrår at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen. Vi viser òg til "Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging" og anna relevant og oppdatert kunnskap. Til dømes når det er oppdaterte aktsemdskart og kunnskap i "Klimaprofil Møre og Romsdal". Vi ventar at kommunane nyttar desse kjeldene i arbeidet.

Det siste året har vi prioritert tema som klimatilpassing og tryggleik rundt verksemder med farleg stoff og eksplosivar. Vi ser at kommunane i stor grad avklarar og følgjer opp naturfarar som skred, kvikkleire, flaum og stormflod på ein god måte.

Statsforvaltaren deltek i regionale planforum, der vi kan gi tidlege innspel og støtte kommunane i planarbeidet. Vi deltek òg i andre relevante møte og gir rettleiing over e-post og telefon ved behov. I tillegg bidreg vi med fagstoff til det felles nyheitsbrevet frå Statsforvaltaren og

fylkeskommunen, som går til alle kommunane i fylket.

Mykje av rettleiinga skjer normalt gjennom høyringsfråsegner til arealplanar. Denne typen rettleiing har vi i år nedprioritert noko, grunna ressursituasjonen i seksjonen.

Vi held innlegg om samfunnstryggleik i plan når kommunane ber om det, og når vi har kapasitet til å stille.

I oppstartsvarsel til kommuneplanens samfunnsdel minner vi om at arbeidet med heilskapleg og systematisk samfunnstryggleik tek utgangspunkt i kommunen si heilskaplege ROS-analyse. Vi tilrår difor at samfunnsdelen nyttast til å fastsette langsiktige mål, strategiar og prioriteringar i arbeidet med samfunnstryggleik, inkludert klimatilpassing. Dette blir òg følgt opp i tilsyn etter kommunal beredskapsplikt.

Vi vurderer at vi har ei sentral rolle i kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik etter plan- og bygningslova, særleg når det gjeld integrering av funn frå heilskapleg ROS-analyse i samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen. Vi ser at våre høyringsfråsegner i stor grad vert tekne omsyn til i planane.

Det er større utfordringar knytt til å sikre at funn frå heilskapleg ROS-analyse blir integrerte i samfunnsdelen av kommuneplanen. Likevel er utviklinga positiv, og vi ser klare forbetringar samanlikna med førre rulleringsrunde.

### Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 7.3.4.4 i TB)

#### Rapportere på

#### Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter

Statsforvalteren bes rapportere på:

Hva er status for opprettelse av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter i kommuneplan (alternativt i reguleringsplan) hos kommunene som har storulykkevirksomheter?

- Angi gjerne hvilke kommuner som har opprettet hensynssoner i kommuneplanen (eller ivarettatt dette tilstrekkelig på annen måte).
- Angi gjerne hvordan kommunen sørger for at informasjon om eksplosivanlegg ikke gjøres allment tilgjengelig i kommunens arealplaner.

Hvilke tiltak gjør statsforvalteren overfor kommunene for å oppnå målet om etablering av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter, herunder etablering av nye storulykkevirksomheter?

Vi har oversikt over kommunar med storulukkeverksemdar og sikrar gjennom plansakshandsaminga at naudsynte omsynssoner blir oppretta eller vidareførte i aktuelle arealplanar. Dette skjer gjennom fråsegner ved planoppstart og ved høyring av arealplanar. Dersom dokumentasjonen for tryggleik rundt storulukkeverksemdar er mangelfull, fremjar vi motsegn. Temaet blir òg tekne opp i dialog med relevante kommunar, mellom anna i samband med tilsyn.

Vi fører ikkje liste over kva kommunar som har oppretta (ev. ikkje oppretta) omsynssoner kring storulukkeverksemdene i sine gjeldande arealplanar.

Vi handsamar plansaker fortløpande og gjev klare krav og forventningar om bruk av omsynssoner når planforslag omfattar storulukkeverksemdar. Denne praksisen sikrar at omsynet blir ivareteke i nye planar, sjølv om vi ikkje fører liste over eksisterande arealplanar med storulukkeverksemdar.

### FylkesROS og oppfølgingsplan (fra kapittel 7.3.4.5 i TB)

#### Rapportere på

#### FylkesROS

Statsforvalteren skal:

- Redegjøre for status på fylkesROS og tilhørende oppfølgingsplan
- Redegjøre for om uønskede hendelser i en sikkerhetspolitisk situasjon og/eller væpnet konflikt er inkludert i fylkesROS.
  - Legges funn og oppfølging av tiltak til grunn for egen beredskap?
  - Legges funn og oppfølging av tiltak til grunn for samordnet beredskapsplanlegging i totalforsvaret regionalt?
- Redegjør for hvordan nye risikoer som følge av overgang til nye energibærere er inkludert i fylkesROS
- Redegjør for om og på hvilken måte kommunene har inkludert sikkerhetspolitisk krise og/eller krig som tema i kommunenes arbeid med og oppfølging av helhetlig ROS

FylkesROS vart sist oppdatert i 2023. I 2024–2025 gjennomførte vi ei kartlegging av matvareberedskapen i fylket. Her vart òg relevante risiko- og sårbarheitsforhold knytt til matvareberedskap skildra.

Tryggingpolitisk krise og krig er eit scenario i FylkesROS. Analysen ligg føre i både gradert og ugradert versjon og er basert på tidlegare scenario frå DSB. DSB har no publisert eit oppdatert scenario, og dette har starta ein revisjon av vår FylkesROS. Vi planlegg at også den reviderte analysen skal liggje føre i gradert og ugradert versjon. Oppdateringsarbeidet skjer i tett samarbeid med Fylkesberedskapsrådet.

Statsforvaltaren øvde kommunal kriseleiing på hendingar i det øvre krisespekteret både i 2024 og 2025. Desse øvingane har gitt nyttig innsikt i korleis kommunane vurderer og handterer denne type scenario.

Nye risikoar som følgje av overgang til nye energibærarar er ikkje omtala som eigne scenario i FylkesROS. Der det er relevant, blir tematikken likevel drøfta som risiko- eller sårbarheitsforhold knytt til dei enkelte scenarioa. Temaet blir òg jamleg teke opp i møte med Fylkesberedskapsrådet og kommunane, særleg med tanke på korleis elektrifisering påverkar beredskap og beredskapsplanlegging.

Kommunane har i varierende grad inkludert tryggingpolitisk krise og krig i sine ROS-analysar. Der det er gjort, er det ofte indirekte gjennom analysar av hendingar som kan ha fleire årsaker (noko som kan inkludere hendingar som sabotasje eller krigshandlingar). Ei utfordring er at kommunane ikkje har hatt konkrete scenario å ta utgangspunkt i. Dette aukar risikoen for at kommunane planlegg for ulike krisar eller krig på måtar som vert uheldig. Om DSB hadde kome med eit generelt scenario, som kan tilpassast lokal/regionalt, hadde dette vore til stor hjelp for oss og kommunane i oppfølginga av denne forventinga.

I forventingsbrevet for 2026 er det presisert at kommunane skal inkludere scenario for krise og krig i si heilskaplege ROS-analyse.

#### **Kommunal beredskapsplikt - overordnet beredskapsplan (fra kapittel 7.3.4.6 i TB)**

##### **Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for om beredskapsplaner for storulykkevirksomheter er samordnet og integrert med overordnet beredskapsplan.

Når Statsforvaltaren er på tilsyn med ein kommune med storulukkevernsemd vert dette drøfta som eit tema i møte med kommunen. Dersom kommunen ikkje har sikra samordning/integrering, eller er usikker på dette, oppmodar vi kommunen til å sikre naudsynt integrering/samordning.

Ut over møte med kommunar gjennom tilsyn har vi ikkje aktivt kartlagt om beredskapsplanar for storulukkeverksemd er samordna og integrert med overordna beredskapsplan.

#### **Miljøkriminalitet (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Rapportering på antall anmeldte lovbrudd.

Vi har meldt ei sak til politiet i Sør-Smøla landskapsverneområde.

Det er ikkje meldt til politiet på forureining.

#### **Rapportering på antall innsigelsessaker fremmet og løst pr. miljøtema (fra kapittel 7.3.5.2 i TB)**

##### **Rapportere på**

Rapportering på antall innsigelsessaker fremmet og løst per miljøtema for 2024.

Vi fremma motsegn til 31 plansaker i 2024 og 40 plansaker i 2025. Hovuddelen av motsegnene er grunngitt i miljøtema. Fleire motsegner er og grunngitt med tema barn og unge og landbruk.

#### **Spesifikk omtale av arbeid med fornying og innovasjon (fra kapittel 7.3.6.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal:

- gi en spesifikk omtale av arbeid med innovasjons- og fornyingsprosjekter i kommunene.
- redegjøre kort for fordeling av skjønnsmidler til formålet, herunder rapportering i søknads- og rapporteringsportalen Prosjektskjønn, og formidling av resultatene.
- gi en omtale av resultater av prosjektene.

Statsforvalteren har over flere år arbeidd for færre og større prosjekt innan prosjektskjønn. Vi har samtidig gitt tydeleg retning for søknadar og definert at det er eit vilkår at fleire kommunar går saman om søknaden.

Alle fire berekraftkoordinatorane som SFMR har finansiert har fått til store prosjekt med verknadar for regionen. Døme her er interkommunalt kommunikasjonsprosjekt som berekraftkoordinatoren for Søre Sunnmøre har vore prosjektleiar for. Kommunane Volda, Ulstein og Skjåk har her samarbeidd. Dette prosjektet vart omtalt som ein stor suksess og har både blitt til eit kurs som tett på-kommunane i fylket får, samt blitt eit kurs som Høgskulen i Volda no tilbyr. SFMR ser på korleis vi kan gjere resultatata kjende for flest mogleg kommunar, gjerne utanfor eige fylke også.

Koordinatoren for Ålesundregionen har medverka i fleire EU-prosjekt (mellom anna ReClaim), særleg knytt til hav og kyst og forureining. Våren 2026 er prosjektperioden over for siste koordinatoren.

For meir om prosjektskjønn 2025, viser vi til kapittel 7.3.6.2.3 om interkommunale samarbeid.

For prosjektskjønn 2025 fekk vi inn 26 søknadar på til saman 34 millionar kroner. For 2024 er det tildelt 8,061 millionar kroner frodelt på 8 prosjekt på prosjektskjønn. Vi har prioritert søknadar frå regionar (med grunnavtale) som vil arbeide meir strategisk og langsiktig for auka samarbeid. Alle grunnavtalane er vedteke i det einskilde kommunestyre.

Døme på dette er Søre Sunnmøre som under paraplyen prosjektskjønn arbeider med ei rekkje samarbeid, som interkommunalt dokumentasjonsforvaltning, samarbeid om økonomitenester, samarbeid om tildeling, forvaltning og vederlag innan helse og omsorg og kontroll av spreidde avløp.

Nordmørskommunane arbeider tverrfagleg tilnærming til barn og unge for å førebygge utanforskap og felles kartsystem og forprosjekt tenestesamarbeid for plan, kart og byggesak. Statsforvalteren har vurdert at det er stort behov for auka samarbeid på områda, men effekten av prosjekta vil ligge noko lengre fram i tid slik at det bør evaluerast på eit seinare tidspunkt, ev. saman med andre initiativ for interkommunalt samarbeid.

Om differanse mellom faktisk utbetalt beløp og totalbeløp i Prosjektskjønnportalen: Vi innvilga i oktober 2024 midlar til to prosjekt for Romsdalskommunane (interkommunalt samarbeid om rekneskap og interkommunalt samarbeid på lønn) med føresetnad om inngått grunnavtale innan utgangen av 2024. Fristen til å inngå grunnavtale vart seinare forlenga til ut juni 2025. Sidan avtale ikkje vart inngått innan denne dato, vart midlane aldri utbetalt. Ved ein feil blei prosjekta sett som innvilga i Prosjektskjønnportalen. Midlane er ikkje utbetalt. Prosjekta er eksplisitt merka med kommentar om dette. Statsforvaren var innstilt på å gå inn med kr 400 000,- til kvart av prosjekta. Desse vart aldri realisert sidan prosessen med å inngå grunnavtalar stoppa.

I tillegg står prosjektet Helseplattformen i Kristiansund og Nordmøre i 2024 som innvilga med 1,6 mill. kroner. Dette er ein feil og prosjektet er tydeleg merka med det. Prosjektet skulle stått som "ikkje innvilga". Midlane vart utbetalt som ordinære skjønnsmidlar og ikkje gjennom prosjektskjønn.

Prosjekta dette gjeld har fått ein merknad om dette slik at det er tydeleg at det har skjedd ein feil. Når prosjekta seinare i mars d.å. har levert sluttrapport, vil vi merke prosjektet med "ikkje gjennomført". Til saman har det blitt utbetalt 8,061 mill. kroner til prosjektskjønn 2025 i Møre og Romsdal.

**Det skal gis rapportering i tabell... (fra kapittel 7.3.6.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Det skal gis rapportering i tabell som viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av statsforvalteren, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.

Det skal også gis en kortfattet omtale av statsforvalterens arbeid med anmodninger om å gjennomføre lovlighetskontroller av eget tiltak samt utviklingstrekk og utfordringer statsforvalterne ser i lovlighetskontrollsakene.

Vi har i 2025 mottatt 12 saker med krav om lovlegkontroll. 1 av dei 12 sakene blei trekt tilbake frå klagarane. Vi har gjennomført lovlegkontroll etter klage i totalt 10 saker, der 10 av 10 vedtak blei stadfesta som lovleg.

Vi har i 2025 mottatt 2 oppmødingar om å ta eit vedtak opp til lovlegkontroll på eige tiltak. Vi har ikkje tatt nokon av desse oppmødingane til følgje.

**Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ**

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	10	0	10
På eget initiativ	0	0	0

**Kortfattet omtale av... (fra kapittel 7.3.6.2.2 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av hvilke særlige kommunalrettslige tema de veileder kommunene om, og om eventuelle kommunalrettslige saker som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet hos statsforvalteren.

Rettleiing til kommunane har i 2025 handla om saksbehandlingsreglane i kommunelova. Det gjeld til dømes spørsmål knytt til sakliste, utsetting av saker, behandling av interpellasjonar og lukking av møte. Spørsmål knyttet til habilitet har vært en gjenganger.

Vi har også rettleia ein del om vilkåra for å krevje lovlegkontroll, kva som blir vurdert i ein lovlegkontroll og korleis kommunen skla behandle eit krav om lovlegkontroll. Flere av lovlighetskontrollkravene i 2025 har handlet om endring av skolestruktur/ skolenedleggelse.

**Kortfattet omtale i årsrapporten av bruken av interkommunalt samarbeid i fylket (fra kapittel 7.3.6.2.3 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av hvilken bistand de har gitt og hvilke tema de har veiledet kommunene om når det gjelder interkommunalt samarbeid. Statsforvalterne skal også, på bakgrunn av egne erfaringer etter kontakt med kommunene, gi en overordnet vurdering av utfordringer og fordeler/muligheter med det interkommunale samarbeidet i fylket, for eksempel om det er områder hvor statsforvalterne mener det er nødvendig med mer samarbeid og om samarbeidet i fylket burde organiseres annerledes.

Frå 2025 gikk SFMR over til interkommunale samarbeid som felles plattform for prosjektskjønnmidlane. Dette betyr ikkje at vi slutta å arbeide med berekraft, men snarare at dette var ein implisitt del av alle prosjekta.

Vi sette krav om grunnavtale mellom kommuneregionane for å medverke til meir forpliktande, langsiktige samarbeid. I skrivande stund er det inngått grunnavtaler som femnar alle kommunane i fylket. Vi har nytta prosjektskjønn til å finansiere fire koordinatorar for interkommunalt samarbeid i fylket - ein i kvar region. Desse følgjer vi opp med fast månadlege møter.

**Behandling av klager på kommunenes vedtak etter offentleglova (fra kapittel 7.3.6.2.4 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av eventuelle klagesaker etter offentleglova som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet hos statsforvalteren, og inntrykket av totalomfanget av klagesaker etter offentleglova.

Sjå punkt 3.1.1.3.2.1 om at behandling av innsynsklagesaker var eit hovudfokusområde i 2025.

Totalomfanget av klagesaksbehandlninga var stort. Samla sett gjorde vi heile 55 vedtak i innsynsklagesaker, og 59 vedtak dersom ein reknar med omgjeringskrav.

Tala skil seg vesentleg frå tidlegare år. Årsaka er knytt til etterslep frå 2024, generelt stor pågang, fleire ulike klagarar på same dokument, og at nokre innsynssaker blir behandla fleire gongar gjennom året som følgje av føregåande opphevingsvedtak. Sistnemnte er ofte knytt til manglande grunngjeving / saksutgreiing frå underinstansen, gjerne knytt til teiepliktige driftshemmelegheiter.

Som rapportert om i føregåande år, har saksbehandling og korrespondanse i babybyttesaka frå Sunnmøre også i 2025 kravd mykje ressursar.

**Statsforvalterembeter som samordner statlig innsigelsler (fra kapittel 7.3.6.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Det skal rapporteres på statsforvalterens arbeid med samordning av statlige innsigelsler, herunder i hvilken grad innsigelsler blir løst gjennom dialog.

Det vi har hatt av samordning av statlege motsegner har vore så klare saker at vi ikkje har sett grunnlag for anna enn å fremje motsegnene for kommunen.

Detaljane går fram av tabellen.

**Samordning av statlige innsigelsler**

Etat	1. Antall planer der andre statlige etater har oversendt innsigelse til statsforvalteren	2. Antall planer der innsigelsene fra andre statlige etater er løst før de er fremmet for kommunen	3. Antall planer der innsigelsene fra andre statlige etater er avskåret av statsforvalteren	4. Antall planer med innsigelse fra statsforvalteren og andre statlige etater fremmet for kommunen
Antall planer totalt	6	3	0	7
Statsforvalteren				
Avinor				
Direktoratet for mineralforvaltning				
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap				
Fiskeridirektoratet				
Forsvarsbygg				
BaneNor				
Kystverket				
Luftfartstilsynet				
Mattilsynet				
NVE	5	3	0	6
Oljedirektoratet				
Politiet				
Riksantikvaren				
Statens vegvesen	1	0	0	1
Statsbygg				

**Rapportering i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.4.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle statsforvalterne rapporterer byggesaker i SYSAM - rapporteringsløsningen for statsforvalterne.

- Av årsrapporten skal det fremgå totalt antall behandlede byggesaker.
- Av årsrapporten skal det fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå antall saker som ikke ble avgjort innen 12 uker. Det skal vises hvor lang gjennomsnittlig overskridelse var i disse sakene. Overskridelse skal føres i antall dager.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i saksbehandlingsforskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd, hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Vi har ikkje avtalt lengre saksbehandlingsfrist i nokre saker. Som følgje av etterslepet i restanselista er dei fleste sakene likevel behandla utanfor fristen.

**Rapportering om byggesaker etter plan- og bygningsloven**

Totalt antall behandlede saker	Antall saker gitt medhold	Antall saker ikke avgjort innen 12 uker	Gjennomsnitt dager ikke avgjort innen 12 uker	Antall saker gitt lengre frist	Antall særlige tilfeller klageinstansen selv forlenget	Antall saker fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse
146	45	130	304	0	0	0

**Rapportering av plansaker i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.5.1 i TB)****Rapportere på**

Alle statsforvalterne rapporterer plansaker i SYSAM-ny rapporteringsløsning for statsforvalterne.

- Av årsrapporten skal det fremgå totalt antall behandlede klager på reguleringsplaner og gjennomsnittlig saksbehandlingstid i antall dager. Det skal i tillegg fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.

**Rapportering om plansaker etter plan- og bygningsloven**

Betegnelse på rapporteringskrav	
Antall behandlede klagesaker reguleringsplaner	26
Gjennomsnittlig behandlingstid i dager for klager på reguleringsplaner	165
Antall klagesaker om reguleringsplan som ikke er behandlet innen 12 uker	18
Antall klagesaker om reguleringsplan der klagen er gitt medhold helt eller delvis	1

**Forsterket innsats for dem som ikke selv klarer å skaffe seg eller beholde en egnet bolig (fra kapittel 7.3.6.6.1 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren bes om å vurdere stat og kommunes innsats for de som ikke selv klarer skaffe seg og beholde en egen bolig, jf. omtale i Meld. St. 13 (2023–2024) Bustadmeldinga.

**Hjelpetekst:**

2024 var siste år for den nasjonale strategien for sosial boligpolitikk "Alle trenger et trygt hjem". Strategien hadde tre prioriterte innsatsområder (ingen skal være bostedsløse, barn og unge skal ha gode boforhold og personer med nedsatt funksjonsevne skal på lik linje med andre kunne velge hvor og hvordan de bor). Disse er videreført gjennom det boligsosiale innsatsområdet «Forsterket innsats for dem som ikke selv klarer å skaffe seg eller beholde en egnet bolig» i Meld. St. 13 (2023-2024) Bustadmeldinga Ein heilskapleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet.

Det bes om en vurdering av utviklingen av samarbeidet mellom stat og kommune om de tre prioriterte innsatsområdene i etterkant av strategien. Statsforvalteren bes gi en kort, overordnet vurdering av måloppnåelsen og kort vurdere:

- I hvilken grad den statlige dialogen med kommunene er helhetlig og effektiv.
- Sett i et flerårsperspektiv: går utviklingen i riktig retning?
- I hvilken grad kan utviklingen tilskrives statsforvalterens innsats?
- Hvilke andre aktører har påvirket utviklingen?
- Hva kan statsforvalterne gjøre bedre framover

**Vurdering av utviklinga i samarbeidet mellom stat og kommune etter strategien *Alle trenger et trygt hjem*****1. Grad av heilskapleg og effektiv statleg dialog med kommunane**

Statsforvaltaren vurderer at dialogen mellom statlege aktørar og kommunane på det boligsosiale området er blitt meir koordinert og heilskapleg etter strategiperioden. Samarbeidet mellom Statsforvaltaren, Husbanken og dei nasjonale kompetansemiljøa (KORUS, NAPHA, NAKU) fungerer betre enn tidlegare, og regionale nettverk – særleg på ROP-feltet og gjennom VUBB-nettverket – har gitt betre informasjonsflyt og meir systematisk kunnskapsdeling. Det er laga ein gjennomføringsmodell og ei tidslinje for VUBB-nettverket fram til desember 2026.

Samtidig er dialogen ikkje fullt ut effektiv for alle kommunar. Kommunar med låg kapasitet deltek mindre og får dermed svakare utbytte av statlege føringar. Manglande øymerkte ressursar til oppfølging av kommunane avgrensar og Statsforvaltaren si evne til å sikre jamn og systematisk dialog.

Vurdering: Dialogen er betre enn før, men ikkje jamt fordelt.

## 2. Utviklinga i eit fleirårsperspektiv

Utviklinga går i hovudsak i riktig retning. Vi ser:

- betre samordning mellom statlege aktørar
- sterkare felles forståing av utfordringsbiletet
- auka kompetanse i kommunane som deltek i nettverk
- meir målretta innsats for personar med ROP-lidingar
- større interesse for valfridom og bustadløsningar for personar med utviklingshemming (VUBB)

Samtidig er det framleis store skilnader mellom kommunar. Kommunar med svak kapasitet eller store utfordringar deltek minst, og gapet mellom kommunar som er med i nettverka og dei som ikkje deltek, har blitt meir synleg.

Vurdering: Positiv utvikling, men ujamn og sårbar.

- Når det gjeld Bustadsosial lov og kravet om å fatte enkeltvedtak med vurdering av om personer er vanskeligstilte, går det sakte. Vi har informert alle kommunar om lova, dei har hatt tilbud om deltaking i webinar og det har vore tema på Husbankkonferansen. I tillegg har vi rettleia både klagar og kommune om regelverket der det blir klaga på tilbud om betre eller større bustad.

Effekten vi ser av dette er at noen kommuner har begynt å fatte enkeltvedtak med vurdering av om de er vanskeligstilte og at de kan klage til oss på denne vurderingen

## 3. I kva grad kan utviklinga tilskrivast Statsforvaltaren

Statsforvaltaren har hatt ein tydeleg og positiv rolle i utviklinga, særleg gjennom:

- drift og koordinering av regionale nettverk
- formidling av nasjonale føringar
- løfting av kommunane sine behov inn i statlege prosessar
- rettleiing om CRPD og bustadsosiale rettar i etablert samhandlingsgruppe med leiarar for tenestene til personar som har ei utviklingshemming

Effekten er tydeleg i kommunar som deltek. Samstundes er Statsforvalteren sin påverknad avgrensa av manglande tildeling og kapaistet, som gjer det vanskeleg å jobbe betre med kommunar med størst behov.

Vurdering: Statsforvaltaren har bidrege vesentleg, men kapasitet avgrensar gjennomslaget.

## 4. Andre aktørar som har påverka utviklinga

Fleire aktørar har hatt stor betydning:

- Husbanken – verkemiddel, fagleg støtte, leiing av nettverk
- KORUS, NAPHA og NAKU – fagkompetanse og metodikk
- Brukarorganisasjonar (NFU, Mental Helse, A-larm) -

styrkt brukarperspektiv

- Kommunane sjølve – lokal prioritering, erfaringsdeling, organisering og ressursbruk

Samhandlinga mellom desse aktørane har vore avgjerande for framgangen, særleg på ROP-feltet og i VUBB-nettverket.

## 5. Kva Statsforvaltaren kan gjere betre framover

Statsforvaltaren kan styrke innsatsen ved å:

- målrette støtte mot kommunar med låg kapasitet
- bruke meir oppsøkande og fleksible arbeidsformer (digitale møte, enklare deltaking)
- bidra til betre samordning av statlege forventningar
- styrke kunnskapsgrunnlaget gjennom systematiske kartleggingar og dialogmøte
- bidra med at kommunane systematisk bygger kompetanse på kommunikasjon, særleg i møte med dei som ikkje sjølv har eit språk
- halde fokus opp på at utviklingshemma på lik linje med andre skal kunne velge kor dei vil bu
- integrere CRPD og bustadsosiale rettar tydelegare i tilsyn og rettleiing
- vidareutvikle nettverksarbeidet og sikre at fleire kommunar blir inkludert

Vurdering: Statsforvaltaren har eit godt fundament, men skulle hatt mulighet til å i større grad prioritere kommunar som ikkje deltek i dag.

#### Samla vurdering

Samarbeidet mellom stat og kommune på dei tre prioriterte innsatsområda er styrkt etter strategiperioden. Det er etablert betre strukturar for samordning, kunnskapsdeling og kompetanseheving, og kommunane som deltek i nettverka viser tydeleg framgang. Samstundes er utviklinga ujamn, og kommunar med størst utfordringar har i minst grad hatt kapasitet til å delta. Dette avgrensar den samla måloppnåinga.

Statsforvaltaren har bidrege vesentleg til framgangen, men manglande ressursar og kapasitet reduserer moglegheita for breiare og meir systematisk oppfølging. Vidare innsats bør særleg rettast mot å nå kommunar med låg kapasitet og sikre meir heilskapleg statleg oppfølging.

#### Klagesaker etter lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet (fra kapittel 7.3.6.7.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall klager, saksbehandlingstid og resultatet av behandlingen av klager etter lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet.

#### Klagesak om kommunal saksbehandling

Vi fekk éi formell klagesak. Gjennomgangen viste at kommunen hadde gjort fleire saksbehandlingsfeil. Trass i dette vart avgjerda stadfesta. Saksbehandlingstida var på 80 dagar.

#### Klager om mangelfull bistand til bustad

Vi fekk ti klager knytt til mangelfull bistand frå kommunen til å skaffe eller behalde eigna bustad. I desse sakene hadde kommunen ikkje vurdert eller behandla klagen etter bustadsosiallova.

#### Veiledning og informasjon universell utforming (fra kapittel 7.3.7.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en omtale av eget arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming, og gi en kort omtale av utfordringsbildet.

Vi følger opp universell utforming inkludert omsyn til barn og unge i alle plan- og dispensasjonssaker.

#### Fremme likestilling og hindre diskriminering (fra kapittel 7.3.7.2 i TB)

**Rapportere på**

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hva som gjøres for å integrere hensynet til likestilling og ikke-diskriminering i eget virke og myndighetsutøvelse
- Vurdering av tilstanden i eget embete
- Forventninger til og planer for arbeidet fremover

I januar 2025 etablerte vi ei samarbeidsgruppe for berekraftige velferdssamfunn, inkludert folkehelse og CRPD

I 2025 har gruppa bidrege til betre samordning, meir felles kunnskap og eit sterkare tverrfagleg grunnlag for vurderingar og råd til kommunane.

Gruppa har levert kommunenære eksempel på CRPD til Bufdir (ekstraoppdrag frå direktoratet), samt hatt foredrag om CRPD. Det systematiske arbeidet med CRPD har auka kompetansen internt og bidrege til meir einskapleg oppfølging av kommunane.

Arbeidet med å gjere CRPD kjend i kommunane har gitt auka medvit også for likestilling og ikke-diskriminering i ein større samanheng. Dette inkluderer også universell utforming. Målet har vore å auke kunnskapen og få CRPD-konvensjonen inn i kommunal planlegging og praksis. Dette har gitt meir systematikk i dialogen, betre rettleiing i samfunnsplanlegging og tettare samarbeid med andre aktørar.

SFMR har over fleire år styrkt kjennskapen til CRPD gjennom møte med både politisk og administrativ leiing. Bodskapen har vore kva CRPD inneber, og korleis planlegginga kan ta utgangspunkt i innbyggjarane sine behov. Vi arrangerte webinar for våre kommunar i november 2024 og i februar 2026 om CRPD. Her var god deltaking frå kommunesektoren.

Gjennom vår deltaking i CRPD-nettverk, ser vi at erfaringsdelinga gir effekt. Internt er kompetansen på CRPD blitt løfta gjennom foredrag, intranettsak og ei tverrfagleg samarbeidsgruppe.

Vi tek opp temaene likestilling og CRPD i alle våre kommunebesøk i våre 27 kommunar. Vi besøker kvart år 6-7 kommunar kor vi møter formannskapet og kommunedirektøren si leiargruppe. Framover er plana å halde fokus på dette både i interne styringsdokument til og i uttalar til kommunale planar.

**Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven (fra kapittel 7.3.8.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på gjennomførte tilsyn der dere minimum har skrevet foreløpig rapport

Sjå tabell

**Funn fra foreløpig rapport i tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven**

Tema	Deltema	Kommune	Kommunestørrelse: S:20000+ M:5000- 20000 L:-5000	Barnehage- eller skolenavn	Type tilsyn	Antall kontrollspørsmål per tilsyn	Kontrollspørsmål som er avdekket brudd på i foreløpig rapport	Kommentarer
Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll	Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll - fatte vedtak	Rauma	M		Kun skriftlig dokumentasjon	3	Sikrer kommunen at saken er tilstrekkelig opplyst før de fatter vedtak om spesialpedagogisk hjelp?	
Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll	Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll - fatte vedtak	Rauma	M		Kun skriftlig dokumentasjon	3	Sikrer kommunen at de fatter vedtak uten ugrunnet opphold i alle sakene der PPT har utarbeidet sakkyndig vurdering?	
Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll	Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll - fatte vedtak	Rauma	M		Kun skriftlig dokumentasjon	3	Sikrer kommunen at de fatter vedtak med et innhold i samsvar med regelverket?	

Skolemiljø	Skolemiljø - forebyggende arbeid	Møre og Romsdal fylkeskommune	S	Borgund videregående skole	Tilsynsbesøk	5	Får elevene ta del i planleggingen og gjennomføringen av arbeidet for et trygt og godt skolemiljø?	
Skolemiljø	Skolemiljø - informere	Møre og Romsdal fylkeskommune	S	Borgund videregående skole	Tilsynsbesøk	3	Informerer skolen elevene og foreldrene om retten til et trygt og godt skolemiljø, om skolens aktivitetsplikt og om retten til å melde en sak til statsforvalteren?	
Skolemiljø	Skolemiljø - informere	Møre og Romsdal fylkeskommune	S	Borgund videregående skole	Tilsynsbesøk	5	Annet	Kontrollspørsmålet lyder: Involverer skolen aktuelle råd og utvalg i det kontinuerlige arbeidet for et trygt og godt skolemiljø? Dette er hentet fra kontrollskjemaet på sf-nett
Annet	Annet	Molde	S		Kun skriftlig dokumentasjon	2	Annet	Tema: ITO - saksbehandlingstid Kontrollspørsmål: Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger uten ugrunnet opphold?
Annet	Annet	Molde	S		Kun skriftlig dokumentasjon	2	Annet	Tema: ITO - saksbehandlingstid Kontrollspørsmål: Utarbeider kommunen vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring uten ugrunnet opphold?
Annet	Annet	Ålesund	S		Kun skriftlig dokumentasjon	2	Annet	Tema: ITO - saksbehandlingstid Kontrollspørsmål: Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger uten ugrunnet opphold?
Annet	Annet	Ålesund	S		Kun skriftlig dokumentasjon	0	Annet	Tema: ITO - saksbehandlingstid Kontrollspørsmål: Utarbeider kommunen vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring uten ugrunnet opphold?

**Rapportering av antall klager på barnehage- og opplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.2 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall klager, type klager og resultatet av behandlingen på barnehage- og opplæringsområdet.

Sjå tabellar.

**Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Barnehageloven § 14	0				
Barnehageloven § 35	4	2	0	1	1
Barnehageloven § 37	4	0	0	4	0
Barnehageloven § 38	1	0	0	1	0
Barnehageloven § 53	0				
Forskrift om familiebarnehager § 7	0				
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0				
Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager	6	3	2	0	1
Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager § 5	0				
	15	5	2	6	2

**Klagesaker private grunnskoler (privatskoleloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Inntak, privatskoleloven § 3-1	1	0	0	0	1
Individuelt tilrettelagt opplæring, privatskoleloven § 3-6	2	0	1	1	0
Skys, privatskoleloven § 3-7	2	1	0	1	0
Bortvisning, privatskoleloven § 3-10	1	0	0	1	0
Standpunkt i orden og oppførsel, privatskoleforskriften § 7-6	1	1	0	0	0
	7	2	1	3	1

**Klagebehandling private videregående skoler (privatskoleloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Standpunkt i fag, privatskoleforskriften §§ 7-4 og 7-5	1	0	0	1	0
	1	0	0	1	0

**Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Individuell tilrettelegging, opplæringsloven §§ 11-4 til 11-7	10	5	2	3	0
Permisjon, opplæringsloven § 2-2 fjerde ledd	2	0	2	0	0
Skoleplassering, opplæringsloven § 2-6	20	3	10	5	2
Skys, opplæringsloven § 4-1	16	2	8	6	0
Standpunkt i fag, opplæringsforskriften §§ 10-4 og 10-5	36	0	21	15	0
Sum	84	10	43	29	2

**Klagebehandling - Videregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)**

Type sak	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Bortvisning, opplæringsloven § 13-1	4	0	2	2	0
Skys, opplæringsloven § 9-1	2	0	2	0	0
Meropplæring for elever i videregående opplæring, opplæringsforskriften §§ 4-3 og 5-2	1	0	0	1	0
Muntlige og andre ikke-skriftlige eksamener, opplæringsforskriften § 10-8	19	4	14	0	1
Standpunkt fag, opplæringsforskriften §§ 10-4 og 10-5	94	0	43	46	5
Klage på skriftlig eksamen, opplæringsforskriften § 10-7	1 225	0	1 073	152	0
	1 345	4	1 134	201	6

*Klage på skriftlig eksamen, opplæringsforskrifta § 10-7: I 2025 hadde vi ansvar for klagebehandlinga etter skriftleg eksamen hausten 2024 og våren 2025. Vi merkar oss at det er svært mange klager i fagkoden HEA3103 - Helsearbeiderfaget. Totalt fekk vi inn 1225 klager i dei om lag 60 fagkodane vi har ansvar for. Av desse var totalt 833 av klagenes i fagkoden HEA3103. Klagehandsaminga etter hausten 2025 har ikkje starta enno, men vi ser allereie ei ytterlegare auke av klager i HEA3103.*

**Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter) - andre klagesaker**

Andre klagesaker	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Pålagt skolebytte § 13-1	1	1	0	0	0
Sum	1	1	0	0	0

**Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter) - saksbehandlingstid**

Førsteinstansbehandling	Dager
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid i sakene der dere fattet vedtak etter § 12-6 andre ledd første punktum	21

*Dette er arbeidsdagar*

**Klagebehandling - Forberedende opplæring for voksne (opplæringsloven med forskrifter)**

Forberedende opplæring for voksne	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist

*Ingen saker i 2025.*

**Klagebehandling - Videregående opplæring for voksne (opplæringsloven med forskrifter)**

Videregående opplæring for voksne	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist

**Klagebehandling - Felles for forberedende og videregående opplæring for voksne (opplæringsloven med forskrifter)**

Felles for forberedende og videregående opplæring for voksne	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist

**Klagebehandling - Andre klagesaker for voksne (opplæringsloven med forskrifter)**

Andre klagesaker	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist

**Kompetanseutvikling for barnehager og skoler (fra kapittel 7.3.8.3 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på hvordan de har forvaltet tilskuddsordning for lokal kompetanseutvikling og redegjøre for hvordan det er lagt til rette for måloppnåelse jf. retningslinjene for tilskuddsordningen. Statsforvalteren skal videre vurdere i hvilken grad tilskuddsordningen gir likeverdige muligheter for kompetanseutvikling uavhengig av geografi, størrelse og eierform.

Statsforvalteren skal også tabellrapportere på fordeling av midler og deltakelse på kompetansetiltak i 30-prosentdelen i regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage.

**Kompetanse og kvalitet****Forvaltning av tilskuddsordninga for lokal kompetanseutvikling**

Statsforvaltaren har i rapporteringsåret forvalta tilskuddsordninga for lokal kompetanseutvikling gjennom fem samarbeidsforum i fylket, organiserte i tråd med dei etablerte kommunale regionsamarbeida. Samarbeidsforuma har hatt fleire møte gjennom året og har følgd heile prosessen frå innmelding av behov til rapportering på bruk av tildelte midlar.

Statsforvaltaren har hatt rolle som saksførebuande sekretariat for samarbeidsforuma. I kvar region har dei regionale nettverka motteke og gjennomgått innkomne behovsmeldingar, og på dette grunnlaget utarbeidd samanstilte oversikter med forslag til prioriteringar. Prioriteringane har vorte drøfta i samarbeidsforuma, før statsforvaltaren har fatta vedtak om tildeling av tilskotsmidlar i tråd med forumet si innstilling. Eit særleg kjenneteikn ved rapporteringsåret har vore den auka aktiviteten i samarbeidsforuma knytt til førebuingane til overgangen til eit meir heilskapleg system for kompetanseutvikling i barnehagar og skular. Statsforvaltaren har gjennomført høyring blant deltakarane i samarbeidsforuma for å hente inn innspel til framtidig organisering, og har i tillegg initiert ei grundig behovskartlegging gjennomført av eigarane. Forslag til nye forskrifter har vore eit sentralt drøftingstema både i samarbeidsforuma og i møte med leiarane for foruma. Innspela frå desse prosessane har vore viktige i arbeidet med å utforme ei organisering og eit system som både imøtekjem nasjonale krav og tek omsyn til lokale behov og føresetnader.

**Tilrettelegging for måloppnåing i tråd med retningslinjene**

Statsforvaltaren har lagt vekt på å styrkje målforankringa i arbeidet med lokal kompetanseutvikling i samsvar med retningslinjene for tilskuddsordninga. I møte med leiarane for samarbeidsforuma og i SAFO-møta har det vorte brukt tid på å drøfte korleis lærarar og andre tilsette kan involverast i arbeidet med å vurdere og definere mål for kompetanseutviklingstiltaka.

Gjennom arbeidet har statsforvaltaren sett at det i fleire prosjekt har vore avgrensa merksemd på utforming av tydelege og målretta målformuleringar. Som eit tiltak er det difor utarbeidd eit nytt skjema for behovsmeldingar, der det er krav om å formulere mål for det einkilde prosjektet. Endringa skal bidra til at planlegginga av tiltaka i større grad rettar seg mot dei nasjonale måla for kompetanseutvikling, og slik styrkje måloppnåinga i ordninga.

Dei nasjonale målsettingane har elles vore tema for både drøfting og faglege innlegg i møta med samarbeidsforuma. Statsforvaltaren har òg prioritert å delta på møteplassar og arrangement som statsforvaltaren har vorte invitert til, for å formidle intensjonane bak tilskuddsordninga og synleggjere måla for arbeidet. Erfaringane så langt tyder på at dette har hatt ein bevisstgjera effekt i partnerskapa og bidrege til å styrkje forståinga for mål og intensjonar i det vidare utviklingsarbeidet.

**Vurdering av likeverdige moglegheiter for kompetanseutvikling**

Statsforvaltaren har vurdert i kva grad tilskuddsordninga gir likeverdige moglegheiter for kompetanseutvikling, uavhengig av geografi, størrelse og eigarform. Trass i at det i 2024 vart gjennomført ei endring i samansetjinga av samarbeidsforuma, der representantar for private skular og barnehagar vart tekne inn i kvart forum, er vurderinga at ein ikkje fullt ut har lukkast med å sikre likeverdige moglegheiter for deltaking i ordninga.

Ei intern analyse peikar på at informasjon om tilskuddsordninga i for stor grad har gått via dei regionale kommunale strukturane, som i varierende grad involverer private eigarar. Dette har ført til at private eigarar ikkje har vore like godt kjende med moglegheitene for å søkje om og få tildelt midlar til kollektiv kompetanseutvikling.

Denne utfordringa har vore eit sentralt tema i drøftingane knytt til organiseringa av samarbeidsforuma og det vidare arbeidet med innføring av ei ny heilskapleg ordning for kompetanseutvikling. Erfaringane frå rapporteringsåret blir tekne med som eit viktig grunnlag for å vidareutvikle strukturar og arbeidsformer som i større grad sikrar likeverdige rammer og reell deltaking på tvers av geografi, storleik og eigarform.

**Kompetanseutvikling i barnehage - deltakelse på andre kompetansetiltak**

	Antall deltakere fra kommunale barnehager	Antall deltakere fra private barnehager	Antall deltakere totalt
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	6	2	8
Kompetansehevingstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere			0
Barnehagefaglig grunnkompetanse	18	6	24
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	252	127	379
<b>Totalt</b>	<b>276</b>	<b>135</b>	<b>411</b>

**Kompetanseutvikling i barnehage - fordeling av midler til andre kompetansetiltak**

	Beløp tildelt (kr)	% brukt på disse tiltakene av det totale beløpet som er tildelt for regional ordning
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	136 407	1
Kompetansehevingstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	13 384	0
Barnehagefaglig grunnkompetanse	166 853	1
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	2 783 587	21
<b>Totalt</b>	<b>3 100 231</b>	<b>23</b>

**Rapportering på tilskuddsmidler fra Statsforvalter**

	Navn og tema for tiltaket	Tilskuddsmottaker UH	Beløp	Tilskuddsmottaker eier/nettverk	Beløp	Tilskudd koordinator	Beløp
Regional ordning	Læringsløyper - inkluderende læringsmiljø, språk og skriving og matematikk	NTNU og DMMH	855 000	Region Nordmøre v/Sumadal kommune	541 949		0
Regional ordning	Lederveiledning og regionallederutvikling	NTNU og DMMH	200 000		0		0
Regional ordning	Deltakelse i Neste praksisnettverket, som samordner og planlegger arbeidet i læringsløypene, den regionale leder utviklingen og arbeidet på kommunenivået	NTNU og DMMH	120 000	Region Nordmøre v/Sumadal kommune	77 421		0
Regional ordning	Digitaliseringsnettverk for digitalpedagogar i barnehagane	DMMH	100 000	Region Nordmøre v/Sumadal kommune	77 421		0
Desentralisert ordning	Læringsløyper - inkluderende læringsmiljø, språk og skriving og matematikk	NTNU	935 000	Region Nordmøre v/Sumadal kommune	265 549		0
Desentralisert ordning	Lederveiledning og regionallederutvikling ROLU	NTNU og DMMH	200 000		0		0
Desentralisert ordning	Deltakelse i Neste praksisnettverket, som samordner og planlegger arbeidet i læringsløypene, den regionale leder utviklingen og arbeidet på kommunenivået	NTNU og DMMH	120 000	Region Nordmøre v/Sumadal kommune	26 555		0
Desentralisert ordning	Digitaliseringsnettverk for digitalpedagogar i skolane	NTNU	100 000	Region Nordmøre v/Sumadal kommune	33 194		0
Regional ordning	Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering. Stipend til de som tar desentralisert styrer- og barnehagelærutdanning. Stipend til de som tar ABLU-utdanning		0	Region Nordmøre v/Sumadal kommune	619 371		0
Kompetanseløftet	Lederveiledning - oppfølging og arbeid med videre arbeid med inkludering	NTNU og DMMH	200 000		0		0
Kompetanseløftet	Etterutdanning, inkludering og spesialpedagogikk - kompetanseløft for PPT	NTNU og DMMH	300 000	Region Nordmøre v/Sumadal kommune	70 837		0
Kompetanseløftet	Detverk for deltakere i ressursteam/inkluderingssteam på det spesialpedagogiske og sosialpedagogiske området i barnehager og skoler	NTNU og DMMH	200 000	Region Nordmøre v/Sumadal kommune	40 478		0
Kompetanseløftet	Regionale nettverk - laget rundt barnet	NTNU og DMMH	400 000	Region Nordmøre v/Sumadal kommune	101 196		0
Regional ordning	Romsdalsmodellen, prosjekt over 4,5 år	Høgskulen i Volda	1 302 168	Region Romsdal v/Molde kommune	1 302 168	Koordinator	97 663
Regional ordning	Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget. Stipend til de som tar fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget deltid, praksiskandidat		0	Region Romsdal v/Molde kommune	130 217		0
Regional ordning	Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering. Stipend til de som tar desentralisert styrer- og barnehagelærutdanning. Stipend til de som tar ABLU-utdanning		0	Region Romsdal v/Molde kommune	260 434		0
Desentralisert ordning	Språkplanimplementering. Vestnes kommune.	Høgskulen i Volda og NTNU	404 448	Region Romsdal v/Molde kommune	404 449		0
Desentralisert ordning	Inkluderende læringsmiljø gjennom god klasseleing. Rauma kommune, tenestemråde skole og PPT.	Høgskulen i Volda	339 737	Region Romsdal v/Molde kommune	339 737		0
Desentralisert ordning	Utviklingsledelse for skoleledere, Hustadvika kommune	Høgskulen i Volda	266 936	Region Romsdal v/Molde kommune	266 936		0
Kompetanseløftet	Videreføring av satsinga på "laget rundt barnet" til "helhetlig og tverrfaglig oppvekst" - veien mot BT/BTS-kommune i Rauma	Høgskulen i Volda	525 038	Region Romsdal v/Molde kommune	525 038		0
Kompetanseløftet	Felles fagdag 02.01.26 for oppvekstområdet i Hustadvika: Psykisk helse	Høgskulen i Volda	39 753	Region Romsdal v/Molde kommune	39 753		0
Kompetanseløftet	Videreføring av satsinga på "tverrfagleg samarbeid i laget rundt barnet" til "heilskapleg og tverrfagleg oppvekst" - BT/BTS	Høgskulen i Volda	225 016	Region Romsdal v/Molde kommune	225 016		0

Regional ordning	Eit inkluderande miljø for omsorg, lek, læring og danning. Tilrettelegging for lek	Høgskulen i Volda	243 150	Region Nordre Sunnmøre v/Alesund kommune	243 150		0
Regional ordning	Inkluderande språkmiljø. Barn si språkutvikling og språkvanskar - utforming av det fysiske miljøet og rommet sitt betydning for språkleg aktivitet	Høgskulen i Volda	1 760 085	Region Nordre Sunnmøre v/Alesund kommune	1 760 085		0
Regional ordning	Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget. Stipend til de som tar fagbrev i BUA deltid, praksiskandidat		0	Region Nordre Sunnmøre v/Alesund kommune	95 653		0
Regional ordning	Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering. Stipend til de som tar desentralisert styrer- og barnehagelærerutdanning. Stipend til de som tar ABLU-utdanning		0	Region Nordre Sunnmøre v/Alesund kommune	956 530		0
Desentralisert ordning	Tilpassa opplæring: Lovfesta i oppl. § 11-1. Eit prinsipp for skulen sin praksis i overordna del av LK2020. Kva må til for at alle elevar får ei god og tilpassa opplæring?	Høgskulen i Volda	644 596	Region Nordre Sunnmøre v/Alesund kommune	644 596		0
Desentralisert ordning	Fagleg inkludering: Kva må til for å inkludere alle elevar i undervisninga og oppnå ei fagleg inkludering?	Høgskulen i Volda	671 623	Region Nordre Sunnmøre v/Alesund kommune	671 623		0
Desentralisert ordning	Profesjonsfagleg digital kompetanse for leiingar og lærarar.	Høgskulen i Volda	293 244	Region Nordre Sunnmøre v/Alesund kommune	293 244		0
Kompetanseløftet	Tidleg innsats - tilpassing, inkluderende praksis, implementering av BTI	Høgskulen i Volda	1 257 183	Region Nordre Sunnmøre v/Alesund kommune	1 257 183		0
Regional ordning	Ørsta: Livsmeistring, fysisk og psykisk helse	Høgskulen i Volda	184 307	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	184 307		0
Regional ordning	Volda: Inkluderande læringsmiljø, språk og lek	Høgskulen i Volda	157 977	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	157 977		0
Regional ordning	Vanylven: Språkstimulering og kriterier for inkluderande læringsmiljø, med aktive vaksne i lek, og auka bruk av estetiske fagområde	Høgskulen i Volda	112 417	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	112 417		0
Regional ordning	Ulstein: Inkluderande praksis i barnehagen	Høgskulen i Volda	157 712	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	157 712		0
Regional ordning	Herøy: Inkluderande læringsmiljø, språk og lek	Høgskulen i Volda	117 471	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	117 471		0
Regional ordning	Sande: Inkluderande praksis, kommunikasjon og ask, lek	Høgskulen i Volda	72 547	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	72 547		0
Regional ordning	Hareid: Inkluderande læringsmiljø, språk og lek	Høgskulen i Volda	119 861	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	119 861		0
Regional ordning	Koordinator		0	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	0	Koordinator SAFO	91 473
Regional ordning	Samling, leiarutvikling laget rundt barnet	Høgskulen i Volda	94 627	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	94 627		0
Regional ordning	Utarbeiding av langsiktig overordna plan i SAFO	Høgskulen i Volda	18 925	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	18 925		0
Regional ordning	Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget		0	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	20 752		0
Regional ordning	Kompetansehevingstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidare		0	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	13 834		0
Regional ordning	Barnehagefaglig grunnkompetanse		0	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	27 669		0
Regional ordning	Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering		0	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	491 120		0
Desentralisert ordning	Fagleg inkluderande læringsmiljø for lærarar og andre tilsette, del 1-2 (Volda)	Høgskulen i Volda	129 340	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	129 340		0
Desentralisert ordning	Hareid: Inkluderande skulemiljø knytt til språk og lesing	Høgskulen i Volda	129 341	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	129 341		0

Desentralisert ordning	Vanylven: Inkludering via språk/lesing og tidleg observasjon	Høgskulen i Volda	43 976	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	43 976		0
Desentralisert ordning	Ulstein: Inkluderande praksis skule	Høgskulen i Volda	129 341	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	129 341		0
Desentralisert ordning	Herøy: Lesing og tidleg innsats	Høgskulen i Volda	103 473	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	103 473		0
Desentralisert ordning	Sande: Inluderandre praksis, tidleg innsats, språk og lesing	Høgskulen i Volda	49 667	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	49 667		0
Desentralisert ordning	Koordinator		0	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	0	Koordinator Sjustjerna	75 018
Desentralisert ordning	Leiarutvikling laget rundt barnet	Høgskulen i Volda	77 604	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	77 604		0
Desentralisert ordning	Utarbeide langsiktig plan	Høgskulen i Volda	15 521	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	15 521		0
Desentralisert ordning	Ørsta: Lesesatsinga - lesing, skrivning og språklege ferdigheiter	Høgskulen i Volda	151 318	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	151 318		0
Kompetanseløftet	Lokale tiltak etter fagdag med KS 05.09.24	Høgskulen i Volda	329 870	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	329 870		0
Kompetanseløftet	Leiarutvikling knytt til det utvida laget rundt barnet - tverrfagleg samarbeid og rettleiing ved HIV	Høgskulen i Volda	132 951	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	132 951		0
Kompetanseløftet	Arbeid med kompetansepakken til UDIR	Høgskulen i Volda	127 934	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	127 934		0
Kompetanseløftet	Kompetanseløft for PP-tenestene i Vanylven, Sande og Herøy	Høgskulen i Volda	52 679	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	52 679		0
Kompetanseløftet	Arbeidsgruppe for kompetanseløftet/KOSIP	Høgskulen i Volda	33 865	Region Søre Sunnmøre v/Vanylven kommune	33 865		0
Desentralisert ordning	Arbeid med nytt læreplanverk, vurderingspraksis og elevmedvirkning, o glæringsmiljø for inkluderende praksis	Høgskulen i Volda	796 271	Møre og Romsdal fylkeskommune	530 847		0
Desentralisert ordning	Arbeid med grunnleggende språkferdigheter og andrespråkspedagogikk, inkludering og medverknad	Høgskulen i Volda	1 194 406	Møre og Romsdal fylkeskommune	796 271		0
Desentralisert ordning	Arbeid med kunstig intelligens. Frikjøp av KI-pedagoger, arbeidsgruppe og kompetanseutviklingstiltak	Høgskulen i Volda	265 424	Møre og Romsdal fylkeskommune	398 135		0
Kompetanseløftet	Inkluderende praksis (nettverk og tiltak i ledersporet, PPT-sporet og lærersporet)	Høgskulen i Volda	621 982	Møre og Romsdal fylkeskommune	414 655		0
Kompetanseløftet	Psykisk helse	Høgskulen i Volda	621 982	Møre og Romsdal fylkeskommune	414 655		0
Kompetanseløftet	Arbeid med minoritetsspråklige elever	Høgskulen i Volda	621 982	Møre og Romsdal fylkeskommune	414 655		0

**Oppfølgingsordningen (fra kapittel 7.3.8.4 i TB)**

**Rapportere på**

Viser til oppgave 5.1.2.3 i hovedinstruksen. Statsforvalteren skal vurdere hvordan deres innsats bidrar til å støtte kommunene i oppfølgingsordningen i deres utviklingsarbeid og vurdere om tiltakene som er iverksatt i kommuner i oppfølgingsordningen bidrar til bedret læringsmiljø og læringsutbytte.

Kommunane som deltok i uttrekket i 2022, avslutta deltakinga i oppfølgingsordninga våren 2025.

I sluttrapportane gir kommunane tydelege tilbakemeldingar om at Statsforvaltaren har vore ein viktig støttespelar i utviklingsarbeidet. Særleg blir tidleg involvering, strukturert analysearbeid og fagleg rettleiing framheva. Kommunane peikar òg på at Statsforvaltaren har hatt ei tydeleg rolle i å avklare utfordringar, identifisere utviklingsområde og styrkje arbeidet med systematisk skuleutvikling. Dette samsvarar med vår eiga vurdering av innsatsen.

I starten av gjennomføringsfasen opplevde begge kommunane utskifting av leiar på kommunalt nivå. Dette medførte behov for justeringar i delar

av det planlagte arbeidet frå forfasen. Ein av kommunane understrekar at omfanget og effekten av støtta har vore påverka av lokal kapasitet og interne føresestnader. Dette er og vår vurdering, då kommunen måtte få tid til å ansette ny skulesjef til å leie utviklingsarbeidet i kommunen. Dette førte blant anna til utsett oppstart av gjennomføringsfasen.

Tiltaka som er sette i verk har i hovudsak vore retta mot kompetanseutvikling, styrking av profesjonsfelleskap, og utvikle betre samhandling på tvers av eining og nivå i oppvekstsektoren. Kommunane rapporterer om positive endringar knytte til struktur, samarbeid og ei meir felles retning for utviklingsarbeidet. Tiltaka vert vurderte som viktige føresestnader for eit betre læringsmiljø og meir likeverdig opplæring.

Det er for tidleg å dokumentere målbare effektar på elevane sitt læringsutbytte. Kommunane peikar likevel på at tiltaka har hatt ein positiv påverknad, særleg gjennom styrkt fagleg fokus, betre koordinering og større samanheng i opplæringsløpet. Samla sett vurderer vi at oppfølgingsordninga, i samarbeid med Statsforvaltaren og eksterne samarbeidspartnarar, har lagt eit solid grunnlag for langsiktig kvalitetsutvikling i skulen.

Kommunane i uttrekktet for 2025 er no om lag halvvegs i forfasen. Statsforvaltaren bidreg, i samarbeid med eksterne rettleiarar på samlingar med kommunane. Arbeidet er i hovudsak retta mot å støtte kommunane i å kartlegge og forstå eige utfordringsbilde.

### Håndhevingsordningen (fra kapittel 7.3.8.5 i TB)

#### Rapportere på

I årsrapporten skal statsforvalterne rapportere om håndhevingsordningen knyttet til skolemiljø. Rapporteringen skal omfatte følgende punkter for 2025:

- Antall meldingar om skolemiljø mottatt
- Antall vedtak fattet
- Utfallet av vedtakene
- Grunnlag for avvising i vedtakene
- Eventuelle særlege grunner for å behandle saken
- Saksbehandlingstid
- Vedtak som konkluderer med brudd på regelverket
- Oppfølging av vedtakene

Statsforvalteren vil motta et eget skriv med nærmere beskrivelse av hvordan rapporteringen skal gjennomføres.

#### 1. Tal på meldingar om skolemiljø etter § 12-6

Statsforvaltaren mottok **75 meldingar** om skolemiljø i 2025.

#### 2. Tal på vedtak

I 2025 fatta Statsforvaltaren totalt 58 vedtak, fordelte slik:

- 56 vedtak med realitetsbehandling
- 45 vedtak om brot på regelverket
- 11 vedtak om oppfylt regelverk
- 2 vedtak om avvising

Kommentar: Vi fattar få avvingsvedtak. Dette heng saman med at mange av dei som melder sak til oss, ikkje har tatt opp saka med rektor først. I slike tilfella rettleiar vi om regelverket, og orienterer om at vi som hovudregel skal fatte avvingsvedtak dersom meldar ønsker at vi opnar sak. Vi informerer også om klageretten som følger med avvingsvedtaket. I dei aller fleste tilfelle vel meldar heller å trekke saka. Vi avviser ikkje saker som meldar ikkje ønsker at vi opnar, men fattar sjølvstilt avvingsvedtak dersom vedkomande ønsker at vi opnar sak. Når meldar trekker saka, presiserer vi klart og tydeleg at meldar skal ha låg terskel for å melde saka på nytt til oss dersom skulen ikkje gjer nok etter at rektor har fått beskjed.

#### 3. Grunnlaga for avvingsvedtak

Av dei to avvingsvedtaka var grunnlaget:

- 1 vedtak der grunnlaget var at saka blei meld av nokon som ikkje kunne melde sak.
- 1 vedtak der grunnlaget var at eleven ikkje lenger gjekk på den aktuelle skolen.

#### 4. Særlege grunnar til å behandle saka

Statsforvaltaren behandla 1 sak der vilkåra for avvising var oppfylte, men der det førelåg særlege grunnar for å realitetsbehandle saka.

## **5. Saksbehandlingstid i perioden 01.01 - 31.12.2025**

- 21 yrkesdagar i gjennomsnittleg saksbehandlingstid.
- 21 yrkesdagar i gjennomsnittleg saksbehandlingstid i sakene der vi fatta vedtak om brot på regelverket.
- 21 yrkesdagar i gjennomsnittleg saksbehandlingstid i sakene der vi fatta vedtak om oppfylt regelverk.

## **6. Vedtaka om brot på regelverket**

- 44 saker der vi konkluderte med brot på regelverket og påla kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet.
- 0 saker der vi konkluderte med brot på regelverket og vedtok kva skolen skulle gjere for at eleven skulle få eit trygt og godt skolemiljø.

## **7. Oppfølging av vedtaka om brot på regelverket**

I oppfølginga av vedtaka vurderte Statsforvaltaren at:

- 35 saker hadde sannsynleg gjennomføring innan fristen
- 7 saker hadde ikkje sannsynleg gjennomføring innan fristen

## **8. Tvangsmulkt**

Vi har ikkje varsla eller vedtatt tvangsmulkt i 2025.

## **9. Korleis handhevsingsordninga fungerer**

Vi opplever at handhevsingsordninga er til hjelp for mange elevar, ved at skolen får meir framdrift og systematikk i tiltaksarbeidet. Dette får vi også tilbakemeldingar om frå fleire føresette. Nokre skolar melder om at det er nyttig med eit blikk utanfrå, og at vedtaka våre bidrar til å forbetre det vidare arbeidet på skolen.

Samtidig ser vi sakstypar der handhevsingsordninga i mindre grad sikrar rask og riktig hjelp til eleven. Dette gjeld særleg langvarig eller bekymringsfullt frávær, der behova ofte er samansette og krev koordinert innsats frå fleire tenester

saker knytt til mangelfull tilrettelegging, der løysinga ofte ligg i individuelt tilrettelagd opplæring

I fleire slike saker må melder i tillegg klage på vedtak om tilrettelegging eller på gjennomføringa av vedtaket. Nokre føresette uttrykker frustrasjon over at tiltaka som faktisk blir gjennomførte, ikkje samsvarer med rettane som er fastsette i vedtak. Formelt kan alt vere på plass, men praksisen er vanskeleg å etterprøve, og for fleire elevar held utryggleiken fram.

Vi har òg mange saker der utryggleiken til eleven er knytt til mangelfull tilrettelegging. I fleire av desse sakene ligg løysinga først og fremst i gode tiltak knytt til individuelt tilrettelagd opplæring. Saksbehandlinga vår kan vere til hjelp, men ofte må melder i tillegg klage på vedtak om tilrettelegging eller på gjennomføringa av vedtaket. Nokre føresette uttrykker frustrasjon over at hjelpa eleven faktisk får, ikkje samsvarer med rettane som er fastsette i vedtak. Formelt kan alt vere på plass, men praksisen er vanskeleg å etterprøve. For fleire elevar fører dette til at utryggleiken held fram.

## **Rapporter på antall årsverk mm (fra kapittel 7.3.9.1 i TB)**

### **Rapportere på**

- Antall årsverk i landbruksavdelingen og antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift per 31.12.2025.
- Antall årsverk benyttet til førsteinstansforvaltningen av de økonomiske virkemidlene på landbruks- og reindriftsområdet.
- Antall årsverk benyttet til veiledning og kontroll med kommunenes forvaltning av de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet.

Det var i 2025 ein reduksjon på 1,4 årsverk pga ein medarbeidar i 100 % utdanningspermisjon og ein medarbeidar i 40 % foreldrepermisjon. Frå 2026 er medarbeidaren i utdanningspermisjon tilbake, i tillegg til at vi forsterkar oss med ein ny ressurs på agronomi og vassforvaltning frå 01.03.26.

**Årsverk mm**

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i landbruksavdelingen hos SF per 31.12.2025.	13.8
Antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift hos SF per 31.12.2025.	
Antall årsverk benyttet til førsteinstansforvaltningen av de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet.	3.0
Antall årsverk benyttet til førsteinstansforvaltningen av de økonomiske virkemidlene på reindriftsområdet.	
Antall årsverk benyttet til veiledning og kontroll med kommunenes forvaltning av de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet.	4.5
Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2025 på landbruksområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1.1	10.0
Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2025 på reindriftsområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1.1	

Det var i 2025 ein reduksjon på 1,4 årsverk pga ein medarbeidar i 100 % utdanningspermisjon og ein medarbeidar i 40 % foreldrepermisjon.

**Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart. (fra kapittel 7.3.9.2 i TB)**

**Rapportere på**

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart (AR5) skal det rapporteres i henhold til tabell:

- Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet rutinebeskrivelse for kontinuerlig ajourhold av AR5.
- Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodataplan.
- Antall reinbeitedistrikt som har oppdatert reindriftens arealbrukskart i løpet av året.

Det er etablert eit geoveksprosjekt som famnar alle kommunar i fylket knytt til periodisk ajourhald av AR5. Gjennomføring følgjer frekvens og tilgang på bileta frå omløpsfotograferinga. Norddelen av fylket blei ferdig ajourført i 2024. Sør delen av fylket blei fotografert i 2025, og alle kommunar i denne delen av fylket vil no bli ajourført fortløpande.

Siste periodiske ajourhald AR5 for dei aktuelle kommunane i sør delen av fylket blei gjennomført i 2018/2019.

Statsforvaltaren v/seksjon landbruk er representert i arbeidsutvalet for basis geodata. Ein søker å ta vare på landbruksinteressene (m.a. AR5) i det regionale kartsamarbeidet som deltakar i utvalet. Nokre kommunar har utfordringar knytt til kontinuerleg ajourhald grunna manglande kompetanse og kapasitet. 21 av 27 kommunar har byrja med ARweb. Dette har merkbar auka frekvensen av kontinuerleg ajourhald. Det er berre Smøla kommune som ikkje har utført nokon endringar i AR5 i 2025, jf. SFKB-endringslogg motteke frå NIBIO.

Statsforvaltaren ba kommunane sende inn oppdaterte rutinebeskrivingar for ajourhald av AR5. Det ga liten respons, noko som truleg skuldast at det var kort tid sidan siste førespurnad. Ei enklare form for tilbakemelding bør vurderast om ein skal be om dette årleg.

**Kartsamarbeid og arealressurskart**

	Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5	Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodataplan	Antall kommuner i fylket
AR5 tilstand	4	0	27

Tal kommunar som ikkje har rutinebeskrivelser for ajourhald av AR5 er usikkert. 17 kommunar har eldre periodisk ajourhald enn 5 år, men alle ligg inne med plan for gjennomføring i år.

**Anmeldelse (fra kapittel 7.3.9.3 i TB)**

**Rapportere på**

Rapportere om bruk av anmeldelser.

Det var ikkje aktuelt med politimelding i 2025.

**Utvexling av informasjon - dyrevelferdssaker (fra kapittel 7.3.9.4 i TB)**

**Rapportere på**

Gi en kort vurdering av hvordan rutiner for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen i saker om dyrevelferd fungerer.

I samsvar med rutina sender Mattilsynet kopi av vedtak til kommune og statsforvaltar der det er fatta vedtak av slik art at det kjem inn under avtalen. Det gjeld forbod mot hald av dyr, vedtak om heil eller delvis avvikling, eller kronisk dårlege dyrehald.

I dei tilfella som gjeld kronisk dårleg dyrehold (KDD), har vi fått kopi av tilsynsrapportar både før og etter vedtaksbrevet om KDD. Det har i slike tilfelle vore gitt pålegg om utbetring, ofte i lengre tid, i forkant. For begge dei to tilfella med vedtak om KDD i 2025, har oppfølgingstilsyn ført til at avvik er blitt lukka, dvs. at krav er blitt fulgt opp.

Vi har tidlegare fått brev også for avvikingssakene, men då er det ikkje fleire tilsyn i etterkant. Då blir saka lukka når avvikinga er dokumentert utført.

Utfordringa for tilskotsforvaltninga er at kommunen må sjå søknadsomgangen (kalenderåret) under eitt. Det kan vere vanskeleg å fastslå om det som er avdekt på eit bestemt tidspunkt er representativt for året under eitt. Det vil kunne vere usikkerheit om kor lenge eit dårleg dyrehold har vore dårleg i forkant av eit tilsyn.

Det er uansett veldig tydeleg at det er stor forskjell frå kommune til kommune korleis slike saker blir behandla. Både kompetanse og kor modig den enkelte saksbehandlar er, varierer veldig.

#### Utteksling av informasjon om dyrevelferd

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker oversendt fra Mattilsynet	Herav antall saker der kommunen vurderer at foretaket ikke oppfyller vilkåret vanlig jordbruksproduksjon, § 2	Herav antall saker kommunen har utbetalt tilskudd som omsøkt
Saker som gjelder avtalens punkt 3 a (forbud mot hold av dyr)	0	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 b (hel/delvis avviking)	4	2	2
Saker som gjelder avtalens punkt 3 c (kronisk dårlige dyrehold)	2	0	2
Saker som gjelder avtalens punkt 3 d (alvorlig vanskjøtsel av dyr)	1	0	1
Saker som ikke er i tråd med rutinen punkt 3	1	0	1

#### Rutineutveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Totalt antall møter	Herav antall møter samarbeidsavtalen var tema	Herav antall møter der pågående saker var tema	Herav antall møter der kontaktperson med ansvar for oppfølging av samarbeidsavtalen i Statsforvalteren møtte
Møter gjennomført med Mattilsynet	1	1	1	1

#### Avvikling av pelsdyrproduksjon (fra kapittel 7.3.9.5 i TB)

##### Rapportere på

Rapporter iht. tabell vedrørende vedtak knyttet til avviking av pelsdyrproduksjon.

#### Kompensasjon og erstatninger etter avviking av pelsdyrhold

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Ubehandlede saker	Saker under behandling	Ferdig behandlet
Presaksbehandling for erstatning etter avviking av pelsdyrhold	11	0	0	11
Kompensasjon for kostnader til riving og opprydding	10	1	0	9
Kompensasjon for lavere årlig alderspensjon	0	0	0	0
Sum 1142.77 - Tilskudd til kompensasjon ved avviking av pelsdyrhold	19 210 470	1 145 000	14 343 000	3 722 470

Av dei 9 rivingssakene med vedtak er 5 under riving av søkjer sjølv, men ikkje avslutta. Siste arbeidsfirt er 31.08.2029. Det blir delutbetalt etterkvart som rivingsarbeidet blir gjort, so langt kr 4.392.565,62, og kr 9.950.434,38 står igjen iht vedtakssum. 4 saker er avslutta, og ferdig utbetalt, samla sum 3.722.470,-.

#### Gevinstrealiseringsplan (fra kapittel 7.3.9.7 i TB)

**Rapportere på**

I gevinstrealiseringsplanen for LMD forventes det at sammenslåing av statsforvaltere skal gi økt kvalitet gjennom mer ensartet rådgivning, veiledning og forvaltningspraksis, og økt profesjonalisering og likebehandling innenfor områdene:

- Reindriftsloven
- Eiendomslovgivningen
- Husdyrkonsesjonsregelverket
- Kontroll og oppfølging av kommunenes forvaltning av produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning, og regionale miljøtilskudd

Statsforvalteren bes redegjøre kort for status for hvordan gevinstrealiseringsplanen følges opp på LMDs område, herunder ev. utfordringer og risiko knyttet til realisering av gevinst innen hver av de fire fagområdene.

**Rapportering jord-, konsesjons- og odelslov (fra kapittel 7.3.9.8 i TB)**

**Rapportere på**

Rapportere i tabeller om saker statsforvalteren har behandlet etter jordloven, konsesjonsloven og odelsloven i 2025.

**Saker etter jord- og konsesjonslov - vedtak**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Endret	Stadfestet	Opphevet/avvist
Vedtak i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9	2	0	2	0
Vedtak i klagesaker om deling – jordloven § 12	1	0	1	0
Vedtak i klagesaker om nydyrking - jordloven § 11 annet ledd (forskrift om nydyrking)	2	0	2	0
Vedtak i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a	1	0	1	0
Vedtak i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten - jordloven § 8 tredje ledd	0			
Vedtak i klagesaker om konsesjon – konsesjonsloven § 9	5	0	4	1
Vedtak i klagesaker om konsesjon for erverv i nær familie – konsesjonsloven § 9 siste ledd	2	1	0	1
Vedtak i klagesaker om konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense – konsesjonsloven § 7	0			
Vedtak i førsteinstanssaker der selskaper med begrenset ansvar søker konsesjon (landbrukseiendom) – konsesjonsloven § 9 tredje ledd	1	0	1	0
Vedtak i førsteinstanssaker der selskaper med begrenset ansvar søker konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense (AS og nullgrense) – konsesjonsloven § 7	0			

**Saker etter jord- og konsesjonslov - utfall av søknaden/saken**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Innvilget uten vilkår	Innvilget på vilkår	Avslått	Fritak	Pålegg gitt	Ingen pålegg	Opphevet/avvist	Merknad
Utfall av søknaden i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9	2	0	0	2	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om omdisponering – jordloven § 9	1	1	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden om deling i klagesaker – jordloven § 12	1	0	0	1	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om deling – jordloven §12	2	2	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om nydyrking - jordloven § 11 annet ledd	2	0	0	2	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon - konsesjonsloven § 9	1	1	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon - konsesjonsloven § 9	5	1	1	0	0	0	1	2	
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar (landbrukseiendom) - konsesjonsloven § 9	1	1	0	0	0	0	0	0	SF var førsteinstans
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon for erverv i nær familie - konsesjonsloven § 9 siste ledd	0								
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon for erverv i nær familie - konsesjonsloven § 9 siste ledd	0								
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense - konsesjonsloven § 7	0								
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om fritak fra driveplikten – jordloven § 8 a	0								
Utfall av søknaden i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a	1	0	0	1	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd	0								
Utfall av saken i førsteinstansbehandling av saker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd	0								

**Saker etter jord- og konsesjonslov - omdisponering**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Dyrka areal (fulldyrka- og overflatedyrka jord og innmarksbeite) ant. da.	Dyrkbart areal (skog, myr, etc.) ant. da.
Bolig	0		
Hytte ol.	0		
Forretn., kontor, industri	0		
Off./priv. tjenesteyting	0		
Andre byggeområde	0		
Skogplanting	0		
Samferd. og tekn. infrastruktur	1	1	0
Grønnstruktur	0		
Golf	0		
Forsvaret	0		
Andre landbruksformål	0		
Bruk og vern av sjø og vassdrag	0		

**Saker etter jord- og konsesjonslov - driftsenhet**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Driftsenhet	Ikke driftsenhet	Avvist
Vedtak	1	1	0	0
Påklaget til Landbruksdirektoratet	0			

**Saker etter jord- og konsesjonslov - omgjøring**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	§ 35 første ledd a) jf. annet ledd	§ 35 første ledd b) jf. annet ledd	§ 35 første ledd c) jf. annet ledd	§ 35 tredje ledd
Varsel om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35	0				
Varsel om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35	0				
Vedtak om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35	0				
Vedtak om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35	0				

Ingen saker

**Saker etter jord- og konsesjonslov - kontrollhjemmel**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Delingssak	Drivepliktsak	Omdisponeringssak	Konsesjonssak
Antall saker	0				

Ingen aktuelle kommuner

**Nydyrking av myr - utfall av søknader i første- og klageinstans**

Betegnelse på rapporteringskrav	Søknader i alt	Innvilget i alt	Innvilget uten vilkår	Innvilget på vilkår	Innvilget som følge av at myr er eneste dyrkingsressurs	Innvilget som følge av ivaretagelse av særskilte produksjoner i myr på fjellgrunn	Innvilget som følge av tap av andre produksjonsarealer	Søknader om dispensasjon for å nydyrke myrarealer avslått	Opphevet/avvist	Merknad
Søknader i førsteinstans om dispensasjon for å nydyrke myrarealer jf. nydyrkingsforskriften § 5a	0	0	0	0	0	0	0	0	0	Ingen saker
Utfall av søknaden i klagesaker om dispensasjon for å nydyrke myrarealer jf. nydyrkingsforskriften § 5a	2	0	0	0	0	0	0	2	0	

**Nydyrking av myr - størrelse på arealene som er omsøkt**

Betegnelse på rapporteringskrav	Omsøkt i alt	Omsøkt areal dyp myr	Omsøkt areal grunn myr	Innvilget myrareal i alt	Innvilget areal dyp myr	Innvilget areal grunn myr	Avslått myrareal i alt	Avslått myrareal dyp myr	Avslått myrareal grunn myr
Informasjon om omsøkt myrareal	62	56	6	0	0	0	62	56	6

**Nydyrking av myr - ferdiggodkjent nydyrket myrareal**

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker der nydyrking av myrareal er gjennomført og arealet er ferdiggodkjent	Ferdiggodkjent myrareal i alt	Ferdiggodkjent areal dyp myr	Ferdiggodkjent areal grunn myr
Informasjon om ferdiggodkjente saker	0	0	0	0

**Odelsfrigjøring**

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker i alt	Samtykke til odelsfrigjøring gitt	Avslag på søknad om odelsfrigjøring	Avvist	Merknad
Saker om odelsfrigjøring	0	0	0	0	Ingen saker

**Statsforvalteren som førsteinstans**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Innvilget	Avslått	Innvilget på vilkår
Vedtak som førsteinstans i saker der selskaper med begrenset ansvar søker konsesjon (landbrukseiendom) – konsesjonsloven § 9 tredje ledd	1	1	0	0
Vedtak som førsteinstans i saker der selskaper med begrenset ansvar søker konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense (AS og nullgrense) – konsesjonsloven § 7	0	0	0	0

**Det todelte målet i rovviltpolitikken (fra kapittel 7.3.10.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Rapporter på status i forvaltningen av det todelte målet for rovviltpolitikken, både på landbruks- og reindriftsområdet

Det var store tap av beitedyr til rovvilt i Møre og Romsdal, i hovudsak tap av lam til jerv og gaupe. Lam blir sleppt over heile fylket, men mest sau og lam blir sleppt i dei indre fjellområda. Dette fordi det er lite areal nær gardane i ein topografi med fjordar og bratte fjell, der ein er avhengig av førressursane i fjellbeita i utmarka. Dei indre fjellområda er òg gode habitat for jerv, og det er der forvaltningsområdet for jerv er plassert.

45 % av dei dokumenterte tapane av lam til jerv i Norge er dokumentert i Møre og Romsdal i beitesesongen 2025. I jerveområda er det gjennomført fleire tapsreducerande tiltak. 47 beitebrukarar har tidleg sankt heim 7 256 sau og lam frå fjellbeite innan 5. september. Det blei brukt 1 615 128 kroner på tiltaket tidleg sankt i 2025. I desse områda er det òg gjennomført utvida tilsyn med kadaversøkande hund, det er brukt vokterhund, og det er gjennomført skadefellingsforsøk.

Nord i Møre og Romsdal ligg forvaltningsområdet for gaupe, men gaupe blir observert i stadig større delar av fylket. Heile fylket er godt gaupehabitat med kupert skogsterreng og god tilgang på næring gjennom store bestandar av hjortedyr. Det er mykje beitedyr òg innanfor forvaltningsområdet for gaupe, og tapane har i 2025 vore størst på Tingvollhalvøya.

NIBIO/NINA har eit gaupe-merkeprosjekt på Tingvoll, der dei følgjer den merka gaupa periodevis og dokumenterer kadaver dei finn i spora etter den. Prosjektet skal undersøke dietten og områdebruken til gaupa.

Det er vanskeleg å setje inn tapsreducerande tiltak mot gaupeskadar, sidan gaupa tek lam både på utmark og innmark, tidleg og seint i sesongen. På Tingvoll er tiltaket utvida tilsyn med kadaversøkande hund brukt, og det har vore diskutert skadefellingsforsøk. På grunn av forskingsprosjektet prøvde ein i størst mogleg grad å unngå skadefelling i 2025.

I Møre og Romsdal har beitelaga i rovviltutsette beiteområde fått midlar til innkjøp av radiobjøllet dei åra vi har ledige midlar til dette. Det same gjeld utleigeordninga som blir driven av Møre og Romsdal Sau og Geit. Vi har ikkje nok radiobjøllet til 100 % dekning av beitedyra i beitelag i område med store tap av lam til rovvilt. Det skulle vi gjerne hatt.

Midlane til førebyggjande og konfliktdempande tiltak mot rovviltskadar (FKT-midlar) blir prioriterte til akutte tiltak: tidleg sankt av beitedyr, ekstraordinært tilsyn og skadefelling. Det er ikkje rom innanfor ramma av midlar til å investere i det talet radiobjøllet eller elektronisk overvåkingsutstyr som vi har behov for. I 2025 hadde vi kun restmidlar til innkjøp av elektronisk overvåkingsutstyr for kr 24.555,-.

I beitesesongen 2025 ble det gitt løyve til forsøk på felling av skadegjerande jerv. Disse forsøka gjaldt innanfor forvaltningsområde for jerv, men utfordringane med skadefelling er dei same innanfor og utanfor forvaltningsområde. Terrenget i disse områda er lite tilgjengeleg, tidkrevande og komme seg til og ifrå. Det ble felt ein jerv på skadefelling i beitesesongen 2025 i Møre og Romsdal i Rauma kommune.

**Rovviltnemnda sitt arbeid**

Dei siste åra har vi erfart at ein stadig større del av aktiviteten i rovviltnemnda, som vedtaksmøte og dialogmøte med næringsaktørar, blir gjennomført digitalt på Teams. Innafor eit så komplekst og kunnskapskrevjande fagområde som rovvilt meiner SFMR at det er avgjerande at nemnda får tilstrekkeleg tid til å setje seg inn i fagfeltet, samt rom for refleksjon og grundige diskusjonar. Dette er nødvendig for at nemnda skal vere best mogleg rusta til å fatte gode og kunnskapsbaserte vedtak.

Vi opplever at det blir satt av stadig mindre tid til slike viktige møteplassar, der utveksling av erfaringar og bygging av kompetanse i nemnda står i

sentrum.

**Utvalgte kulturlandskap og verdensarvområdene (fra kapittel 7.3.10.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Rapporter på status for forvaltningen av ordningene Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen, Vestnorsk fjordlandskap og Røros bergstad og Circumferensen på landbruks-, natur- og kulturmiljøområdet.

**Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen, Vestnorsk fjordlandskap og Røros bergstad og Circumferensen**

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Bidrar tiltak støttet av tilskuddsordningen til å ivareta naturmangfold, kulturarv og jordbruksdrift på en tilfredsstillende måte?	Fjellgardane i Sunndal, Sunndal kommune: Fjellgardane i Sunndal er eit av UKL-områda som har hatt UKL-status lengst. Over år ser vi at ordninga fører til å ivareta naturmangfold, kulturarv og jordbruksdrift på ein svært god måte. Dei har etterspurnad etter meir midlar enn dei får, men er flinke til å prioritere ulike tiltak kvart år, slik at alle område får midlar over tid. I 2025 gjekk mesteparten av midlane til bygging av eit mjølkekufjøs, og det syntest dei andre grunneigarane var greitt. «Det var deira tur i år.» Mykje av midlane går likevel jamt kvart år til skjøtsel av areal og ivaretaking av kulturlandskap. Det er viktig at dei framover og har nok midlar til å ta vare på skjøtsel av areala, som ikkje er dei mest lettdrivne i landet. Alnes, Giske kommune: Alnes er eit ganske nytt område i UKL-samanheng, og har leita litt etter ein god måte å fordele midlar på. Mange er utolmodige og vil gjere alt på ein gong. Den lokale potten er liten, så kommunane må gje mange avslag. Alnes har kome godt i gang med å leggje planar og setje i gang tiltak. Det er behov for meir kartlegging av bygningar og utarbeiding av skjøtelsplanar. Hjørundfjorden og Norangsdalen, Ørsta og Volda kommunar: I Hjørundfjorden og Norangsdalen har skjøtsel av areal ved jordbruksdrift og beite vore prioritert høgast. Minst 60 % av tilskotet skal gå til dette, i følgje forvaltningsplanen. Det er nedgang i talet på aktive bønder, og ein ser at ein ikkje får skjotta alle areal ein ønskjer å ta vare på. Dei har nokre tiltak som ivaretek kulturarv, men ønskjer gjerne å kunne ha meir av det. Eikesdalen, Molde kommune: I Eikesdalen har hovuddelen av midlane i 2025 gått til slått og beite. Dei har fått ein tilstandsrapport på bygningar og laga skjøtelsplanar for slått, samt skjøtsel av alm og hassel. Midlane strekk ikkje til alle tiltaka dei ønskjer å setje i gang. Det er òg etterspurnad etter meir midlar til beiting i utmark. Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden, Stranda og Fjord kommunar: I Vestnorsk fjordlandskap Geiranger blir det prioritert midlar til skjøtsel av areal ved slått og beite. Det blir òg gitt midlar til å ivareta kulturmiljøverdier, i samarbeid med kulturavdelinga. Vestnorsk fjordlandskap Geiranger brukar midlar både frå verneområdeforvaltninga, kulturminneavdelinga og landbrukets verdsarvordning. Ein har fått ivareteke store natur- og kulturmiljøverdier om ein ser dette samla over fleire år.
Er natur- og kulturmiljøverdiene i områdene styrket eller svekket?	Fjellgardane i Sunndal, Sunndal kommune: Naturverdiene i Sunndal er godt ivaretekne, men dei har behov for meir tilpassa utstyr for å kunne oppretthalde slått og kulturlandskapspleie. Kulturmiljøverdiene er svært godt ivaretekne, i eit arbeid som har pågått over mange år. I planane står fleire bygningar for tur i åra framover. Alnes, Giske kommune: Sidan UKL-statusen er relativt ny for Alnes, er det vanskeleg å vurdere endringar i verdiene enno. Det er stort behov for å styrkje både natur- og kulturmiljøverdiene. Vi ser at dei kan ha behov for høgare ramme enn vi har hatt moglegheit til å tildele dei dei første åra. Hjørundfjorden og Norangsdalen, Ørsta og Volda kommunar: Natur- og kulturverdiene i Hjørundfjorden og Norangsdalen er per i dag uendra. Kommunen fryktar at dei kan bli svekte i åra framover på grunn av aukande nedlegging av gardsbruk. Kommunen seier dei ønskjer å få utarbeidd skjøtelsplanar for å sikre ivaretaking av kulturlandskapet. Sidan mykje av midlane blir brukt på skjøtsel av areal, er det mindre midlar enn ønskeleg til kulturmiljøverdier, som kommunen ønskjer å styrkje. Eikesdalen, Molde kommune: Eikesdalen er eit nokså nytt UKL-område og har så vidt kome i gang med tiltak. Det ser svært lovande ut for å styrkje både natur- og kulturmiljøverdier, men dei har behov for meir midlar. Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden, Stranda og Fjord kommunar: Kulturmiljøverdiene i Vestnorsk fjordlandskap Geiranger er klart styrkte, særleg via midlane frå kulturavdelinga. Naturverdiene er til ein viss grad ivaretekne, men områda er store, og det er vanskeleg å ivareta alt.
Er det positive trender i områdene?	Fjellgardane i Sunndal, Sunndal kommune: I Sunndal har dei siste åra vore generasjonsskifte på fleire av fjellgardane, og det er investert i nye fjøs og drift. Det er svært positive trender i området. Brukarane er positive til UKL-statusen og deltek på kurs, møte og samlingar både i fylket, nabofylket og nasjonalt. Alnes, Giske kommune: UKL-status er framleis nytt for Alnes, men det er stor interesse for temaet. Området er ei turistperle med stort potensial for UKL. Vi håpar å sjå positive trender i åra framover. Hjørundfjorden og Norangsdalen, Ørsta og Volda kommunar: Det var ein tøff start i området, med mykje støy rundt prioritering av midlar. Det går betre no, og diskusjonane handlar i større grad om vegen vidare for å ta vare på verdiene. Eikesdalen, Molde kommune: Det er svært stort engasjement i Eikesdalen og mange planar. Dei har laga skjøtelsplanar for hassel- og almeskjøtsel, og satsar på å ta opp att skjøtsel/produksjon etter gamal tradisjon frå 2026. Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden, Stranda og Fjord kommunar: Det skjer mykje i og rundt Vestnorsk fjordlandskap Geiranger. Det er stort engasjement hjå politikarar, næringsliv og innbyggjarar på alle nivå. For landbruket er trenden svært negativ: Det er berre to aktive bruk igjen. Trenden med skjøtsel av areal utført av andre enn aktive bønder er aukande.
Er det noen spesielle trusler eller utfordringer mot natur- og kulturmiljøverdier eller jordbruksdrift i områdene?	Fjellgardane i Sunndal, Sunndal kommune: For Fjellgardane i Sunndal er hovudtrusselen jerv i beiteområda. Øvre Sunndal blei teken ut av forvaltningsområdet for jerv på grunn av UKL-statusen, som gjorde forvaltninga med kryssande målsetjingar vanskeleg. No er det diskusjonar om ei eventuell utviding av jervområdet slik at UKL-området igjen kan komme innanfor. Alnes, Giske kommune: Alnes er eit område med lite aktivt landbruk, men mange grunneigarar og andre innbyggjarar. Å bli einige om retning og prioriteringar har vore ei utfordring i starten. Det store talet på turistar gir utfordringar for tiltak, men òg potensial for nye tilnærmingar. Hjørundfjorden og Norangsdalen, Ørsta og Volda kommunar: Den største trusselen er den store nedlegginga av gardsbruk og færre bønder og grunneigarar som ønskjer å delta i arbeidet med tiltak. Eikesdalen, Molde kommune: Eikesdal ligg i forvaltningsområdet for jerv, som gjer det vanskeleg å starte med beiting med sau. Eit av dei mest aktive bruka har fått omstillingsmidlar for å slutte med sauebeiting grunna tap til rowitt, og har dermed ikkje moglegheit til å vurdere sauebeiting. Beiting med sau har vore viktig for danninga av dei biologiske, kulturlandskapsmessige og kulturhistoriske verdiene som gav området UKL-statusen. Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden, Stranda og Fjord kommunar: Nedlegging av gardsbruk er ei trussel for landbruket. Fritidseigedom er svært attraktivt, og ingen gardsbruk kjem ut på marknaden. Kommunen vurderte buplikt for nokre år sidan, men valde å ikkje innføre det. Den enorme turistmengda (11 000 turistar/dag) gjer det vanskeleg å drive skjøtsel, beiting og husdyrhald. Framkomst med traktor og utstyr er nesten umogleg. Hygiene og smittefare grunna avføring i terrenget er òg ei problemstilling bøndene tek opp.
Blir ordningen brukt i næringsutvikling basert på natur- og kulturmiljøverdier og jordbruksdrift?	Fjellgardane i Sunndal, Sunndal kommune: Fjellgardane i Sunndal brukar UKL-statusen i promotering av opplevingar og produkt frå området. Alnes, Giske kommune: Alnes er nytt som UKL-område, men ønskjer å finne måtar å nytte UKL-statusen på framover. Hjørundfjorden og Norangsdalen, Ørsta og Volda kommunar: Det er nokre lovande diskusjonar om næringsutvikling basert på natur- og kulturmiljøverdier og jordbruksdrift, og potensialet er stort. Eikesdalen, Molde kommune: I Eikesdalen har dei teke opp att skjøtsel av hasselskogar og hausting av nøtter. Dei sel nøtter på Bondens marknad for jul, og planlegg å kjøpe knekkemaskin for å selje ferdigknekte nøtter til bakeri. Det blir òg bygd opp naturbasert reiseliv. Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden, Stranda og Fjord kommunar: I Geiranger prøver ein å knyte idear opp mot verdsarvstatusen. Nye bønder kunne ha nytta statusen i drift og produktutvikling, men det er vanskeleg å få tilgang til gardsbruk då dei er attraktive fritidseigedomar.
Finnes det en overordnet forvaltningsplan for området (ja/nei)?	Fjellgardane i Sunndal, Sunndal kommune: Fjellgardane har nyleg laga forvaltningsplan for området, sjølv om dei har hatt UKL-status lenge. Planen skal opp som sak i kommunestyret tidleg i 2026. Alnes, Giske kommune: Alnes har ein forvaltningsplan, som blei revidert i 2025. Hjørundfjorden og Norangsdalen, Ørsta og Volda kommunar: Hjørundfjorden og Norangsdalen har forvaltningsplan, revidert i 2022. Eikesdalen, Molde kommune: Eikesdalen har forvaltningsplan frå 2024. Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden, Stranda og Fjord kommunar: Det finst ingen forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap. Det blei laga ein tiltaksplan i 2022, felles for Nord- og Sør-området.

Fungerer de overordnede forvaltningsplanene/områdeplanene på en hensiktsmessig måte for å prioritere de viktigste tiltakene knyttet til alle deltema omfattet av formålet med ordningen?	Fjellgardane i Sunndal, Sunndal kommune: Forvaltningsplanen er ikkje prøvd ut i praksis enno, men er eit godt gjennomarbeidd produkt for alle deltema. Alnes, Giske kommune: Alnes har fått laga forvaltningsplan tidleg i UKL-perioden. Dei er i gang med å setje i verk tiltak, og ser alleie behov for justeringar. Skjøtsel av areal ved slått og beiting er viktig. Dei ser òg behov for kartlegging og tilstandsrapport/tiltaksplan for bygningar, noko som vil vere kostbart og krev prioritering innan ei lita økonomisk ramme. Hjørundfjorden og Norangsdalen, Ørsta og Volda kommunar: Området er stort og det har vore mykje støy rundt prioritering av tiltak. Dei ønskjer ikkje å revidere forvaltningsplanen no, men heller få ro rundt den planen som ligg føre. På regionalt nivå, saman med kommunen, har vi snakka om å hente inspirasjon frå verdsavområdet i Røros. Dette startar vi med i 2026. Eikesdalen, Molde kommune: Eikesdalen er godt i gang med tiltak etter forvaltningsplanen. Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden, Stranda og Fjord kommunar: Det burde vore utarbeidd ein forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Geiranger.
Fungerer samarbeidet mellom de ulike aktørene på lokalt og regionalt nivå på en tilfredsstillende måte?	I Møre og Romsdal er det eit godt samarbeid mellom lokale og regionale aktørar i alle område. Både landbruks- og naturforvaltningsseksjonen hos Statsforvaltaren deltek, saman med verneområdeforvaltarar og kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune. Dei fleste områda har arbeidsgrupper med lokale aktørar frå forvaltning, næringsliv, organisasjonar og grunneigarar. Det har vist seg at det ikkje alltid er lett å finne semje i arbeidsgruppene når det gjeld planar og prioriteringar. I fleire kommunar har det vore utskifting av saksbehandlarar. Dei nye tek oppgåva med engasjement og pågangsmot, men i nokre område har dette ført til lite kontakt mellom kommune og grunneigarar i ein overgangsperiode. Haust 2025 hadde vi derfor stort fokus på å gjennomføre møter mellom lokale og regionale aktørar. Dette blei svært godt motteke, og vi held fram med fleire treffpunkt i 2026. Vi arrangerte for første gong ei regional UKL-/verdsavsamling i Eikesdal i 2025. Den fekk mange gode tilbakemeldingar, og vi planlegg ny samling i 2026 saman med Trøndelag.

### 3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

SFMR har eitt mindreforbruk i 2025 som overstig 5% av tildelinga. Vi såg dette alleie på forsommaren og satt inn tiltak for å redusere mindreforbruket. Vi leide inn ekstrahjelp på 6 månaders engasjement, timelønna og pensjonistar og la inn ekstra midlar til lokale forhandlingar i tråd med vår omforente lokale lønnspolitikk, betalte ut reisetid og overtid. Vi fekk også mulighet til å avslutte vår telefonordning og kjøpe inn mobiltelefonar og abonnement til tilsette, samt at vi kjøpte inn heimekontorutstyr etter behov.

Etter rapporteringa pr 2. tertial blei vi trekt 1,5 mill i ramma for 2025.

Det store mindreforbruket skuldast i all hovudsak at vi ikkje fekk årsverknad på dei nye stillingane som det blei løyvd midlar til i 2025. Til dømes blei stillingane på beredskap lyst ut før nyttår, men oppstart i stillingane vart likevel ikkje før i juni og august. Alle dei nye stillingane det blei løyvd midlar for i 2025 er no besatt, og det vil bli årsverknad på desse i 2026. Når vi har lagt budsjettet for 2026 har vi tatt høgde for at vi får overført 5% av ramma frå 2025, og har lagt dette inn som utgifter i budsjettet for 2026.

Regnskapet viser ei total auke i forbruk på 17 millionar frå 2024 til 2025. Dette skuldast auke i ramme samt forseinka lønnsoppgjør for 2024. Ressursrapporteringa viser at vi har hatt ei auke på omlag alle departement. Gjennomgangen viser at vi har ei %-vis auke av total bruk på KD, KDD og JD frå 2024 til 2025. For KD er dette bevisst for å tilpasse til budsjettfordelingsmodell. Når det gjeld KDD er det satsing for å følgje opp ein pressa kommuneøkonomi og frå JD er det beredskapssatsing.

#### Ressursrapportering

Departement	Driftskapittel 2025	Driftskapittel 2024	Fagdep. 2025	Fagdep. 2024
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	2 778	2 800	2 056	1 881
Barne- og familiedepartementet	6 032	5 115	1 032	1 099
Helse- og omsorgsdepartementet	19 934	17 927	7 093	6 645
Justis- og beredskapsdepartementet	18 699	15 848	2 549	2 197
Klima- og miljødepartementet	13 608	12 176	12 153	9 115
Kommunal- og distriktsdepartementet	16 511	12 298	225	150
Kunnskapsdepartementet	10 793	7 259	8 027	6 699
Landbruks- og matdepartementet	15 317	14 096	0	188
Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	23 241	22 194	0	0
Andre	344	328	450	376
<b>Sum</b>	<b>127 257</b>	<b>110 041</b>	<b>33 585</b>	<b>28 350</b>

### 3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Vi vurderer at vi leverer godt på samfunnsoppdraget på dei aller fleste oppdragene vi får frå våre oppdragsgivere. Likevel har det over fleire år blitt eit stort etterslep på saksbehandling innafor spesielt tre fagområde hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Desse er nevnt i tidlegare kapittel i årsrapporten, og gjeld oppdrag frå BFD, HOD og KDD. Det er sett inn tiltak for å betre dette i 2025/2026.

Regnskapet per 31.12.2025 viser at embetet endte opp med eit mindreforbruk på totalt kroner 7,158 millioner. (5,3%) Årsaka til det høge mindreforbruket er ei auke i tildeling frå fleire oppdragsgjeverar (noko vi er godt nøgd med) men der vi ikkje får årsverknad på tilsetjing i nye stillingar før i 2026. Dei fleste nye stillingar fekk tilsetjingar som begynte etter sommaren. Eit høgt sjukefråvær (7,2%) har ført til store refusjonar.

Vi viser også til statsforvaltaren si eiga beretning i kap. 1. For embetet sitt regnskapsresultat for alle kapitler og poster viser vi til årsregnskapet i kapittel 6.

### **3.6 Andre forhold**

## 4 Styring og kontroll hos statsforvalteren

### 4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging

Statsforvalterinstruks, hovudinstruks og tildelingsbrevet er våre viktigste styringsverktøy.

Vi har tidlegare også hatt eige strategiplanar. Vår viktigaste strategiplan mot 2030 er FNs berekraftsmål.

Operasjonalisering av oppgavene skjer i det enkelte verksemdsområde og deretter i den enkelte seksjon. Det er stor grad av medarbeidarinvolvering. Det same gjeld i administrasjonsstaben og samordningsstaben som tilsaman utgjør verksemdstøtte.

Vi følger opp mål som er sett gjennom resultatstyringsmøter kvart tertial. Her blir trafikklensmodellen brukt, slik at vi ser korleis vi ligg an når det gjeld leveransar og måloppnåing ved årsslutt.

Statsforvalteren i Møre og Romsdal innførte i 2024 eit nytt HR-system. (DFØ) og i 2025 tok vi i bruk medarbeiderutviklingsmodulen. Her ligg det moglegheiter til systematisk oppfølging av mål gjennom året for den enkelte medarbeider og leiar.

Viktig arenaer i løpet av året er møter i strategisk leiargruppe, utvida leiargruppe, møter med alle tilsette i kvart verksemdsområde, allmøter, AMU og IDF-møter med tillitsvalde.

#### 4.1.1 Statsforvalterens risikostyring

Vi knyter risikostyring til virksomhetsplanarbeidet i embetet, og jobber med kontinuerleg forbetring innafor alle fagområde. Vi gjer nødvendige prioriteringar etter risikovurderingane. Dette som følgje av at oppdragsmengden ikkje samsvarer med tildelte ressursar.

Vi har dialog med våre oppdragsgjevarar om desse utfordringane, både gjennom styringsmøte og samla i tilbakemelding om vesentlege risikomoment knytt til oppdrag i tildelingsbrev og hovudinstruks.

Vi gjennomfører tertialvise resultatstyringsmøter med alle leiarane. Her ser vi på korleis vi ligg an i forhold måloppnåing. Eventuelle omprioriteringar etter risikovurdering skjer i resultatstyringsmøtene.

Måloppnåinga av saksbehandlingstid og tilsyn, innafor HOD, BFD og KDD sine område blei vurdert som mindre tilfredstillande i tilbakemelding på årsrapporten for 2024. Det har også i 2025 vore manglande oppnåing på desse områda og det er gjort midlertidige omprioriteringar av ressursar for å betre måloppnåinga. Dette har vore mogeleg grunna ekstra midler innafor andre fagområde.

Vi får tilfredstillande måloppnåing frå LMD der vi har brukt færre midler enn vi har fått tildelt.

#### 4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Delegeringsreglementet er ein del av internkontrollsystemet og tydeleggjer roller og ansvar i embetet. I 2025 har vi hatt ei forbetra utgåve av vårt interne forventningsbrev til alle tilsette.

Når vi mottar hovudinstruks og tildelingsbrev frå våre oppdragsgjevarar, blir desse operasjonalisert i dei to verksemdsområda og i kvar seksjon hos oss.

Vidare gjennomfører vi resultatstyringsmøter med leiarane etter kvart tertial. Dette for å sjå kor vi ligg an i høve framdrift, prioriterte oppgåver og måloppnåing.

Om det er behov for justeringar eller omprioriteringar, skjer det etter resultatstyringsmøta.

Som ein del av internkontrollen innafor det administrative området har vi gått gjennom og vurdert endringar i rutiner og prosedyrer.

Riksrevisjonen skal kontrollere at internkontrollen er ivarettatt på økonomiområdet. Heller ikkje i 2025 fekk SFMR noko merknader på dette.

Referat frå møte i strategisk leiargruppe, AMU og IDF (tillitsvalde) er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet.

#### 4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren

Turnover er høgare enn i førre året og vi har fått auka tildeling frå fleire departement i 2025. Ved slutten av året har vi fått tilsett i alle stillingane som vi har lyst ledig.

Vi opplever å ha tilstrekkeleg med søkjarar til dei fleste av våre kunngjorte stillingar, men det er fortsatt noko utfordring knytt til å få kvalifiserte søkjarar med rettsvitenskapleg kompetanse.

#### 4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

SFMR har i 2025 gjort ein grundig gjennomgang av egne materielle verdier i samband med innføringa av SRS. Kartlegginga viser at Herje genbank sit på store verdier som blir forvalta av driftsleiar og fagavdeling. Elles har embetet få materielle verdier av større betydning.

Gjennomgangen legg grunnlag for vidare styrking av intern kontroll og forvaltning av materielle verdier. SFMR vil halde fram med å oppdatere oversikter og sikre at ansvar og rutinar er godt forankra i organisasjonen.

#### 4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje merknader frå Riksrevisjonen i samband med regnskapsrevisjonen for 2024. Riksrevisjonen har gjennomført oppstartsmøte hausten 2025 for regnskapsrevisjon av 2025. Årsregnskapet er ikkje ferdig revidert og revisjonsberetning er forventa å vere klar i 2. kvartal 2026. Vi har ikkje hatt noko forvaltningskontroll i 2025.

##### Status for informasjonssikkerhetsarbeidet i 2025:

Vi har også i 2025 hatt avvik som gjeld informasjonssikkerheit. Avvika handlar om sending av brev til feil mottakar (kommune, legekontor), eit headset som har kopla seg opp mot pc på nabokontor (internt), ansatt som har glemt å følgje med at døra lukka seg før hen gjekk vidare (fare for tailgating), samt tre avvik der brev har gått til feil privatperson. Alle avvik er handtert og rutinar gjennomgått for å unngå slike hendingar i framtida. Tre av brota er meldt til datatilsynet då det her har vore brot på «fysiske menneskers rettigheter og plikter». Dei resterande brota blei vurdert til å gå inn under unntaket for meldeplikten, jf GDPR artikkel 33 (1). Dei er ikkje meldt til Datatilsynet.

Våre tilsette har delteke på STAF sine obligatorisk kompetansetiltak og HOX-hunt programmet gjennom heile året.

SFMR gjennomførte undersøking om sikkerhetskulturen i embetet, og dette er lagt til grunnlag for tiltak på informasjonssikkerhetsområdet i 2026.

## 4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

### HMS/Arbeidsmiljø

Statsforvaltaren utarbeider statusrapport om HMS-arbeid kvart år i tråd med internkontrollforskrifta. Den viser kva vi har prioritert og jobba med, kva vi har lukkas med og kva vi kan bli betre på. Rapporten samanfatar resultat frå kvartalsvise tilbakemeldingar frå avdelingane/stabane, resultat etter vererundar, avviksmeldingar og aktuelle tema som har blitt løfta fram gjennom året.

Vi har god dialog og støtte frå vår bedriftshelsetjeneste som i sin årsrapport viser til at SFMR jobber godt og systematisk med HMS, og at det er fokus på arbeidsmiljøfaktorer som er relevante for arbeidet som utføres. Det trekkes frem at Statsforvalteren i stor grad jobber ut fra reelle risikoforhold i bedriften og reviderer prosedyrer jevnlig.

Vi har i 2025 hatt fleire HMS avvik, dei fleste av desse var relatert til fysiske forhold som manglande temperaturstyring og ventilasjonsstøy, men vi har også innmeldt avvik som gjeld psykososiale forhold.

### Allmøte/Felles samlingar

Alle seksjonar/stab gjennomførte VP-samlingar i november/desember. Det er gjennomført 2 allmøter og vi hadde ei felles medarbeidarsamling der tema blant anna var Belastningsmestring- vegen til eit meir bærekraftig arbeidsliv, CRPD, KI og einnsyn.

### Likestilling og mangfold

I embetet er det 110 kvinner og 39 menn, fordelinga mellom kvinner og menn er på same nivå som dei siste åra. Også på leiarivået er det ei overvekt av kvinner.

Fleire kvinner enn menn har deltidsstilling grunna omsorg for små born. Deltidsstillingar har vi berre der dette er eit ønske frå arbeidstakar.

Våre kontorlokale og kontorutstyr er universelt tilrettelagte.

Vi har dei siste åra tilsett fleire medarbeidarar med nedsatt funksjonsevne og eller hol i cv og har deltatt på traineeprogrammet i staten. Våre leiarar har gjennomført e-læringsprogram om mangfoldsrekruttering. Vi har fortsatt få kvalifiserte søkarar med innvandrabakgrunn til våre stillingar.

### Internt berekraftsarbeid

SFMR vart Miljøfyrtåmsertifisert på nytt i 2023. Det er utarbeidd eigen handlingsplan for arbeidet, der dei interne klimatiltaka fortsatt står seg. Det er gjennomført ein årleg oppfølgingsrevisjon med sertifisør.

### **Bedriftshelseteneste**

Vi har valt å knytte til oss bedriftshelseteneste for heile verksemda. Dei er ein viktig samarbeidspartner for oss i HMS-arbeidet. Det gjeld anten vi ser på det førebyggjande arbeidet eller ved konkrete, oppståtte saker. Dei bidreg i det systematiske HMS-arbeidet vårt.

### **Sjukefråvær**

Sjukefråværet i verksemda er framleis høgare enn måлтаlet vårt. Rapportar frå 2024 og 2025 viser at både legemeldt og eigenmeldt fråvær ligg over ønskja nivå.

Arbeidsmiljøutvalet har bedt om at det vert ei samla og målretta innsats for å redusere sjukefråværet i 2026.

I 2026 vil SFMR fortsette arbeidet innen psykososialt arbeidsmiljø. Det er lagt en foreløpig plan for 2026 med tanke på sjukefråvær, trivsel og mestrings.

Det pågår i tillegg fleire utviklingsaktivitetar i embetet – mellom anna InFlow 24 og andre tiltak for kompetanse, prosessforbetring og organisasjonsutvikling. Desse vil kunne bidra positivt over tid.

### **4.2 Innføring av ny regnskapsstandard SRS**

Vi har fulgt DFØ sitt innførlingsløp for innføring av SRS og er i rute for innføringa.

SFMR har hatt eit koordineringsansvar i innføringa mot DFD og DFØ som følge av vår rolle som økonomikoordinator for alle embeta.

### **4.3 Oppfølging av Digitaliserings- og IKT-strategien**

Det er seks prioriterte tiltak frå handlingsplanen til DIKT-strategien i 2025.

SFMR har deltatt inn i fleire av dese:

- Nye nettsider
- Personvern/Informasjonssikkerhet
- Pilotembete for innføring av ny e-innsynsløsning (publisering av fulltekst)

Internt har vi hatt fokus på opplæring av copilot for MS365, og har hatt ein eigen test-lab for dette.

## **4.3 Fellesføringer 2025**

### **1. Systematisk og helhetlig arbeid for å redusere klimagassutslipp, naturfotavtrykk og energibruk**

Statsforvalteren i Møre og Romsdal er Miljøfyrtåmsertifisert og vi rapporterer årlig på utslipp og klimaarbeid. SFMR har i mange år hatt fokus på det systematiske og heilskaplege arbeidet for å redusere klimagassutslipp, naturfotavtrykk og energibruk.

Vi har planer for interne klimatiltak, og har fokus på det som gjeld reiseverksemd, tenestereiser, møblar/utstyr, energi, avfall og innkjøp.

Vi prioriterer digitale møter, slik at vi reduserer talet på reiser. Vi brukar kollektivtransport foran privatbilar, og vi legg til rette for at deltakarar på våre kurs og konferansar kan ta kollektiv transport for å kome fram og heim i rett tid.

I samband med kravspesifikasjon av nye kontorlokaler er det vedtatt at framtidige kontorlokale skal vere aktivitetsbasert med ein dekningsgrad på 70%. Dette vil gje ein vesentleg reduksjon av areal og energibruk.

Dagens kontorlokaler er ikkje optimale i ft. energibruk, men vi har gjort noko eigne tiltak og vi har også vore pådrivar opp mot huseigar for å få på plass løysingar innafor avfallssortering.

Akkurat no har vi ikkje nok cellekontor til alle, og har måtte gjere ei fortetting av kontor for å få plass til alle i eksisterande lokaler. (fleire deler kontor)

### **2. Positiv utvikling i antall ansettelsar av personer med funksjonsnedsettelse**

Vi har hatt 26 tilsetingar i 2025. 8% av tilsetingane er tilsetjing av personer med funksjonsnedsettelse og/eller fravær fra arbeid, utdanning eller opplæring.

### **3 Redusere konsulentbruken**

Regnskapet hittil i år viser at embetet samla har brukt omlag 4,9 mill. på konsulenter i 2025, av dette er omlag 414 000,- til Statsbygg, 1 250 000,- til arkivordning/lagring, 125.000 til arkitekt – kartlegging Møre og Romsdal og 610 000,- til prosjektleiing ifb Miljøservice Eide-saka. Vi har ikkje brukt konsulent innan kommunikasjonsbransjen. Pga konsulentbistand i arbeidet med nye kontorlokaler ( på lagt bruk av Statsbygg sine tenester) og arkivordning har vi i 2025 brukt meir på konsulentbruk enn dei siste åra.

## 5 Vurdering av framtidsutsikter

### 5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt

Auka rettigheter til innbyggjarane, dårlegare kommuneøkonomi og knappheit på kompetent arbeidskraft, gjer at fleire klagar kjem til oss. Våre ressursar er dei same som tidlegare. Lengre saksbehandlingstid er med å svekke tilliten til offentleg forvaltning.

Balanseprosjektet kjem i rett tid, og fleire tiltak må effektueres i løpet av 2026.

Det ser ut til at våre kommunar kjem ut med eit noko betre rekneskapsresultat for 2025 enn for 2024. Det er veldig bra! Vi har vore særdeles tett på mange av våre kommunar i året som gjekk. Viktigheita av omstilling og kommunikasjon med innbyggjarane skal framleis vere dagsorden.

Stadig fleire plansaker inneheld store målkonfliktar; samfunnsutvikling og utbygging opp mot ivaretaking av natur og dyr. Konfliktane er tydelege i motsegn vi har gjennom året. Slike saker er ofte vanskelege for lokale politikarar.

Vi treng framleis tydelege krav, føringar og prioriteringar frå nasjonalt hald.

Kampen om arbeidskrafta spissar seg til i takt med demografiendringane. Også Statsforvaltarane er avhengig av å vere ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsplass for å behalde og rekruttere kvalifiserte medarbeidarar framover. Dette vil kunne virke inn på kvaliteten av arbeidet vårt.

Kommunekommissjonen sitt arbeid er særst viktig for å bygge berekraftige velferdssamfunn for framtida.

### 5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt

Lang saksbehandling vil over tid svekke tilliten som befolkninga og kommunane har til oss, noko som vil gjere det vanskelegare for oss å nå måla.

Økt tidsbruk og eventuell mangel på kvalifisert arbeidskraft, vil kunne vere svært øydeleggjande for omdømmet vårt, for samordning og effektivering av nasjonal politikk og for rettstryggleiken til innbyggjarane.

## 6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Møre og Romsdal.pdf](#)

## 7 Vedlegg

### Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (tusen kr)	7 158.0
Budsjettavvik (%)	5.3 %

### Husleie

Husleie (tusen kr)	10 185.0
Husleie (% av driftsutgifter)	8.0 %

Det er ei auke i husleiekostnaden frå 2024 på kr. 859.000,-. Årsaken er i all hovudsak at drift/fellestjenester av lokaler for desember 2025 vart utgiftsført i 2025. Husleie utgjer 8,0% av driftsutgiftene, noko lavare enn i 2024 og er den lavaste prosentandelen av alle embeta.

### Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i elements	Antall journalposter i vergemåls-element
Antall journalposter	82 118	48 570	33 548

Antall journalposter fortset å auke. Frå 2024 til 2025 er det ei total auke på 4,4%, men det er ein nedgang i journalposter for vergemål på 2%.

### Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2025
152001	127 265
152021	3 718
Post 01 (unntatt 152001)	8 616
Post 20-29 (unntatt 152021)	88 528
Post 30-39	15 944
Post 40-49	0
Post 60-69	71 051
Post 70-79	12 534
Post 80-89	4 133

### Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	2 334.0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	7.6 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	109.0
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	1.3 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	2 225.0
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	9.8 %
Antall legemeldte sykedager for menn	109.0
Prosent legemeldte sykedager for menn	1.3 %
Avtalte arbeidsdager for menn	8 182.0
Antall legemeldte sykedager for kvinner	1 835.0
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	8.1 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	22 697.0
Antall egenmeldte sykedager for menn	95.0
Prosent egenmeldte sykedager for menn	1.2 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	390.0
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.7 %

Det er ei auke i sjukefraværet frå 2024 til 2025. Vi bruker aktivt bedriftshelsetjenesten (BHT) i oppfølging av sjukemeldte. Tilsette som har fått slik bistand frå BHT gir gode tilbakemeldingar. Fleire har meldt om høg belastning knytt til at det ikkje er samsvar mellom ressurser og oppdrag, derfor satte vi dette på agendaen på medarbeidardagen for alle tilsette. Vi er det embetet som har høgast sjukefravær.

## Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Årslønn kvinner	Årslønn menn	Andel kvinners lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	110.0	73.8 %	39.0	26.2 %	783 674.0	755 701.0	103.7 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	6.0	85.7 %	1.0	14.3 %	1 306 000.0	1 220 000.0	107.0 %
Kategori 2: Seksjonssjef/Ass dir	7.0	70.0 %	3.0	30.0 %	1 047 149.0	917 318.0	114.2 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	58.0	75.3 %	19.0	24.7 %	784 604.0	798 867.0	98.2 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	34.0	73.9 %	12.0	26.1 %	667 412.0	664 333.0	100.5 %
Kategori 5: Kontorstillinger	5.0	83.3 %	1.0	16.7 %	567 818.0	601 545.0	94.4 %
Kategori 6: Fagarb. stillinger	0.0	0.0 %	3.0	100.0 %	0.0	584 924.0	0.0 %
Kategori 7: Læringer	0.0		0.0		0.0	0.0	

## Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2025
Totalt antall årsverk	122.9
Totalt antall årsverk for kvinner	88.9
Totalt antall årsverk for menn	34.0
Totalt antall årsverk for faste stillinger	119.3
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger	3.6
Sum andel administrasjon	4.7 %
Økonomi	0.8
Lønn	0.9
Personal	1.8
Resepsjon/sentralbord	1.0
Andre administrative oppgaver (spesifiser i kommentarfeltet)	1.3
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Det er ei auke i antal årsverk frå 2024 til 2025. Dette kjem som følge av auka tildeling frå fleire oppdragsgjevarar. Årsverk knytt til økonomi er inkludert økonomikoordinator for alle embete. Andre administrative oppgåver - Innkjøp 0,2, Kursadministrasjon 0,5, Digital medarbeidar 0,5.

## Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2025
Turnover i prosent	8.1 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	122.9
Totalt antall ansatte som sluttet (eksludert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	10.0
Totalt antall ansatte som sluttet	13.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	3.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	10.0

I 2025 gjekk turnoveren litt ned att i forhold til 2024. Vi er blant dei fire embeta som har høgaste turnover i prosent.

## HR - fordelt på kjønn

Betegnelse på rapporteringskrav	Kvinner	Menn	Totalt
Sum antall ansatte	110	39	149
Sum antall deltidsansatte	12	1	13
Sum antall midlertidige ansatte	6	3	9
Sum antall ansatte med personalansvar	12	4	16
Ufrivillig deltid	0	0	0

## Driftsutgifter og lønn

Netto driftsutgifter	127 257.0
Administrativ kostnadsdekning	6 341.0
Brutto driftsutgifter	133 598.0
Lønn kap.152001	109 653.0
Lønnsandel av brutto driftsutgifter	82.1 %

## HR - fordelt på alder/foreldrepermisjon

Betegnelse på rapporteringskrav	2025
Sum antall ansatte	149
Antall ansatte under 20 år	0
Antall ansatte 20 - 29 år	7
Antall ansatte 30 - 39 år	32
Antall ansatte 40 - 49 år	43
Antall ansatte 50 - 59 år	43
Antall ansatte over 60 år	24
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon kvinner	11
Dagsverk foreldrepermisjon kvinner	55
Antall kvinner i foreldrepermisjon	1
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon menn	12
Dagsverk foreldrepermisjon menn	307
Antall menn i foreldrepermisjon	5